(Opphavleg utgåve)

DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2027

Utgiftskapittel: 500–595 og 2412

Inntektskapittel: 3500–3595, 5312, 5615, 5616 og 5635

Særskilt vedlegg: H-2580 N Berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2026–2027)
Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar 2027
Grønt hefte

DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2027

Utgiftskapittel: 500–595 og 2412

Inntektskapittel: 3500–3595, 5312, 5615, 5616 og 5635

Særskilt vedlegg: H-2580 N Berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2026–2027)
Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar 2027
Grønt hefte

Innhald

Del I **Innleiande del** 7

1 **Satsingsområde** 9
1.1 130 000 nye bustader 9
1.2 Eit sterkt og velfungerande kommunesystem 10
1.3 Ein heilskapleg nordområde-politikk 11
1.4 Betre og meir effektive arealprosessar 13
1.5 Eit sterkt demokrati – tillit og openheit 15

2 **Det økonomiske opplegget for kommunesektoren** 17
2.1 Kommunesektoren sine inntekter i 2026 17
2.2 Kommunesektoren sine inntekter i 2027 17

3 **Oppfølging av oppmodingsvedtak** 22
3.1 Stortingssesjon 2025–2026 24
3.2 Stortingssesjon 2024–2025 34
3.3 Stortingssesjon 2023–2024 35
3.4 Stortingssesjon 2022–2023 36

4 **Oversikt over budsjettforslaget** 38

Del II **Budsjettforslag** 41

5 **Nærare om budsjettforslaget** ... 43

Programområde 13 Kommunal og distrikt 43

Programkategori 13.00 Administrasjon 43
Kap. 500 Kommunal- og distrikts-departementet 44

Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk 47
Kap. 553 Regional- og distriktsutvikling 49
Kap. 554 Kompetansesenter for distriktsutvikling 66

Programkategori 13.60 Samiske føremål 69
Kap. 560 Samiske føremål 70
Kap. 563 Internasjonalt reindriftssenter 72
Kap. 3563 Internasjonalt reindriftssenter 73

Programkategori 13.67 Nasjonale minoritetar 74
Kap. 567 Nasjonale minoritetar 75

Programkategori 13.70 Kommunesektoren mv. 81
Kap. 571 Rammetilskot til kommunar 83
Kap. 3571 Tilbakeføring av forskot 86
Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar 86
Kap. 3572 Tilbakeføring av forskot 87
Kap. 573 Kommunestruktur 92
Kap. 575 Ressurskrevjande tenester 94
Kap. 577 Partistøtte 96
Kap. 578 Valdirektoratet 98
Kap. 579 Valutgifter 98
Kap. 5616 Kommunalbanken AS 99

Programkategori 13.80 Bustad, bumiljø og bygg 100
Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak 102
Kap. 587 Direktoratet for byggkvalitet 105
Kap. 3587 Direktoratet for byggkvalitet 106
Kap. 2412 Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet 106
Kap. 5312 Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet 111
Kap. 5615 Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet 113

Programkategori 13.90 Planlegging, byutvikling og geodata 114
Kap. 590 Planlegging og byutvikling 117
Kap. 595 Statens kartverk 123
Kap. 3595 Statens kartverk 127
Kap. 5635 Electronic Chart Centre AS 128

Del III **Omtale av særlege tema** 129

6 **Klima- og miljøprofil** 131

7 **Oppfølging av berekraftsmåla** 134

8 **Lønsvilkår o.a. til leiarar i heileigde statlege verksemder** 140

9 **Likestilling og mangfald** 141

Forslag 144

Vedlegg
1 Den breie distriktspolitikken 152

Tabelloversikt

Tabell 2.1 Auka handlingsrom for kommunesektoren i 2027 18
Tabell 2.2 Realvekst i kommunesektoren sine samla inntekter i 2027 19
Tabell 2.3 Kommunane og fylkeskommunane sine frie inntekter 20
Tabell 2.4 Kommunesektoren sine inntekter i 2027 21
Tabell 3.1 Oversikt over oppmodings-vedtak, ordna etter sesjon og nummer 22
Tabell 3.2 Korrigerte frie inntekter og regionalpolitiske tilskot per innbyggar for kommunane grupperte fylkesvis 30
Tabell 5.1 Satsar for distriktstilskot Sør-Noreg 2027 84
Tabell 5.2 Satsar for distriktstilskot Nord-Noreg 2027 85
Tabell 5.3 Rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar i 2026 og 2027 87
Tabell 5.4 Endringar i rammetilskotet som følgje av endringar i oppgåver mv. 88
Tabell 5.5 Delvis kompensasjon for eingongskostnader ved kommunesamanslåing 93
Tabell 5.6 Oppstartstilskot ved kommunesamanslåing 94
Tabell 5.7 Fordeling av post 65 på kommunar og område 120
Tabell 9.1 Kjønnslikestilling per 31.12.2025 141
Tabell 9.2 Kjønnsbalanse og sjukefråvær per 31.12.2025 141

Vedlegg
Tabell 1.1 Særskilde tiltak for Finnmark og Nord-Troms 153
Tabell 1.2 Økonomisk politikk 154
Tabell 1.3 Landbruks- og fiskeripolitikk 155
Tabell 1.4 Infrastruktur 157
Tabell 1.5 Velferd, oppvekst og miljø 158

Figuroversikt

Figur 5.1 Organiseringa av departementet 43

Vedlegg 1
Figur 1.1 Utvikling i den breie distriktspolitikken 2010–2027 152

Oversikt over bokser

Boks 2.1 Inntekter til kommune-sektoren i 2027 21
Boks 5.1 Verkemiddel 51

Digitale vedlegg
Prográmmakategoriija 13.60 Sámi ulbmilat

DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2027

Utgiftskapittel: 500–595 og 2412

Inntektskapittel: 3500–3595, 5312, 5615, 5616 og 5635

Tilråding frå Kommunal- og distriktsdepartementet 25. september 2026, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

Del I
Innleiande del

1 Satsingsområde

1.1 130 000 nye bustader

Ein trygg bustadsituasjon er grunnlaget for eit godt liv. For regjeringa er det eit mål at fleire skal få moglegheit til å eige eigen bustad, og at bustadpolitikken bidrar til å jamne ut økonomiske, sosiale og geografiske forskjellar. Regjeringa si bustadpolitikk har som eit viktig mål å gjere det enklare å komme seg inn på bustadmarknaden.

Regjeringa sitt mål om 130 000 igangsette bustader innan 2030 er forankra i *Regjeringens plan for Norge*. Regjeringa jobbar med tiltak som på ulike måtar bidrar til bustadbygging på kort og lengre sikt. Dette inneber òg tiltak som bidrar til å betre rammevilkåra, få ned reguleringstrykket og redusere byggekostnadane. Målet inneber at regjeringa løftar og revitaliserer bustadpolitikken. Arbeidet er operasjonalisert i tre delmål: å legge til rette for bustadbygging, ta betre i bruk eksisterande bygg og bidra til ein velfungerande leigemarknad.

For å styrkje bustad- og bygningspolitikken opprettar regjeringa frå 1. januar 2027 eit nytt bustad- og bygningsdirektorat ved å slå saman Husbanken og Direktoratet for byggkvalitet (DiBK), med nytt namn Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet. Dette vil bidra til å sjå bustad- og bygningspolitikken i samanheng, noko som òg bidrar til å underbygge målet om igangsetting av 130 000 bustader. Det nye direktoratet får ei nasjonal kunnskapsrolle på temaet bustadbygging. Bustadpolitikken kan ikkje overlatast til marknaden åleine, og han kan ikkje bli sett isolert frå andre delar av samfunnsutviklinga. Framover må vi bruke dei verkemidla vi har, og skape nye. Stat og kommune må ta eit større ansvar for å ivareta ein heilskapleg bustadpolitikk for å sikre folk ein høveleg bustad.

Tidsbruken i plan- og byggesaksprosessar må ned. I 2027 foreslår regjeringa ei ytterlegare satsing for å styrkje det nye bustad- og bygningsdirektoratet sitt arbeid med forenkling og digitalisering. Effektive plan- og byggesaksprosessar kan redusere tidsbruk og kostnadar i byggeprosjekt, og vil gjere prosessane meir føreseielege for både utbyggarar og kommunar. Departementet forbereder lov- og forskriftsendringar som skal bidra til færre byggesøknadar med manglar, meir føreseieleg tidsfristberekning og meir effektiv byggesaksbehandling. Regjeringa har sett i gang eit større arbeid med å forenkle og modernisere byggteknisk forskrift.

I 2027 vil departementet òg opprette eit nytt forskingssenter for produktivitet i byggenæringa under Noregs forskingsråd. Departementet har sett i gang ei kartlegging av kva som er drivarane for veksten i byggekostnadar. Vidare skal det gjerast ein gjennomgang av korleis regelverk, standardar og bransjenormer blir forstått og praktisert. Departementet vil ta initiativ til eit nærare samarbeid med næringa og kommunesektoren om bustad- og bygningspolitikken.

Regjeringa har styrkt låneramma til Husbanken ein rekke gonger, og foreslår å vidareføre låneramma til det nye bustad- og bygningsdirektoratet på 34 mrd. kroner i 2027. Låna bidrar til fleire eigna bustader i heile landet.

Omfattande og uklare reglar om tilsyn, kontroll og kvalifikasjonar i byggesaker forseinkar og fordyrar byggeprosjekta. Samstundes er det ikkje sikkert at alle reglane er nødvendige bidrag til trygge byggverk. Det er òg meir omfattande regulering i Noreg enn i andre land, utan at omfanget av byggfeil ser ut til å vere lågare i Noreg. Samstundes gjer mangel på arbeidskraft framover at vi må prioritere korleis vi brukar ressursane best mogleg. Departementet tar sikte på å sende forslag til endringar på høyring i 2027.

For å legge til rette for raskare planprosessar vurderer regjeringa å innføre fristar for å auke framdrifta i reguleringsplansaker. Departementet har òg etablert eit motsegnsprosjekt som skal sjå på praktiseringa av statlege motsegner og korleis planprosessane kan bli betre. I prosjektet vil ein òg forsøke å samordne dei statlege styringssignala i arealpolitikken betre. Gjennom god dialog og tydeleg rettleiing vil departementet bidra til at nasjonale interesser blir ivaretekne, samstundes som prosessane blir meir effektive.

Betre bruk av bygningsmassen kan bidra til å støtte opp under regjeringa sitt mål om 130 000 nye bustader, samstundes som det blir teke

omsyn til klima, energibruk og redusert nedbygging av natur. Departementet har sendt forslag til endringar i lån til bustadkvalitet på høyring, for mellom anna å bidra til transformasjon av bygg til bustader og oppgradering som gir fleire energieffektive bustader. Departementet arbeider òg med forslag til krav i byggteknisk forskrift som kan redusere klimafotavtrykket frå bygging og legge til rette for auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon, som har vore på høyring i 2026. Første kvartal 2026 sette regjeringa i gang eit samarbeid mellom Husbanken og Direktoratet for byggkvalitet, slik at dei saman kan legge til rette for betre bruk av bygga vi allereie har. Arbeidet blir styrkt gjennom samanslåinga av etatane.

Ein velfungerande leigemarknad er viktig for å sikre trygge og gode leigeforhold, ein fleksibel arbeidsmarknad og for den økonomiske stabiliteten i landet. Det er sett i gang ei rekke tiltak for å sikre ein meir velfungerande leigemarknad. Departementet utarbeider mellom anna ei ny bustadleigelov, er i gang med eit lovarbeid for å gi kommunane betre verktøy for å regulere korttidsutleige lokalt og har gitt Husbanken i oppdrag å greie ut modellar for leige. Regjeringa har òg sett ned eit utval som vurderer kva rolle og føremål bustøtta bør ha framover og vil vurdere utvalet sine vurderingar i 2027.

Regjeringa fortset å satse på bygging av studentbustader gjennom lån og tilskot frå Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet.

Dei siste åra har talet på bustadlause og husstandar som oppheld seg i mellombelse butilbod auka, etter ein lengre periode med nedgang. I 2020 var det 4 500 husstandar i mellombelse butilbod, medan talet steig til 7 335 i 2025. I 2025 var 4 197 registrert bustadslause. Dette er 872 fleire enn i 2020 og ein auke på 26 pst. Auka var særleg stor blant barnefamiliar. Departementet har invitert storbyane til eit samarbeid om å snu utviklinga. For å bidra til tilgang på fleire trygge, rimelege bustader og gode bumiljø for barnefamiliar, vart det òg vedtatt i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2026 å innføre eit eittårig tilskot til kommunale kjøp av burettslagsbustader. Alle kommunar får tilbod om å ta i bruk Husbanken sitt system Kobo, som gjer det enklare å tildele og forvalte kommunale utleigebustader.

Kommunane har eit stort bustadpolitisk ansvar. Dei skal drive heilskapleg bustadplanlegging, legge til rette for at det blir bygd nok bustader og at fleire eldre skal kunne bu lengre heime. Regjeringa vil bidra til at kommunane har dei føresetnadene og rammevilkåra dei treng for å kunne ta ei aktiv bustadpolitisk rolle ut frå lokale forhold, prioriteringar og nasjonale mål. Bustadbehovsanalysar gir kunnskap om forventa bustadbehov dei neste åra. Regjeringa vil legge til rette for meir bruk av bustadbehovsanalysar i kommunane.

1.2 Eit sterkt og velfungerande kommunesystem

Eit sterkt og velfungerande kommunesystem er avgjerande for å sikre gode tenester, små forskjellar og like moglegheiter i heile landet. Når kommunane har kapasitet til å møte nye behov, styrkjer ein fellesskapet og tilliten i samfunnet. I ei tid med behov for store omstillingar – som følgje av endringar i demografi, klima og teknologi – må vi sørgje for at kommunane står godt rusta. Det handlar både om sikkerheit for folk i kvardagen og om å gi framtidstru gjennom gode velferdstilbod, ansvarleg økonomistyring og lokal utviklingskraft.

Omstillingsbehov som følgje av mangel på arbeidskraft og demografiendringar treffer alle kommunar, men nokre meir enn andre. Ulike kommunar har ulike føresetnadar for å møte desse utfordringane. Regjeringa vil bevare eit sterkt lokaldemokrati og eit kommunesystem basert på generalistkommuneprinsippet som leverer likeverdige tenester til innbyggarane i heile landet. Staten må sørgje for rammeføresetnadar som legg til rette for at kommunane kan møte utfordringane. Kommunane har sjølv ansvaret for omstilling, og for å finne lokale løysingar på korleis utfordringane best kan møtast.

Det kommunale sjølvstyret gir rom for skreddarsydde løysingar for kvart einskilt lokalsamfunn, tilpassa dei utfordringane dei står overfor. Derfor skal kommunesektoren i all hovudsak vere rammefinansiert, hovudsakeleg gjennom frie midlar. Øyremerkte tilskot skal som hovudregel berre gå til viktige nasjonale prioriteringsområde i ein oppstartsfase og med ein plan for eventuell innlemming i rammetilskotet, eller til finansiering av oppgåver som få kommunar har ansvar for. I *Regjeringens plan Norge* går det fram at regjeringa vil styrkje den tillitsbaserte styringa, som omfattar mindre detaljstyring og auka lokalt handlingsrom for kommunane. Inntektssystemet er viktig for å sikre eit likeverdig tenestetilbod i heile landet. Det nye inntektssystemet for kommunane, som vart innført i 2025, sikrar ei jamnare fordeling av inntekter mellom kommunane.

Regjeringa sette i mai 2025 ned Kommunekommisjonen, som skal foreslå endringar i den statlege styringa av kommunesektoren som legg til rette for god ressursbruk, fleksibel bruk av personell og effektiv oppgåveløysing i kommunesektoren. Kommisjonen skal òg vurdere og foreslå tiltak om det er andre forhold som bind kompetanse unødvendig, bidrar til unødvendig høge kostnadar eller lite effektiv oppgåveløysing i kommunar og fylkeskommunar.

Den første delrapporten frå kommisjonen vart lagt fram i januar i år, jf. NOU 2026: 1 *En bærekraftig kommunesektor*, og sendt ut på høyring. Den andre rapporten skal kome i løpet av 2026. Kommisjonen peiker på at aldring av befolkninga og mangel på arbeidskraft utfordrar evna kommunane har til å løyse grunnleggande oppgåver og levere tenester til innbyggarane. Utfordringane gir behov for omstilling. Statleg detaljstyring kan vere til hinder for kommunane i å utnytte ressursane best mogleg, ut frå lokale føresetnader og behov. I rapporten foreslår fleirtalet i kommisjonen fleire endringar i den juridiske og økonomiske styringa av kommunesektoren.

Regjeringa tar fleire grep for å følgje opp anbefalingane til kommisjonen, som varsla i kommuneproposisjonen for 2027. Allereie i statsbudsjettet for 2026 vart det innlemma øyremerkte tilskot som totalt utgjorde 1,6 mrd. kroner. I statsbudsjettet for 2027 foreslår regjeringa å innlemme fleire tilskot i rammetilskotet til kommunesektoren. Grensa for når kommunar og fylkeskommunar som hovudregel ikkje skal rapportere på øyremerkte tilskot vart heva frå 100 000 kroner til 1 mill. kroner frå 1. januar 2026. Regjeringa foreslår òg å slå saman fleire øyremerkte tilskot, som vil bidra til forenkling og å redusere talet på øyremerkte tilskot. Helse- og omsorgsdepartementet skal sende på høyring eit forslag om å oppheve krava i helse- og omsorgstenesteloven om kva for profesjonar kommunane som minimum må ha knytte til seg. Regjeringa vil vidare redusere dei detaljerte forskriftskrava for tilsetting i lærarstilling på ulike trinn, med sikte på å gi kommunar og fylkeskommunar auka fleksibilitet ved rekruttering og disponering av lærarressursar.

Regjeringa er positiv til kommunar som ønskjer å slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar for ei meir framtidsretta organisering. Større kommunar vil i dei fleste tilfelle ha betre føresetnader for mellom anna å handtere utfordringar knytte til mangel på arbeidskraft og sårbare fagmiljø. Det er krevjande å gjennomføre ei samanslåing, og det beste utgangspunktet for å bygge ein ny kommune er lokale ønske og initiativ. Regjeringa legg derfor til grunn at samanslåing av kommunar bør vere frivillig. I statsbudsjettet for 2027 foreslår regjeringa å etablere nye økonomiske verkemiddel for kommunar som vurderer å slå seg saman. Verkemidla skal vere meir føreseielege for kommunane og legge betre til rette for gode samanslåingsprosessar.

Regjeringa meiner at interkommunalt samarbeid er heilt nødvendig for at mange kommunar skal kunne løyse oppgåvene sine. For å handtere utfordringar med mangel på arbeidskraft og sårbare fagmiljø, vil mange kommunar ha behov for å samarbeide om fleire oppgåver og tenester framover. Derfor er det viktig at kommunane har tilgang til samarbeidsmodellar som treffer behova dei har. Departementet har hatt på høyring eit forslag til endringar i reglane om interkommunalt samarbeid, som vil kunne legge til rette for mindre fragmentert og meir framtidsretta interkommunalt samarbeid.

Nokre enkeltkommunar kan over tid stå i ein særleg krevjande økonomisk situasjon og ha langvarige styringsutfordringar. Generalistkommuneutvalet tilrådde at det blir greidd ut ei særskild oppfølgingsordning for kommunar med store og vedvarande utfordringar, jf. NOU 2023: 9. Regjeringa tar sikte på å sende forslag til nye reglar om særskilt oppfølging av kommunar med vesentlege manglar eller svikt i styring og kontroll av kommunen på høyring hausten 2026. Målet er at dei kommunane som har store utfordringar, skal setjast betre i stand til sjølv å løyse utfordringane dei har, og at staten skal få fleire verkemeddel til å følgje opp desse kommunane.

Regjeringa foreslår ein vekst i frie inntekter i 2027 på 3,2 mrd. kroner. Dette kjem på toppen av ein historisk høg vekst i 2025 og 2026. Veksten blir fordelt med 2,6 mrd. kroner til kommunane og 0,6 mrd. kroner til fylkeskommunane. Kommunal etterspørsel står for om lag 16 pst. av BNP for fastlands-Noreg. Om lag kvar femte sysselsette i landet er tilsett i kommunal sektor. Storleiken på kommunesektoren inneber at utviklinga i sektoren har stor betyding for utviklinga i norsk økonomi, og sektoren sin samla ressursbruk har stor verknad på heilskapen i økonomien. Det økonomiske opplegget for kommunesektoren i 2027 er omtalt i kapittel 2.

1.3 Ein heilskapleg nordområdepolitikk

Nordområda er Noreg sitt viktigaste strategiske satsingsområde og regjeringa vil bidra til auka

busetnad i nord. Dei siste åra har vore prega av geopolitiske omveltingar som tydeleggjer behovet for ein styrka og samordna nordområdepolitikk. Kommunal- og distriktsdepartementet har hovudansvar for å koordinere nordområdepolitikken, i samarbeid med Utanriksdepartementet. I 2025 la regjeringa fram *Norge i nord – Nordområdepolitikken i en ny virkelighet*, med mål om at «Nord-Noreg skal ha livskraftige lokalsamfunn der folk ønskjer å bu, og som bidreg til sikkerheit og beredskap». Sterke kommunar er avgjerande for utviklinga i nord. Regjeringa vil støtte opp om kommunane si evne til å handtere demografiske endringar og levere gode tenester til innbyggarane. Samstundes skal ein legge til rette for at satsinga på Forsvaret gir positive ringverknader for lokalsamfunna, gjennom auka aktivitet, arbeidsplassar og utvikling av bustader og tenester. Dei naturgitte føresetnadene i nord gir store moglegheiter for næringsutvikling og verdiskaping, og regjeringa vil bidra til å utvikle attraktive lokalsamfunn med eit rikt kultur- og samfunnsliv.

Innsatssona omfattar Finnmark og Nord-Troms, og gir særskilde økonomiske verkemiddel til personar og verksemder. Frå 2021 er verkemidla styrkte med vel 2 mrd. kroner. I 2026 vart dei auka med om lag 350 mill. kroner, og samla utgjer verkemidla om lag 7 mrd. kroner. Gjennom innsatssonekalkulatoren kan den enkelte berekne kor mykje ein kan spare ved å busette seg i innsatssona. Bustader tilpassa innbyggarane sine behov er viktig for å styrkje attraktiviteten i Nord-Noreg. Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet har fått 9 mill. kroner i 2026 for å styrkje nærværet og bistanden til kommunane. Midlane skal mellom anna fremje samhandling mellom kommunane, statlege aktørar og næringslivet for å stimulere til bustadutvikling lokalt. Eit døme er nettverket By i Nord, som styrkjer samarbeidet om bustadutvikling i Troms og Finnmark. Regjeringa ønskjer òg å styrkje arealplankapasiteten i dei tre nordlegaste fylka. Dette for å gi fylkeskommunane auka kapasitet og tilgang på spesialiserte arbeidskraftressursar for å utarbeide planar til prosjekt av stor samfunnsmessig betyding, men òg avlaste kommunane med planvask.

Forsvaret satsar tungt i Nord-Noreg. Regjeringa har mellom anna framskunda ferdigstillinga av Finnmarksbrigaden, noko som styrkjer landmilitær evne i nordområda. Regjeringa vil styrkje samarbeidet mellom kommunane og forsvarssektoren for å legge til rette for busetting og attraktive lokalsamfunn. I 2026 vart det òg innført nye ordningar for leverandørutvikling til Forsvaret. Målet er at lokale og regionale leverandørar får levere til Forsvaret og at Forsvaret sin vekst styrkjer både beredskap og næringsutvikling. Dei fire bygdevekstavtalane i Nord-Noreg legg òg til rette for nye samarbeidsformer. I Midt-Finnmark har bygdevekstpiloten bidrege til å etablere ei forsvarslinje med studiespesialisering ved den vidaregåande skulen i Porsanger.

Det går føre seg eit kontinuerleg arbeid for å styrkje beredskap og tryggleik i nordområda, både nasjonalt og i samarbeid med nabolanda. Gjennom Platform North er det etablert eit tett nordisk samarbeid om militær mobilitet, motstandskraft og beredskap i transportsektoren. Styrkt beredskap i nord er avgjerande for både lokal og nasjonal sikkerheit. Samstundes er ei nasjonal tiltakssone for beredskap i Troms og Finnmark under utvikling, og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) etablerte i 2026 Senter for motstandskraft i nord som eit statleg knutepunkt i Kirkenes. Senteret skal støtte statsforvaltaren i arbeidet med å styrkje den kommunale beredskapen og sørgje for god koordinering av statleg bidrag til beredskap i Finnmark. Senteret skal vere ein sentral arena for kunnskapsdeling, øvingar og samarbeid om motstandskraft i samfunn og på tvers av sektorar og landegrenser. Regjeringa foreslår å styrke DSB sitt budsjett med 15 mill. kroner i samband med dette.

For å møte dei særskilde utfordringane i transportsystemet i Nord-Noreg blir det investert i veg-, bane-, luftfarts- og digital infrastruktur. E6 Megården–Mørsvikbotn i Fauske og Sørfold og E10/riksveg 85 mellom Tjeldsund og Gullesfjordbotn (Hålogalandsvegen) er to av dei største samferdsleutbyggingane i Nord-Noreg nokon gong. På E8 inn mot Tromsø blir det bygd ny veg mellom Sørbotn og Laukslett for å betre framkome og trafikktryggleik. Det går òg føre seg utbetring av E45 Kløfta i Finnmark, ei strekning med stor skredfare som er særleg krevjande om vinteren og utgjer ein flaskehals for tungtransporten. Kapasiteten på Ofotbanen blir styrkt gjennom nye kryssingsspor, medan vedlikehald og fornying av mellom anna Nordlandsbanen blir følgd opp. Samstundes går det føre seg lufthamnutbyggingar i Bodø og Mo i Rana, og arbeidet med framtidige FOT-ruteavtalar skal bidra til eit godt flyrutetilbod i landsdelen.

Det blir òg investert i digital infrastruktur og fiskerihamner for å styrkje samfunnstryggleik, næringsutvikling og regional samanhengskraft. Nord-Noreg står òg sentralt i utviklinga av romverksemd, med Andøya Spaceport som eit viktig knutepunkt for satellittbaserte tenester og infrastruktur

Nord-Noreg treng eit konkurransedyktig og mangfaldig næringsliv som bidreg til busetjing, verdiskaping og tryggleik. Utbygging av kraftinfrastruktur i Finnmark skal legge til rette for auka aktivitet i regionen gjennom kraftløftet i Finnmark. Havområda i nord er sentrale for vidare utvikling av petroleumsverksemda, og regjeringa vil legge til rette for lønnsam olje- og gassproduksjon i eit langsiktig perspektiv. Samstundes blir det arbeidd med å utvikle mineralnæringa. Ei ny minerallov skal gjere det enklare å realisere prosjekt, samstundes som samiske rettar blir ivaretekne. Utbygging av energi, næringsverksemd og infrastruktur er viktig for å utvikle livskraftige lokalsamfunn i nord, men må skje med omsyn til natur, samiske interesser og anna arealbruk. Tiltakspakka for reindrift og energi skal styrkje medverknad, betre kunnskapsgrunnlaget og bidra til å handtere ulemper ved utbygging.

Sjømat er ryggrada i nordnorsk eksport og verdiskaping. For å møte utfordringar, som kvotenedgang og sesongvariasjonar, blir det satsa på omstilling, innovasjon og betre utnytting av marine ressursar. Samstundes blir det arbeidd for høgare råstoffkvalitet og berekraftig sameksistens mellom ulike havnæringar. Reiselivsnæringa i nord veks raskt og gir grunnlag for lokal verdiskaping. Besøksbidragslova gir kommunar med høg turistbelastning høve til å innføre overnattingsavgift for å finansiere infrastruktur og fellestenester.

Samarbeidet i nord har fått auka betydning etter at Finland og Sverige vart med i NATO. Gjennom samarbeid mellom landa, regionar og lokalsamfunn blir beredskap, samfunnsutvikling og kontakten over grensene styrkt. Samarbeidsprogramma Interreg og Nordisk Atlantsamarbeid (NORA) er viktige verkemiddel i dette arbeidet. Det norske Barentssekretariatet forvaltar ordningar som støttar nordisk samarbeid, mellom anna med svenske og finske regionar, og i Sápmi. Noreg er samstundes ein leiande polarnasjon med sterk forskingsaktivitet i Arktis. Regjeringa har styrkt norsk forsking i arktiske havområde og støttar forskingsprosjektet Polhavet 2050 med 1 mrd. kroner over ti år. Arktisk råd er framleis den viktigaste arenaen for arktisk samarbeid basert på folkeretten.

1.4 Betre og meir effektive arealprosessar

Arealplanlegging er eit av dei viktigaste styringsverktøya vi har for å løyse fleire samfunnsutfordringar på ein gang. Planlegging etter plan- og bygningslova er òg eit sentralt verkemiddel for korleis Noreg skal lykkast med å nå berekraftsmåla. Samfunnssikkerheit og beredskap, forsvarsformål, samfunnskritisk digital infrastruktur og behov for næringsutvikling, bustadbygging, fornybar energi og nett skal vektleggast i samfunns- og arealplanleggingа. Plansystemet skal sikre heilskap, langsiktige perspektiv og samordning på tvers av sektorar og forvaltingsnivå. Kommunar og fylkeskommunar har rolla som samfunnsutviklar og er planmyndigheit med ansvar for arealforvaltinga. Samspelet mellom dei ulike forvaltingsnivåa og dei ulike sektormyndigheitene er avgjerande for å lykkast med regjeringa si satsing på betre og meir effektive arealprosessar.

Lange, uføreseielege planprosessar kan forsinke samfunnsutvikling, bustadbygging og grøn omstilling, auke kostnadar og skape konflikt mellom ulike forvaltingsnivå og sektorar. Regjeringa ønskjer betre og meir effektive arealprosessar og har sett i gang fleire tiltak for å oppnå dette.

Eit av oppfølgingspunkta i arkitekturstrategien *Rom for kvalitet* (2025) var at regjeringa vil legge fram ei stortingsmelding om arealplanlegging og arkitektur. Departementet har starta dette arbeidet, og tar sikte på å legge fram meldinga hausten 2027. Kommunal- og distriktsdepartementet leiar arbeidet med stortingsmeldinga, i tett samarbeid med dei andre departementa. Arbeidet med stortingsmeldinga vil bidra til ein systematisk gjennomgang av plansystemet. Arbeidet skal bidra til å følgje opp regjeringa sin plan for Noreg, der bustadbygging, fornying, forsterking og forbetring av offentleg sektor, klimaomstilling, styrka forsvarsevne og økonomisk tryggleik er blant prioriteringane.

I arbeidet med meldinga vil ein mellom anna sjå på korleis plansystemet kan bidra til betre og meir effektive arealprosessar, betre samordning mellom ulike arealomsyn og korleis vi kan gjere kommunar og offentlege aktørar betre i stand til å handtere ansvaret sitt. Sentrale spørsmål vil vere korleis sikre raskare bustadbygging og kvalitet i det som blir bygd, og korleis samfunnsviktige funksjonar og infrastruktur som forsvar, næring og kraft best kan ivaretakast i arealforvaltinga.

Det tar ofte for lang tid å finne løysingar i plansaker der det er store interessemotsetnader, særleg der det ligg føre motsegner. Regjeringa sitt

pågåande motsegnsprosjekt ser nærare på statlege og regionale styresmakter sin bruk av motsegn i plansaker, og om det er grunnlag for å heve terskelen for motsegner òg å unngå overlappande motsegner mellom ulike styresmakter. I prosjektet vil ein og sjå på korleis tidlegare involvering av regionale styresmakter, betre samordning mellom statlege sektorinteresser, og klarare forventingar til kva omsyn som avklarast på ulike plannivå kan gi meir føreseielege planprosessar. Revisjon av Rundskriv H-2/14 Retningslinjer for innsigelser i plansaker etter plan- og bygningsloven er ein viktig del av motsegnsprosjektet. Her vil ein mellom anna sjå nærare på korleis statsforvaltaren si samordningsrolle kan styrkast. Målet er meir effektive og meir føreseielege prosessar, og at terskelen for kva som er regionale og nasjonale interesser ligg på riktig nivå.

Det er eit mål at ein i tildelingsbrevet til statsforvaltarane for 2027 kan oppnå ei betre samordning av styringssignala til statsforvaltarane på planområdet. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til statsforvaltarane for å styrkje sakshandsamingskapasiteten. Auken tilsvara éi stilling i kvart embete.

Dei statlege planretningslinjene skal brukast aktivt i planlegginga og vere ein del av vurderingsgrunnlaget ved utarbeiding av planar og reguleringsforslag. Dei skal sikre at omsynet til både vern og utvikling blir vurdert på ein systematisk og etterprøvbar måte, og at planlegginga skjer i tråd med nasjonale mål og føringar. Regjeringa sine nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging blir oppdatert kvart fjerde år, og leggast neste gang fram våren 2027.

Digitalisering blir brukt aktivt som verkemiddel for å effektivisere planprosessane og betre kvaliteten i planlegginga. Regjeringa har lagt til rette for digital framstilling og kontroll av plankart og forskrift for å redusere sjansen for feil og dobbeltarbeid, gjere planmateriale meir tilgjengeleg og forståeleg, støtte betre samhandling mellom forvaltingsnivå og legge til rette for meir kunnskapsbaserte avgjerder. Ein eksempelkatalog for planforskrift og utvida bruk av tenester for planvarsling er gode døme som er teke i bruk og blir utvida fortløpande. Vidare vil ei rekke løysingar for innsending av forslag og planar, gjennomføring av høyringar og likande lanserast i tida framover.

Betre og enklare tilgang til geodata er viktig for å gjere arbeidet med planprosessane enklare. Regjeringa si satsing på løysingane for forvalting og distribusjon av geodata frå Kartverket gjer at tenestene blir meir stabile, framtidsretta og senkar terskelen for kompetanse for å nytte seg av dei. Kartverket har utvikla ei løysing og spesifikasjon for standardiserte analyser av det offentlege kartgrunnlaget (DOK), altså dei datasetta som skal nyttast i planlegging. Analysen vil gi oversikt over risiko- og verdivurderingar som grunnforureining, flaumfare, mineralressursar og sårbare naturtypar, slik at ein allereie i første del av planprosessen kan forstå kvar utgangpunktet for konflikt med sektorinteresser er. Regjeringa ønskjer å sikre betre kontroll og oversikt over eigarskap til fast eigedom i Noreg, og har sett i gang fleire konseptuavhengige tiltak frå Kartverket si konseptvalutgreiing for eigarskap til fast eigedom. Dette vil mellom anna innebere at elektronisk tinglysing blir mogleg for privatpersonar.

Den gjennomsnittlege sakshandsamingstida for utarbeiding av reguleringsplanar har dei siste åra gått opp, noko som mellom anna skuldast meir komplekse problemstillingar, mange motsegner og klager og tolkingstvil. Regjeringa har sett i gang eit arbeid med endringar i plan- og bygningslova, med tilhøyrande forskrifter, som skal føre til raskare planprosessar, forenklingar og forbetringar. Regjeringa legg opp til ei stegvis og målretta regelverksutvikling for å redusere tolkingstvil og grunnlaget for konfliktar, noko som vil gjere regelverket meir presist. Planen er å sende enkelte forslag på høyring før årsskiftet 2026 – 2027, og ytterlegare forslag før sommaren 2027.

Dei bygde omgjevnadene blir utvikla i samspel mellom lokalt sjølvstyre, statlege rammer, private initiativ og investeringar, og medverknad frå innbyggarane. Kompleksiteten i arealplanlegginga aukar når mesteparten av ny utbygging skjer som fortetting og transformasjon. Regjeringa følgjer opp arkitekturstrategien mellom anna gjennom tiltak for betre samordning av statlege sektorar og verkemiddel, utvikling av kompetanse og verktøy for arkitektonisk kvalitet og ved å løfte førebilete og stimulere til nytenking. Målet er at varige kvalitetar i dei fysiske omgjevnadene i byar og tettstader ikkje skal forsinke eller fordyre byggeprosessane.

Byvekstavtalane er eit sentralt verkemiddel for samordna areal- og transportplanlegging i dei største byområda, og fungerer som ein arena for å løfte dei store prinsipielle avvegingane ut av einskildsaker. I nye, reforhandla byvekstavtalar vil regjeringa styrkje avtalane sine bidrag til fortetting og transformasjon, slik at vi bruker dei knappe areala effektivt og det blir utvikla gode byrom og nabolag. Avtalane skal derfor òg kunne tene som ein arena for å prøve ut nye verktøy i plan- og bygningslova.

Mange kommunar, særleg distriktskommunar har utfordringar med å legge til rette for god planlegging etter plan- og bygningslova. Nord-Noreg opplever særskilte utfordringar og fråflytting, samstundes som enkelte kommunar i nord er utsette for vekstsjokk som følgje av forsvarsetableringar eller prosjekt som skal utnytte naturressursar. For å hjelpe kommunane med planprosessar foreslår regjeringa å etablere oppgåveavlastande team med plankompetanse hos fylkeskommunen i dei tre nordlegaste fylka.

1.5 Eit sterkt demokrati – tillit og openheit

Frie og hemmelege val er grunnleggande i demokratiet vårt. Tilliten til val og demokratiet som styreform er høg i Noreg, og det er viktig at den blir oppretthalden.

Stortingsvalet 2025 var det første valet gjennomført med den nye vallova som Stortinget vedtok i juni 2023. Evalueringar av valet viser at det vart godt gjennomført, og at kommunane og fylkeskommunane i stort var nøgde med tenestene frå Valdirektoratet. OSSE sitt kontor for demokratiske institusjonar og menneskerettar (ODIHR) gjennomførte valobservasjon med eit ekspertteam. Rapporten frå ODIHR vurderer at valgjennomføringa var god og profesjonell, men kjem òg med nokre anbefalingar som skal vurderast.

Den tryggingspolitiske situasjonen er meir tilspissa. Det har følgjer òg for val og demokrati, og det blir lagt ned betydeleg innsats mellom anna i å trygge dei elektroniske systema som blir brukt i val. Regjeringa la før valet fram ein tiltaksplan for å styrkje motstandsdyktigheita mot uønskt valpåverknad. Planen hadde 18 tiltak som hadde som mål å auke bevisstheita og styrkje kompetansen hos ulike aktørar som har ei rolle i val, samt auke dei stemmeføre si motstandskraft mot informasjonspåverknad og falske nyheiter retta mot valgjennomføringa.

Erfaringar frå andre land viser at utfordringsbiletet kan endre seg raskt, og ein har sett fleire urovekkjande utviklingstrekk for demokrati globalt, òg i europeiske land. Det er viktig å ha god kunnskap om tilstanden i det norske demokratiet for å ta vare på dei sterke sidene og kunne setje inn tiltak mot nye utfordringar i demokratiet vårt. Det blir gjennomført ein oppdatert tilstandsanalyse av det norske demokratiet som vil vere klar i 2027. Funna frå analysen vil gi eit omfattande fagleg grunnlag for å vidareutvikle ein heilskapleg demokratipolitikk og styrkje innsatsen mot nye utfordringar i ei uroleg verd.

Regjeringa vil arbeide for å halde oppe frie, trygge og opne demokratiske prosessar. Dette inneber mellom anna å styrkje evna kommunane har til å gjennomføre frie, hemmelege og tillitsskapande val, styrkje motstandskrafta mot uønskt utanlandsk påverknad og sikre føreseielege rammer for dei politiske partia.

Regjeringa sette i 2025 ned eit offentleg utval som skal gjennomføre ein heilskapleg gjennomgang av partiloven, og mellom anna vurdere reglane for registrering av politiske parti, partifinansiering og offentleggjering av inntektene til partia. Utvalet skal vidare vurdere om det er behov for å innføre noko form for regulering av valkamp, og om det bør innførast ei grense for kor store beløp partia kan få som bidrag. I tillegg skal utvalet drøfte om det er ønskeleg å regulere valkampanjar frå tredjepartar og anonyme kjelder. Utvalet skal levere si utgreiing innan 1. juni 2027.

Det er alvorleg at tilliten til staten er lågare i mange samiske miljø og blant nasjonale minoritetar enn hos majoritetsbefolkninga. Regjeringa er oppteken av å legge til rette for opne prosessar og god kommunikasjon. Eitt viktig verkemiddel for å bygge tillit mellom den samiske befolkninga og styresmaktene er konsultasjonsreglane i samelova kapittel 4.

Kulturen og språka til samane og dei nasjonale minoritetane er viktige delar av historia og kulturarven i Noreg. Kunnskap om felles historie, kulturarv, verdiar og tradisjonar er viktig for å bygge tillit, tryggleik og inkludering. Å motvirke hets, rasisme og diskriming som råkar samar og nasjonale minoritetar står sentralt i regjeringa sitt arbeid.

Oppmodningsvedtaka frå Stortinget etter handsaminga av rapporten frå Sannings- og forsoningskommisjonen blir følgt opp i tråd med omtale i Prop. 1 S (2025–2026), del III kap. 6. Vidare rapportering vil gå fram av dei respektive fagdepartementa sine budsjettproposisjonar.

I mai 2026 la regjeringa fram ein handlingsplan for kvensk språk. Med handlingsplanen ønskjer regjeringa å skape betre vilkår for læring, bruk og utvikling av kvensk språk. Regjeringa har òg sett i gang arbeidet med ein handlingsplan for skogfinsk kultur, der tiltak for språk vil inngå. I tillegg er det sett i gong arbeid med ei stortingsmelding om forsoningspolitikken som skal leggast fram i 2027, i tråd med oppmodingsvedtak 31 frå Stortinget. Stortingsmeldinga vil famne breiare enn oppmodingsvedtaka frå Stortinget og vil i stor

grad omhandla tema som er felles for samar og nasjonale minoritetar.

Vidare forsoning er ein prosess som vil ta tid og som involverer ulike aktørar nasjonalt og lokalt. I tillegg vil det vere utstrekt kontakt med Sametinget, og med organisasjonar som representerer kvener/norskfinnar og skogfinnar.

2 Det økonomiske opplegget for kommunesektoren

2.1 Kommunesektoren sine inntekter i 2026

I saldert budsjett for 2026 vart det lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene på 8,4 mrd. kroner rekna frå inntektsnivået i revidert nasjonalbudsjett for 2025. Når ein trekk frå anslåtte meirkostnadar til demografi på 2,9 mrd. kroner, vart det dermed lagt opp til eit handlingsrom på 5,5 mrd. kroner.

Anslaget for skatteinntektene frå inntekt og formue auka med 3,2 mrd. kroner frå saldert budsjett til revidert nasjonalbudsjett for 2026. Frå revidert nasjonalbudsjett for 2026 til no er skatteanslaget redusert med 2,8 mrd. kroner. Samanlikna med saldert budsjett for 2026 til no er dermed anslaget for skatteinntektene auka med 0,4 mrd. kroner.

Anslaget for den kommunale deflatoren var på 3,5 pst. i saldert budsjett for 2026. I revidert nasjonalbudsjett for 2026 ble anslaget endra til 4,1 pst. Anslaget er no endra til 4,0 pst. Dette trekk isolert sett inntektsveksten opp med om lag 0,6 mrd. kroner frå revidert nasjonalbudsjett for 2026 til no.

2.2 Kommunesektoren sine inntekter i 2027

Signal i kommuneproposisjonen

I kommuneproposisjonen for 2027 la regjeringa opp til ein realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter i intervallet 3,5–4 mrd. kroner. Med det anslaget ein då la til grunn for demografikostnadane, ville den føreslåtte veksten gi eit handlingsrom på 0,5 til 1 mrd. kroner ut over meirkostnadane til demografi. Regjeringa foreslo at kommunane skulle få 80 pst. av handlingsrommet ut over meirkostnadar til demografi, medan fylkeskommunane skulle få 20 pst. av handlingsrommet. Det vart vidare varsla at dersom det skulle kome vesentleg ny informasjon om den økonomiske situasjonen i kommunesektoren, kunne den føreslåtte veksten bli endra i forslaget til statsbudsjettet for 2027.

Demografi

I kommuneproposisjonen for 2027 vart det anslått ein vekst i kommunesektoren sine demografikostnadar på om lag 3,7 mrd. 2027-kroner. Av dette var om lag 3 mrd. kroner knytt til tenester som blir finansiert av dei frie inntektene.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) oppdaterte anslaget for demografikostnadar i juni 2026. I det oppdaterte anslaget er demografikostnadane som må dekkast av dei frie inntektene redusert til 2,7 mrd. kroner. Dette er 0,3 mrd. kroner lågare enn anslaget i kommuneproposisjonen for 2027. Auken i demografikostnadane er fordelt med 2,2 mrd. kroner på kommunane og 0,5 mrd. kroner på fylkeskommunane.

Pensjon

I kommuneproposisjonen for 2026 vart det varsla at departementet tar sikte på ei gradvis justering av berekningsføresetnadar for pensjonskostnadane i åra framover. Målet er at pensjonskostnadane, gjennom forventningsrette anslag, over tid skal reflektere nivået på pensjonspremiane. Det er særleg forholdet mellom diskonteringsrenta og lønsvekst som har betyding for nivået på pensjonskostnadane. For 2026 er forholdstallet redusert frå 1 til 0,88.

I juni sendte departementet ut Rundskriv H-2/26 *Beregningsforutsetninger for pensjonskostnadene regnskapsåret 2027*. I rundskrivet fastsette departementet at det såkalla forholdstalet mellom diskonteringsrente og lønsvekst blir redusert frå 0,88 til 0,75. Dette vil isolert sett innebere ein auke i dei rekneskapsmessige pensjonskostnadane. Denne auken er det tatt omsyn til i anslaget på den kommunale deflatoren for 2027.

Vekst i frie inntekter

Tabell 2.1 viser den foreslåtte veksten i frie inntekter og handlingsrommet i 2027. Regjeringa foreslår ein realvekst i sektoren sine frie inntekter

på 3,2 mrd. kroner, noko som svarer til ein realvekst på om lag 0,5 pst. Realvekst er vekst ut over anslått prisvekst på varer og tenester, lønsvekst og vekst i pensjonskostnadar. Ved berekning av realveksten er det lagt til grunn ein kommunal deflator på 3,8 pst. Realveksten på 3,2 mrd. kroner kjem derfor i tillegg til dekking av forventa pris- og lønsvekst på om lag 22,2 mrd. kroner.

Inntektsveksten er rekna frå inntektsnivået i 2026 slik det vart anslått etter stortingsbehandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2026. Ved behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2026 vedtok Stortinget ein auke i løyvingane til fylkeskommunane på 1,45 mrd. kroner. Av dette var 1 mrd. kroner ei mellombels styrking i 2026 knytt til vedlikehald og mindre investeringar på fylkesvegar, medan 450 mill. kroner var ei varig styrking av inntektene til fylkeskommunane. Veksten i frie inntekter i 2027 blir rekna frå eit nivå som er 450 mill. kroner høgare enn lagt til grunn då regjeringa la fram sitt forslag i kommuneproposisjonen.

Veksten i frie inntekter på 3,2 mrd. kroner gir kommunesektoren eit anslått handlingsrom ut over meirkostnadar til demografi på 0,5 mrd. kroner. Regjeringa følgjer då opp lovnadene som vart gitt i kommuneproposisjonen. Det er tatt omsyn til at anslaget for demografikostnadar er nedjustert frå 3,0 til 2,7 mrd. kroner etter at kommuneproposisjonen vart behandla i Stortinget.

I tråd med signala i kommuneproposisjonen foreslår regjeringa at handlingsrommet på 0,5 mrd. kroner blir fordelt med 80 pst. på kommunane og 20 pst. på fylkeskommunane. Kommunane vil da få ein vekst i frie inntekter på 2,6 mrd. kroner, medan fylkeskommunane får ein vekst på 0,6 mrd. kroner, rekna frå inntektsnivået i 2026 etter stortingsbehandlinga av revidert nasjonalbudsjett. Innanfor handlingsrommet til kommunane er 80 mill. kroner grunngjeve med opptrappingsplanen for psykisk helse.

Mange kommunar og fylkeskommunar opplever den økonomiske situasjonen som utfordrande. Særleg var 2024 eit krevjande år for kommunesektoren. Den økonomiske situasjonen for kommunesektoren vart vesentleg betra i 2025 samanlikna med 2024. Inntektsveksten i 2025 var historisk høg. Realveksten i dei frie inntektene frå 2024 til 2025, utover meirkostnader til demografi og pensjon, er no anslått til om lag 18 mrd. 2026-kroner målt frå rekneskapen.

Auken i realinntektene i 2025 kjem av betydelege løyvingar til kommunesektoren, høgare skatteinngang enn venta i 2025 og at skattesvikten i 2024 var mellombels. Netto driftsresultat for kommunesektoren i 2025 vart på 2,6 pst. av inntektene. Dette er over tilrådinga frå Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) på 2 pst. over tid, og ei klar forbetring frå det låge nivået på 0,1 pst. i 2024. Det er likevel store forskjellar i resultat mellom kommunane.

TBU vurderer at dei gode resultata i 2025 må sjåast i samanheng med sterk realvekst i dei frie inntektene i 2025, og med omstillingar og innsparingar i mange kommunar og fylkeskommunar.

Regjeringa vil understreke at kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å tilpasse aktivitetsnivået til inntektene dei har gjennom kloke prioriteringar, nødvendige omstillingstiltak og god økonomistyring, slik at drifta er berekraftig over tid. Kommunane og fylkeskommunane kan ut frå lokale behov og vurderingar bruke handlingsrommet til å betre den økonomiske balansen eller betre tenestetilbodet. Styrkinga av inntektsrammene dei siste åra legg til rette for gode velferdstenester ute i kommunane.

Tabell 2.1 Auka handlingsrom for kommunesektoren i 2027

(i mrd. 2027-kroner)

	Kommunar	Fylkes-kommunar	Kommune-sektoren
Vekst i frie inntekter[1]	2,6	0,6	3,2
- Merkostnader til demografi	2,2	0,5	2,7
= Handlingsrom etter meirkostnadar til demografi[2]	0,4	0,1	0,5

[1] Vekst i frie inntekter er berekna frå anslått nivå på inntektene i 2026 etter Stortinget si behandling av revidert nasjonalbudsjett for 2026. Ved berekning av realveksten er det lagt til grunn ein kommunal deflator på 3,8 pst. frå 2026 til 2027. Frå og med 2026 inngår meirkostnader til pensjon i anslått deflator. Anslaget på den kommunale deflatoren er 3,5 pst. fra 2026 til 2027 utan meirkostnader til pensjon. Midlertidige løyvingar blir halde utanfor berekningsgrunnlaget.

[2] Innanfor handlingsrommet til kommunane er 80 mill. kroner grunngjeve med opptrappingsplanen for psykisk helse.

Nærare om realveksten i samla inntekter

I tabell 2.2 er realveksten i kommunesektoren sine samla inntekter på 4,6 mrd. kroner dekomponert.

Ved pålegg om nye eller utvida oppgåver for kommunesektoren, avvikling av oppgåver eller regelendringar som har økonomiske konsekvensar, blir kommunesektoren kompensert eller trekt i frie inntekter basert på endring i økonomisk belastning. Desse endringane blir haldne utanom berekna vekst i frie inntekter, men inngår i veksten i samla inntekter. For 2027 utgjer desse endringane i løyvingane samla sett ein reduksjon på 0,1 mrd. kroner.

Realveksten i øyremerkte tilskot er anslått til 1 mrd. kroner.

Tabell 2.2 Realvekst i kommunesektoren sine samla inntekter i 2027

	Mrd. 2027-kroner
Frie inntekter	3,2
Frie inntekter knytt til endringar i oppgåver[1]	-0,1
Øyremerkte tilskot	1,0
Gebyrinntekter	0,5
Realvekst samla inntekter	4,6

[1] Desse midlane blir løyvd som frie inntekter, men er ikkje med i veksten i frie inntekter fordi dei er knytt til endringar i pålagte oppgåver. Midlane er rekna med i veksten i dei samla inntektene.

Nærare om realveksten i frie inntekter

Tabell 2.3 viser anslag på kommunesektoren sine frie inntekter i 2026 og 2027 i løpande prisar. Inntektsnivået i 2026 er anslag på rekneskap i denne proposisjonen. Det inneber mellom anna at den varige auken i løyvingar til fylkeskommunane på 450 mill. kroner i Revidert nasjonalbudsjett 2026 er medrekna. Likeins er reduksjonen i skatteanslaget etter Revidert nasjonalbudsjett 2026 innarbeidd. Inntektsnivået i 2026 er korrigert for oppgåveendringar, regelendringar, eingongsløyvingar og endringar i finansieringa av kommunesektoren sine oppgåver. Hensikta med å korrigere for oppgåveendringar mv. er å gjere inntektsnivået i 2026 samanliknbart med inntektsnivået i 2027. Det er gjort nærare greie for korreksjonar i programkategori 13.70, tabell 5.4.

I kommuneproposisjonen for 2027 vart det varsla at den kommunale skattøyren skal fastsettast ut frå ei målsetting om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 pst. av dei samla inntektene for kommunesektoren. Anslaget på kommunesektoren sine skatteinntekter i 2027 bygger mellom anna på ein vekst i sysselsettinga på 0,3 pst. og ein årleg lønsvekst på 4,0 pst. frå 2026 til 2027.

Forslag til kommunale og fylkeskommunale skattøyrar for 2027 er lagt fram i Prop. 1 LS (2026–2027) *Skatter og avgifter 2027*. Det er foreslått at den kommunale skattøyren blir 13,40 pst., medan den fylkeskommunale skattøyren blir 2,85 pst.

Etter dette er det anslått at skatteinntektene vil utgjere om lag 40 pst. av kommunesektoren sine samla inntekter i 2027.

Tabell 2.3 Kommunane og fylkeskommunane sine frie inntekter

Mill. kroner. Nominelle prisar[1]

	Kommunane[2]			Fylkeskommunane[2]			Kommunesektoren i alt		
	2026[3]	2027	Pst. endr.	2026[3]	2027	Pst. endr.	2026[3]	2027	Pst. endr.
Skattar i alt	267 416	280 916	5,0	49 400	52 100	5,5	316 816	333 016	5,1
Av dette skatt på inntekt og formue	*249 000*	*261 800*	*5,1*	*49 400*	*52 100*	*5,5*	*298 400*	*313 900*	*5,2*
Rammetilskot[4]	207 463	217 160	4,7	58 038	60 384	4,0	265 501	277 544	4,5
Sum frie inntekter	474 879	498 076	4,9	107 438	112 484	4,7	582 317	610 560	4,9

1 Pris- og lønsveksten i kommunesektoren i 2027 (deflator) er anslått til 3,8 pst.

2 Oslo er delt i ein kommunedel og ein fylkeskommunedel.

3 Anslag på rekneskap korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og eingongsløyvingar, jf. tabell 5.3 under programkategori 13.70.

4 Omfattar ikkje kap. 571, post 21 Særskilde driftsutgifter.

Arbeidsgruppe for berekning av vekst i frie inntekter

I Kommuneproposisjonen 2027 vart det varsla at regjeringa vil invitere KS til å delta i eit utgreiingsarbeid for å gjennomgå budsjetteringa av veksten i dei frie inntektene til kommunesektoren, med sikte på å vurdere tiltak som kan gi auka føreseielegheit og dermed betre styringsinformasjon for sektoren. Gjennom dei kommunale skatteinntektene får kommunane del i verdiskapinga som skjer lokalt. Dei seinare åra har utviklinga i skatteinntektene avvike frå anslaga i nasjonalbudsjetta. Sektoren fekk ein betydeleg høgare skattevekst enn venta i åra 2021–2023, medan skatteinntektene vart vesentleg lågare enn venta i 2024. Finansieringssystemet for kommunesektoren bygger på at kommunane og fylkeskommunane skal handtere både positive og negative avvik i skatteinntektene gjennom året. Samstundes inneber uvisse og svingingar i desse inntektene utfordringar for planlegginga og gjennomføringa av eigne budsjett i kommunane og fylkeskommunane. Arbeidsgruppa er i gang og vil levere ei kort orientering til det bilaterale konsultasjonsmøtet mellom Kommunal- og distriktsdepartementet og KS hausten 2026.

Boks 2.1 Inntekter til kommunesektoren i 2027

Kommunesektoren sine samla inntekter er anslått til om lag 831 mrd. kroner i 2027. Tabell 2.4 viser samansettinga av inntektene i 2027 og nominell endring frå 2026. Veksten er rekna frå anslag på rekneskap 2026 i denne proposisjonen, korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og eingongsløyvingar.

Kommunesektoren sine skatteinntekter og rammetilskot er sektoren sine frie inntekter. Dei frie inntektene utgjer om lag 73,5 pst. av dei samla inntektene. Desse inntektene kan disponerast fritt innanfor ramma av lover og forskrifter, og gir kommunesektoren rom for lokal tilpassing av verksemda.

Skatteinntekter er kommunesektoren sin andel av skatt på alminneleg inntekt frå personlege skatteytarar, formuesskatt og eigedomsskatt i kommunar som har innført det. Nokre kommunar har inntekter frå naturressursskatt frå vasskraftverk. Storleiken på skatteinntektene avheng mellom anna av utviklinga i skattegrunnlaga og av dei kommunale og fylkeskommunale skattøyrane. Rammetilskot blir løyvd på Kommunal- og distriktsdepartementet sitt budsjett, kap. 571 og 572.

Øyremerkte tilskot skal nyttast i tråd med føremålet som er angitt for løyvinga. Øyremerkte tilskot utgjer om lag 5 pst. av dei samla inntektene.

Gebyrinntektene er kommunale avgifter og eigenbetalingar for tenester som kommunane leverer til innbyggarane, til dømes tekniske tenester, helse- og omsorgstenester og barnehagar, og utgjer om lag 14 pst. av dei samla inntektene.

Meirverdiavgiftskompensasjonen er refusjon til kommunesektoren for anskaffingar som er meirverdiavgiftspliktige, og utgjer om lag 4 pst. av dei samla inntektene.

Tabell 2.4 Kommunesektoren sine inntekter i 2027

	Mrd. kroner	Andel av samla inntekter (pst.)	Endring frå 2026[1] (pst.)
Frie inntekter	610,6	73,5	4,9
Av dette:			
- skatteinntekter	*333,0*	*40,1*	*5,1*
- rammetilskot	*277,5*	*33,4*	*4,5*
Øyremerkte tilskot[2]	42,9	5,2	6,1
Gebyr	117,7	14,2	4,2
Meirverdiavgiftskompensasjon	34,5	4,2	4,9
Andre inntekter	25,1	3,0	3,8
Totalt	830,8	100,0	4,8

[1] Nominell endring. Berekningsgrunnlaget er anslag på rekneskap for 2026 korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og eingongsløyvingar.

[2] Ekskl. tilskot til kommunane sitt arbeid med flyktningar, personar med opphald på humanitært grunnlag og asylsøkarar.

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Kommunal- og distriktsdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortingssesjonen 2025–2026 og alle vedtak frå tidlegare sesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 125 S (2025–2026) ikkje har kvittert ut. I tabellen blir det opplyst om departementet planlegg at rapporteringa blir avslutta eller om departementet vil rapportere på vedtaket under oppmodingsvedtak i budsjettproposisjonen for neste år.

Departementet har foreslått å avslutte rapporteringa på fleire vedtak der vedtaket gir føringar for politikkutforming på eit konkret område, og der departementet har omtala korleis dette skal følgjast opp i politikken framover. Orientering til Stortinget om det videre arbeidet i desse sakene vil skje i den ordinære omtalen i dei årlege budsjettframlegga og i andre dokument til Stortinget.

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2025–2026	3	Partiloven – regulering av anonym finansiering	Nei
2025–2026	52	Bustøtte til barnefamiliar	Nei
2025–2026	53	Bustøtte – eigenandel	Nei
2025–2026	69	Innbyggartilskotet – omfordeling til fylkesveg og ferje	Ja
2025–2026	80	Offentlege data om leigemarknaden	Ja
2025–2026	83	Ordninga med premieavvik	Ja
2025–2026	503	Kommunane sitt handlingsrom i areal- og naturforvalting	Ja
2025–2026	589	Varig løysing for Roseslottet	Ja
2025–2026	604	Vektlegge lokale vedtak i innsigelses-behandlinga	Ja
2025–2026	606	Forenkle byggtekniske krav, regler og planprosessar i plan- og bygningslova	Ja
2025–2026	685	Evaluering av endringane i dispensasjonsføresegna	Ja
2025–2026	726	Samordning av statlege aktørar	Ja
2025–2026	728	Tidsfristar for handsaming av klagesaker etter plan- og bygningslova	Ja
2025–2026	819	Parkeringsnorma for IKEA Forus I	Ja
2025–2026	820	Parkeringsnorma for IKEA Forus II	Ja
2025–2026	886	Statsforvaltaren i Agder I	Nei
2025–2026	887	Statsforvaltaren i Agder II	Ja
2025–2026	888	Tiltak retta mot bustadlause barnefamiliar	Nei

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2025–2026	889	Målretting av bustadøkonomiske verkemiddel	Ja
2025–2026	890	Heilskapleg bistand til bustadusikre familiar	Ja
2025–2026	891	Kommunale utgifter til mellombelse butilbod	Nei
2025–2026	928	Styrke regionale energiplanar	Ja
2025–2026	1004	Mellombelse bygg til forsvarsformål	Ja
2025–2026	1027	Forbetre ferjeavløysingsordninga	Nei
2025–2026	1029	Distriktstilskot Nord-Noreg for kommunar i innsatssona i Nord-Troms	Ja
2025–2026	1032	Frivillige kommunesamanslåingar	Ja
2025–2026	1037	Det kommunale sjølvstyre i plan-, areal- og byggesaker	Ja
2025–2026	1135	Betre verktøy til kommunane for å regulere korttids-utleige	Ja
2025–2026	1139	Modellar for bustadleige	Ja
2025–2026	1152	Skjerming av bustøtte for auka minstepensjon	Ja
2025–2026	1155	Bustadbygging i område omfatta av bygdevekstavtalar	Ja
2024–2025	29	Sannings- og forsoningskommisjonen – forpliktande handlingsplanar	Ja
2024–2025	697	Gjennomgang av partiloven	Nei
2024–2025	1105	Særskild rentekompensasjon for ferjeavløysingsprosjekt	Ja
2024–2025	1221	Korttidsutleige av bustader	Ja
2024–2025	1234	Merkur-ordninga	Ja
2023–2024	74	Klimagassrekneskap	Ja
2023–2024	756	Innføre obligatorisk registrering av eigarskap i fast eigedom	Nei
2023–2024	909	Husbanklån til ideelle stiftingar til bygging av student-bustader	Ja
2022–2023	88	Husleigelovutval	Ja
2022–2023	108	Forbod mot nedbygging av myr	Nei
2022–2023	455	Digital marknadsplass for overskotsmassar	Ja
2022–2023	780	Fordeling av førehandsstemmer og stemmer på valkrins	Nei

3.1 Stortingssesjon 2025–2026

Partiloven – regulering av anonym finansiering

Vedtak 3, 14. oktober 2025

> *«Stortinget ber regjeringen inkludere regulering av anonym finansiering av politisk reklame og markedsføring i den helhetlige gjennomgangen av partiloven, og komme tilbake til Stortinget med forslag som følger opp dette.»*

Vedtaket vart fatta i samband med trontaledebatten 14. oktober 2025.

Vedtaket er innarbeida i mandatet for partilovutvalet. Utvalet skal levere sin rapport innan 1. juni 2027. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Bustøtte til barnefamiliar

Vedtak 52, 5. desember 2025

> *«Stortinget ber regjeringen utrede mulige modeller for en mer stabil bostøtteutbetaling til barnefamilier og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2025–2026) *Nasjonalbudsjettet 2026* og Innst. 2 S (2025–2026).

Vedtaket er innarbeida i mandatet for bustøtteutvalet. Utvalet skal levere sin rapport i løpet av 2026. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Bustøtte – eigenandel

Vedtak 53, 5. desember 2025

> *«Stortinget ber regjeringen utrede egenandelen i bostøtta for personer som ikke har nok til et forsvarlig livsopphold og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2025–2026) *Nasjonalbudsjettet 2026* og Innst. 2 S (2025–2026).

Vedtaket er innarbeida i mandatet for bustøtteutvalet. Utvalet skal levere sin rapport i løpet av 2026. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Innbyggartilskotet – omfordeling til fylkesveg og ferje

Vedtak 69, 5. desember 2025

> *«Stortinget ber regjeringen innenfor innbyggertilskuddet omfordele 375 mill. kroner fra samlet kostnadsnøkkel til hhv. 250 mill. kroner til delkostnadsnøkkel for fylkesvei og 125 mill. kroner til delkostnadsnøkkel for ferje.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2025–2026) *Nasjonalbudsjettet 2026* og Innst. 2 S (2025–2026).

I samband med saldert budsjett for 2026 vart 375 mill. kroner innanfor fylkeskommunane sitt innbyggartilskot omfordelt frå ei fordeling etter samla kostnadsnøkkel, til ei fordeling med 250 mill. kroner fordelt etter delkostnadsnøkkelen for fylkesveg og 125 mill. kroner etter delkostnadsnøkkelen for ferje. Den nye fordelinga er lagt til grunn for utbetalinga av rammetilskotet til fylkeskommunane i 2026.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Offentlege data om leigemarknaden

Vedtak 80, 5. desember 2025

> *«Stortinget ber regjeringen sørge for bedre offentlig tilgjengelige data om leiemarkedet, herunder om omfang av utleie og leiepris.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2025–2026) *Nasjonalbudsjettet 2026* og Innst. 2 S (2025–2026).

Departementet arbeider langs fleire spor for å sørgje for eit solid kunnskapsgrunnlag om leigemarknaden. Husbanken fekk frå 2025 det nasjonale fagansvaret for leigemarknaden, og Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet skal i åra som kjem gradvis fylle denne rolla med innhald. Husbanken følgjer utviklinga i marknaden, og har god kunnskap om særtrekk ved og utviklinga i lokale leigemarknadar. Husbanken legg årleg fram ein offentleg statusrapport om leigemarknaden, noko det nye direktoratet vil fortsetje med. Til no er det publisert rapportar for 2024 og 2025. På sikt skal dei òg sørgje for at kommunane har nødvendig tilgang til data, analysar og verktøy. I tillegg er departementet i dialog med SSB om moglege prosjekt for å skaffe betre offentleg tilgjengeleg statistikk om leigemarknaden.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Ordninga med premieavvik

Vedtak 83, 5. desember 2025

> *«Stortinget ber regjeringen i Kommuneproposisjonen 2027 redegjøre for ordningen med premieavvik og redegjøre for ev. tiltak for å forbedre ordningen.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2025–2026) *Nasjonalbudsjettet 2026* og Innst. 2 S (2025–2026).

Departementet har gjort greie for ordninga med premieavvik i Prop. 94 S (2025–2026) *Kommuneproposisjonen 2027*, kap. 8. Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Kommunane sitt handlingsrom i areal- og naturforvalting

Vedtak 503, 3. mars 2026

> *«Stortinget ber regjeringen gi kommunene større handlingsrom i areal- og naturforvaltning, og fjerne unødige sentrale restriksjoner.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 35 (2024–2025) *Norges arbeid med bærekraftsmålene* og Innst. 109 S (2025–2026).

Hausten 2025 starta departementet eit arbeid med å sjå nærare på statlege og regionale myndigheiter sin bruk av motsegner i plansaker (motsegnsprosjektet). Målet er raskare og betre planprosessar, og at betre dialog mellom kommunane og statlege myndigheiter skal redusere behovet for motsegner.

Gjennom arbeidet vil alle departement sine motsegnsgrunnlag bli gjennomgått, og det vil bli vurdert om det er grunnlag for å heve terskelen for motsegn og unngå overlappande motsegnskompetanse.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Varig løysing for Roseslottet

Vedtak 589, 9. april 2026

> *«Stortinget ber regjeringen gjennomføre en statlig arealplan for å hjemle et unntak fra byggeforbudet i markaloven, jf. markaloven § 6 fjerde ledd, for å sikre en varig løsning for Roseslottet.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:69 S og Innst. 170 S (2025–2026).

Det vil bli utarbeida ein statleg reguleringsplan for Roseslottet, med Kommunal- og distriktsdepartementet som planmyndigheit. Planarbeidet vil starte opp hausten 2026, og det vil ta minimum eit år før ein plan kan bli vedtatt.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Vektlegge lokale vedtak i innsigelses-behandlinga

Vedtak 604, 9. april 2026

> *«Stortinget ber regjeringen redusere statsforvalterens mulighet til å fremme innsigelse på lokale planer som ikke har nasjonal betydning, og vektlegge lokale vedtak i innsigelsesbehandlingen.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:52 S og Innst. 195 S (2025–2026).

Det blir vist til omtale av motsegnsprosjektet under vedtak 503, 3. mars 2026.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Forenkle byggtekniske krav, regler og planprosessar i plan- og bygningslova

Vedtak 606, 9. april 2026

> *«Stortinget ber regjeringen forenkle byggtekniske krav, reguleringsbestemmelser og planprosesser i plan- og bygningsloven og komme tilbake til Stortinget med nødvendige forslag.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:52 S og Innst. 195 S (2025–2026).

Oppmodinga blir ivaretatt i ein lovutviklingsprosess med ambisjon om forenklingar og forbetringar i plan- og bygningslovgivinga, igangsett våren 2026. Arbeidet har fleire fasar og det planleggast for å sende første del på høyring før jul 2026. Vidare planleggast det for å sende ytterlegare forslag til endringar på høyring før sommaren 2027. Arbeidet vil gi grunnlag for forslag til forenkla planprosessar.

Departementet er i gang med å forenkle byggtekniske krav. Direktoratet for byggkvalitet har fått oppdrag om å modernisere byggteknisk forskrift (TEK), og vurdere forenklingar og lempingar som kan bidra til rimelegare bustadbygging, samstundes som god bustadkvalitet blir ivareteke. I 2026 skal direktoratet arbeide med krava i TEK om dokumentasjon, dagslys, utsyn og ventilasjon.

I 2027 skal direktoratet òg arbeide med lyd, radon og tilgjengelegheit, og justere og oppdatere brannreglane i TEK.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Evaluering av endringane i dispensasjonsføresegna

Vedtak 685, 5. mai 2026

> *«Stortinget ber regjeringa evaluere konsekvensane av 2021-endringa i plan- og bygningsloven § 19-2, med særleg vekt på Høgsteretts praksis og korleis denne har påverka lokaldemokratiet, og kome tilbake til Stortinget på eigna måte.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:112 S og Innst. 227 S (2025–2026).

Departementet planlegg å sette ut eit oppdrag våren 2027 om å evaluere endringane i dispensasjonsføresegna i plan- og bygningslova § 19-2.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Samordning av statlege aktørar

Vedtak 726, 19. mai 2026

> *«Stortinget ber regjeringen sørge for at statsforvalterne sikrer en effektiv samordning av statlige aktører og avskjære innsigelser som ikke gjelder nasjonale hensyn.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:188 S og Innst. 238 S (2025–2026).

Departementet arbeider med å revidere rundskriv H-2/14 Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven. I arbeidet med revisjonen vil det bli vurdert tiltak for å styrke statsforvaltarane si samordning av motsegner. Det vil òg bli vurdert å om det kan vere aktuelt å gi statsforvaltarane utvida moglegheit til å avskjere statlege motsegn. Eit revidert rundskriv planleggast ferdigstilt i løpet av 2026.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Tidsfristar for handsaming av klagesaker etter plan- og bygningslova

Vedtak 728, 19. mai 2026

> *«Stortinget ber regjeringen innføre absolutte tidsfrister for statsforvalterens behandling av klagesaker etter plan- og bygningsloven.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:188 S og Innst. 238 S (2025–2026).

Oppmodinga blir ivaretatt i ein lovutviklingsprosess med ambisjon om forenklingar og forbetringar i plan- og bygningslovgivinga, igangsett våren 2026. Det planleggast for å sende forslag til endringar på høyring før sommaren 2027. I samband med dette arbeidet vil mellom anna innføring av absolutte tidsfristar for statsforvaltaren si behandling av klagesaker etter plan- og bygningslova greiast ut.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Parkeringsnorma for IKEA Forus I

Vedtak 819, 28. mai 2026

> *«Stortinget ber regjeringen omgjøre Statsforvalteren i Vestlands avgjørelse av 16. mars 2026 om overprøving av Stavanger kommunes vedtak av 15. mai 2025 om å gi dispensasjon fra parkeringsnormen for Forus, og med dette sikre at dispensasjon gitt av Stavanger kommune blir gyldig innen 1. juni 2026. Dersom dette ikke lar seg gjøre, ber Stortinget regjeringen i dialog med Stavanger kommune sørge for at kommunens ønskede løsning for parkeringssituasjonen for IKEA Forus realiseres innen de tidsrammer som kommunen skisserer.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:216 S og Innst. 271 S (2025–2026).

Departementet si vurdering er at det ikkje er rettsleg tilgang til å gjere om vedtaket til Statsforvaltaren slik at dispensasjon frå kommunen blir gyldig.

Etter forvaltningslova § 35 kan eit overordna organ, på visse vilkår, gjere om eit vedtak som er fatta av eit underordna organ, dersom vedtaket er ugyldig. Det er strenge krav til når eit endeleg klagevedtak kan gjerast om, og departementet har ikkje høve til å gjennomføre ei ny klagehandsaming av saka.

Etter ei gjennomgang av dokumenta i saka kan departementet ikkje sjå at det ligg føre feil eller manglar ved klagevedtaket til Statsforvaltaren som gir grunnlag for å oppheve vedtaket som ugyldig etter reglane i forvaltningslova. Departementet er samd i vurderinga til Statsforvaltaren og meiner at vilkåra for å gi dispensasjon ikkje er oppfylte.

Departementet har vore i dialog med Stavanger kommune og Rogaland fylkeskommune om å gjennomføre ei endring av parkeringsføresegnene

i reguleringsplanen gjennom ein ordinær planprosess, i dialog med dei aktørane som bør involverast. Departementet har dessutan, seinast 2. september, bedt kommunen om å greie ut om status for dette arbeidet.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at vedtak 819 blir oppheva, jf. forslag til romartalsvedtak.

Parkeringsnorma for IKEA Forus II

Vedtak 820, 28. mai 2026

> *«Stortinget ber regjeringen følge opp dialogen med Stavanger kommune for å finne en fornuftig løsning for å realisere IKEA Forus.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:216 S og Innst. 271 S (2025–2026).

Departementet har vore i dialog med Stavanger kommune og Rogaland fylkeskommune om å gjennomføre ei endring av parkeringsføresegnene i reguleringsplanen gjennom ein ordinær planprosess, i dialog med dei aktørane som bør involverast.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Statsforvaltaren i Agder I

Vedtak 886, 5. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen oppheve Statsforvalteren i Agder sine vedtak som er fattet i medhold av kommuneloven § 27-1, fra perioden november 2025 til og med dags dato. Dersom dette ikke lar seg gjøre, ber Stortinget regjeringen sørge for at de aktuelle tiltak som er i henhold til kommunens vedtak etter plan- og bygningsloven, kan realiseres og fullføres uten at kommuner og tiltakshavere blir økonomisk skadelidende.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:230 S og Innst. 421 S (2025–2026).

Vedtaket er under oppfølging. Departementet er i gang med å greie ut moglegheitene for å følgje opp Stortinget sitt vedtak innanfor rammene av gjeldande lovverk.

Statsforvaltaren i Agder II

Vedtak 887, 5. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen stoppe Statsforvalteren i Agder sin pågående prosess med å vurdere lovlighetskontroll av rettskraftige dispensasjonsvedtak.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:230 S og Innst. 421 S (2025–2026).

Oppfølginga av vedtaket har nær samanheng med og vil bli følgt opp under vedtak 886, og det vises til omtale under dette vedtaket. Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Tiltak retta mot bustadlause barnefamiliar

Vedtak 888, 5. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen raskt iverksette konkrete tiltak mot bostedsløshet og boligusikkerhet blant barnefamilier, i tråd med OECDs kunnskapsgrunnlag, og komme snarlig tilbake til Stortinget om arbeidet.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:243 S og Innst. 425 S (2025–2026).

Bustadløyse, og bustadløyse blant barnefamiliar, er i hovudsak ei utfordring i dei store byane. Departementet har gjennom Husbanken sett i gang eit samarbeid med aktuelle kommunar for å kartlegge kva dei treng for raskt å sette i verk målretta tiltak. Bustadløyse er eit komplekst og samansett problem som ikkje kan løysast innafor ein sektor åleine. Husbanken skal i tråd med tildelingsbrevet for 2026, samarbeide med dei andre velferdsdirektorata om busituasjonen for særleg utsette grupper.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Målretting av bustadøkonomiske verkemiddel

Vedtak 889, 5. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen, i sammenheng med Bostøtteutvalgets arbeid, gjennomgå bostøtten og øvrige boligsosiale støtteordninger, med særlig vekt på å gjøre ordningene mer målrettede, treffsikre og mindre byråkratiske for familier med lav inntekt og reelt behov for støtte.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:243 S og Innst. 425 S (2025–2026).

Bustøtteutvalet skal belyse bustøtta si rolle og formål i bustad- og sosialpolitikken. Heilt konkret skal utvalet vurdere korleis samspelet og arbeidsdelinga mellom bustøtta, andre verkemedel på leigemarknaden og det heilskaplege inntektssi-

kringssystemet fungerer. Sentrale moment er ordningane sine formål og roller, korleis ordningane blir forvalta og finansierte og brukarperspektivet. Utvalet skal òg vurdere korleis omsynet til det beste for barnet blir ivareteke. Utvalet skal levere ein NOU før 31. desember 2026. Departementet vil da gå i gang med å vurdere utvalet sine forslag.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Heilskapleg bistand til bustadusikre familiar

Vedtak 890, 5. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen sikre tidlig og helhetlig bistand til familier i risikosonen for boligusikkerhet, herunder bedre samordning mellom Nav, barnevern, helsestasjon, skole og frivillige aktører.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:243 S og Innst. 425 S (2025–2026).

Formålet med bustadsosiallova er å førebygge bustadsosiale utfordringar og bidra til at vanskelegstilte på bustadmarknaden får den hjelpen dei treng for å skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Lova tydelegger at kommunane skal sørgje for samarbeid på tvers av sektorar og samordning av tenester. Lova presiserer òg at kommunane skal samarbeide med andre offentlege aktørar i arbeidet for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Bustadsosiallova tredde i kraft i 2023, og det tar noko tid før ei ny lov er godt forankra i alle ledd i kommunane. Husbanken jobbar derfor aktivt med kommunane om korleis dei best kan følgje opp lova og utarbeider digital rettleiing om lova for å støtte kommunane i arbeidet. Departementet har gitt Husbanken i oppdrag å vurdere korleis dei kan vidareutvikle Kobo, eit digitalt fagsystem for kommunale bustader og bustadsosialt arbeid, for å gi kommunane betre systemstøtte på tvers av sektorar og bidra til betre samarbeid mellom velferdssektorane. Målet er mellom anna at kommunane skal få betre oversikt over bustadløyse og risiko for bustadløyse, slik at dei så tidleg som mogleg, kan sette i gang førebyggande tiltak. Det er allereie sett i gang eit arbeid for å avklare dei juridiske implikasjonane ved eit slikt system.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Kommunale utgifter til mellombelse butilbod

Vedtak 891, 5. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen lage en oversikt over norske kommuners utgifter til midlertidig botilbud og komme tilbake til Stortinget på egnet måte»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:243 S og Innst. 425 S (2025–2026).

I dag føreligg det ingen nasjonal oversikt over kommunane sine utgifter til mellombelse butilbod. Kommunane si plikt til å finne eit mellombels butilbod for dei som ikkje klarar det sjølve, er forankra i sosialtenestelova som Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvar for. Kommunal- og distriktsdepartementet vil saman med Arbeids- og inkluderingsdepartementet, be Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet og Arbeids- og velferdsdirektoratet gjere greie for kommunane sine utgifter til mellombelse butilbod.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Styrke regionale energiplanar

Vedtak 928, 10. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen gå i dialog med fylkeskommunene om å opprette og styrke regionale energiplaner.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:261 S og Innst. 397 S (2025–2026).

Departementet vil starte eit arbeid med å endre statlege planretningslinjer for å legge til rette for raskare utbygging av kraft og nett. I tillegg vil vedtaket følgjast opp gjennom dialog med fylkeskommunane.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Mellombelse bygg til forsvarsformål

Vedtak 1004, 12. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen fremme forslag som gjør det enklere å etablere midlertidige bygg og installasjoner i områder regulert for forsvarsformål.»*

Dokumenta som ligg til grunn er Prop. 68 S (2025–2026) *Forsvarsløftet – Økte rammer og prio-*

riteringar i Langtidsplanen for forsvarssektoren og Innst. 440 S (2025–2026).

Forsvaret har allereie eit eige unntak frå krav i plan- og bygningslova i § 20-7. Unntaket er relativt omfattande, og medfører at Forsvaret ikkje må søke kommunen om å etablere mellombelse bygg og installasjonar dersom tiltaket krev bruk av skjermingsverdig informasjon etter sikkerheitslova eller det gjeld eit objekt som Forsvarsdepartementet har utpeikt som skjermingsverdig i medhald av sikkerheitslova.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Forbetre ferjeavløysingsordninga

Vedtak 1027, 16. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen fremme forslag som forbedrer ferjeavløsningsordningen, med mål om at flere fylkesveiprosjekter kan realiseres herunder at kapitalkostnadene kan dekkes av midlene, og at den særskilte rentekompensasjonsordningen som omhandler renteutgiftene de 5 første årene etter at et veiprosjekt blir ferdig blir gjort permanent.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 94 S (2025–2026) *Kommuneproposisjonen 2027* og Innst. 448 S (2025–2026).

Eit ferjeavløysingsprosjekt inneber at det blir bygd eit nytt vegsamband, vanlegvis ei bru eller ein undersjøisk tunnel med tilhøyrande vegnett, som erstattar eller kortar inn på eit ferjesamband. Ferjeavløysingsordninga inneber at fylkeskommunane kan delfinansiere slike prosjekt med midlane dei får for ferjesambandet gjennom inntektssystemet. Regjeringa meiner at ferjeavløysingsordninga er ei god ordning for fylkeskommunane som bidrar til ei stor, langvarig og føreseieleg delfinansiering av nye vegsamband. Det er òg viktig at fylkeskommunane er med på å delfinansiere eigne vegprosjekt.

Den særskilde rentekompensasjonsordninga, som vart lagt fram i kommuneproposisjonen for 2022, kan kompensere fylkeskommunane for inntil 50 pst. av årlege, berekna rentekostnader dei første fem åra etter at vegprosjektet er ferdig, for ferjeavløysingsprosjekt som blir ferdig mellom 2022 og 2027. Det er ein føresetnad at finansieringa av ordninga ikkje skal gå ut over andre fylkeskommunar. Ordninga som vart omtalt i kommuneproposisjonen for 2022 hadde ei årleg ramme på inntil 50 mill. kroner.

Kommunal- og distriktsdepartementet og Samferdselsdepartementet kunngjorde i juli i år eit prosjekt for å få ei heilskapleg evaluering av ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer. Oppdragstakar skal levere ein sluttrapport innan 1. mars 2027.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte etter at sluttrapporten er levert.

Distriktstilskot Nord-Noreg for kommunar i innsatssona i Nord-Troms

Vedtak 1029, 16. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen vurdere å likestille innsatssonen i Nord-Troms med innsatssonen i Finnmark i distriktstilskudd Nord-Norge i forslag til statsbudsjett for 2027.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 94 S (2025–2026) *Kommuneproposisjonen 2027* og Innst. 448 S (2025–2026).

Innsatssona er ei samlenemning for staten sine økonomiske verkemiddel retta mot personar og næringsliv i Finnmark og Nord-Troms. Målet med sona er å skape ein attraktiv region å bu, arbeide og drive næringsverksemd i. Innsatssona omfattar alle kommunar i Finnmark og sju kommunar i Nord-Troms: Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen, Karlsøy, Lyngen og Storfjord. Dei personretta verkemidla omfattar blant anna sletting av utdanningslån frå Lånekassen, lågare skattesats på alminneleg inntekt og gratis barnehage. Det største verkemiddelet retta mot næringslivet er fritak frå arbeidsgjevaravgift, og dette nyt òg kommunane i innsatssona godt av.

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet blir kommunane kompenserte for objektive kostnadsulemper knytt til faktorar som kommunestorleik, avstandar og demografi. Regionalpolitiske tilskot kjem i tillegg til dette, og er eitt av elementa i inntektssystemet som bidreg til inntektsskilnader mellom kommunane.

Distriktstilskot Nord-Noreg er eitt av fire regionalpolitiske tilskot i rammetilskotet til kommunane, og utgjer om lag 2,7 mrd. kroner i 2026. Tilskotet består av to delar; eit småkommunetillegg som blir fordelt med ein sats per kommune til kommunar med færre enn 3 200 innbyggarar, og ein del som blir fordelt med ein sats per innbyggar til alle kommunar i Nord-Noreg og Namdalen. For kommunane i innsatssona er full sats på småkommunetillegget 14,7 mill. kroner per kommune, om lag det dobbelte av satsen for kommunar i resten av landet.

I den delen av tilskotet som blir gitt med eit likt beløp per innbyggar varierer satsen mellom ulike fylke og regionar innanfor fylke. Kommunane i Finnmark får tilskot etter den høgaste satsen, medan kommunane i innsatssona i Nord-Troms har den nest høgaste satsen, høgare enn dei andre kommunane i Troms. Ei eventuell likestilling av satsane vil auke tilskotet til kommunane i Nord-Troms med om lag 96 mill. kroner, fordelt på dei sju kommunane. Sidan distriktstilskot Nord-Noreg er ein del av rammetilskotet, vil ein slik auke i distriktstilskotet til desse kommunane gi lågare rammetilskot til alle andre kommunar.

Kommunane i innsatssona i Nord-Troms mottek allereie i dag betydelege beløp gjennom distriktstilskot Nord-Noreg, og er blant dei kommunane som mottek mest i regionalpolitiske tilskot. Dette medverkar til at desse kommunane har eit høgt samla inntektsnivå, samanlikna med dei fleste andre fylka. Tabell 3.2 viser gjennomsnittleg inntektsnivå, målt ved korrigerte frie inntekter, og regionalpolitiske tilskot i kroner per innbyggar for kommunane gruppert fylkesvis.[1]

[1] Korrigerte frie inntekter er eit mål på inntektsnivået til kommunen i prosent av landsgjennomsnittet, der høgare inntekter som følgje av eit høgt utgiftsbehov er korrigert ut.

Tabell 3.2 Korrigerte frie inntekter og regionalpolitiske tilskot per innbyggar for kommunane grupperte fylkesvis

	Antal i 2026		Inntektsnivå	
Landsdel	Kommunar	Innbyggarar	Korr. frie (pst.)	Reg.pol. tilskot (per innb.)
Oslo	1	728 714	102	425
Rogaland	23	508 922	99	224
Møre og Romsdal	27	273 169	101	457
Nordland	41	243 272	105	2 937
Østfold	12	316 448	96	32
Akershus	21	749 207	97	145
Buskerud	18	272 981	97	283
Innlandet	46	379 488	99	623
Vestfold	6	259 332	93	7
Telemark	17	177 923	101	243
Agder	25	323 930	101	310
Vestland	43	658 342	103	446
Trøndelag	38	489 166	100	707
Troms utan innsatssona	14	153 674	105	4 436
Innsatssona i Troms	*7*	*17 544*	*117*	*10 090*
Finnmark	18	75 288	120	12 754
Sum	357	5 627 400	100	764

Ei likestilling av satsane ville ført til ei stor auke i tilskotet til dei aktuelle kommunane, og kostnaden ville bli dekt av dei øvrige kommunane. Departementet meiner at ei slik omfordeling ikkje er riktig prioritering. Fleire av kommunane som ville ha medverka med finansiering har liknande type utfordringar som kommunane i Nord-Troms og lågare inntektsnivå, jf. departementet sin vurderingar av satsane i distriktstilskot Nord-Noreg i Prop. 142 S (2024–2025) *Kommuneproposisjonen 2026*.

Inntektssystemet for kommunane vart endra frå og med 2025, etter ein heilskapleg gjennomgang av systemet. Som ein del av denne gjennomgangen vart òg innretning og satsar på dei regionalpolitiske tilskota vurdert, og det vart ikkje gjort endringar i satsane per innbyggar i distriktstilskot Nord-Noreg. Departementet viser til at inntektssystemet skal bidra til at kommunane har føreseielege og stabile inntekter, og at større endringar i innretning og satsar på dei regionalpolitiske tilskota bør vurderast i samanheng med andre element i inntektssystemet. Systemet bør derfor i utgangspunktet ikkje endrast meir enn det som er strengt nødvendig mellom dei heilskaplege revisjonane. Stortinget har i eit anna oppmodingsvedtak bedt om at det nye inntektssystemet blir evaluert i løpet av 2029, og regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

På bakgrunn av desse momenta foreslår departementet ingen endringar i satsane for distriktstilskot Nord-Noreg for kommunar i innsatssona i Nord-Troms.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Frivillige kommunesamanslåingar

Vedtak 1032, 16. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen legge til grunn at eventuelle kommunesammenslåinger ikke skal gjennomføres med tvang.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 94 S (2025–2026) *Kommuneproposisjonen 2027* og Innst. 448 S (2025–2026).

Regjeringa er positiv til kommunar som ønsker å slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar. Det er krevjande å gjennomføre ei kommunesamanslåing, og det beste utgangspunktet for å bygge ein ny kommune er lokale ønsker og initiativ. Regjeringa legg derfor til grunn at samanslåing av kommunar bør vere frivillig. Når kommunar har fatta gjensidige vedtak om samanslåing kan Kongen i statsråd fatte vedtak om samanslåing. Det er berre Stortinget som kan vedta kommunesamanslåingar som ikkje er i tråd med lokale vedtak, jf. inndelingsloven § 4.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Det kommunale sjølvstyre i plan-, areal- og byggesaker

Vedtak 1037, 16. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen vektlegge sterkere det kommunale selvstyret som en grunnleggende verdi i plan-, areal- og byggesaker enn i dagens praksis.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 94 S (2025–2026) *Kommuneproposisjonen 2027* og Innst. 448 S (2025–2026).

Det visast til omtale av motsegnsprosjektet under vedtak 503, 3. mars 2026.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Betre verktøy til kommunane for å regulere korttidsutleige

Vedtak 1135, 19. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen sende på høring forslag til lovendringer som gir kommunene bedre verktøy for å regulere korttidsutleie lokalt, i løpet av 2026. Høringsnotatet skal inkludere en modell som lar kommunene forby korttidsutleie i hele eller deler av kommunen. Stortinget ber videre om at regjeringen legger til rette for bedre offentlig tilgjengelige data om korttidsutleie.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2025–2026) *Revidert nasjonalbudsjett 2026* og Innst. 450 S (2025–2026).

Husbanken har i 2025 auka kunnskapen om marknaden for kortidsutleige av bustader, og mellom anna vurdert behov for nye tiltak. Husbanken har meldt tilbake i sin rapport frå mars 2026 at fleire kommunar etterspør større lokalt handlingsrom for å kunne regulere omfanget av korttidsutleige i pressområde, og for oppfølging og handheving. Departementet har mellom anna på bakgrunn av dette sett i gang eit lovarbeid med sikte på å gi kommunane moglegheit til å regulere korttidsutleige lokalt og ved tilsyn i enkeltsaker moglegheit til å krevje informasjon om leigeforhold direkte frå utleigeplattformene. Forslag til lovendringar vil etter planen bli sendt på høyring i løpet av 2026. Departementet vil òg greie ut ei registreringsordning for bustader som blir korttidsutleigde. Departementet vil i tillegg hente inn informasjon frå burettslag og eigarseksjonssameiger for å kartlegge kva for utfordringar bustadselskapa har med korttidsutleige, og om det er

behov for lovendringar for å følgje opp eventuelle brot på reglane om korttidsutleige.

Departementet viser òg til rapporteringa på vedtak 80, 5. desember 2025, Offentlege data om leigemarknaden.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Modellar for bustadleige

Vedtak 1139, 19. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen utrede modeller for boligleie som kan supplere, og ikke konkurrere med, den norske eierlinjen. I utredningen skal det ses hen til Leieboerforeningens utredninger om leiesamvirke. Utredningen skal særlig se på krav til utleierne, forholdet til statsstøtteregelverket, og til EUs «Housing Affordable Act». Det skal også vurderes et pilotprosjekt for leiesamvirke i Tromsø, i dialog med kommunen. Utredningen skal leveres innen 1. mars 2027.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2025–2026) *Revidert nasjonalbudsjett 2026* og Innst. 450 S (2025–2026).

Departementet har bedt Husbanken om å greie ut modellar for leige i samsvar med oppmodningsvedtaket. Husbanken skal òg vurdere eit pilotprosjekt for leigesamvirke i Tromsø i samanheng med dette. Husbanken har frist 1. mars 2027.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Skjerming av bustøtte for auka minstepensjon

Vedtak 1152, 19. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen sikre at etterbetaling som følge av økt sats for minste pensjonsnivå i alderspensjon i folketrygden i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2026 ikke blir regnet med i grunnlaget for bostøtte for måneden etterbetalingen blir utbetalt.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2025–2026) *Revidert nasjonalbudsjett 2026* og Innst. 450 S (2025–2026).

Departementet har bedt Husbanken om å sjå bort frå etterbetalt alderspensjon som følgje av det omtalte vedtaket om auka pensjon ved utrekning av bustøtte.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Bustadbygging i område omfatta av bygdevekstavtalar

Vedtak 1155, 19. juni 2026

> *«Stortinget ber regjeringen legge frem tiltak som kan bidra til boligbygging i områder omfattet av bygdevekstavtaler, der panteverdi/markedsverdi er lavere enn byggekostnadene, gjennom ulike tiltak for risikoavlastning/garanti og komme tilbake til Stortinget i forbindelse med statsbudsjettet for 2027.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2025–2026) *Revidert nasjonalbudsjett 2026* og Innst. 450 S (2025–2026).

Problembeskriving

Marknadsverdien på bustader blir bestemt av lokal etterspørsel og betalingsvilje, medan byggekostnadane følgjer nasjonale kostnadsnivå og varierer lite mellom regionar. I mange distriktskommunar, mellom anna dei som er omfatta av bygdevekstavtalane, gjer svak befolkningsutvikling, få bustadkjøparar, låg betalingsvilje og låge inntekter at bustadprisane blir låge. Marknadsverdien er då ofte lågare enn det kostar å bygge nytt. Den økonomiske risikoen ved å investere i bustad blir dermed høg, fordi verdien ved eit eventuelt sal kan vere lågare enn investeringskostnaden. Sjølv om dei fleste hushald skaffar seg bustad først og fremst som ein stad å bu, og ikkje som ei finansiell investering, kan risikoen for økonomisk tap gjere at nødvendige bustadinvesteringar blir utsette eller ikkje gjennomførte.

Gapet mellom byggekostnader og marknadsverdi er likevel ikkje den einaste barrieren. Få aktørar i byggemarknaden og avgrensa kapasitet og kompetanse i kommunane til å planlegge og legge til rette for bustadbygging held òg bustadprosjekt tilbake. Kor mykje kvar av desse faktorane har å seie, er i liten grad dokumentert. Innsatsen må derfor rettast mot heile breidda av flaskehalsar, og ikkje mot den økonomiske risikoen ved å investere i bustadåleine.

Tiltak for å legge til rette for bustadbygging i område som er omfatta av bygdevekstavtalar

Regjeringa følgjer opp vedtaket langs to spor. For det første er det vurdert om risikoavlastande ordningar, til dømes tapsfond, bør etablerast som eit nasjonalt verkemiddel. For det andre skal eksisterande verkemiddel vidareutviklast og målrettast

mot dei kommunane som har dei svakaste bustadmarknadene. Verkemidla kan rettast både mot tilbodssida, gjennom lågare byggekostnader og meir effektive plan- og byggesaksprosessar, og mot etterspørselssida, gjennom sterkare finansieringsmoglegheiter for hushalda og tiltak som gir attraktive bumiljø og god stadutvikling. Blant aktuelle tiltak som er trekte fram, er etablering av tapsfond, eigne tilskot og justering av eksisterande verkemiddel. Nedanfor gjer departementet nærare greie for vurderingane.

Risikoavlastande tiltak

Regjeringa går ikkje inn for å etablere ei nasjonal tapsfondsordning med lik innretning for alle kommunar. Risikoavlastning bør skje lokalt og tilpassast den enkelte bustadmarknaden. Den enkelte kommunen står fritt til å opprette risikoavlastande ordningar, til dømes tapsfond som blir forvalta etter lokale retningslinjer. Der slike ordningar blir tatt i bruk, bør dei avgrensast til situasjonar der bustadeigaren er nøydd til å selje, mellom anna som følgje av sjukdom, arbeidsløyse eller samlivsbrot. Innretta på denne måten reduserer ordninga den risikoen bustadeigaren faktisk står overfor.

Risikoavlastande tiltak kan redusere den økonomiske risikoen for hushald og utbyggarar ved å overføre delar av eit eventuelt tap til det offentlege, og kan bidra til at enkelte bustadprosjekt som elles ikkje ville blitt realiserte, blir gjennomførte. Lågare tapsrisiko påverkar avgjerdene til aktørane, men skaper ikkje i seg sjølv auka etterspørsel etter bustader. Bustadmarknadene i distrikta skil seg dessutan frå kvarandre, både mellom og innanfor lokale marknader. Ei nasjonal ordning med lik innretning for alle ville derfor treffe ujamt.

Kunnskapsgrunnlaget for ei nasjonal ordning er heller ikkje godt nok. Effekten av slike ordningar er i liten grad dokumentert, mellom anna om dei gir svakare insentiv til å ta i bruk eksisterande bygningar. Ordningane kan òg svekke insentiva til verdibevarande vedlikehald, til å halde byggekostnadane nede og til å oppnå ein god pris ved eit vidaresal. Kor sterke desse verknadene blir, heng saman med korleis rammene for eit eventuelt fond blir innretta. Det er uvisst om eit tapsfond gjer noko med dei underliggande utfordringane: svak eller usikker etterspørsel etter bustader, få omsetningar og avgrensa forventningar om framtidig prisutvikling. Erfaringane frå lokale initiativ, mellom anna i Senja kommune, er førebelse og gir ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å bygge ei nasjonal ordning.

Eit tapsfond inneber vidare at delar av risikoen blir overført frå private aktørar til det offentlege. Det gir budsjettmessige kostnadar, og kommunane kan få redusert handlingsrom til å omprioritere midlane til andre formål. Er ordninga ikkje tilstrekkeleg målretta, tar det offentlege risiko i prosjekt som ikkje er berekraftige over tid, eller som det ikkje er etterspørsel etter i marknaden.

Vidareutvikling og målretting av eksisterande verkemiddel

Regjeringa meiner at utfordringane i bustadmarknadene i distriktskommunane best blir møtte gjennom å vidareutvikle og målrette eksisterande verkemiddel. Husbanken forvaltar allereie ei brei portefølje av økonomiske verkemiddel som bidreg til bustadutvikling i distrikta. Startlån, lån til bustadkvalitet, tilskot til bustadtiltak og bygdevekstmidlane gir kommunane høve til å føre ein aktiv bustadpolitikk tilpassa lokale utfordringar. I 2025 vart det mellom anna gitt tilskot til prosjekt som prøver ut nye bustadkonsept, utviklar strategisk bustadplanlegging og kartlegg eksisterande bygg med potensial for transformasjon.

Erfaringane frå Husbanken sitt arbeid i bygdevekstkommunane viser at utfordringane ikkje berre handlar om finansiering og ubalanse i bustadmarknaden. Mange kommunar har avgrensa kapasitet og kompetanse til å drive langsiktig bustadplanlegging og utvikle konkrete bustadprosjekt. Husbanken har dei siste åra styrkt innsatsen overfor distriktskommunane gjennom tettare dialog, rettleiing og oppfølging, og har i arbeidet med bygdevekstavtalane bidrege med kompetanse om bustadplanlegging, økonomiske verkemiddel og utvikling av lokale bustadtiltak. Kompetansestøtte og koordinert oppfølging utløyser utviklingsprosjekt som elles ikkje ville blitt gjennomførte. Regjeringa vil derfor vidareføre og utvikle denne støttespelarrolla, slik at Husbanken i større grad bygger opp kapasiteten og kompetansen i kommunane og evna deira til å sjå bustadpolitikken i samanheng med næringsutvikling, stadutvikling og tenestebehov.

Frå 1. januar 2027 blir Husbanken og Direktoratet for byggkvalitet slått saman til eit nytt bustad- og bygningsdirektorat. Samanslåinga gir etaten eit breiare fagleg grunnlag og gjer det mogleg å sjå bustad- og bygningspolitikken meir i samanheng. Regjeringa vil bruke det nye direktoratet til å styrkje støtta til kommunar i område med svake bustadmarknader og til å utvikle betre løysingar for bustad- og stadutvikling.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

3.2 Stortingssesjon 2024–2025

Sannings- og forsoningskommisjonen – forpliktande handlingsplanar

Vedtak 29, 12. november 2024

> *«Stortinget ber regjeringen vurdere effektene av gjeldende virkemiddelapparat og å utforme forpliktende handlingsplaner for å styrke språkene som ble utsatt for fornorsking, med et tilpasset ambisjonsnivå, for henholdsvis levende og utdødde språk.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 19 (2022–2023) *Rapport til Stortinget fra Sannhets- og forsoningskommisjonen* og Innst. 30 S (2024–2025).

Regjeringa la i mai 2026 fram Handlingsplan for kvensk språk 2026–2031. Handlingsplanen vart utarbeidd i samarbeidd med Kunnskapsdepartementet og Kultur- og likestillingsdepartementet, og i dialog med ei referansegruppe med representantar for kvenske organisasjonar og fagmiljø. Handlingsplanen har 21 tiltak som skal bidra til å styrke det kvenske språket på tre innsatsområde: å bruke, å lære og å utvikle kvensk språk.

Departementet starta hausten 2025 arbeidet med ein handlingsplan for skogfinsk kulturarv, der språktiltak vil inngå. Det vart etablert ei referansegruppe med representantar frå dei skogfinske organisasjonane og institusjonane. Etter ønske frå dei skogfinske organisasjonane har regjeringa avgjort at handlingsplanen òg skal omfatte synleggjering og vitalisering av skogfinske tradisjonar og skogfinsk kultur og identitet, i tillegg til språktradisjonar. Dei skogfinske organisasjonane vil vurdere kva dei ønskjer ein handlingsplan skal innehalde før vidare arbeid i referansegruppa blir tatt opp at hausten 2026.

Når det gjelder spørsmålet om handlingsplan for dei samiske språka, har departementet i første omgang starta dialog med Sametinget om moglege måtar å legge opp arbeidet på.

Arbeidet med å følgje opp oppmodingsvedtaket vil òg bli tema i meldinga om forsoningspolitikken som skal leggast fram hausten 2027.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Gjennomgang av partiloven

Vedtak 697, 20. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen foreta en helhetlig gjennomgang av partiloven, herunder regelverket for finansiering av politiske partier, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:118 L og Innst. 275 L (2024–2025).

Regjeringa har sett ned eit utval som skal foreta ein heilskapleg gjennomgang av partiloven og mellom anna vurdere reglane for finansiering av verksemda til dei politiske partia. Dei politiske partia på Stortinget er representerte i utvalet. Utvalet skal levere si utgreiing innan 1. juni 2027. Departementet vil da gå i gang med å vurdere forslaga frå utvalet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Særskild rentekompensasjon for ferjeavløysingsprosjekt

Vedtak 1105, 17. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringa videreføre den særskilde rentekompensasjonsordninga for fergeavløsningsprosjektet som Stortinget har vedtatt, der fylkeskommunen får kompensert for inntil 50 prosent av dei faktiske årlige rentekostnadene de fem første åra etter at veiprosjektet er ferdig, også for prosjekt som vert ferdigstilte etter 2027.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 142 S (2024–2025) *Kommuneproposisjonen 2026* og Innst. 532 S (2024–2025).

Departementet viser til oppfølging av vedtak 1027, 16. juni 2026, forbetre ferjeavløysingsordninga. Kommunal- og distriktsdepartementet og Samferdselsdepartementet kunngjorde i juli i år eit prosjekt for å få ei heilskapleg evaluering av ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer. Oppdragstakar skal levere ein sluttrapport innan 1. mars 2027. Dette vedtaket vil følgjast opp gjennom oppfølginga av vedtak 1027.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa for dette vedtaket blir avslutta.

Korttidsutleige av bustader

Vedtak 1221, 20. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen utrede hjemler i løpet av 2026 for at kommuner kan forby kortidsutleie i hele eller deler av kommunen samt at borettslag og sameier bedre kan begrense og håndheve reglene om kortidsutleie.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2024–2025) *Revidert nasjonalbudsjett 2025* og Innst. 540 S (2024–2025).

I Innst. 125 S (2025–2026) viser komiteen til Meld. St. 4 (2025–2026) der regjeringa foreslår å avslutte rapporteringa. Eit fleirtal i komitéen er einige om at vedtaket ikkje kan avsluttast.

Departementet viser til omtale på vedtak 1135, 19. juni 2026. Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Merkur-ordninga

Vedtak 1234, 20. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen gi føringer om å øke maksimal årlig støtteramme per butikk under Merkur-ordningen til 800 000 kroner.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2024–2025) *Revidert nasjonalbudsjett 2025* og Innst. 540 S (2024–2025). I Innst. 125 S (2025–2026) viser komiteen til Meld. St. 4 (2025–2026), der regjeringa foreslår å avslutte rapporteringa. Eit fleirtal i komiteen viser til at fullført gjennomføring krev forskriftsendring, og vil ikkje utkvittere vedtaket på noverande tidspunkt.

Departementet har justert maksimalt tilskotsbeløp på Merkur-programmet si investeringsstøtte frå inntil 600 000 kroner per butikk per år til inntil 800 000 kroner per butikk per år. Endringa trådde i kraft frå 1. januar 2026.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

3.3 Stortingssesjon 2023–2024

Klimagassrekneskap

Vedtak 74, 4. desember 2023

> *«Stortinget ber regjeringen i løpet av 2024 sikre at data fra klimagassregnskap, som det stilles krav om i TEK 17, samles inn slik at det kan bidra til en faglig utvikling av klimagassregnskapene og kravene som stilles i TEK 17.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2023–2024) *Nasjonalbudsjettet 2024* og Innst. 2 S (2023–2024). I Innst. 125 S (2025–2026) viser komiteen til Meld. St. 4 (2025–2026), der regjeringa foreslår å avslutte rapporteringa. Eit fleirtal i komitéen anerkjenner at regjeringa arbeider vidare med oppfølging av vedtaket, men meiner at det ikkje kan utkvitterast no. Ein føresetnad for at vedtaket kan utkvitterast, er at det blir etablert ei digital teneste for innsending av klimagassrekneskap i tråd med oppmodningsvedtaket.

Kravet i byggteknisk forskrift om at det skal utarbeidast klimagassrekneskap for bygging av bustadblokker og yrkesbygg hadde verknad frå 1. juli 2023, og gjeld for prosjekt som søkjer om byggeløyve etter dette. Ein klimagassrekneskap blir ferdigstilt når byggeprosjektet er gjennomført, og det vil derfor ta tid før det finst data som kan bidra til fagleg utvikling som følgje av dette kravet.

Direktoratet for byggkvalitet har greidd ut forslag til vidareutvikling av klimakrava i byggteknisk forskrift. Forslaget var på høyring våren 2026. I samband med tiltak knytt til standardisering, rapportering og deling av informasjon frå byggeprosjekt, etablerer direktoratet òg ei digital teneste for frivillig innsending av klimagassrekneskap. Tenesta blir testa ut i 2026.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Innføre obligatorisk registrering av eigarskap i fast eigedom

Vedtak 756, 12. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et forslag om å innføre obligatorisk registrering av eierskap i fast eiendom»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 15 (2023–2024) *Styrket innsats for forebygging og bekjempelse av kriminalitet* og Innst. 412 S (2023–2024).

Departementet ser i handsaming av dette vedtaket òg på spørsmål knytt til bruken av blankoskøyter, under dette å vurdere eit forbod mot blankoskøyter, men med unntak for utbyggingsprosjekt. For at ei ordning med eigarskapsregistrering skal virke må den òg koordinerast med anna arbeid knytt til kven som eig eigedom og selskap.

Oppmodingsvedtaket si underliggande problemstilling må sjåast i samanheng med den moglege bruken til styresmaktene av opplysningar om eigarskap til aksjar og fast eigedom. Finansdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet ga Skatteetaten, Brønnøysundregistera og Kartverket i oppdrag å kartlegge styresmaktene sin moglege bruk av opplysningar om eigarskapsforhold til aksjar og fast eigedom.

Kartverket har gjennomført ei konseptvalutgreiing i 2025 og ei høyring av utgreiinga. Det har deretter vore gjennomført ein kvalitetssikring av utgreiinga og regjeringa har gått vidare med eit konsept og har etablert eit forprosjekt for å organisere kordan eit mogleg videre arbeid kan gjerast. Det valte konseptet legg opp til innføring av eit sentralisert eigedomsregister som samlar og standardiserer eigarskap og roller til fast eigedom på ein stad. Det innførast då ei plikt til å registrere eigarskap og overdragingar. Kartverket og Skatteetaten reknar med å ferdigstille forprosjektet mot slutten av 2026. Departementet vil følje opp videre i tråd med statens prosjektmodell.

Regjeringa forslår å løyve midlar i 2027 til konseptuavhengige tiltak som mellom anna vil lette gjennomføringa av ei større satsing i samsvar med konseptvalet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Husbanklån til ideelle stiftingar til bygging av studentbustader

Vedtak 909, 21. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen i løpet av 2024 sende på høring endrede retningslinjer for tildeling av Husbanklån til studentboliger, slik at også ideelle stiftelser er berettiget husbanklån til bygging av studentboliger.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2023–2024) *Revidert nasjonalbudsjett 2024* og Innst. 447 S (2023–2024).

Saka vart ikkje sendt på høyring i 2024. Departementet vil vurdere saka på nytt etter at lov om registrering av ideelle velferdsaktørar er på plass, jf. oppmodningsvedtak 87, 5. desember 2024, som blir handsama av Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

3.4 Stortingssesjon 2022–2023

Husleigelovutval

Vedtak 88, 1. desember 2022

> *«Stortinget ber regjeringen sette ned et Husleielovutvalg som går gjennom Husleieloven for å vurdere hvordan den kan styrke leietagernes rettigheter, sikre grunnleggende botrygghet og at loven samsvarer bedre med dagens situasjon på leiemarkedet. Utvalget settes ned våren 2023, og en ny lov skal behandles i inneværende stortingsperiode.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2022–2023) *Nasjonalbudsjettet 2023* og Innst. 2 S (2022–2023).

Med utgangspunkt i NOU 2024: 19 *Ny boligleielov* er departementet no godt i gang med arbeidet med ein lovproposisjon, og vil legge den fram med sikte på handsaming i Stortinget i vårsesjonen 2027.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Forbod mot nedbygging av myr til utbyggingsformål

Vedtak nr. 108, 1. desember 2022

> *«Stortinget ber regjeringen legge frem forslag om forbud mot nedbygging av myr til utbyggingsformål i løpet av 2023. Det skal utredes mulige dispensasjoner fra forbudet for å ta vare på andre arealer med høy verdi og utbygging av samfunnskritisk infrastruktur. Målet er at forbudet reelt sett skal redusere nedbyggingen av myr.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2022–2023) *Nasjonalbudsjettet 2023* og Innst. 2 S (2022–2023).

Vedtaket er overført frå Klima- og miljødepartementet og er under oppfølging. Eit forslag til lovendring vart sendt på offentleg høyring 2. juli med frist 1. november. Regjeringa vurderer no korleis høyringa skal følgjast opp vidare.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Digital marknadsplass for overskotsmassar

Vedtak 455, 12. januar 2023

> *«Stortinget ber regjeringen legge til rette for etableringen av en digital markedsplass for overskuddsmasser, etter modell fra Bærum ressursbank.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:254 S (2021–2022) og Innst. 124 S (2022–2023).

I Innst. 125 S (2025–2026) viser komiteen til Meld. St. 4 (2025–2026) der regjeringa foreslår å avslutte rapporteringa. Eit fleirtal i komitéen viser til at det fortsett er ei utfordring å realisere meir ombruk av overskotsmassar, og meiner derfor at dette arbeidet ikkje kan anses fullført overfor Stortinget.

Departementet har innhenta ein rapport frå Asplan Viak AS (2025) som inneheld forslag til korleis staten kan legge til rette for etablering av digitale marknadsplassar for overskotsmassar ulike stader i landet. På kort sikt vurderer departementet, i samarbeid med andre relevante departement, å opprette eit nasjonalt samarbeidsforum for handtering av overskotsmassar. Samarbeidsforumet skal mellom anna bidra til erfaringsutveksling mellom regionane om berekraftig massehandtering og utbreiing av digitale marknadsplassar.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Fordeling av førehandsstemmer og stemmer på valkrins

Vedtak 780, 7. juni 2023

> *«Stortinget ber regjeringen sørge for at forhåndsstemmer og stemmer avgitt i en annen valgkrets enn der velger er manntallsført ved valgoppgjøret, fordeles på den krets der velgeren er manntallsført.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 45 L (2022–2023) *Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyrer (valgloven)*, Innst. 431 L (2022–2023) og Lovvedtak 96 (2022–2023).

Vedtaket er under oppfølging. Forslag til endringar i vallova har vore på høyring med frist 1. juli 2026. I høyringsnotatet har departementet gjort greie for korleis stemmer kan takast imot og teljast opp etter stemmekrinsen til veljaren. I høyringsnotatet foreslo departementet at hovuddelen av førehandsstemmene skal teljast opp etter krins, medan valtingsstemmene framleis skal teljast opp per vallokale. Departementet tilrådde i høyringsnotatet at eventuelle endringar tar til å gjelde frå stortings- og sametingsvalet i 2029. Eit stort fleirtal av høyringsinstansane er imot forslaget.

4 Oversikt over budsjettforslaget

Utgifter fordelte på programkategori og kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
	Administrasjon				
500	Kommunal- og distriktsdepartementet	465 238	461 845	471 990	2,2
	Sum kategori 13.00	*465 238*	*461 845*	*471 990*	*2,2*
	Distrikts- og regionalpolitikk				
553	Regional- og distriktsutvikling	1 459 608	1 352 385	1 261 157	-6,7
554	Kompetansesenter for distriktsutvikling	105 114	137 370	102 803	-25,2
	Sum kategori 13.50	*1 564 722*	*1 489 755*	*1 363 960*	*-8,4*
	Samiske føremål				
560	Samiske føremål	769 903	806 076	832 388	3,3
563	Internasjonalt reindriftssenter	14 462	10 394	10 713	3,1
	Sum kategori 13.60	*784 365*	*816 470*	*843 101*	*3,3*
	Nasjonale minoritetar				
567	Nasjonale minoritetar	83 107	90 447	96 225	6,4
	Sum kategori 13.67	*83 107*	*90 447*	*96 225*	*6,4*
	Kommunesektoren mv.				
571	Rammetilskot til kommunar	198 659 734	207 404 114	217 183 885	4,7
572	Rammetilskot til fylkeskommunar	54 104 770	57 615 073	60 384 001	4,8
573	Kommunestruktur			70 000	100,0
575	Ressurskrevjande tenester	13 428 159	14 345 844	14 401 842	0,4
577	Partistøtte	572 926	616 262	638 958	3,7
578	Valdirektoratet	128 381	78 046	117 809	50,9
579	Valutgifter	7 573	8 832	9 070	2,7
	Sum kategori 13.70	*266 901 543*	*280 068 171*	*292 805 565*	*4,5*

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
	Bustad, bumiljø og bygg				
581	Bustad- og bumiljøtiltak	4 242 148	4 356 906	4 250 385	-2,4
585	Husleigetvistutvalet	47 150			0,0
587	Direktoratet for byggkvalitet	197 559	219 724		-100,0
2412	Husbanken – Bustad- og bygnings-direktoratet	25 468 937	32 066 510	28 692 986	-10,5
	Sum kategori 13.80	*29 955 794*	*36 643 140*	*32 943 371*	*-10,1*
	Planlegging, byutvikling og geodata				
590	Planlegging og byutvikling	216 464	231 660	241 695	4,3
595	Statens kartverk	1 580 170	1 469 864	1 636 179	11,3
	Sum kategori 13.90	*1 796 634*	*1 701 524*	*1 877 874*	*10,4*
	Sum programområde 13	301 551 403	321 271 352	330 402 086	2,8
	Sum utgifter	301 551 403	321 271 352	330 402 086	2,8

Inntekter fordelte på programkategori og kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
	Distrikts- og regionalpolitikk				
3554	Kompetansesenter for distriktsutvikling	445			0,0
	Sum kategori 13.50	*445*			*0,0*
	Samiske føremål				
3563	Internasjonalt reindriftssenter	9 333	3 377	3 502	3,7
	Sum kategori 13.60	*9 333*	*3 377*	*3 502*	*3,7*
	Kommunesektoren mv.				
5616	Kommunalbanken AS	700 000	700 000	710 000	1,4
	Sum kategori 13.70	*700 000*	*700 000*	*710 000*	*1,4*
	Bustad, bumiljø og bygg				
3585	Husleigetvistutvalet	4 178			0,0
3587	Direktoratet for byggkvalitet	41 831	41 203		-100,0
5312	Husbanken – Bustad- og bygnings-direktoratet	16 389 907	14 234 895	15 200 327	6,8
5615	Husbanken – Bustad- og bygnings-direktoratet	7 671 697	8 483 000	8 730 000	2,9
	Sum kategori 13.80	*24 107 613*	*22 759 098*	*23 930 327*	*5,1*

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
	Planlegging, byutvikling og geodata				
3595	Statens kartverk	971 699	868 305	938 614	8,1
5635	Electronic Chart Centre AS	4 508	3 000	3 000	0,0
	Sum kategori 13.90	*976 207*	*871 305*	*941 614*	*8,1*
	Sum programområde 13	25 793 598	24 333 780	25 585 443	5,1
	Sum inntekter	25 793 598	24 333 780	25 585 443	5,1

Del II
Budsjettforslag

5 Nærare om budsjettforslaget

Programområde 13 Kommunal og distrikt

Programkategori 13.00 Administrasjon

Utgifter under programkategori 13.00 fordelte på kapittel


(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
500	Kommunal- og distriktsdepartementet	465 238	461 845	471 990	2,2
	Sum kategori 13.00	465 238	461 845	471 990	2,2

Programkategorien omfattar utgifter til drift og administrasjon av departementet og utgifter til felles forskings- og utgreiingsoppgåver innanfor fagområda.

Departementet har ansvar for bustads- og bygningspolitikk, regional- og distriktspolitikk, økonomiske og juridiske rammevilkår for kommunesektoren, gjennomføring av val, planlegging og kart- og geodata, og urfolk og nasjonale minoritetar.

Omtale av arbeidet på fagområda inngår under programkategoriane 13.50–13.90.



Figur 5.1 Organiseringa av departementet

Kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	315 012	315 223	320 063
21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under post 70*	58 482	54 111	55 141
50	Forskingssenter	10 400	10 400	10 785
70	Diverse føremål, *kan overførast, kan nyttast under post 21*	3 069	3 376	2 501
72	Noregs forskingsråd, *kan overførast*	78 275	78 735	83 500
	Sum kap. 500	465 238	461 845	471 990

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker løn, husleige og andre faste driftsutgifter i departementet.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2,1 mill. kroner knytt til overføring av service- og kontorstøttetenester til Digitaliseringsorganisasjonen til departementa (DIO) og Tryggings- og serviceorganisasjon til departementa (DSS).

Det blir foreslått å løyve 320,1 mill. kroner. Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekt på kap. 3500, post 01, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Løyvinga skal dekke departementet sitt behov for kjøp av statistikk, data, utgreiingar, evalueringar og formidling av kunnskap og gjennomføring av mellombelse tiltak og prosjekt.

Løyvinga vart i 2025 i hovudsak brukt til prosjekt innanfor områda planlegging, regional- og distriktspolitikk, bustad- og bygningspolitikk, og urfolk og nasjonale minoritetar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Løyvinga blir foreslått auka med 1 mill. kroner til arbeid med eit prosjekt som skal auke offentleg tilsette sin kunnskap om urfolk og nasjonale minoritetar sine rettar, språk, kultur og tradisjonar, jf. omtale av oppmodingsvedtak 28 frå 12. november 2024 i Prop. 1 S (2025–2026).

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3,4 mill. kroner for å dekke staten sin del av driftskostnadene til ny felles digital løysning for tilskotsforvalting for kommunesektoren.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 5 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 500, post 72 knytt til etablering av eit forskingssenter om produktivitet i byggenæringa.

Løyvinga blir foreslått redusert med 1 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 560, post 51 til Divvun sitt arbeid med kunstig intelligens.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,2 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 1605, post 01, som følgje av rammeoverføring til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) til tryggingstiltak og IT-infrastruktur for økonomitenestene i DFØ.

Løyvinga blir foreslått redusert med 400 000 kroner som var knytt til arbeid med evaluering av tilskotsordninga til nasjonale minoritetar i 2026.

Samla blir det foreslått å løyve 55,1 mill. kroner. Det blir foreslått ei fullmakt på inntil 10 mill. kroner for å inngå forpliktingar som går over fleire år, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 50 Forskingssenter

Løyvinga blir brukt til direkte støtte til forsking ved statlege forskingsinstitusjonar. Løyvinga skal dekke departementet si langsiktige kunnskapsoppbygging på det bustad- og bygningspolitiske feltet, og går til forskingssentera Housing Lab og BOVEL.

Housing Lab er tilknytt OsloMet og forskar på drivarane i bustadmarknaden, og samanhengar

mellom bustadmarknaden, makroøkonomien og finansmarknadene. Senteret har i 2025 arbeidd med ulike forskingsartiklar og prosjekt om bustadmarknaden og bustadprisar. Senteret har mellom anna publisert notat om bodgiving, diskriminering på bustadmarknaden og eigedomsskatt. Fleire relevante forskingsprosjekt er under arbeid.

BOVEL er tilknytt Velferdsforskingsinstituttet NOVA på OsloMet, og er eit nasjonalt senter for forsking om bustad og velferd. Senteret er eit samarbeid mellom fleire forskingsinstitusjonar. BOVEL skal bygge opp kunnskap om samanhengane mellom bustadmarknaden, låginntekt og buforhold. Senteret har mellom anna publisert fleire notat om kommunale utleigebustader, bustadforhold hos mottakarar av helserelaterte ytingar, midlertidige butilbod og notat om bustøtte. Senteret har vidare publisert ei artikkelsamling om kommunale utleigebustader i Noreg og ei litteraturstudie om sosiale konsekvensar av bustadbygging. Det er tilknytt fleire doktorgradsstipendiatar til BOVEL, og senteret lyste ut mastergradstipend i 2025.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått ei tildeling på 8 mill. kroner til forskingssenteret BOVEL ved Velferdsforskingsinstituttet NOVA og 2,8 mill. kroner til Housing Lab.

Samla blir det foreslått å løyve 10,8 mill. kroner.

Post 70 Diverse føremål, kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga dekker kontingentar og enkeltståande tilskot med namngitt mottakar, som ikkje høyrer naturleg inn under andre budsjettpostar.

I samsvar med omtale i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2026 har departementet gitt 200 000 kroner i tilskot til Det Mosaiske Trossamfund (DMT) og 800 000 kroner til Det jødiske samfunn i Trondheim (DJST) til deira arbeid med barn, ungdom og unge vaksne.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det er foreslått å redusere løyvinga med 1 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 567, post 72, knytt til oppfølging av tiltak i Handlingsplan mot antisemittisme.

Det vil bli gitt eit tilskot på 780 000 kroner til formidling om jødisk liv og antisemittisme ved Jødisk museum i Trondheim for å følgje opp Handlingsplan mot antisemittisme 2025–2030.

Vidare skal løyvinga dekke Noreg sin årlege kontingent for medlemsskap i International Hydrographic Organization (IHO) og noko mindre stipendutbetalingar til mastergradstudentar innanfor økonomi og juss på bustad-, bumiljø- og byggområdet.

Samla blir det foreslått å løyve 2,5 mill. kroner.

Post 72 Noregs forskingsråd, kan overførast

Løyvinga til Forskingsrådet skal hovudsakleg bidra til langsiktig og målretta kompetanse- og kunnskapsoppbygging innanfor departementet sitt ansvarsområde. Løyvinga skal òg medverke til at det finst kompetente forskingsmiljø innanfor departementet sitt sektoransvar. Forskinga skal halde høg vitskapleg kvalitet og vere relevant for utfordringane og måla i sektoren, og vere til nytte for politikk- og tenesteutvikling og oppgåveløysinga til forvaltinga.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å samordne styringssignala frå departementa og har i samarbeid med departementa og Forskingsrådet utarbeidd systemet for departementa si styring av Forskingsrådet. Sjå budsjettproposisjonen for Kunnskapsdepartementet for nærare omtale av overordna mål og samla måloppnåing for Forskingsrådet.

Nedanfor er det rapportert på forsking som er finansiert over Kommunal- og distriktdepartementet sitt budsjett.

Rapport

Demokrati, styring og forvalting

Departementet finansierer oppdrag som skal medverke til å bygge og vidareutvikle forskings- og innovasjonssystem regionalt og nasjonalt, samt at forskingssamarbeidet blir styrka både nasjonalt og internasjonalt. Årsrapporten frå Forskingsrådet viser til at det er behov for samordning og koordinering på tvers av sektorar og styringsnivå for å møte komplekse samfunnsutfordringar og for å ta vare på eit sterkt og velfungerande demokrati på alle nivå.

Forskingsrådet gjennomførte i 2025 ei tverrfagleg og tverrsektoriell utlysing for å følgje opp kunnskapsbehov som er avdekka av Sannings- og forsoningskommisjonen. Det var mange søknader med høg kvalitet, noko som viser at det over tid er bygd opp god kompetanse, særleg knytt til samisk forsking.

Det vart òg lyst ut midlar til ei ny lokalvalundersøking som blir tildelt i 2026.

Prosjekt der offentleg sektor deltar enten som partnar (samarbeidsprosjekt) eller prosjekteigar (innovasjonsprosjekt), medverkar til å gjere forskinga relevant og til å auke offentleg sektor sin kunnskap om og evne til å nytte forskinga.

Kapasitetsløft

I 2025 har dei ni aktive kapasitetsløftsprosjekta levert nye metodar, data, teknologiar og vitskapelege publikasjonar innan tema som bioteknologi, hav, digitalisering, KI, helse og grøn omstilling. Dei ulike prosjekta fordeler seg over 12 fylke og fungerer som regionale innovasjonsmotorar, med tydeleg kopling til regionale næringsfortrinn og samfunnsbehov. Kapasitetsløfta medverkar til kompetanseløft, nye verdikjeder, styrka omstillingsevne og auka attraktivitet for næringsliv og arbeidskraft i fleire regionar.

Samisk forsking og forsking som gjeld nasjonale minoritetar

Samisk forsking er i stor grad konsentrert i porteføljane for samisk samfunn og kultur, velferd og utdanning, klima og miljø, mat og bioressursar og banebrytande forsking. Det er ein betydeleg auke i den EU-finansierte delen av samisk forsking, frå 500 000 kroner i 2019 til 14 mill. kroner i 2025. Fellesutlysingar har medverka til å løfte forsking som gjeld fornorskingspolitikk, språk, helse, natur- og ressursforvalting og rettsforhold. Det er framleis behov for å auke forskingskapasiteten innan språk, samfunnsvitskap og urfolksmetodikk.

Forsking som gjeld nasjonale minoritetar har samla seg rundt tema som språk, kulturarv, diskriminering, deltaking og levekår.

Sannings- og forsoningskommisjonen la i rapporten *Sannhet og forsoning – grunnlag for er oppgjør med fornorskningspolitikk og urett mot samer, kvener/norskfinner og skogfinner* vekt på behovet for kunnskap og forsking på relevante område. Som ei oppfølging av rapporten har Forskingsrådet gjennomført to utlysingar, ei i 2025 og ei i 2026, på til saman 166 mill. kroner. Prioriteringa vil medverke til målsettingar om å revitalisere språk og kultur, styrkje kunnskapsgrunnlaget i praksisfelt som helse og utdanning, samt fremje tverrfagleg forsking om klima, miljø og tradisjonelle næringar.

Berekraftige byar og urbane strøk

Prosjekta i det europeiske partnarskapet Driving Urban Transitions to a sustainable future skal medverke til omstillinga av byar i ei meir berekraftig retning, både økonomisk og funksjonelt. Norske aktørar deltar i prosjekt etter utlysingar i regi av partnarskapet.

I det europeiske samfunnsoppdraget Klimanøytrale og smarte byar innan 2030 er Oslo, Trondheim og Stavanger valt ut som såkalla missionbyar. Desse byane har lokale klimakontrakter som viser konkret korleis ein skal nå måla. Norske aktørar deltar i prosjekt finansiert av EU.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Departementet finansierer tre sykliske tildelingar: Kapasitetsløft, som lysast ut om lag kvart fjerde år, og valforskingsprogramma Stortingsvalundersøkinga og Lokalvalundersøkinga, som begge utlysast med eit intervall på om lag sju år. På grunn av dei sykliske utlysingane av dei tre programma, vil den årlege tilsegnsramma variere ein del mellom budsjettåra.

Forskingsrådet er frå og med 2025 budsjettert med tilsegnsfullmakter. I budsjettmodellen blir det brukt tre omgrep: løyving, tilsegnsfullmakt og tilsegnsramme. Det blir fremja forslag om to beløp, eit for løyving og eit for tilsegnsfullmakt. Forslag til løyving er sett med utgangspunkt i anslått kontante utbetalingar i det aktuelle budsjettåret. Løyvinga består av anslag for utbetalingar av tidlegare gitte tilsegn og utbetaling av nye tilsegn gitt i det aktuelle budsjettåret. Forslag til tilsegnsfullmakt angir samla beløp for tidlegare inngåtte forpliktingar, og nye tilsegn som kjem til utbetaling etter det aktuelle budsjettåret. Tilsegnsramma som løyvinga og tilsegnsfullmakta gir rom for, er summen av nye tilsegn som kan bli gitt i budsjettåret.

Kapasitetsløft vart utlyst i 2026 med tilsegn i 2027. Tilsegna vil bli utbetalt over ein periode på om lag sju år.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5 mill. kroner til eit forskingssenter om produktivitet i byggenæringa. Senteret skal medverke til meir systematisk, langsiktig og samhandlande innsats, og styrkje byggenæringa si evne til å utnytte ny kunnskap og teknologi.

Samla blir det foreslått å løyve 83,5 mill. kroner og ei tilsegnsfullmakt på 285,6 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak. Løyvinga og tilsegnsfullmakta gir ei tilsegnsramme på 161,6 mill. kroner i 2027.

Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Utgifter under programkategori 13.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
553	Regional- og distriktsutvikling	1 459 608	1 352 385	1 261 157	-6,7
554	Kompetansesenter for distriktsutvikling	105 114	137 370	102 803	-25,2
	Sum kategori 13.50	1 564 722	1 489 755	1 363 960	-8,4

Innleiing

Distrikts- og regionalpolitikken skal skape grunnlag for at folk skal kunne leve eit godt liv i heile Noreg, at alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling og verdiskaping, og at folketalet skal auke i distriktskommunar, jf. Meld. St. 27 (2022–2023) *Eit godt liv i heile Noreg – distriktspolitikk for framtida*. Regjeringa arbeider for at folk skal ha tilgang på arbeid, bustad og gode tenester nær der dei bur, og vil legge til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet gjennom desentraliserte løysingar.

Folketalet i distriktskommunane har samla sett auka dei siste åra og inn i første del av 2026. Veksten heng i stor grad saman med busetting av eit høgt tal flyktningar frå Ukraina, men det er usikkert om denne veksten vil gi varige utslag i folketalsutviklinga i distrikta. Det er likevel store skilnader mellom kommunane, og fleire opplever vedvarande nedgang i folketalet. Aldring, fødselsunderskot og fråflytting gjer at dei underliggande demografiske utfordringane i distrikta held fram.

Ein vellykka distrikts- og regionalpolitikk føreset innsats på ei rekke politikkområde. Dei særskilte distrikts- og regionalpolitiske utviklingsmidlane under programkategori 13.50 er ein målretta innsats der utfordringane ikkje kan løysast av sektorpolitisk innsats aleine. Regjeringa foreslår at det blir løyvd om lag 1,36 mrd. kroner under programkategorien. Vedlegg 1 gir ei oversikt over verkemiddel under andre departement sine budsjett som er viktige for å nå distriktspolitiske mål.

Kommunal- og distriktsdepartementet har ei samordningsrolle i saker som har betyding for distrikts- og regionalpolitiske mål, og skal bidra til at regjeringa sin politikk i sum støttar opp under desse måla. Departementet har òg ansvar for å samordne regjeringa sin nordområdepolitikk, den strategisk viktige innsatssona for Finnmark og Nord-Troms og internasjonalt samarbeid om regionalpolitikk. Departementet koordinerer arbeidet med lokalisering av statlege arbeidsplassar, og arbeider for at EØS-regelverket for offentleg regionalstøtte gir handlingsrom for distrikts- og regionalpolitikken.

Fylkeskommunane har ansvar for å legge til rette for samfunnsutvikling og verdiskaping, og betre samsvar mellom etterspørsel etter arbeidskraft og tilbod på utdanning og kompetanse i eige fylke. Mesteparten av midlane under programkategori 13.50 blir overført til fylkeskommunane. Fylkeskommunane skal, ut frå regionale fortrinn, prioriteringar og kompetansebehov i fylket, gi oppdrag og fordele delegerte tilskot som skal mobilisere og utvikle verksemder og gründerar. Dei har òg ei viktig rolle knytt til regional utdannings- og kompetansepolitikk, medrekna ansvar for forvalting av studiesenterordninga.

Fylkeskommunane gir oppdrag til Innovasjon Noreg, som forvaltar fleire verkemiddel på deira vegner. Innovasjon Noreg skal utløyse verksemds- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling og dei næringsmessige moglegheitene i regionane. Kommunane skal vere pådrivar for lokal samfunns- og næringsutvikling, og sikre velfunge-

rande tenestetilbod tilpassa lokale behov og føresetnadar.

Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret) skal arbeide for at kommunane blir gode samfunnsutviklarar. Senteret skal bidra med å koordinere og målrette lokal utviklingsinnsats gjennom samarbeid, nettverksbygging og erfaringsutveksling. Distriktssenteret forvaltar òg Merkur-programmet, som skal sikre område med få innbyggarar tilgang til grunnleggande private tenester, med vekt på daglegvarer og drivstoffstilbod.

Europeisk og nordisk samarbeid bidrar til utvikling av norsk regionalpolitikk. Fylkeskommunane forvaltar fleire av EU sine interregionale samarbeidsprogram. Dei mobiliserer og legg til rette for at norske aktørar deltar i interregionale prosjekt der ny kunnskap, innovasjonar og felles løysningar blir resultatet. Det norske Barentssekretariatet fremjar òg grensekryssande samarbeid og aktivitetar mellom aktørar i Nord-Noreg og dei nordlege finske og svenske regionane, irekna urfolkssamarbeid. Målet med ordninga er å fremje samfunnsutvikling i Nord-Noreg.

Mål for programkategorien

1. Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt
2. Regional utvikling over landegrensene og i nordområda
3. Styrkt utviklingskapasitet og velfungerande tenestetilbod i distrikta

Mål 1 Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt

Regjeringa vil føre ein politikk for næringsutvikling og attraktive arbeidsmarknadar i heile landet.

Føresetnadene for næringsverksemd varierer mellom ulike regionar. Noreg treng næringar som fører til verdiskaping og arbeidsplassar, og som tar klimaomsyn og nyttar ressursane på ein berekraftig måte. Regjeringa legg til rette for at næringslivet i distrikta får tilgang til kompetent risikokapital gjennom eit forvaltingssystem som kjenner dei utfordringane som næringslivet møter.

Arbeidskraft med rett kompetanse er ein føresetnad for utvikling og verdiskaping i alle delar av landet. Tilgang på kompetent arbeidskraft er ei utfordring i fleire regionar, særleg i distrikta. Dette gjer mobilisering til kompetanseutvikling og tilbod på relevant utdanning i distrikta stadig meir nødvendig. Derfor er desentralisert og fleksibel utdanning viktig, òg for dei som står utanfor arbeidslivet med behov for skule og nye kvalifikasjonar.

For å utvikle robuste arbeidsmarknader over heile landet ønskjer regjeringa å lokalisere fleire statlege arbeidsplassar utanfor Oslo og sentrale kommunar i Oslo-området, og å legge til rette for desentralisert arbeid i statlege verksemder. Det kan styrkje lokale kompetansemiljø og auke tilgangen på kompetansearbeidsplassar i heile landet.

Regjeringa vil bidra til meir målretta og samordna innsats i distrikts- og regionalpolitikken ved hjelp av regionvekstavtaler. Det er signert regionvekstavtaler med pilotfylka Nordland og Rogaland, som begge har valt grønt industriløft som overordna tema for avtalene.

Mål 2 Regional utvikling over landegrensene og i nordområda

Regjeringa vil legge til rette for eit aktivt internasjonalt samarbeid om viktige distrikts- og regionalpolitiske samfunnsutfordringar. Kommunal- og distriktsdepartementet utviklar norsk regionalpolitikk gjennom internasjonalt regionalpolitisk samarbeid, og koordinerer nordområdepolitikken.

Noreg deltar i ti Interreg-program, der grensekryssande samarbeid og kunnskapsutvikling om samfunnsutfordringar er hovudtema. Gjennom felles prosjekt jobbar norske deltakarar saman med partnarar i nabolandsregionar eller regionar i andre europeiske land. Utvikling av offentlege tenester, berekraftig forvalting av ressursar, grøn næringsutvikling, digitalisering og administrativ kapasitet er sentrale tema for samarbeid.

Hausten 2025 la regjeringa fram strategien *Norge i Nord - Nordområdepolitikken i en ny virkelighet.* Det overordna målet i strategien er at Nord-Noreg skal ha livskraftige lokalsamfunn der folk ønskjer å bu, og som bidrar til tryggleik og beredskap. Tiltaka under programkategori 13.50 er viktig for å nå måla og ein stor del av midlane blir fordelte til Nord-Noreg, både gjennom fylkesfordelingar og gjennom øyremerka ordningar.

Kommunal- og distriktsdepartementet har òg ansvaret for det norske Barentssekretariatet og norsk deltaking i Nordisk Atlantsamarbeid (NORA)[2]. Desse gir støtte til grensekryssande samarbeidsprosjekt som bidreg til ei positiv utvik-

[2] NORA er ein del av det regionalpolitiske samarbeidet i Nordisk ministerråd. Grønland, Island, Færøyene og Kyst-Noreg (norske kystfylke frå Finnmark i nord til Rogaland i sør) deltar i samarbeidet.

ling i små lokalsamfunn, mellom anna i Nord-Noreg.

Mål 3 Styrkt utviklingskapasitet og velfungerande tenestetilbod i distrikta

Regjeringa er opptatt av at alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling, og vil legge til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet gjennom desentraliserte løysingar. Regjeringa vil arbeide for at folk har tilgang på bustadar og gode tenester der dei bur.

Distriktskommunane står i betydelege utfordringar som følgje av spreidd busetting, auke i talet på eldre og nedgang i folketal. Dette stiller store krav til arbeid med utvikling av lokalsamfunnet og fornying i kommunen sine tenester og arbeidsformer, som igjen krev kompetanse og utviklingskapasitet.

Ordninga for bistand og rettleiing til distriktskommunar gir fylkeskommunane verktøy til å styrkje kommunanes kompetanse og kapasitet til strategisk arbeid med samfunnsutvikling.

Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret) skal i samarbeid med regionale aktørar støtte opp om distriktskommunane sin utviklingskapasitet og utviklingsinnsats. Distriktssenteret skal òg gjennom Merkur-programmet støtte opp om tilgangen til grunnleggande private tenester, med vekt på daglegvarer og drivstoffstilbod.

Bygdevekstavtaler skal bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i område med betydelege distriktsutfordringar. Det er til saman 10 bygdevekstpilotar der 35 kommunar i 7 fylke deltar.

Kap. 553 Regional- og distriktsutvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
60	Kompetanse og arbeidskraft i distrikta	112 940	74 674	77 512
61	Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling	826 197	793 553	793 553
63	Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet	147 903	170 950	171 187
64	Pilot nærtenestesenter, *kan overførast*	9 178		
65	Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar	126 266	129 000	123 226
66	Bygdevekstavtaler, *kan overførast*	56 767	73 963	76 330
67	Utviklingstiltak i Andøy kommune	30 000	25 000	
69	Mobilisering til forskingsbasert innovasjon	66 332	66 586	
71	Investeringstilskot for store grøne investeringar	65 000		
76	Nordisk og europeisk samarbeid, *kan overførast*	19 025	18 659	19 349
	Sum kap. 553	1 459 608	1 352 385	1 261 157

Post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta

Posten omfattar tilskot til studiesenter. Frå og med 2026 er tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving avvikla, men er kort omtala som følgje av at departementet mottar rapportering frå fylkeskommunane for 2025.

Tilskot til studiesenter

Mål for ordninga

Studiesenterordninga skal bidra til at utdanning og kompetanseutvikling blir tilgjengeleg for innbyggarar og tilsette i verksemder som ikkje kan følgje ordinær undervisning ved dei faste studiestadene som følgje av lange avstandar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga skal bli vurdert etter følgjande kriterium:

- Auka innsats for etablering av fleire etterspurde fleksible og/eller desentraliserte tilbod om utdanning.
- Auka tal på personar som tileignar seg etterspurd kompetanse.
- Fleire utanfor arbeidslivet får utdanning og kompetanseutvikling.

Tildelingskriterium

Fylkeskommunane har ansvar for forvalting av ordninga i eige fylke.

Midlane skal tildelast studiesenter. Eit studiesenter er ein fysisk møteplass og eit læringsmiljø som legg til rette for desentralisert og fleksibel utdanning og kompetanseutvikling i distrikta, i samsvar med behova til individ samt offentlege og private verksemder. Det er vidaregåande skular, fagskular, høgskular og universitet som har det faglege ansvaret for tilboda ved studiesentera.

Fylkeskommunane skal fordele midlane til studiesentera basert på søknadar, og prioritere dei som i størst mogleg grad bidreg til måloppnåing.

Fylkeskommunane blir oppmoda til å drøfte planlagde tiltak og utlysingar i regionale kompetanseforum og liknande partnarskap.

Oppfølging og kontroll

Midlane blir forvalta av fylkeskommunane. Kriteria for måloppnåing blir følgd opp gjennom årleg rapportering til departementet. Departementet har fastsett ei forskrift for ordninga: Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementets tilskot til kompetanse og arbeidskraft i distrikta.

Rapport

Rapporteringa viser at fylkeskommunane har lyst ut midlar til studiesenter som tilbyr studiepoenggivande tilbod på både fagskule- og universitetsnivå, i tillegg til rettleiing og støtte til fagbrevutdanning, og ikkje-formelle kurs og opplæringstilbod. Fylkeskommunane rapporterer at studietilboda er i tråd med regionale behov, og viser til eit variert tilbod innan mellom anna helsefaglege utdanningar på både bachelor-, master- og fagskulenivå, pedagogiske utdanningar og studiar innan leiing med meir. Om lag ein tredel av fylkeskommunane har nytta høve til å omprioritere midlar frå mobiliseringsordninga til studiesenterordninga.

Tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving

Tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving vart avvikla frå og med 2026.

Tilskotet skulle betre tilgangen på kompetent arbeidskraft i distrikta.

Fylkeskommunane har i 2025 mellom anna brukt midlane på å styrkje tilgangen til desentralisert og fleksibel utdanning i tråd med lokale og regionale behov for kompetent arbeidskraft i distrikta. Dei fleste av fylkeskommunane rapporterer at dei har brukt midlane på prosjekt retta mot dei som står utanfor arbeidslivet. Rapporteringa syner at midlane er nytta til å førehandskvalifisere elevar og studentar til utdanning, mellom anna gjennom språkopplæring, karriererettleiing og tilrettelegging for å kvalifisere til opptak til høgare utdanning.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått å løyve 77,5 mill. kroner til tilskot til studiesenter.

Fordelinga av midlane mellom fylkeskommunane tar utgangspunkt i ein regionaldel og ein distriktsdel.

Det blir foreslått at departementet kan tildele midlane til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak. Det inneber at fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av kva år løyvinga vart gitt.

Post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling

Midlane blir tildelt fylkeskommunane, som gir oppdrag til Innovasjon Noreg for ein porteføljе av verkemiddel retta mot verksemder, sjå boks 5.1. Fylkeskommunane har òg moglegheit til å gi oppdrag til Innovasjon Noreg for mobiliseringsarbeid.

Inkubasjonsprogrammet og næringshageprogrammet vart overført frå Siva til Innovasjon Noreg 1. april 2026. Frå og med 2027 gir fylkeskommunane heile oppdraget til Innovasjon Noreg.

Mål for ordninga

Ordninga skal mobilisere verksemder til innovasjon og utvikling, og føre til vekst i verdiskaping, sysselsetting og nyskaping i regionane. Ordninga skal bidra til å utløyse ny aktivitet i næringslivet i distriktsområda som ikkje blir tatt vare på gjennom nasjonale verkemiddel. Ordninga skal òg bidra til grøn omstilling av næringslivet i regionane og distrikta.

Boks 5.1 Verkemiddel

Distriktsretta ordningar fylkeskommunane kan bruke[1]:

- *Distriktsretta risikolån*[2] kan bli gitt til toppfinansiering av forventa lønsame investerings- og utviklingsprosjekt som er vanskelege å finansiere i den private kredittmarknaden. Låna kan bli gitt til nyetableringar og etablerte verksemder.
- *Investeringstilskot* kan bli gitt til fysiske investeringar som produksjonslokale eller produksjonsutstyr, og blir primært gitt til små og mellomstore verksemder.
- *Bedriftsutviklingstilskot* kan bli gitt til rådgivingstenester, kompetansetiltak og forprosjekt, primært til små og mellomstore verksemder.
- *Distriktsretta oppstartstilskot* kan bli brukt til finansiering av innovative prosjekt med vekstpotensial i ein regional eller nasjonal marknad.

Landsdekkande ordningar fylkeskommunane kan bruke:

- *Mentortenesten for gründerar* skal gi auka kunnskap om forretningsutvikling og vurdering av marknadsmoglegheiter. Verksemder må vere i utviklings- eller marknadsintroduksjonsfasen og ha ambisjonar om vekst utover sin lokale marknad.
- *Bedriftsnettverk* er eit tilbod til små og mellomstore verksemder med vekstambisjonar, som ønskjer å etablere strategiske og marknadsretta samarbeidsprosjekt for å styrkje innovasjon og konkurransekraft.
- *Inkubasjonsprogrammet* skal bidra til auka nasjonal verdiskaping og eksport, gjennom effektivt å identifisere, kommersialisere og vidareutvikle innovative idéar til nye vekstverksemder, og utløyse vekst i etablerte verksemder. Målgruppa er verksemder med innovative idéar og vekstpotensial med internasjonalt eller nasjonalt potensial.
- *Næringshageprogrammet* skal bidra til auka verdiskaping basert på regionale fordelar, gjennom å legge til rette for utvikling av berekraftige og omstillingsdyktige verksemder. Målgruppa er små og mellomstore verksemder og nyetableringar, hovudsakleg innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstønad.

Finnmark fylkeskommune kan bruke følgande ordning:

- *Utviklingstilskot for Finnmark* gir finansiering til investeringsprosjekt og bedriftsutviklingsprosjekt i regionen. Prosjekta si betyding for lokalsamfunna vil vektleggast. Det er krav til bedriftsøkonomisk lønsemd, men ikkje til innovasjonshøgde. Tilskotet kan nyttast på prosjekt i alle kommunar i Finnmark, utanom Alta og Hammerfest.

[1] Dei distriktsretta ordningane kan berre bli brukt innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. Verkeområdet for distriktspolitisk investeringsstøtte er fastsette av departementet og godkjend av ESA i samsvar med EU sine retningslinjer om regionalstøtte. I kommunane omfatta av området kan det gis økonomisk stønad til verksemder med bakgrunn i distriktspolitiske omsyn.

[2] Distriktsretta garantiar for driftskreditt avviklast frå og med 2027. Distriktsretta risikolån forsetter med same innretning som før.

Kriterium for måloppnåing

Innsatsen blir målt etter følgjande kriterium for måloppnåing:

- Utviklinga i verdiskaping, omsetning[3], sysselsetting og nyskaping for verksemdene som deltar i programma, samt status og utvikling i programma. Kriteria varierer mellom verkemidla.
- Del av verkemidla som når fram til verksemder med kvinneleg leiar eller eigar, eller som blir definert som «kvinneretta»[4].
- Del av løyvinga som går til prosjekt med positiv miljøeffekt.

[3] Dei ulike ordningane bruker ulike omgrep i måling og rapportering. Verdiskaping er verdien av verksemda sitt ferdige produkt minus vareinnsats. Omsetning er summen av verksemda sine inntekter og er det same som salsinntekt.

[4] Enten målt ved del kvinnelege leiarar/eigarar eller ved Innovasjon Noreg sin indikator «kvinneretta», sjå Innovasjon Noreg sin oppdragsgivarrapport 2023 side 291 for definisjon.

Tildelingskriterium

Fylkeskommunane har ansvaret for å utforme og finansiere oppdrag til Innovasjon Noreg i sitt fylke. Bruken av tilskotsmidlar skal vere forankra i regionale mål og planar, og i forpliktande partnarskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar. Oppdraget frå fylkeskommunane dekker gjennomføringskostnader hos Innovasjon Noreg i tråd med basiskostnadsmodellen.

Departementet fordeler midlane mellom fylka basert på ein distriktsdel og ein regionaldel. Den distriktsretta delen skal utjamne geografiske forskjellar ved å kompensere for ulemper i distriktsområde. Den regionale delen skal legge til rette for vekst og utvikling i heile landet.

Departementet tildeler løyvinga til kvart fylke som ein samla sum, utan føringar for korleis den skal fordelast av fylkeskommunen mellom verkemidla.

Oppfølging og kontroll

Ordninga blir følgd opp gjennom årleg rapportering, effektmålingar og eksterne evalueringar. Departementet har laga retningslinjer for posten i samråd med fylkeskommunane og Innovasjon Noreg, der oppgåvene og ansvarsområda til aktørane er omtalt.

Rapport

I saldert budsjett for 2025 vart det løyvd 816,2 mill. kroner til ordningane på posten. Rapporteringa under viser tildelte tilsegn[5] for 2025. Den inkluderer løyvinga frå fylkeskommunane for 2025, i tillegg til akkumulerte midlar under ordningane. I 2025 vart det òg løyvd 17 mill. kroner til kommunale næringsfond i Finnmark. Sjå rapporten om evaluering av kommunale næringsfond for vurdering av resultat.[6] Rapporteringa for verkemidlane er basert på Innovasjon Noreg sin oppdragsgivarrapport for 2025, Siva sin årsrapport for 2025 og eksterne evalueringar gjort av mellom anna Menon Economics.

Bedriftsutviklings- og investeringstilskot (415,2 mill. kroner[7])

Verksemder som har fått investeringstilskot og/eller bedriftsutviklingstilskot har ei signifikant betre årleg økonomisk utvikling (omsetting og verdiskaping) enn kontrollgruppa. Av tilskotet gjekk 30 pst. av innvilga beløp til prosjekt med innovasjon på internasjonalt nivå, 26 pst. til prosjekt med innovasjon på nasjonalt nivå, og 60 pst. var retta mot internasjonal eksport. Kvinneretta prosjekt utgjorde 41 pst. av tildelte beløp.

Kundeeffektundersøkinga for 2025 viser at støtta frå Innovasjon Noreg i stor grad var utløysande for at prosjekta vart gjennomført.

Distriktsretta risikolån og garantiar for driftskreditt (177 mill. kroner)

Lån og garantiar frå Innovasjon Noreg har positiv økonomisk effekt hos mottakarane, samanlikna med kontrollgruppa av verksemder som ikkje fekk slike lån. Mottakarar av lån har i gjennomsnitt høgare årleg meirvekst, særskild på omsetning og verdiskaping, enn mottakarar av tilskot.

I 2025 gjekk 32 pst. av tildelingane for nye lån og garantiar til gründerar, og 67 pst. til vekstkraftige verksemder. 76 pst. av tildelte lån og garantiar gjekk i 2025 til verksemder med inntil 20 tilsette. Kvinneretta prosjekt utgjorde 32 pst. av tildelt beløp.

Oppstartstilskot (85,6 mill. kroner)

Distriktsretta oppstartstilskot og landsdekkande oppstartstilskot 1 har gitt mottakarane ein årleg meirvekst i omsetning, verdiskaping og sysselsetting. Kundeeffektundersøkinga for 2025 viser at dei aktuelle prosjekta i lita grad ville blitt gjennomført i same omfang eller til same tid utan støtta frå Innovasjon Noreg.

100 pst. av landsdekkande oppstartsstilskot 1 vart gitt til prosjekt med innovasjon på nasjonalt eller internasjonalt nivå. Kvinneretta prosjekt utgjorde 25 pst. Tilskotet vart flytta til Nærings- og fiskeridepartementet i 2026.

For distriktsretta oppstartsstilskot vart 74 pst. av midlane innvilga til prosjekt på nasjonalt eller internasjonalt innovasjonsnivå. Kvinneretta prosjekt utgjorde 32 pst.

---

5 Ulike ordningar har ulikt innhald. For låne- og tilskotsordningar blir totale tilsegn rapportert. For ordningar som inneheld tenester blir prosjektmidlar, tenestekjøp og tenestetilskot rapportert. For låneordningar er tildelte tilsegn høgare enn løyvingane fordi det berre er tapsavsetninga som reknast som kostnad.

6 https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kartlegging-og-vurdering-av-kommunale-naringsfond-i-ost-finnmark/id3167758/

7 Summen brukt på desse verkemidlane i 2025, inkludert rammer frå tidlegare 60-postar på programkategori 13.50 og eigne løyvingar frå fylkeskommunane (til saman 20,7 mill. kroner i 2025).

Bedriftsnettverk (48,4 mill. kroner)

20 nye bedriftsnettverk, med til saman 145 verksemder, vart tatt inn i programmet i 2025. Totalt var det 75 bedriftsnettverk i programmet ved utgangen av året, med om lag 700 verksemder. Nettverka har god geografisk spreiing òg tematisk, men det er flest innan industri og reiseliv. Menon Economics evaluerte i 2024 verksemdsnettverkstenesten for perioden 2017–2023. Ifølgje rapporten framstår tenesten som effektiv og tenleg for å nå målet om fleire innovative næringsmiljø, og deltakarverksemdene oppgir positiv effekt på innovasjon og auka sal.

Mentortenesten for gründerar (4,6 mill. kroner)

147 verksemder fekk tildelt mentor i 2025. Ordninga kan vise til svært høg addisjonalitet i kundeeffektundersøkinga. Ei evaluering frå Menon Economics i 2018 viser at tenesten tilbyr skreddarsydd kompetanse tilpassa behova til gründerar og har lite overlapp med andre tenester.

Utviklingstilskot for Finnmark (7,1 mill. kroner)

Utviklingstilskot for Finnmark vart lansert i november 2024. Det vart innvilga totalt 7,1 mill. kroner i utviklingstilskot fordelt på 14 prosjekt i 2025.

Næringshageprogrammet (104,9 mill. kroner)

I 2025 var det 2 277 målverksemder[8] som tok imot rådgivings- og utviklingstenester frå 37 næringshagar. Fylka Finnmark, Innlandet, Trøndelag og Vestland hadde flest målverksemder i næringshageprogrammet. Målverksemdene i næringshagane hadde i 2025 totalt 27 375 tilsette. Gjennomsnittleg tal på tilsette var 18, og medianen var ni tilsette.

I næringshageprogrammet hadde 34 pst. av målverksemdene kvinneleg leiing i 2025. Desse verksemdene mottok om lag 30 pst. av innovasjonsstøtta. Dette er på same nivå som året før.

Inkubasjonsprogrammet (161,6 mill. kroner)

I 2025 var det 36 inkubatorar og totalt 2 027 inkubatorverksemder som nytta seg av inkubasjonsprogrammet. Dei fleste verksemdene i inkubasjonsprogrammet held til i Oslo, Nordland, Trøndelag og Vestland.

Av dei aktive inkubatorverksemdene hadde 30,3 pst. kvinner i leiande stillingar i 2025, og desse mottok om lag 30 pst. av innovasjonsstøtta. Dette er på same nivå som året før.

Miljøeffekt

Innovasjon Noreg rapporterte at talet på tilsegn med positiv miljøeffekt for 2025 er 82 pst. for bedriftsutviklings- og investeringstilskot, og 35 pst. for distriktsretta risikolån. Samla for Innovasjon Noreg sine verkemiddel over posten er 60 pst. av tilsegna vurdert som miljøpositive.

Ifølgje kundetilfredsheitsundersøkinga for 2025 oppgir 34 pst. av målverksemdene i næringshageprogrammet at næringshagen har vore ganske eller svært viktig for deira arbeid med berekraft. Vidare svarar 30 pst. at næringshagen har bidrege til at verksemdene har blitt meir klima- og miljøvennleg. Dette er ein liten auke frå undersøkinga i 2023. Tilsvarande tal for inkubasjonsprogrammet er høvesvis 22 pst. og 17 pst.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Samla blir det foreslått å løyve 793,6 mill. kroner, inkludert administrasjons- og gjennomføringskostnadar til Innovasjon Noreg.

For å frigjere midlar til andre formål blir det foreslått å redusere løyvinga med 24,5 mill. kroner.

Det blir foreslått at departementet kan overføre midlane til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak. Fylkeskommunane kan dermed disponere midlane uavhengig av året løyvinga blir gitt.

Post 63 Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet

Posten omfattar tilskot til Noreg si deltaking i grenseregionale Interreg-program, tilskot til Arktis 2030, tilskot til det norske Barentssekretariatet, tilskot til Grensetjenesten Sverige, Finland og Norge og tilskot til Arctic Race of Norway. Tilskot til transnasjonale og heil-europeiske Interreg-program blir omtalt under post 76.

[8] Målverksemd blir definert som kvar verksemd eller næringsdrivande som mottek innovasjonsrådgiving og/eller støttetenester til redusert pris frå programselskapet. Målverksemda skal alltid vere eit norsk SMB. Målverksemda blir tilknytt næringshagen gjennom ein målverksemdavtale og skal ha ein utviklingsplan.

I inneverande Interreg-periode (2021–2027) deltar Noreg i programma Øresund-Kattegat-Skagerrak, Sverige-Noreg og Interreg Aurora (post 63), samt Nordleg Periferi og Arktis, Nordsjøen, Østersjøen, Interreg Europe, URBACT, ESPON og Interact (post 76).

Prosjekta fremjar regional utvikling gjennom deling av kunnskap, samarbeid om felles samfunnsutfordringar, deling av erfaringar om mellom anna berekraftig økonomisk vekst, innan teknologi for lågutslepp og sirkulærøkonomi, forbetring av offentlege tenester gjennom teknologi, og grøn omstilling ved energieffektivisering og smarte straumnett. Samarbeid over landegrensene gir høgare kapasitet og kompetanse hos aktørane til å løyse regionale- og distriktspolitiske utfordringar. Programma bygger ned grensehinder med stor betydning for distriktskommunane og styrker beredskap og motstandskrafta langs grensa. Programma er i tråd med prioriteringane frå fylkeskommunane i deira regionale planar og strategiar.

Grenseregionale Interreg-program

Mål for ordninga

Målgruppene er lokale, regionale og nasjonale styremakter, aktørar frå lokalsamfunn og urfolk, privat næringsliv, forskings- og utviklingsaktørar og frivillige organisasjonar.

Ordninga skal:

- Bidra til regional utvikling gjennom samarbeid over landegrensene.
- Bidra til eit a) smartare Europa, b) grønare Europa, c) meir samanknytt Europa, d) meir sosialt Europa og e) Europa nærare borgarane. I tillegg kjem det Interreg-spesifikke målet (ISO 1) om å styrkje administrativ kapasitet til utvikling og grenseoverskridande samarbeid. Norsk innsats vektlegg måla a, b, c og ISO 1.
- Gi deltakarar tilgang til kunnskap, erfaringar og økonomiske ressursar til konkrete utviklingsprosjekt.

Kriterium for måloppnåing

Indikatorar for å vurdere måloppnåing blir fastsette i programdokumenta for kvart enkelt Interreg-program.

Tildelingskriterium

Tildelingskriterium blir fastsette i tråd med EU sitt regelverk og formulert i programdokumenta for kvart program. Kriteria for prosjekt og program omhandlar ofte om dei bidrar til grenseregional meirverdi, kapasitet til gjennomføring, resultatorientering, berekraftig utvikling og å nå målet med programmet. Midlane blir lyste ut og skal utløyse minimum 50 pst. regional medfinansiering.

Oppfølging og kontroll

Forvaltinga av midlane er delegert til fylkeskommunane, som rapporterer til departementet. Oppfølging og kontroll skjer i overvakings- og styringskomiteane til programma, der departementet og fylkeskommunane deltar saman med dei andre programlanda. Krava til oppfølging og kontroll blir fastsette gjennom EU sitt regelverk og i programdokumenta for kvart program.

Rapport

Fylkeskommunane fekk til saman 54,3 mill. kroner i 2025 til deltaking i grenseregionale Interreg-program. Dei norske midlane utgjer ein mindre del av programbudsjettet, som i stor grad er finansiert av EU sitt regionale utviklingsfond. Det gir norske deltakarar tilgang til større ressursar og kapasitet i programma, som bidrar til å løyse samfunnsutfordringar på norsk side.

Programperioden for 2021–2027 starta med prosjektutlysingar i 2022. Programma har sett i gong midtvegsevalueringar som vil skje i 2025–2027. Sluttevaluering og sluttrapportering kjem først etter at programperioden er avslutta. Sekretariata for programma rapporterer om høg etterspørsel av prosjektmidlar. Så langt i programperioden har 168 prosjekt med norske deltakarar mottatt stønad frå programma.

Øresund-Kattegat-Skagerrak (ØKS) (16 mill. kroner)

Innsatsen er retta mot konkrete utviklingsprosjekt innan innovasjon og entreprenørskap, grøn omstilling, transport og mobilitet. Det er flest innovasjonsprosjekt innan helse og livskvalitet. Programmet omfattar fylkeskommunane Østfold, Akershus, Oslo, Vestfold, Buskerud, Telemark og Agder, og svenske og danske regionar i tilgrensande kystområde. I 2025 vart det tildelt midlar til sju prosjekt innan grøn omstilling, grenselaus arbeidsmarknad og transport og mobilitet. Ein statusrapport frå september 2025 viser at 66 pst. har private aktørar som partnar i prosjekta. Så langt i programperioden er det tildelt midlar til 32 prosjekt, inklusive fire forprosjekt av dei norske midla.

Sverige-Noreg (22 mill. kroner)

Programmet omfatta grenseregionane på norsk og svensk side. Programmet omfattar Østfold, Innlandet og Trøndelag, og i 2025 vart det tildelt midlar til 16 prosjekt fordelt mellom innsatsområda næringsmiljø, innovasjon i små og mellomstore bedrifter, klima og sirkulærøkonomi, grensekryssande arbeidsmarknad, utdanningstilbod, kultur- og reiselivsnæring og ein sterkare grenseregion. Så langt i programperioden er 69 prosjekt finansiert av dei norske midla.

Interreg Aurora (16,3 mill. kroner)

Programmet omfattar Nordland, Troms, Finnmark og regionar i Nord-Finland og Nord-Sverige. Programmet har eit delprogram, Sápmi, som dekker heile det samiske området frå Innlandet til Finnmark, og alle samiske område i Sverige og Finland. Prosjekta innafor delområdet Aurora er særleg retta mot smart og berekraftig vekst, eit grønare Europa med vekt på klima og sirkulærøkonomi samt målet om eit meir sosialt Europa med vekt på utdanning, kultur og berekraftig turisme.

Så langt i perioden er det gitt tilskot til total 56 prosjekt med norske partnarar innan for delområdet Aurora. Det er 20 prosjekt med samiske partnarar innan delområdet Sápmi som representerer nær 20 pst. av midlane på norsk side. Dei samiske prosjekta rettar seg særleg mot målet om eit meir sosialt Europa, men òg om å styrkje administrativ kapasitet og grenseoverskridande samarbeid i Sápmi. Talet på samiske prosjekt har auka dei siste åra.

Arktis 2030

Mål for ordninga

Arktis 2030 skal utløyse aktivitet som bidreg til utvikling og bruk av ny kunnskap som støttar opp om regjeringa sin nordområdepolitikk og regionale planar og mål i Nordland, Troms og Finnmark, innanfor avgrensa tematiske innsatsområde.

Kriterium for måloppnåing

Prosjekta som får tildelt støtte, skal bidra til at ny kunnskap blir utvikla og nytta innanfor minst eitt av desse innsatsområda:
- samfunnsutvikling, med særleg vekt på stadutvikling, attraktivitet og demografisk endring
- verdiskaping og omstilling
- miljø- og naturressursar, forureining og klimaendringar
- infrastruktur, sikkerheit og beredskap.

Tildelingskriterium

Følgjande kan søkje om tilskot:
- interesseorganisasjonar
- forsking- og utviklingsaktørar
- offentleg eigde selskap utanfor utvida eigenregi
- bedrifter som inngår i eit samarbeid med ein eller fleira av aktørane ovanfor.

Støttemottakarar som ikkje er lokaliserte i dei tre nordlegaste fylka, må kunne dokumentere samarbeid med aktørar lokaliserte i Nord-Noreg. Ordninga opnar for internasjonalt samarbeid.

Forvaltar skal tildele midlar etter ei heilskapleg vurdering av følgjande kriterium:
- prosjektets kvalitet
- prosjektets relevans etter tematiske innsatsområde
- prosjektets relevans for nordområdepolitikken til regjeringa og regionale mål og planar
- forventa resultat og effektar
- gjennomføringsevne
- grad av ny eller anvendt kunnskap
- FN sine berekraftsmål, med særleg vekt på konsekvensar for urfolk.

Oppfølging og kontroll

Troms fylkeskommune har hovudansvaret for forvaltinga av ordninga, i nært samarbeid med Nordland og Finnmark fylkeskommunar. Departementet følgjer opp ordninga gjennom Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementets tilskuddsmidler til Arktis 2030.

Rapport

I 2025 tildelte Kommunal- og distriktsdepartementet 47,5 mill. kroner til Arktis 2030. 27,8 mill. kroner vart fordelt mellom 14 kunnskapsprosjekt. Innovasjon Noreg Arktis har forvalta ei ramme på 22,3 mill. kroner på vegne av fylkeskommunane, og har løyva midla til 18 prosjekt knytte til foredling av råvarer, beredskap, innovative teknologiløysingar, leveransar til Forsvaret og regionale økosystem.

På grunn av den krevjande situasjonen i fiskerisektoren i delar av Nord-Noreg vart det i statsbudsjettet for 2025 opna for at ordninga òg kunne nyttast til omstilling og utvikling av sjømat-

næringa i Nord-Noreg. Innovasjon Noreg fekk eit særskilt oppdrag frå Troms fylkeskommune for å styrkje omstillinga i sjømatnæringa.

Innovasjon Noreg si rapportering viser at dei har fordelt om lag 11,3 mill. kroner til utvikling og forbetring av teknologi og utstyr i sjømatindustrien for å bidra til omstilling i sjømatnæringa.

Høve til å gi oppdrag til Innovasjon Noreg vart frå 2026 tatt ut av tilskotsordninga. 20 mill. kroner vart samstundes overført til kap. 553, post 61 og øyremerkte næringsutvikling i Nordland, Troms og Finnmark, jf. Prop. 1 S (2025–2026).

Det norske Barentssekretariatet

Mål for ordninga

Barentssekretariatet skal fremje og finansiere samarbeidsprosjekt, og vere eit ressurs- og kompetansesenter for grensekryssande nordområdesamarbeid. Målet med ordninga er god samfunnsutvikling i Nord-Noreg, mellom anna gjennom kunnskapsheving. Ordninga kan òg omfatte folk-til-folk-prosjekt med uavhengige russiske aktørar i Barentsregionen.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing for tilskotsordninga skal vurderast etter desse kriteria:

- Prosjektet har gitt meir og betre samarbeid mellom norske, finske og/eller svenske aktørar i nord, ev. òg med aktørar frå andre regionar i Arktis.
- Prosjektet bidreg til samfunnsutvikling i Nord-Noreg.

Tildelingskriterium

Tilskotsordninga blir forvalta av Barentssekretariatet. Sekretariatet kan gi tilskot til prosjekt som er innretta mot internasjonalt samarbeid mellom aktørar i Nord-Noreg og i det nordlege Norden, inkludert urfolkssamarbeid.

Delar av løyvinga går til drift av sekretariatet og til utviklingsoppgåver i tråd med det årlege oppdraget. Sekretariatet skal ha oversikt over og samordne nordområdekunnskap i hovudsak frå aktørar i regionen. Dei skal hjelpe fylkeskommunane i Nord-Noreg i samfunnsutviklingsrolla deira, gjennom å fremje, utvikle og styrkje lokalt og regionalt grensekryssande samarbeid.

Oppfølging og kontroll

Barentssekretariatet er eit interfylkeskommunalt selskap. Eigarfylkeskommunane Nordland, Troms og Finnmark, har ansvar for dagleg drift av selskapet gjennom ein selskapsavtale. Departementet følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krav og vilkår som er setje i regelverk og i oppdragsbrev. Kommunal- og distriktsdepartementet er klageinstans etter Forskrift om tilskuddsordning forvaltet av Barentssekretariatet IKS.

Rapport

Det vart løyvd 42 mill. kroner til sekretariatet i 2025. Av dette gjekk inntil 16 mill. kroner til drift og forvalting.

Det er god søking til ordninga og sekretariatet har i 2025 gitt støtte til totalt 84 prosjekt, der 61 er ordinære samarbeidsprosjekt. 36 prosjekt med deltaking frå ungdommar fekk støtte frå programområde BarentsUng. Det er gitt støtte til 28 urfolksprosjekt. Det er gitt støtte til flest prosjekteigarar i Finnmark (36), dernest Troms (32) og færrast i Nordland (16). Økonomisk fordeling av midla mellom fylka er meir jamt fordelt. Finnmark har motteke 12,7 mill. kroner, Troms 10 mill. kroner og Nordland 7,3 mill. kroner. Innsatsen har bidratt til auka samarbeid med regionar og aktørar i våre naboland.

Eit fleirtal av prosjektpartnarane kjem frå Nord-Finland (41), dernest frå Nord-Sverige (33). To av prosjekta har samarbeid med uavhengige russiske aktørar, medan det var eit prosjekt med partnarar på Island og to på høvesvis Grønland og i Canada.

Breidda av norske aktørar i prosjekta som har mottatt tilskot, og engasjementet til dei som gjennomfører prosjekta, tilseier at innsatsen bidreg til positiv samfunnsutvikling i landsdelen. Det var om lag 25 prosjekt med tema kultur, 14 innafor kompetanse, 6 innafor næring, 9 innafor idrett og 2 innafor tema sivilsamfunn. Det vart mottatt søknadar frå 34 nye aktørar i 2025. Av desse var 15 lokalisert i Finnmark, 11 i Troms, og 8 i Nordland. Representantskapet frå fylkeskommunane vedtok i november 2025 ny strategi for selskapet. Der gir dei retning framover med oppdraget frå departementet. Dei vil mellom anna utvikle rolla som ressurs- og kompetansesenter for grensekryssande samarbeid i nord.

Grensetjenesten Sverige-Finland-Norge

Grensetjenesten Sverige-Finland-Norge i Skibotn i Storfjord kommune har som mål å legge til rette for grensekryssande aktivitetar for enkeltpersonar, verksemder, organisasjonar og styresmakter, og arbeider aktivt for auka mobilitet på tvers av landegrensene i Finland, Sverige og Noreg. I dette inngår rettleiing, informasjon, tilrettelegging og kontaktformidling, som skal gi den enkelte betre føresetnader for å kunne fungere på alle sider av grensene. Informasjon blir gitt på svensk, finsk, norsk og samiske språk.

Arctic Race of Norway

Tilskotet skal bidra til å støtte opp under regjeringa sin nordområdepolitikk og bidra til opplevingar for dei som deltar i sykkelrittet, publikum og frivillige, og gi positive bidrag til det lokale næringslivet.

Tilskotet utbetalast på bakgrunn av avtale med fylkeskommunane i Nord-Noreg.

Europeisk ungdomshovudstad

For å støtte regional utvikling over landegrensene og i nordområda vart det i 2026 løyvd 5 mill. kroner til Troms kommune. Midlane skulle bidra til gjennomføringa av Tromsø som europeisk ungdomshovudstad i 2026. Føremålet har vore å styrkje ungdomen sine moglegheiter for medverknad, auke ungt medborgarskap og gjere Tromsø og Nord-Noreg til ein meir attraktiv stad å bu, jobbe og skape for unge.

Regionalt nordområdeforum

For å styrkje dialogen i og om nordområda, møter regjeringa, fylkeskommunane og Sametinget fast i Regionalt nordområdeforum. I 2025 vart det løyvd 1,6 mill. kroner til drift av sekretariatet og aktivitetar i regi av forumet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått til saman 55,1 mill. kroner til norsk deltaking i dei tre Interreg-programma Øresund-Kattegat-Skagerrak, Sverige-Noreg og Interreg Aurora. Programma følgjer dei fastlagde programplanane med innsatsområde, som gjeld for inneverande programperiode, som varar ut 2027.

Det blir foreslått 57,5 mill. kroner til Arktis 2030. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 10 mill. kroner for å styrkje Forsvarskommuneordninga på kap. 553, post 65 og Senter for motstandskraft i nord på kap. 451, post 01 over Justis- og beredskapsdepartementet sitt budsjett.

Det er behov for å vidareutvikle ordninga Arktis 2030. Med atterhald om Stortinget si behandling av budsjettframlegget, vil revidert forskrift for ordninga bli fastsett i løpet av hausten 2026, med sikte på å tre i kraft frå 1.1.2027. Føremålet med revisjonen er å tydeleggjere formålet med ordninga, slik at den best mogleg støttar opp om mål og prioriteringar i nordområdepolitikken, og relevante regionale mål og planar.

Vidare blir det foreslått 41,1 mill. kroner til det norske Barentssekretariatet, av dette inntil 16 mill. kroner til drift og forvalting.

Det blir foreslått 2,5 mill. kroner til Grensetjenesten Sverige-Finland-Norge i Storfjord kommune.

Det blir foreslått å overføre tilskot til Arctic Race of Norway frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Som følgje av dette aukar løyvinga med 10 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 315, post 86 på Kultur- og likestillingsdepartementet sitt budsjett. For å støtte opp under regjeringa sin nordområdepolitikk blir det foreslått å auke tilskotet med ytterlegare 5 mill. kroner. Samla blir det foreslått ei tildeling på 15 mill. kroner til Arctic Race of Norway.

Regionalt nordområdeforum har ubrukte midlar som skal dekke formålet ut 2027.

Løyvinga blir redusert med 5 mill. kroner som følgje av at det i 2026 vart gitt eit eingongstilskot til Europeisk ungdomshovudstad i Tromsø.

Samla blir det foreslått å løyve 171,2 mill. kroner.

Det blir foreslått at departementet kan tildele midlane til fylkeskommunane og Barentssekretariatet som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 64 Pilot nærtenestesenter, kan overførast

Mål for ordninga

Pilotprosjektet for nærtenestesenter går over perioden 2024–2026. Målet med piloten er å prøve ut ulike modellar for korleis statlege publikumstenester kan gjerast tilgjengelege i område der innbyggarane har lang reiseveg til slike tenester. Det konkrete innhaldet i kvar pilot skal vidareutviklast gjennom prosjektperioden, og må tilpassast både kapasiteten i dei statlege etatane og lokale behov i kommunane.

Føremålet er å styrke tilbodet av statlege publikumstenester, ikkje å flytte statlege arbeids-

plassar. Piloten omfattar òg tiltak der kommunen gir støtte til innbyggarane for å ta i bruk digitale statlege tenester.

Rapport

Kommunane Tokke, Lebesby, Nore og Uvdal, Ulstein, Meløy, Øygarden, Værøy, Gamvik og Vanylven deltar i piloten. Røst, Flakstad og Moskenes har i 2026 trekt seg frå prosjektet. Kvart pilotprosjekt har motteke tilskot på mellom 1-2,2 mill. kroner for å dekke delar av kostnadene knytte til gjennomføringa av piloten.

Oxford Research AS gjennomfører ei følgjeevaluering av pilotprosjektet og har levert ein midtvegsrapport[9]. Midtvegsrapporten viser at det så langt har vore krevjande å få etablert fysiske oppmøtetilbod for uttesting i kommunane. Samstundes har piloten utvikla nye modellar og kunnskap om korleis digitale løysingar og lokal rettleiing kan bidra til å gjere statlege tenester meir tilgjengelege. Til dømes har Skatteetaten etablert eit samarbeid i piloten for å teste ut videorettleiing av innbyggarar gjennom nærtenestesenteret.

Oxford Research AS skal levere sluttrapporten frå prosjektet i juni 2027.

Som ein del av prosjektet samarbeider Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, gjennom Digidel.no, med pilotkommunane og dei statlege etatane om utvikling av opplæringsressursar. Desse skal støtte rettleiarar i kommunane i å hjelpe innbyggarar med å finne fram til og ta i bruk digitale statlege tenester.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir ikkje foreslått å løyve midlar i 2027. Utgifter til sluttføring av piloten vil bli dekt av tidlegare løyvingar. Fleire av pilotkommunane har meldt interesse for å vidareføre utprøvinga noko utover den ordinære pilotperioden. Departementet vil i løpet av hausten 2026 vurdere søknader om forlenging.

Post 65 Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar

Posten omfattar tilskot til bistand og rettleiing til distriktskommunar med særlege utfordringar med strategisk utviklingsarbeid, tilskot til kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad, tilskot til omstilling i kommunar eller regionar med vesentleg fall i sysselsettinga over relativt kort tid og tilskot til leverandørutvikling knytt til forsvarssektoren i nord. Posten har i 2026 òg omfatta tilskot til stadutvikling i forsvarskommunar, som frå 2027 blir foreslått integrert i det nye tilskotet til ei forsvarskommuneordning i Nord-Noreg på same post.

Bistand og rettleiing til distriktskommunar med særlege utfordringar med strategisk utviklingsarbeid

Mål for ordninga

Auka utviklingsevne og strategisk arbeid i distriktskommunar, mellom anna gjennom nye måtar å løyse oppgåver, og styrkt strategisk samfunnsplanlegging.

Kriterium for måloppnåing

Fylkeskommunen bidrar til å styrkje kommunane sin kompetanse og kapasitet til strategisk arbeid med samfunnsutvikling.

Tildelingskriterium

Fordeling av midlane mellom fylkeskommunane tar utgangspunkt i folketalet i kommunane som skårar lågast på distriktsindeksen (dei minst sentrale kommunane).

Fylkeskommunane har ansvar for arbeidet i eige fylke i dialog med kommunar med behov for bistand og rettleiing. Fylkeskommunane skal gi ekstra bistand og rettleiing over tid til distriktskommunar med særlege utfordringar med strategisk utviklingsarbeid. Både fag- og prosessbistand, prosjekt og målretta tiltak er aktuelt. Fylkeskommunen skal invitere aktørar som statsforvaltaren, Distriktssenteret, statlege etatar og verkemiddelaktørar der det er føremålstenleg. Rettleiing og bistand kan mellom anna bli knytt til plan- og strategiprosessar i kommunane. Ordninga kan nyttast saman med dei andre ordningane på posten.

Oppfølging og kontroll

Midlane blir forvalta av fylkeskommunane. Departementet fastsette regelverk for ordninga 12. desember 2023, oppdatert 20. november 2024.

[9] Oxford Research AS (2025). Underveisrapport – Pilot nærtjenestesenter.

Kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad

Mål for ordninga

Styrkje kommunane sin kapasitet til å handtere langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad. Auka attraktivitet for busetnad og næringsliv.

Kriterium for måloppnåing

Auka utviklingsevne i kommunen og auka attraktivitet for busetting og attraktivitet for næringsliv. Kriteria skal bli rapportert på, og i kva grad ein oppnår måla skal bli vurdert gjennom evaluering av det enkelte programmet etter omstillingsperioden.

Tildelingskriterium

Fordeling av midlane mellom fylkeskommunane tar utgangspunkt i folketalet i kommunane som skårar lågast på distriktsindeksen. Fylkeskommunane skal legge følgjande kriterium til grunn ved tildeling: kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad. Fylkeskommunen kan òg legge vekt på i kva grad kommunen har utfordringar med forsørgjarbyrde, og del av befolkninga som står utanfor arbeidslivet. Kommunen skal få ein forsterka innsats over tid for å snu ei negativ utvikling.

Oppfølging og kontroll

Fylkeskommunane har ansvar for arbeid i eige fylke, og behandlar søknader frå kommunane. Departementet har fastsett ei forskrift for ordninga: Forskrift om tilskuddsordninger til omstilling og utvikling i områder med særlige distriktsutfordringer.

Omstilling i kommunar eller regionar med vesentleg fall i sysselsetting over relativt kort tid

Mål for ordninga

Styrkje næringsgrunnlaget og bidra til etablering av nye arbeidsplassar i kommunar eller regionar som opplever vesentleg nedgang i sysselsettinga over relativt kort tid.

Kriterium for måloppnåing

Kriteria for å vurdere måloppnåing er styrkt utviklingsevne i området i løpet av omstillingsperioden, og talet på arbeidsplassar som blir etablerte eller sikra. I kva grad ein oppnår måla skal bli vurdert gjennom evaluering av det enkelte omstillingsprogrammet etter omstillingsperioden.

Tildelingskriterium

Regional omstilling: Fylkeskommunane har ansvar for omstillingsarbeidet i eige fylke, og behandlar søknader frå kommunane. Departementet har i fylkesfordelinga av ramma lagt til grunn fylkeskommunane sine innspel om kommunar og regionar der det er stor reduksjon i talet på sysselsette i hjørnesteinsverksemder/-næringar.

Fylkeskommunane skal legge følgjande kriterium til grunn ved tildeling av omstillingsprogram: a) omfanget av reduksjonen i sysselsettinga i kommunen/regionen, b) i kva grad det er mogleg å pendle til andre arbeidsmarknader, c) den generelle arbeidsløysa i kommunen/regionen og d) eventuelle andre tilhøve som kan spele inn.

Ekstraordinær statleg omstilling: I heilt særskilde tilfelle kan staten løyve ekstraordinære statlege omstillingsmidlar direkte til ein kommune. Kriteria for dette er at reduksjonen i den direkte sysselsettinga i kommunen bør vere betydeleg over ein treårsperiode, og reduksjonen bør som hovudregel utgjere minst 15 pst. av den totale sysselsettinga. I absolutte tal bør nedlegginga som eit minimum ligge på 150 tilsette. Vidare blir det lagt vekt på reduksjonen i den indirekte sysselsettinga, i kva grad det er mogleg å pendle i den aktuelle bu- og arbeidsmarknadsregionen, og den generelle arbeidsløysa i kommunen/regionen.

Oppfølging og kontroll

Midlane blir forvalta av fylkeskommunane og Innovasjon Noreg. Departementet har fastsett ei forskrift for ordninga: Forskrift om tilskuddsordninger til omstilling og utvikling i områder med særlige distriktsutfordringer.

Rapport

Nedanfor rapporterast det om tilskot til bistand og rettleiing til distriktskommunar, tilskot til kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad og tilskot til omstilling i kommunar/regionar med vesentleg fall i sysselsetting over relativt kort tid.

For 2025 har fylkeskommunane rapportert at:

- 79,4 mill. kroner er gitt i tilskot til kommunar eller regionar med vesentleg fall i sysselsetting over relativt kort tid eller langvarig nedgang i

befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad. Omstillingsprogramma er langsiktig arbeid, normalt over seks år. Kommunane er gitt løfte om midlar med atterhald om Stortinget sine årlege løyvingar.
- 14,5 mill. kroner er gitt til bistand og rettleiing til distriktskommunar med særlege utfordringar med strategisk utviklingsarbeid.
- 25,5 mill. kroner vart overført til 2026.

Fylkeskommunane rapporterer at i 2025 har om lag 15 pst. av midlane gått til ordninga Bistand og rettleiing til distriktskommunar. Bruken av midlane er tilpassa behova i kvar fylkeskommune. Tiltaka omfattar utviklingsprosjekt i samarbeid med distriktskommunar, kursutvikling for kommunar eller fylkeskommunen sjølv, og arbeid med å bygge kunnskapsgrunnlag. Fleire fylkeskommunar har som mål å utvikle kunnskap og modellar for distriktsutvikling som òg kan brukast i andre regionar. Utviklingsprosjekta handlar om planlegging, næringsutvikling, strategiutvikling og utviklingskapasitet i distriktskommunar.

I 2025 følgde Innovasjon Noreg opp 18 omstillingsområde. Rapporteringa viste 545 nye arbeidsplassar, 174 sikra arbeidsplassar og 48 nye verksemder. Tre område var ferdige med sine omstillingsperiodar i 2025: Nord-Fosen, Hallingdal og Gardermoen Vekst (Ullensaker og Nannestad kommune).

Nord-Fosen fekk omstillingsprogram (2020–2025) for å motvirke sårbarheita og styrke arbeidsplassmoglegheitene i dei to kommunane Osen og tidlegare Roan. Oxford Research AS har sluttevaluert omstillingsprogrammet. Evalueringa viser at det har vore eit vellykka program, med solid organisering og stabil programleiing. Programmet har òg lykkast med å involvere det lokale næringslivet tett og breitt. Det er etablert eit selskap, Fosen Progresjon AS, som samlar utviklingsmiljø i området og evalueringa peikar på at dette legg til rette for auka slagkraft og større innovasjonshøgde i det vidare arbeidet med nærings- og samfunnsutvikling.

Leverandørutvikling knytt til forsvarssektoren i nord

Mål for ordninga

Ordninga skal medverke til næringsutvikling og totalberedskap i Nord-Noreg. Ordninga skal legge til rette for at lokale og regionale små og mellomstore verksemder i større grad kan delta i konkurransar om leveransar til forsvarssektoren i nord.

Kriterium for måloppnåing

Kriteria for å vurdere måloppnåing er at fleire lokale og regionale verksemder er med i konkurransar om leveransar til forsvarssektoren.

Tildelingskriterium

Ordninga er retta mot Nord-Noreg. Tiltaket inneber midlar til kvar av dei tre nordlegaste fylkeskommunane til å finansiere tiltak for kompetanseheving og kapasitetsbygging i små og mellomstore verksemder, og å bygge nettverk mellom verksemder og forsvarssektoren. Kompetansehevande tiltak kan gjennomførast av Innovasjon Noreg og Siva på oppdrag frå fylkeskommunane, eller i regi av fylkeskommunen sjølv. Det kan òg være aktuelt å utvikle dialogarenaer mellom forsvarssektoren sine innkjøpsfunksjonar og regionale verksemder.

Oppfølging og kontroll

Nordland, Troms og Finnmark fylkeskommunar forvaltar ordninga.

Rapport

Ordninga var ny i 2026, og det vil rapporterast på ordninga i 2028.

Stadutvikling i forsvarskommunar

I 2026 blir det gitt eit tilskot som skal styrkje samarbeidet mellom forsvarskommunar og Forsvaret om bustad- og stadutvikling i nord. Dette skal bidra til sterke og attraktive lokalsamfunn. Ordninga skal i tillegg spesifikt styrkje sentrumsutviklinga i Kirkenes. Troms og Finnmark fylkeskommunar forvaltar ordninga.

Frå 2027 blir det foreslått at tilskotet blir integrert i ny ordning Forsvarskommuneordning i Nord-Noreg.

Forsvarskommuneordning i Nord-Noreg

Mål for ordninga

Ordninga skal styrkje samarbeidet mellom utvalde forsvarskommunar og forsvarssektoren i Nord-Noreg ved å bidra til ein god struktur for dialog og samordning mellom forsvarssektoren og den enkelte vertskommune. Vidare skal ordninga legge til rette for erfaringsutveksling og læring på tvers av forsvarskommunane, og bidra

til tidleg og rett involvering av relevante regionale og statlege aktørar.

Ordninga skal bidra til god avklaring av forsvarssektorens lokale behov (knytt til areal, infrastruktur, bustader m.m.) og legge til rette for auka attraktivitet for busetting både for forsvarstilsette og innbyggarar elles.

Midlane frå ordninga Stadutvikling i forsvarskommunar blir foreslått integrert i Forsvarskommuneordning i Nord-Noreg.

Kriterium for måloppnåing

Kriteria for å vurdere måloppnåing er styrkt samarbeid mellom forsvarskommunane og forsvarssektoren slik at Forsvaret sine behov blir ivaretatt, og at ein oppnår auka busettingsattraktivitet både for forsvarstilsette og innbyggarar elles. Ein skal òg styrkje sentrumsutviklinga i Kirkenes.

Tildelingskriterium

Ordninga blir innretta mot utvalde forsvarskommunar i Nord-Noreg. Forsvarskommunar vil bli invitert til å delta i ordninga ut frå kor stor innverknad forsvarssatsinga har på den enkelte kommunen. Kommunane som har fått tilskot til stadutvikling i forsvarskommunar (Sør-Varanger, Bardu og Målselv) vil få høve til å delta i den nye ordninga.

Midlane skal nyttast til å styrkje kapasiteten kommunen har til å utvikle og samordne dialog og samarbeid med forsvarssektoren, og sørgje for at forsvarssektoren blir kopla inn i relevante kommunale plan- og styringsprosessar, i tillegg til styrking av arbeidet med sentrumsutvikling i Kirkenes.

Midlane skal vidare nyttast til å styrkje andre statlege og regionale rettleiings- og bistandsaktørar (statsforvaltar og fylkeskommune), for at desse kan støtte kommunane og inngå i ein utvida dialog mellom forsvarssektoren og kommunane om relevante problemstillingar etter behov. Distriktssenteret skal bidra i ordninga innanfor eigne rammer.

Oppfølging og kontroll

Nordland, Troms og Finnmark fylkeskommunar skal forvalte ordninga.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Løyvinga blir foreslått redusert med om lag 20 mill. kroner for å frigjere midlar til andre formål.

Det blir foreslått å løyve 102,2 mill. kroner til ordningane bistand og rettleiing til distriktskommunar, tilskot til kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad og tilskot til omstilling i kommunar/regionar med vesentleg fall i sysselsetting over relativt kort tid. Fylkeskommunane disponerer løyvinga fritt mellom desse ordningane. Innsatsen over tilskotsordningane blir samfinansiert av stat, fylkeskommune og kommune.

Ein del av løyvinga på 102,2 mill. kroner går til Innovasjon Noreg til råd, verkemiddel, rettleiing og kvalitetssikring i omstillingsprosjekt. Innovasjon Noreg følgjer opp omstillingsområda, vidareutviklar verktøy og medfinansierer mellom anna programma SMB Utvikling, Næringsvennleg kommune, Kompetanseprogram for handel og service og Vegen vidare etter omstillingsperioden. Innovasjon Noreg bestiller og finansierer sluttevalueringar av alle omstillingsprogram.

For å medverke til næringsutvikling og totalberedskap i Nord-Noreg blir det foreslått 6 mill. kroner til Leverandørutvikling knytt til forsvarssektoren i nord.

I 2027 blir det foreslått eit nytt tilskot for å styrkje samarbeidet mellom forsvarskommunar og forsvarssektoren i Nord-Noreg: Forsvarskommuneordning i Nord-Noreg. Det blir foreslått ei løyving på 15 mill. kroner. Av dette blir 6 mill. kroner overført frå ordninga Stadutvikling i forsvarskommunar. Kommunane som har fått tilskot til stadutvikling i forsvarskommunar (Sør-Varanger, Bardu og Målselv) vil få høve til å delta i den nye ordninga.

Kommunane i Nord-Noreg som blir invitert inn i Forsvarskommuneordninga i Nord-Noreg, får totalt 9 mill. kroner til å styrke sin kapasitet til dialog og samarbeid med forsvarssektoren om tilrettelegging for Forsvaret sin aktivitet og bustads- og stadutvikling. Sør-Varanger kommune får ytterlegare 3 mill. kroner til sentrumsutvikling i Kirkenes. Statsforvaltaren i Nordland, Statsforvaltaren i Troms og Finnmark og Nordland, Troms og Finnmark fylkeskommunar får totalt 3 mill. kroner for å støtte forsvarskommunane som deltar i ordninga, og for å inngå i ein utvida dialog mellom forsvarssektoren og kommunane om relevante problemstillingar etter behov.

Samla blir det foreslått å løyve 123,2 mill. kroner.

Det blir foreslått at departementet kan tildele midlane til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak. Det inneber at fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av året løyvinga vart gitt.

Post 66 Bygdevekstavtaler, kan overførast

Mål for ordninga

Ordninga skal bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av Distrikts-Noreg. Staten har inngått totalt ti bygdevekstavtaler i høvesvis Finnmark, Innlandet, Møre og Romsdal, Telemark, Troms, Trøndelag og Vestland.

Det er vidare mål om at avtalane skal:

- Styrkje bruken og samordninga av offentlege tiltak og verkemiddel som allereie eksisterer.
- Styrkje utviklingsarbeidet i og mellom pilotane og kommunane.
- Utvikle nye samarbeidsmodellar mellom kommunar og mellom forvaltingsnivå, og
- Teste ut nye og lokalt tilpassa løysingar som kan ha overføringsverdi til andre distriktskommunar.
- I den einskilde bygdvekstavtale har avtalepartane definert særskilte delmål og tiltak som skal bidra til måloppnåing. Ordninga skal mellom anna støtte dei ti pilotane i arbeidet og gi rammer for relevante samarbeidspartar til å utforske behov og handlingsrom for nye løysingar.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing har blitt utarbeidd i samarbeid med pilotane. Måloppnåinga blir vurdert basert på ei årleg eigenevaluering og årsrapportar frå pilotane.

Tildelingskriterium

Målgruppa for ordninga er dei minst sentrale distriktskommunane, det vil seie kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6. I tillegg kunne kommunar i sentralitetsklasse 4 søkje på ordninga i samarbeid med kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6.

Departementet har oppfordra til samarbeid mellom kommunar. Tilskotsordninga skal støtte ulike delar av prosessen før ein eventuell bygdevekstavtale er inngått (fase 1). Når det vart inngått avtale med staten, har deltakande kommunar kunne søkje om midlar til gjennomføring av bygdevekstavtalene (fase 2).

Det er i utgangspunktet staten og kommunane som er hovudpartar i bygdevekstavtalene. I arbeidet med utviklinga av bygdevekstavtaler har fylkeskommunen ei avgjerande rolle. Departementet har invitert fylkeskommunane til å samarbeide med pilotane om utvikling og gjennomføring av avtalene, samt å delta som hovudpart. Så langt har seks fylkeskommunar skrive under som hovudpart til avtalene.

Kriteria søknadane vart vurdert etter var a) betydinga innsatsen kan ha for busetting, rekruttering av arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling, b) kor viktig innsatsen vil vere for den generelle samfunnsutviklinga lokalt, c) kor nærliggande resultata kan vere i tid, d) gjennomføringsevne i deltakarkommunane og e) i kva grad søknaden adresserer tverrsektorielle utfordringar.

Innsatsen er konkretisert gjennom handlingsplanar for den einskilde avtalen. Handlingsplanane må oppfylle følgjande kriterium for å kunne få statleg medfinansiering av tiltak:

- Handlingsplanen er utarbeidd i samråd med samarbeidspartar som har skrive under på innhaldet i planen.
- Tiltaka bidreg til å utvikle og teste tiltak og nye løysingar.
- Tiltaka er tilpassa lokale utfordringar.
- Tiltaka har overføringsverdi til andre distriktskommunar.
- Tiltaka bidreg til aktuelle delmål i den enkelte bygdevekstavtale.
- Tiltaka kan gjennomførast innanfor anslått løyving.

Oppfølging og kontroll

Bygdevekstpilotane er gjennom bygdevekstavtalene forplikta til å rapportere til departementet på tema og måla nedfelt i avtalene og dei oppfølgande handlingsplanane. Kommunane må levere årsrapportar og rekneskapsrapportar. Kommunal- og distriktsdepartementet vil årleg invitere hovudpartane til politisk dialog om framdrift og status. Her blir det lagt til rette for dialog med andre departement om saker til politisk vurdering. Ordninga skal evaluerast av SINTEF.

Rapport

Staten har inngått 10 bygdevekstavtaler med til saman 35 kommunar i 7 fylke. Avtalene gir rammer for samarbeid mellom partane, avklarar forventningar og skapar føreseielege vilkår for korleis samarbeidet skal skje.

Handlingsplanane for 2025 viser at pilotane er godt i gang med gjennomføringa av delmåla i den einskilde bygdevekstavtalen. Avtalane har medverka til å flytte kommunane tydeleg i retning av hovudmålet gjennom meir strategisk, heilskapleg og langsiktig arbeid med busetting, arbeidskraft og næringsutvikling. Dette har mellom anna skjedd gjennom utvikling og iverksetting av operative tiltak innan bustad, rekruttering og kompetanse, løft av lokale initiativ til regionalt og tverrkommunalt nivå, særleg innan utdanning og arbeidskraft, samt arbeid med langsiktige strategiar. Årsrapporten for 2025 stadfestar samla at samarbeidet med statlege og regionale aktørar er ein av dei største meirverdiane med ordninga. Samstundes rapporterer pilotane auka bevisstheit om og bruk av eksisterande verkemiddel heller enn utvikling av nye ordningar.

Fylkeskommunane skildrar bygdevekstavtalane som eit verkemiddel som i aukande grad har gitt dei ei meir operativ og konkret rolle som regional samfunnsutviklar. Arbeidet blir tett kopla til regionale planar og strategiar. Fleire fylke framhevar at bygdevekstavtalane har gitt auka innsikt i det samla utfordringsbiletet i distrikta, særleg i små og sårbare kommunar, betre forståing for korleis fylkeskommunen sine verkemiddel, fagressursar og planarbeid faktisk treff lokalt, og ei styrkt rolle som samordnar og nettverksaktør, heller enn berre tilskotsforvaltar.

Statsforvaltarane legg gjennomgåande vekt på ei aktiv rolle i oppfølginga av bygdevekstsatsinga og medverkar til betre kopling mellom bygdevekstavtalene og andre satsingar innan mellom anna planlegging, kompetanse, bustad og tenesteutvikling.

For årsrapport frå Husbanken og Distriktssenteret, sjå rapportering under kap. 554, post 01, og programkategori 13.80 Bustad, bumiljø og bygg.

SINTEF fekk i 2022 oppdraget om å følgjeevaluere ordninga, og la fram sin rapport sommaren 2026. Rapporten syner at bygdevekstavtalene har utvikla nye samarbeidsformer mellom dei offentlege aktørane, og at ordninga har lovande resultat som eit verktøy for samordning og koordinering mellom forvaltingsnivå og sektorar. Deltaking i ordninga har òg auka kommunane sin bruk av og tilgang til andre verkemedel. Ei avtalebasert tilnærming kan vidare gi moglegheiter for å realisere lokale initiativ gjennom ein stadstilpassa og meir fleksibel politikk.

Resultata frå pilotane si eigenevaluering våren 2026 syner at pilotane opplever at arbeidet mellom anna har ført til styrka samarbeid både mellom kommunar og med andre forvaltingsorgan, og at kommunane har styrkt rolla si som samfunnsutviklar. Pilotane har òg auka bruken av eksisterande tilskotsordningar. Det er fleire døme på konkrete resultat til dømes forsøk med ny interkommunal fastlegeteneste i Indre Namdal og opprettinga av ei forsvarslinje med studiespesialisering på vidaregåande skule i Midt-Finnmark.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått å følgje opp ti bygdevekstavtaler i 2027. Løyvinga skal brukast til:

- å utvikle og teste tiltak og nye løysingar, nedfelt i handlingsplanar som er utvikla i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar. Tiltaka skal vere lokalt tilpassa utfordringsbiletet i den enkelte piloten, og ha mogleg overføringsverdi til andre distriktskommunar
- mindre tilleggsoppdrag til aktuelle aktørar for regional koordinering og oppfølging av avtalene, og bidra med kompetanse og rettleiing.

Statsforvaltar er ein ressurs for kommunane i handlingsplanarbeidet, samtidig som dei har eit koordineringsansvar i å følgje opp avtalene, i samarbeid med fylkeskommunane. Husbanken skal som samarbeidspart hjelpe kommunane med kapasitet og kompetanse i bustadspørsmål, og bidra konkret inn i handlingsplanarbeidet. Distriktssenteret har ei viktig rolle med prosessarbeid, som støttespelar for pilotane, og for å bidra til kunnskaps- og erfaringsoverføring.

Det blir foreslått å løyve 76,3 mill. kroner. Løyvinga vil delast mellom dei ti pilotane, samt samarbeidsaktørane nemnt over.

Post 67 Utviklingstiltak i Andøy kommune

Målet med tilskotet er å bidra til fleire arbeidsplassar, utvikling og meir aktivitet i Andøysamfunnet, gjennom til dømes tilrettelegging av næringsutvikling, kapitalverkemiddel til næringslivet, kompetanseutvikling, og å bygge attraktive bu- og etableringsstadar for næringsliv og innbyggarar.

Kriteria for måloppnåing er styrkt næringsutvikling, sysselsetting, bustadsattraktivitet og utviklingsevne.

Kommunen skal sende departementet ein årsrapport innan 15. april påfølgande år. Årsrapporten skal følgje den overordna planen for Andøyfondet.

Rapport

Det vart løyva 100 mill. kroner i tilskot til utviklingstiltak (Andøyfondet) til Andøy kommune i 2021. Ytterlegare 150 mill. kroner vart løyva i saldert budsjett for 2024, slik at det til saman er løyva 250 mill. kroner til Andøyfondet.

Ei arbeidsgruppe med Nordland fylkeskommune, Kommunal- og distriktsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Siva og Innovasjon Noreg har samarbeida med Andøy kommune om innretting av Andøyfondet. Kommunen vedtok ein plan for fordeling av midlane i juni 2023, innanfor dei fastsette kriteria i tilskotsbrevet frå departementet.

Andøy kommune har sendt ein årsrapport som viser fordeling og bruk av midlar frå Andøyfondet i 2025. Det vart mellom anna tildelt midlar til Norwegian Space Cluster, bustadbygging, mobilitet, kultur og frivilligheit, friluftsliv og besøksforvalting, rehabilitering av Andenes Idrettshall, finansiering av næringsstyret, eigenandel breibandutbygging og Masterplan Andøy hamn.

Det har òg vore løyva tilskot til museums- og opplevingssenteret The Whale. Totalt har det vore løyva øyremerka tilskot på 75 mill. kroner, og 30 mill. kroner av dette vart løyvd i 2025. I tillegg har Andøy kommune tildelt om lag 75 mill. kroner til The Whale frå Andøyfondet.

Post 69 Mobilisering til forskingsbasert innovasjon

Posten omfattar ordningane Forskingsbasert innovasjon i regionane (FORREGION) og FoU-program innan marin bioteknologi i Nord-Noreg (Mabit). For å frigjere midlar til andre føremål blir det foreslått å avvikle tilskot til FORREGION og Mabit frå 2027.

Forskingsbasert innovasjon i regionane (FORREGION)

FORREGION skal få fleire verksemder til å bruke forsking i innovasjonsarbeidet sitt.

I 2025 vart det løyvd 60,2 mill. kroner til ordninga. Som ein del av mobiliseringsdelen av programmet har i underkant av 1 900 verksemder fått kompetansemekling i 2025. Det har mellom anna resultert i om lag 600 søknader frå verksemder, med bidrag frå kompetansemekling, til regionale, nasjonale og internasjonale program for forskingsfinansiering. Vidare har det vore gjennomført 179 forprosjekt, 46 mobilitetsprosjekt og arrangert 156 nettverksmøter, som i tillegg til annan mobiliseringsaktivitet, bidrar til å auke deltakinga til næringslivet i FoU-prosjekt, i nærast alle fylke.

FoU-program innan marin bioteknologi i Nord-Noreg (Mabit)

Mabit skal bidra til auka verdiskaping i fiskeri- og havbruksnæring og i bioteknologisk industri, bidra til å styrkje forskingsdriven næringsutvikling og industrielle aktivitetar og styrkje relevant fagkompetanse i desse næringane og fagmiljøa i Nord-Noreg.

I 2025 vart det løyvd 6,4 mill. kroner til ordninga. Troms fylkeskommune rapporterer at det var 10 verksemder som samarbeida med forskingsmiljø gjennom Mabit-programmet, og at det var 3 næringsaktørar som søkte om midlar frå regionale, nasjonale og internasjonale program for forskingsfinansiering gjennom Mabit-programmet. Mabit har i 2025 innvilga 20 søknadar, 8 frå Troms, 6 frå Nordland, 1 frå Finnmark og 5 frå andre regionar som samarbeider med aktørar i Nord-Noreg.

Post 71 Investeringstilskot for store grøne investeringar

Posten omfattar ordninga grønt investeringstilskot, med mål om grøn omstilling, verdiskaping og sysselsetting, gjennom støtte til berekraftige industriprosjekt i distrikta.

I 2025 gav Innovasjon Noreg tilsegn til fem prosjekt på til saman 126 mill. kroner. Alle prosjekta er internasjonalt retta. Tre av bedriftene er yngre enn fem år og definert som gründerbedrifter.

Investeringstilskot for store grøne investeringar vart avvikla frå og med 2026. Innovasjon Noreg nyttar attståande midlar til finansiering av prosjekt i programmet. For attståande midlar nyttast følgjande definisjon for «store» investeringar: Investeringar med totalbudsjett på minst 50 mill. kroner.

Post 76 Nordisk og europeisk samarbeid, kan overførast

Mål for ordninga

Posten omfattar tilskot til Noreg si deltaking i transnasjonale og interregionale Interreg-program som dekker større europeiske regionar, og anna internasjonalt samarbeid.

Grenseregionale Interreg-program blir omtalt under post 63 Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet.

Kriterium for måloppnåing

Indikatorar for å vurdere måloppnåing blir fastsette i programdokumenta for kvart enkelt Interreg-program samt i Nordisk Atlantsamarbeid (NORA).

Tildelingskriterium

Tildelingskriterium blir fastsett i tråd med EU sitt regelverk og formulert i programdokumenta for kvart program. Dette er til dømes meirverdi av samarbeidet mellom landa, gjennomføringskapasitet, resultatorientering og berekraftig utvikling som bidrar til måla til programma.

Oppfølging og kontroll

Forvaltinga av midlane i Noreg ligg til Kommunal- og distriktsdepartementet. I andre deltakande land er forvaltinga lagt til ulike styresmaktorgan. Midlane blir disponerte av nasjonale og regionale representantar frå programlanda. Departementet deltar i forvaltinga av programma, og kontrollerer at midlane er brukt i samsvar med føresetnadene gjennom overvakingskomiteen til programma.

Rapport

Det vart gitt tilsegn på om lag 18,6 mill. kroner frå posten i 2025. Det vart gitt tilsegn for om lag 1,2 mill. kroner til OECD sitt program Local Economic and Employment Development (LEED) og Nordisk Atlantsamarbeid (NORA). Det vart gitt tilsegn til kontaktpunkta for Østersjø- og ESPON programma ved Østlandssamarbeidet, til Innlandet fylkeskommune samt til Agder fylkeskommune som kontaktpunkt for Interreg Europa. Det vart gitt tilsegn til Nordland fylkeskommune som kontaktpunkt for Interreg Nordleg Periferi og Arktis.

Interreg Nordleg Periferi og Arktis, Interreg Nordsjøen og Interreg Østersjøen har jobba innanfor områda økonomisk vekst, berekraftige lokalsamfunn, innovasjon og entreprenørskap, konkurransekraft, klima, energi og miljø, berekraftig ressursforvalting og grøn/smart transport og mobilitet. Så langt i programperioden (2021–2027) er det gitt stønad til 81 prosjekt med norske aktørar.

Interreg Europe jobbar med å styrkje regionale og lokale styresmakter sine politiske instrument for å kunne gjennomføre strategiar og program for regional utvikling. Prosjekta retter seg særleg mot måla om eit grønare samt eit meir sosialt Europa. I 2025 og 2026 har europeiske ekspertar og «peer reviews», gjennom læringsplattforma til Interreg Europe, deltatt i utviklingsprosessar med Kristiansand kommune om integrering av ukrainarar, og i Møre og Romsdal fylkeskommune om innovasjon og samspel mellom FoU-aktørar, næringsliv og kommunar. I 2026 har læringsplattforma og europeiske ekspertar samarbeida med Øst-Finnmark Regionråd og Barentssekretariatet om å peike på politiske prioriteringar framover som europeisk grenseregion.

Gjennom Interreg Interact bli forvaltinga av Interreg-programma styrka gjennom ulike tiltak, mellom anna tiltak for å synleggjere verknadane av programma. I URBACT deltar Noreg med eit relativt lågt bidrag, 400 000 kroner. Programmet skal styrke regionale og lokale styresmakter i arbeidet med byutvikling.

I 2025 støtta NORA 23 prosjekt som bidreg til lokal samfunnsutvikling i den nordiske delen av Atlanteren.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått ei tildeling på om lag 17 mill. kroner til Interreg, 500 000 danske kroner til driftstilskot til Nordisk Atlantsamarbed (NORA) og 38 000 euro til ein nasjonal kontingent for deltaking i OECD LEED.

Løyvinga til Interreg-programma inkluderer òg gjennomføringskostnadar og midlar til Nordland, Innlandet og Agder fylkeskommunar og Østlandssamarbeidet, som er kontaktpunkt for dei ulike programma.

Samla blir det foreslått å løyve 19,3 mill. kroner.

Kap. 554 Kompetansesenter for distriktsutvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	39 703	38 797	39 866
73	Merkur, *kan overførast*	65 411	98 573	62 937
	Sum kap. 554	105 114	137 370	102 803

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekke løn og andre driftsutgifter for Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret).

Distriktssenteret er eit nasjonalt kompetansesenter for lokal samfunnsutvikling i distriktskommunar. Distriktssenteret sitt samfunnsoppdrag handlar om å samle, utvikle og dele kunnskap om korleis distriktskommunar og -butikkar kan utvikle seg og sine lokalsamfunn. Distriktssenteret skal arbeide for at distriktskommunane blir gode samfunnsutviklarar. Senteret skal bidra til å styrkje utviklingskapasitet og utviklingsinnsats i kommunane, i samarbeid med nasjonale og regionale aktørar. Senteret skal òg gi faglege innspel til nasjonal politikkutvikling.

Distriktssenteret arbeider med kunnskapsutvikling og -deling. Dei samarbeider med fylkeskommunane og andre partar, og prioriterer kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6.

Rapport

Distriktssenteret har ein bevisst strategi om å samarbeide og jobbe gjennom andre. Det å få fleire av dei nasjonale aktørane til å bli kjende med, og ta i bruk, deira kompetanse og tenester, gjer at Distriktssenteret når ut til fleire kommunar i målgruppa. Distriktssenteret si vurdering er at gjenbruk, samarbeid og erfaringsdeling gir meirverdi for alle. Distriktssenteret bidreg til å styrke utviklingskapasiteten i mange distriktskommunar.

Distriktssenteret opplever høg etterspørsel og ønskje om samarbeid frå ulike aktørar på alle forvaltingsnivå. Distriktssenteret ser stor verdi i å vere tett på eit utval av kommunar. I 2025 anslår Distriktssenteret at dei har gitt tettare oppfølging til om lag 100 av dei 212 mest perifere distriktskommunane i sentralitetsklasse 5 og 6.

Distriktssenteret har mellom anna støtta bygdevekstpilotane gjennom fasilitering, samordning og erfaringsdeling. Innsatsen har vore særleg retta mot bustadutvikling, rekruttering, kompetanse og mobilisering av arbeidskraft, og erfaringane blir nytta i vidare politikkutvikling.

Gjennom fleire år har Distriktssenteret gradvis styrkt samarbeidet med fylkeskommunane. I tillegg jobbar dei godt saman med statsforvaltar i nokre fylke. På ulike måtar ser dei at å jobbe tett med andre gir meirverdi slik at det har positiv effekt på utviklingskapasiteten i kommunane gjennom bidrag til å tenkje nytt og arbeide annleis.

Det har òg stor innverknad på kvaliteten på kunnskapsarbeidet deira når Distriktssenteret kan samarbeide med Husbanken, Barentssekretariatet, Design og arkitektur Noreg (DOGA), Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Forsvaret og andre, om aktivitetar som har direkte innverknad på arbeidet i kommunane. Samarbeidet med andre etatar gjer òg at Distriktssenteret kan bidra til å sikre at distriktsperspektivet er med i deira kunnskapsgrunnlag i ulike samanhengar.

I tillegg har Distriktssenteret levert kunnskap som har gitt meirverdi for nasjonal politikkutvikling, mellom anna gjennom høyringssvar og prosessmedverking på arbeidsverkstader.

Oxford Research AS gjennomførte ei omfattande brukarundersøking for Distriktssenteret hausten 2025. Den viste at den opplevde nytten av Distriktssenteret sin innsats for kommunar og butikkar er stor og relevant. Distriktssenteret er òg godt kjende i målgruppene, sjølv om det er eit tydeleg potensiale i å gjere tilbodet deira betre kjent. Distriktssenteret blir skildra som ein sentral fagleg ressurs som gir kommunane metodar, verktøy og innsikt i utviklingsarbeid, men bruken er ofte sporadisk og avhengig av kapasiteten i kommunane.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

I 2027 skal Distriktssenteret:

- Prioritere arbeidsmåtar og innsats som gjer at mange kommunar i område med særlege distriktsutfordringar drar nytte av arbeidet.
- Utvikle kunnskap og arbeidsformer som bidrar til at distriktskommunar tar i bruk gode løysingar for lokal samfunns- og tenesteutvikling.
- Bidra til å styrke kapasitet og kompetanse i distriktskommunar på samfunnsplanlegging, fornying og omstilling.
- Forvalte og utvikle Merkur-programmet, for å sikre eit best mogleg tenestetilbod i bygdene der butikkane ligg.

Det blir foreslått å løyve 39,9 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekt på kap. 3554, post 01, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 73 Merkur, kan overførast

Mål for ordninga

Merkur-programmet er eit utviklings- og kompetanseprogram for utkantbutikkar. Merkur-programmet skal sikre innbyggarane i distrikta tilgang til ein nærliggande daglegvarebutikk av god kvalitet, med tilleggstenester som aukar omsetting, sikrar vidare drift og gir innbyggarane i lokalsamfunnet betre tenester.

Programmet skal bidra til at daglegvaretilbodet held fram i område med spreidd busetting og liten marknad, og til å auke samarbeidet mellom kommunar og butikkar, for å gi eit betre og samla tenestetilbod i desse områda. Programmet skal bidra til å betre den butikkfaglege kompetansen, auke talet på tilleggstenester i butikkane og styrkje grunnlaget for lønsam bokhandeldrift i distrikta.

Merkur-programmet består av fem ulike tilskotsordningar. I tillegg kjem eit eige kompetanseprogram som mellom anna inneheld tilskota til Merkur Utvikling, Oppfølgingsordninga og Nær innovasjonsprogram.

Merkur Utvikling

I Merkur Utvikling går midlane i hovudsak til kurs, nettverkssamlingar, oppfølging frå Merkurkonsulentar og kundeundersøkingar.

Butikkar som oppfyller eitt av følgjande punkt kan vere med i kompetansedelen av Merkur-programmet: a) er lokalisert til stader utan fast vegforbindelse eller b) har lang avstand, normalt 10 kilometer, til næraste alternative innkjøpsstad. Distriktssenteret kan unntaksvis godkjenne andre butikkar.

Investeringstilskot til daglegvarebutikkar

Målet er å bidra til at daglegvarebutikkar blir moderniserte, meir lønsame og gir innbyggarane i lokalsamfunnet betre tenester. Det blir gitt investeringsstøtte til fysiske investeringar i butikkane.

Kriteria for måloppnåing er omsettingsutvikling og overlevingsrate blant Merkur-butikkar. For mange butikkar er det viktig å finne tilleggstenester som kan gi inntekter.

Ordninga gjeld heilårsopne daglegvarebutikkar i område med få innbyggarar som har eit varetilbod som dekker det alminnelege ernæringsbehovet og andre grunnleggande behov for daglegvarer, og som oppfyller krav til omsetningstal, kundegrunnlag og avstand til alternative innkjøpsstader, jf. Forskrift om tilskot frå Merkur-programmet (Merkur-forskrifta) for utfyllande regelverk.

Servicetilskot til dei minste daglegvarebutikkane

Målet er å bidra til at dei minste daglegvarebutikkane tilbyr tilleggstenester til lokalsamfunnet og det lokale næringslivet. Det skal bidra til å oppretthalde drifta.

Det blir gitt tilskot til å dekke utviklings- og driftskostnadar, og mindre investeringar som bidrar til å nå målet med ordninga.

Kriteria for måloppnåing og tildelingskriteria er dei same som for investeringsstøtta.

Investeringstilskot til drivstoffanlegg/ladestasjon for elbil ved daglegvarebutikkar

Målet er å sikre drivstofftilgangen i distrikta.

Kriteria for måloppnåing er at talet på butikkar som har drivstoffanlegg/ladestasjon for elbil held seg/aukar, og at omsetningsutviklinga for butikken er positiv.

Ordninga gjeld i all hovudsak opprusting og etablering av drivstoffanlegg/ladestasjon for elbil ved Merkur-butikkar. Hovuddelen av støtte til ladestasjonar for elbil er gjennom støtte frå Enova. Anlegget skal vere avgjerande for å sikre lokalbefolkninga tilgang på drivstoff. Salsvolumet skal ikkje overstige 500 000 liter drivstoff per år.

Utviklingstilskot til bokhandlarar

Målet er å bidra til å styrkje grunnlaget for lønsam bokhandeldrift i distrikta.

Kriteriet for måloppnåing er at butikken har auka omsetting.

Ordninga gjeld Merkur-bokhandlarar. Det kan bli gitt tilskot til bokhandlarar som er den einaste bokhandelen på tettstaden, og som har ei omsetting på mindre enn 7 mill. kroner i året. Utviklingsstøtta skal bli brukt til tidsavgrensa tiltak, som skal utvikle bokhandelen som kulturarena og møteplass i lokalsamfunnet. Det blir gitt støtte til tiltak for å styrkje og utvikle drifta av butikken, mellom anna tilrettelegging for tilleggsfunksjonar.

Oppfølging og kontroll

Distriktssenteret forvaltar Merkur-programmet, og fører tilsyn med at krava i Forskrift om tilskot frå Merkur-programmet (Merkur-forskrifta) av 1. juni 2018 og tilskotsbrev til butikkane blir oppfylte.

Rapport

Dei ordinære støtteordningane i Merkur-programmet omfatta i 2025 dei fem ordningane investeringsstøtte, utviklingsstøtte, investeringsstøtte til drivstoffanlegg, servicestøtte og utviklingsstøtte til bokhandlar. Investeringsstøtta utgjer den største delen av dette. I 2025 vart det utbetalt investeringsstøtte på 37,3 mill. kroner av totalt 46,2 mill. kroner til støtteordningane. Det vart vidare utbetalt 7,2 mill. kroner til servicetilskot, 1,5 mill. kroner til investeringstilskot til drivstoffannlegg/ladestasjon og om lag 87 000 kroner til MerkurBok.

I tillegg kjem kompetanseprogrammet Merkur Utvikling. I 2025 vart det utbetalt 19,2 mill. kroner til kompetanseprogrammet. Samla utbetalingar på støtteordningane og kompetanseprogrammet vart 65,4 mill. kroner. I tillegg kjem ei mindreutgift på om lag 70 mill. kroner der mesteparten av desse er bundne opp i tilsegn som ikkje er utbetalt enno, men som vil bli utbetalt i 2026 og 2027. Distriktssenteret ventar at etterspørselen etter investeringsmidlar vil halde seg høg òg i 2027.

Den demografiske utviklinga er den mest openberre utfordringa for å oppretthalde distriktsbutikkane. Merkur-programmet sine verkemiddel med støtte og kompetanse er i mange tilfelle avgjerande for å sikre modernisering og drift av butikken i lokalsamfunnet, men kan ikkje bøte på den stadig aldrande befolkninga og nedgang i folketal. Merkur-butikkane treng støtte og rettleiing for å tilpasse seg ein kvardag med endring i kundestruktur og -preferansar.

Det er avgjerande at Merkur-programmet legg til rette for at butikkane utviklar nye lønsame tenester i tillegg til å modernisere drifta av butikken.

Rundt 180 Merkur-butikkar har fått støtte til teknologi som gjer det mogleg med delvis sjølvbetening, fjernbetening og utvida opningstider. Effekten hos desse varierer, men tenestene gir stort sett auka omsetting og lønsemd, blant anna gjennom redusert handelslekkasje.

Talet på butikkar i Merkur-programmet har vore relativt stabilt, og ligg ved utgangen av 2025 på om lag 560 daglegvarebutikkar og 70 bokhandlar. Distriktssenteret får tilbakemeldingar om at fleire vurderer å legge ned enn tidlegare. Dette heng saman med den økonomiske utviklinga til butikken og utfordringar med å rekruttere nye butikkdrivarar. Utfordringa er størst hos dei minste butikkane, som har mindre enn 10 mill. kroner i årsomsetning.

I 2025 gjennomførte Oxford Research AS ei brukarundersøking av Merkur-programmet. Dei valde ei kvalitativ tilnærming som ga svar ut frå brukarane si oppleving av nytten av Merkur-programmet.

Tilbakemeldinga frå Merkur-butikkane er at dei i svært stor grad vurderer dei økonomiske støtteordningane og kompetansebaserte tiltaka i programmet som avgjerande for driftsgrunnlag og lønsemd. Det same gjeld Merkur-programmet sin innverknad på overlevingsevna. Støtteordningane vert omtalt som avgjerande for å halde butikkane opne, særleg i små og sårbare marknader. Kombinasjonen av økonomisk støtte, kompetansetiltak og konsulentoppfølging styrkjer både robustheit og framtidstru i butikkane.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Hovuddelen av midlane til Merkur skal brukast til kompetansetiltak overfor butikkane, utviklingsprosjekt som skal styrkje butikkane si lønsemd og til konkrete investeringar i butikkane som sikrar drift. Dei minste butikkane i dei mest perifere områda skal prioriterast.

Midlane skal prioriterast til nødvendige fysiske investeringar i Merkur-butikkane.

For å frigjere midlar til andre formål blir det foreslått å redusere løyvinga med 39,3 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 62,9 mill. kroner.

Programkategori 13.60 Samiske føremål

Utgifter under programkategori 13.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
560	Samiske føremål	769 903	806 076	832 388	3,3
563	Internasjonalt reindriftssenter	14 462	10 394	10 713	3,1
	Sum kategori 13.60	784 365	816 470	843 101	3,3

Inntekter under programkategori 13.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
3563	Internasjonalt reindriftssenter	9 333	3 377	3 502	3,7
	Sum kategori 13.60	9 333	3 377	3 502	3,7

Innleiing

Samane er urfolk i Noreg. Regjeringa er opptatt av å føre ein samepolitikk som sørgjer for at fleire får tilgang til samiske språk og samisk kultur, og som bidreg til forsoning, forståing og utvikling av samiske samfunn. I tråd med Grunnlova § 108 har regjeringa som mål å legge til rette for at det samiske folket, som urfolk, kan sikre og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet sitt. Noreg har òg folkerettslege forpliktingar som legg føringar for samepolitikken, mellom anna ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar, og FN sin konvensjon om sivile og politiske rettar artikkel 27.

Sametinget er det folkevalde organet til samane. For regjeringa er Sametinget den viktigaste stemma for å få fram det samiske folket sitt syn i samepolitiske spørsmål. Regjeringa bygger vidare på dei institusjonelle og rettslege rammene som allereie er lagde for samepolitikken.

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvaret for å samordne statleg politikk som gjeld samane i Noreg, og skal arbeide for heilskap og samanheng i politikken, på tvers av sektorar og forvaltingsnivå. Kvart fagdepartement har ansvar for å følgje opp statleg politikk overfor samane innanfor eigen sektor.

Det er staten sitt ansvar å sikre at omsynet til samane blir ivaretatt og at dei folkerettslege forpliktingane blir etterlevde. Samstundes legg staten til grunn at kommunar og fylkeskommunar på eige initiativ, og som del av lokaldemokratiet, òg følgjer opp forpliktingane sine overfor dei samiske innbyggarane. Til dømes har kommunane eit ansvar for opplæring i samisk språk.

Regjeringa følgjer opp Stortinget sine oppmodingsvedtak etter handsaminga av rapporten til Sannings- og forsoningskommisjonen om fornorsking og urett overfor samar, kvener/norskfinnar og skogfinnar, og Kommunal- og distriktsdepartementet koordinerer oppfølginga. Arbeidet med ei stortingsmelding om forsoningspolitikken som

skal leggast fram hausten 2027 er sett i gang. Regjeringa har eit stort og viktig ansvar for å føre ein politikk som bidreg til vidare forsoning og vil ha kontakt og konsultasjonar med Sametinget i oppfølginga av oppmodingsvedtaka.

Mål for programkategorien

1. Samane kan sikre og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet sitt
2. Samane deltar i offentlege avgjerdsprosessar
3. Samane får gode og likeverdige tenester

Mål 1 Samane kan sikre og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet sitt

Å styrkje samiske språk og samiske institusjonar er viktig for å sikre og utvikle samisk kultur og samfunnsliv. Sametinget er den sentrale aktøren i dette arbeidet. Sametinget tar imot hovudløyvinga si på kap. 560, post 50, som dekker løyvingar til å styrkje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv.

Auka kunnskap i befolkninga om samar og samiske forhold kan motverke hatefulle ytringar, diskriminering, stereotypiar og negative haldningar. Kommunal- og distriktsdepartementet støttar derfor fleire tiltak som gir auka kunnskap om samiske forhold, mellom anna gjennom ordninga med samiske vegvisarar over kap. 560, post 55.

Mål 2 Samane deltar i offentlege avgjerdsprosessar

Det er eit sentralt politisk mål at samane skal ha reell påverknad i avgjerder som gjeld dei sjølve. Når det gjeld tiltak som er omfatta av kap. 560, post 50, til dømes i saker om samiske språk og næringsutvikling basert på samisk kultur og identitet, er det naturleg at Sametinget tar avgjerdene. I andre saker står statlege styresmakter for avveging mellom samiske og andre interesser og tar ei endeleg avgjerd. Då er det viktig å sørgje for reell involvering i forkant.

Reglane i samelova om konsultasjonar med samiske interesser legg til rette for effektive og gode konsultasjonar mellom offentlege styresmakter og Sametinget, eller andre samiske interesser. Lova forankrar konsultasjonsplikta for alle forvaltingsnivå, inkludert kommunar og fylkeskommunar.

Mål 3 Samane får gode og likeverdige tenester

Målet om at samane får gode og likeverdige tenester gjeld tenester frå staten, fylkeskommunane og kommunane. Det betyr at offentlege tenester må vere tilpassa behova til målgruppa for tenestene, mellom anna slik at samiske brukarar eller pasientar blir møtte av saksbehandlarar og personale med tilpassa språk- og kulturkompetanse. Det gjeld til dømes i møte med instansar som barnevern, psykisk helsevern, familievernkontor, politi eller sjukeheim.

Det er eit samfunnsproblem at samar lar vere å oppsøkje hjelp fordi dei ikkje har tillit til at styresmaktene vil dei vel, eller fordi det i tenestetilboda ikkje finst nødvendig samisk kompetanse, det vil seie god samisk språkmeistring og kulturforståing. Behovet for samisk kompetanse er stort på mange område i samfunnet, som utdanning, helse, rettsvesen og offentleg forvalting. Regjeringa meiner at ei prioritering av innsatsområde som kan bidra til å auke rekrutteringa til samisk barnehage og skule, dei samiske språk- og lærarutdanningane og helse- og sosialfaglege utdanningane, vil ha stor betydning i åra framover.

Kap. 560 Samiske føremål

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
50	Samisk språk, kultur og samfunnsliv	747 514	782 881	807 335
51	Divvun	13 410	13 893	15 407
55	Samisk høgskule	8 979	9 302	9 646
	Sum kap. 560	769 903	806 076	832 388

Post 50 Samisk språk, kultur og samfunnsliv

Sametinget er eit folkevald, politisk organ for samane i Noreg. Det er eit sentralt politisk mål at samane skal ha reell påverknad i avgjerder som gjeld dei sjølve. I sakar som berre, eller i all hovudsak gjeld samane, er det naturleg at Sametinget fattar avgjerdene, til dømes om fordeling av budsjettmidlar. I andre saker, der regjeringa har eit særskilt rettsleg eller politisk ansvar for å sikre gjennomføring, eller det ligg føre andre særlege grunnar, kan det vere rett å gi løyvingar på eigne budsjettpostar, til dømes til tilskot til opplæring i samisk under Kunnskapsdepartementet.

Regjeringa er ikkje ansvarleg for Sametinget si politiske verksemd eller vedtaka som Sametinget fattar som politisk organ. Regjeringa har ansvar for, på eit overordna nivå, å sjå til at løyvingane på posten blir brukt i samsvar med fastsett økonomiregelverk og Stortinget sine budsjettvedtak.

Rapport

Regjeringa legg årleg fram ei framoverskodande melding til Stortinget om samisk språk, kultur og samfunnsliv. Meld. St. 8 (2025–2026) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv* vart lagt fram for Stortinget 27. mars 2026. Meldinga tar for seg rammene for samepolitikken. Sametinget si årsmelding er særskild vedlegg til meldinga. Sametinget sin bruk av midlar som er løyva over statsbudsjettet kjem fram av årsmeldinga.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Løyvinga blir forvalta i heilskap av Sametinget. Sametinget gjer sjølvstendige prioriteringar som folkevald, politisk organ. Vedtaka frå Sametinget kan lesast på sametinget.no.

Løyvinga er foreslått redusert med 0,5 mill. kroner som følgje av overføring av midlar for drift av regnskapstenester til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ).

Samla blir det foreslått å løyve 807,3 mill. kroner.

For ei samla oversikt over løyvingar til Sametinget og andre samiske føremål blir det vist til publikasjonen Løyvingar til samiske føremål i statsbudsjettet 2027 på regjeringen.no.

Post 51 Divvun

Løyvinga skal brukast til drift av Divvun-gruppa, som er ei språkteknologisk eining ved UiT Noregs arktiske universitet. Divvun utviklar samisk språkteknologi og driftar mellom anna retteprogram for samiske språk til bruk på ulike dataplattformer.

Rapport

Divvun markerte sitt 20-årsjubileum i 2025, og språkverktøya deira blir brukt av stadig fleire, både til forsking og praktiske føremål. Divvun-gruppa var òg med på Lávdan Sámi Arena i Kautokeino. Divvun-gruppa har eksperimentert med talegjenkjenning, med lovande resultat, i samarbeid med Nasjonalbiblioteket, og dette samarbeidet held fram i 2026. Nettportalen Borealium.org har blitt oppdatert og vidareutvikla i 2025. Portalen samlar informasjon om alle språkteknologiske verktøy for små språk i Norden, og gjer det enkelt å finne og ta i bruk verktøya. Divvun er dessutan med i ei standardiseringsgruppe i Standard Norge for å sikre at nasjonale og internasjonalt relevante standardar dekker samisk på ein god måte.

Divvun har hatt ein god del publikumsretta aktivitet i 2026, og har kontakt med brukarar både gjennom sosiale media og ved besøk på institusjonar. Divvun har òg utstrekt internasjonalt samarbeid, mellom anna gjennom arbeidet med det internasjonale urfolksspråktiåret.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Divvun skal arbeide vidare med å oppdatere, halde ved like og forbetre språkverktøya, og å forenkle installering og automatisk oppdatering av verktøya. Vidare skal Divvun oppdatere og vidareutvikle tekst-til-tale-systema, med fleire stemmer, språk og dialektar. Divvun skal òg arbeide vidare med å informere aktuelle brukarar om verktøya, og auke tilgjengelegheita si på sosiale medium. Samarbeid med relevante miljø skal vidareførast.

Løyvinga er foreslått auka med 1 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 500, post 21, som følgje av overføring av midlar for arbeid knytt til samisk kunstig intelligens. Utvikling av samisk kunstig intelligens kan bidra til å løyse mange av utfordringane det samiske samfunnet står overfor. Å utvikle teknologien på dette feltet vil vere med på å styrkje dei samiske språka i dagleg bruk, noko som er eit mål for regjeringa. Det kan òg bidra til å auke tilgangen til ressursar og tenester, og legge til rette for at samisk kultur kan utvikle seg og tilpasse seg den digitale verda.

Det blir foreslått å løyve 15,4 mill. kroner.

Post 55 Samisk høgskule

Løyvinga skal dekke drift av ordninga med samiske vegvisarar, og Fagleg analysegruppe for samisk statistikk.

Rapport

Vegvisarordninga er etterspurd og vart utvida frå fire til seks vegvisarar hausten 2024. Utvidinga har redusert arbeidsbelastninga til den enkelte vegvisar, og auka skulebesøkskapasiteten. Målgruppa for ordninga er elevar i vidaregåande opplæring over heile landet. Vegvisarordninga er eit viktig bidrag til å styrkje kunnskapen om samar, samisk kultur og samiske språk. Samisk høgskule har fornya og oppdatert nettsida samiskeveivisere.no med fagleg innhald som synleggjer samisk historie, kultur og samfunnsliv. Dei har òg jobba med synleggjering og publisering på sosiale medium.

Analysegruppa gir kvart år ut publikasjonen Samiske tall forteller – Kommentert samisk statistikk. Hausten 2025 vart den syttande utgåva gitt ut. Fleire av artiklane drøftar tema frå Sannings- og forsoningskommisjonen sin rapport.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Dei samiske vegvisarane skal halde fram arbeidet med å bidra til auka kunnskap om samar og samiske forhold blant unge i Noreg, under dette halde fram drifta og vidareutvikle nettsida samiskeveivisere.no som ein informasjonskanal. Informasjonsarbeidet til vegvisarane har som mål å motverke hets, hatefulle ytringar og fordommar mot den samiske befolkninga.

Fagleg analysegruppe for samisk statistikk skal innan 15. november kvart år legge fram ein rapport til Kommunal- og distriktsdepartementet og Sametinget. Rapporten skal gi ei situasjonsskildring og analyse av utvalt statistikk og sentrale utviklingstrekk i det samiske samfunnet i Noreg.

Det blir foreslått å løyve 9,6 mill. kroner.

Kap. 563 Internasjonalt reindriftssenter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	6 890	7 017	7 211
21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*	7 572	3 377	3 502
	Sum kap. 563	14 462	10 394	10 713

Post 01 Driftsutgifter

Internasjonalt reindriftssenter i Kautokeino er ein fagleg sjølvstendig institusjon som vedtar eigne mål og resultatkrav innanfor dei rammene som departementet fastsett. Styret for senteret gjer prioriteringane.

Senteret arbeider for berekraftig reindrift i nordområda, å styrkje samarbeidet mellom reindriftsfolk, å spreie kunnskap om reindrift i verda, ivaretaking av tradisjonell kunnskap og kunnskapsutvikling, og å støtte Verdensforbundet for reindriftsfolk og dei internasjonale aktivitetane deira.

Rapport

Urfolkssamarbeidet med institusjonar, organisasjonar og reindriftsfolk i Mongolia, Kina, Grønland, Nord-Amerika og Norden er utvikla vidare i 2025, mellom anna gjennom prosjekt for lokal kompetansebygging og prosjekt som kartlegg effekten av klimaendringar, globalisering og industriell utbygging på urfolkssamfunn i Arktis.

Senteret har vidareutvikla institusjonssamarbeidet sitt med universitet og forskingsinstitutt i Nord-Amerika og EU. Saman med desse har senteret eit utdanningsprogram for arktisk urfolksungdom i nordområda.

Senteret har jobba vidare med konseptet NOMAD Indigenous FoodLab, og samarbeider om urfolk sine matsystem med FN sin organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) og FoU-pro-

sjektet Peatlands/Reindeer Herders and Resilience. Senteret samarbeider med International Science Council (ISC) om transdisiplinær forsking og urfolk sin kunnskap. Senteret bidrar i FN sitt år for utmark og pastoralistar (IYRP) i 2026. Det har òg blitt jobba med ein plan for etablering av eit senter for reindriftsfolket Dukha i Mongolia.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Senteret har planar om å arbeide med nye kunnskapsstrategiar for urfolkssamarbeid i nordområda, og halde fram arbeidet med berekraftsmåla og engasjement av urfolksungdom, med særleg fokus på klimatilpassing og motstandsdyktigheit. Senteret skal halde fram arbeidet med urfolk sine matsystem, urfolks klimakunnskap og verdiskaping. Planleggingsgruppa for det Internasjonale polaråret (IPY-5) har invitert senteret til å gå vidare med forslag om å organisere eit urfolkssekretariat for IPY i samarbeid med Inuit Circumpolar Conference (ICC) på Grønland.

Det blir foreslått å løyve 7,2 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Posten dekker utgifter knytt til eksternt finansierte prosjekt og har tilsvarande inntekter på kap. 3563, post 02.

Rapportering av gjennomførte aktivitetar omtalast samla under post 01.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått å løyve 3,5 mill. kroner. Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3563, post 02, jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått at Internasjonalt reindriftssenter kan setje i gong prosjekt på inntil 5 mill. kroner før ekstern finansiering i sin heilskap er innbetalt, så framt det er gitt bindande tilsegn om tilskot frå eksterne partar. Det blir òg foreslått at senteret i tilknyting til tilskotsfinansierte prosjekt kan postere tilhøyrande utgifter og tilskotsinnbetalingar mot mellomverande med statskassa, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 3563 Internasjonalt reindriftssenter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
02	Diverse inntekter	9 333	3 377	3 502
	Sum kap. 3563	9 333	3 377	3 502

Post 02 Diverse inntekter

På posten blir det ført inntekter knytt til eksternt finansierte prosjekt i regi av Internasjonalt reindriftssenter. Tilhøyrande utgifter blir førte på kap. 563, post 21.

Det blir foreslått å løyve 3,5 mill. kroner.

Programkategori 13.67 Nasjonale minoritetar

Utgifter under programkategori 13.67 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
567	Nasjonale minoritetar	83 107	90 447	96 225	6,4
	Sum kategori 13.67	83 107	90 447	96 225	6,4

Innleiing

Etniske, religiøse og/eller språklege minoritetar med langvarig tilknyting til eit land blir rekna som nasjonale minoritetar. Jødar, kvener/norskfinnar, romar, romanifolk/taterar og skogfinnar er anerkjende som nasjonale minoritetar i Noreg. Når det gjeld spørsmål om kven som høyrer til ein nasjonal minoritet, skal styresmaktene legge vekt på sjølvidentifiseringa til den enkelte.

Noreg sin politikk overfor nasjonale minoritetar bygger på prinsippet om likeverd og ikkje-diskriminering, og er forankra i internasjonale menneskerettskonvensjonar som FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, Europarådet sin rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoritetar og Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk.

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for å samordne statleg politikk som gjeld nasjonale minoritetar og skal arbeide for heilskap og samanheng i politikken, på tvers av sektorar og forvaltingsnivå. Kvart departement har ansvar for å følgje opp den statlege politikken innan sin sektor. Det er staten sitt ansvar å sikre at omsynet til nasjonale minoritetar blir ivaretatt. Staten legg til grunn at kommunar og fylkeskommunar følgjer opp aktuelle forpliktingar.

Regjeringa følgjer opp Stortinget sine oppmodingsvedtak etter handsaminga av rapporten til Sannings- og forsoningskommisjonen om fornorsking og urett overfor samar, kvener/norskfinnar og skogfinnar, og Kommunal- og distriktsdepartementet koordinerer oppfølginga. Departementet har mellom anna starta arbeidet med ei stortingsmelding om forsoningspolitikken som skal leggast fram hausten 2027. Regjeringa har eit stort og viktig ansvar for å føre ein politikk som bidreg til vidare forsoning og vil ha kontakt med kvener/norskfinnar og skogfinnar i oppfølginga.

Mål for programkategorien

1. Dei nasjonale minoritetane deltar aktivt i samfunnet og kan uttrykke og vidareutvikle språka sine og kulturen sin
2. Dei nasjonale minoritetane deltar i offentlege avgjerdsprosessar
3. Dei nasjonale minoritetane får gode og likeverdige tenester

Mål 1 Dei nasjonale minoritetane deltar aktivt i samfunnet og kan uttrykke og vidareutvikle språka sine og kulturen sin

Det er eit mål at dei nasjonale minoritetane deltar aktivt i samfunnet og kan uttrykke og vidareutvikle språka og kulturen sin. Verkemiddel i språk-, kultur- og opplæringspolitikken er sentrale for å nå dette målet, til dømes dei som går fram i handlingsplanar for å styrkje språka som vart utsette for fornorsking.

Kunnskap om nasjonale minoritetar og kulturuttrykka deira kan motverke diskriminering, stereotypiar og negative haldningar. Kommunal- og distriktsdepartementet støttar derfor tiltak som kan gi større innsikt i situasjonen til dei nasjonale minoritetane, til dømes ved å løyve midlar til forsking og utdanningstiltak.

Mål 2 Dei nasjonale minoritetane deltar i offentlege avgjerdsprosessar

Målet er avleidd av Europarådet sin rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoritetar artikkel 15, der det står at «partane skal skape dei føresetnadane som er nødvendige for at personar som høyrer til nasjonale minoritetar, er sikra effektiv deltaking i det kulturelle, sosiale og økonomiske livet og i offentlege saker, særleg dei som gjeld dei sjølve». Det skjer mellom anna gjennom tilskot til organisasjonane til dei nasjonale minoritetane, og gjennom dialog mellom sentrale styresmakter og organisasjonane på ulike arenaer.

Mål 3 Dei nasjonale minoritetane får gode og likeverdige tenester

Nasjonale minoritetsgrupper har historisk erfaring med statleg diskriminering. Dette kan prege forholdet gruppene har til offentlege styresmakter i dag og påverke om, og korleis, dei oppsøkjer offentlege tenester. Kommunane har ansvar for å sikre innbyggarane gode og likeverdige tenester innanfor til dømes barnehage, grunnopplæring og ulike helse- og velferdstenester. Det er derfor viktig at kommunane har kunnskap om nasjonale minoritetar.

Kap. 567 Nasjonale minoritetar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
60	Romar, *kan overførast*	7 208	7 475	7 759
70	Nasjonale minoritetar, *kan overførast*	12 011	12 433	12 893
72	Dei jødiske samfunna i Noreg	16 369	17 958	19 622
73	Kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur, *kan overførast*	19 044	25 120	26 474
74	Kultur- og ressurssenter for romar	20 460	21 197	22 981
75	Romanifolket/taterane, *kan overførast*	8 015	6 264	6 496
	Sum kap. 567	83 107	90 447	96 225

Post 60 Romar, kan overførast

Mål for ordninga

Målet for ordninga er å betre levekåra til norske romar, særleg gjennom tiltak i skulen.

Midlane på posten skal dekke tiltak under skulelosordninga i Oslo kommune og tiltak retta mot romar i Lørenskog kommune. Dei fleste romar i Noreg bur i dag i desse kommunane. Skulelosordninga følgjer òg opp romske elevar i nærliggande kommunar. Tiltaka i Lørenskog er særleg retta mot barn og unge og har som mål å redusere utfordringane som romar opplever i møte med det lokale tenesteapparatet og i nærmiljøet.

Kriterium for måloppnåing

Kriteria for måloppnåing er at fleire romske elevar fullfører skulegang, og at romar får moglegheit til å bidra i utforminga av tiltak og deltar i dei. Det er òg eit mål at romar i Lørenskog kommune får betre tilgang til offentlege tenester og at skular og offentlege tenester har auka kunnskap om romar.

Tildelingskriterium

Tilskotet blir tildelt Oslo kommune og Lørenskog kommune.

Oppfølging og kontroll

Departementet følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krava og vilkåra som er fastsett i regelverk og i tilskotsbrev.

Rapport

Skulelosordninga har arbeida for at romske elevar skal få ein god skulekvardag gjennom samarbeid mellom heim og skule, og hjelper skular og fami-

liar når dei har spørsmål om tilpassingar, tiltak og oppmøte.

Ei fleirspråkleg biletordbok på romanes vart lansert av Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring i 2025. Prosjektet vart initiert av skulelosordninga. Skulelosordninga har i 2025 arbeida med å ferdigstille ei grammatikkbok på romanes, som eit tiltak for å standardisere språket, i tillegg til ein informasjonsfilm om romar og deira historie.

I Lørenskog har dei mellom anna styrkja oppfølginga av romske barn i skulen og kompetansen i tenestene, med nettverkssamlingar og fagmøte. Kommunen har òg hatt kultur- og språktiltak, og bustadsosialt arbeid.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Skulelosordninga, som blir drifta av Oslo kommune, skal halde fram med å hjelpe romske elevar og familiane deira og skular for å bidra til at fleire elevar fullfører skulen.

Lørenskog kommune skal halde fram med å styrkje innsatsen overfor romar, mellom anna innanfor skulen, kultursektoren og NAV.

Samarbeidet mellom Oslo og Lørenskog kommunar held fram med formål om at tiltaka kjem minoriteten mest mogleg til gode. Skulelosordninga og Lørenskog kommune vidarefører òg samarbeidet med Romano Kher.

Det blir foreslått å løyve 7,8 mill. kroner.

Post 70 Nasjonale minoritetar, kan overførast

Mål for ordninga

Målet for ordninga er å styrkje nasjonale minoritetar sin kultur, språk og eigenorganisering. Det er eit særleg mål at organisasjonane til dei nasjonale minoritetane sjølve kan fremje interessene sine overfor ulike styresmakter.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing for driftstilskotet er grada av eigenorganisering hos dei nasjonale minoritetane, om språk og/eller kultur blir styrkt, og grada av deltaking i offentlege avgjerdsprosessar.

Kriterium for måloppnåing for prosjekttilskotet er talet på arrangerte prosjekt, kurs og aktivitetar som fremjar føremålet, talet på personar som deltar eller blir nådde gjennom prosjekta, grad av kontakt mellom organisasjonane, og talet på barn og unge som blir nådde.

Tildelingskriterium

Tilskot over ordninga kan bli gitt både som driftstilskot til organisasjonane som representerer dei nasjonale minoritetane, og som prosjekttilskot.

For å få driftstilskot er det eit krav at organisasjonen har som føremål å fremje interessene og ivareta rettane til nasjonale minoritetar i Noreg. Tilskot blir gitt ut frå ei samla skjønnsmessig vurdering, mellom anna basert på talet på medlemmar, talet på lokallag og aktivitetar i organisasjonen.

Prosjekttilskot skal bidra til å styrkje språket, kulturen og identiteten til dei nasjonale minoritetane, særleg for barn og unge. Tilskot blir gitt til frivillige organisasjonar, kommunar, institusjonar og føretak som har verksemd knytt til nasjonale minoritetar.

Oppfølging og kontroll

Kulturdirektoratet gir tilskot etter søknad og følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krava og vilkåra som er fastsett i forskrift om tilskot til nasjonale minoritetar, og eventuelle retningslinjer fastsette av Kulturdirektoratet i tilskotsbrev. Departementet er klageinstans. Kulturdirektoratet har ansvar for å evaluere ordninga.

Rapport

I 2025 fordelte Kulturdirektoratet 7,5 mill. kroner i driftsstøtte til 7 organisasjonar og om lag 4,8 mill. kroner til 27 ulike prosjekt. Driftsmidlane har bidratt til at organisasjonane kunne gjennomføre faste møter og arrangement, og delta i offentlege avgjerdsprosessar. Prosjekttilskota bidrog til å styrkje språket og kulturen til minoritetane, og til auka barne- og ungdomsarbeid blant minoritetane.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det vil bli gitt tilskot til drift av organisasjonar og til prosjekt som bidreg til å styrkje språka, kulturen og identiteten til dei nasjonale minoritetane.

Det blir foreslått å løyve 12,9 mill. kroner.

Post 72 Dei jødiske samfunna i Noreg

Mål for ordninga

Målet for tilskotet er å bidra til å motverke antisemittisme i Noreg, støtte opp om synleg jødisk kultur, identitet og samfunnsliv og styrkje den jødiske minoriteten sine eigne organisasjonar.

Kriterium for måloppnåing

Eit kriterium for måloppnåing er at personar som får informasjon gjennom tiltaka, opplever å ha fått auka medvit og kunnskap om jødisk liv i Noreg, jødedom og antisemittisme.

Vidare er det eit kriterium for måloppnåing at aktivitetar som fremjar jødisk kultur, jødisk identitet og jødisk liv blir halde oppe og er synleg i Noreg.

Tildelingskriterium

Løyvinga vil bli tildelt til Det Mosaiske Trossamfund i Oslo (DMT) og Det jødiske samfunn i Trondheim (DJST).

Midlane på posten skal gå til tiltak som fremjar medvit og kunnskap om jødisk kultur, jødisk liv og antisemittisme i heile befolkninga – og tiltak som legg til rette for jødisk liv i Noreg. Drift av den jødiske vegviserordninga, synagogebesøk og tiltak som bidreg til trygge møteplassar og identitetsstyrking hos jødiske barn, ungdomar og unge vaksne, er prioritert. Det Mosaiske Trossamfund i Oslo (DMT) og Det jødiske samfunn i Trondheim (DJST) kan òg bruke delar av tilskotet på drift av vakthald og tryggingstiltak som legg til rette for aktivitetar i deira regi. Midlane kan ikkje nyttast til reint religiøse aktivitetar.

Oppfølging og kontroll

Kommunal- og distriktsdepartementet følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krava og vilkåra som er fastsett i regelverk og i tilskotsbrev.

Rapport

I november 2024 la regjeringa fram Handlingsplan mot antisemittisme 2025–2030. Planen inneheld 22 målretta tiltak for å motverke antisemittisme. I 2026 vart DMT tildelt 14,7 mill. kroner, mellom anna til oppfølging av informasjonstiltak i Handlingsplan mot antisemittisme 2025–2030, og andre tiltak og aktivitetar i deira regi. Midlane har mellom anna finansiert ordninga med jødiske vegvisarar. DJST vart tildelt 3,3 mill. kroner i 2026.

Senter for studiar av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret) la fram rapporten *Jødisk liv og antisemittisme etter 7. oktober* i mai 2026. Rapporten er utarbeidd på oppdrag frå departementet, og er ei oppfølging av tiltak 14 i handlingsplanen. Rapporten viser mellom anna at jødar opplever meir hets og føler seg utrygge i Noreg, og at jødiske skulebarn og unge er særskilt utsette. Rapporten vart finansiert av løyvinga gitt på kap. 500, post 70.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Kommunal- og distriktsdepartementet vil gi tilskot til DMT og DJST til tiltak for å motverke antisemittisme og til aktivitetar som gjer den jødiske minoriteten si historie, kultur, identitet og samfunnsliv meir synleg. I ei tid med auka antisemittisme i samfunnet er det òg viktig å styrkje jødane sine eigne organisasjonar slik at dei har ressursar til å mellom anna skape møteplassar, spesielt for jødiske barn og unge.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 1 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 500, post 70, for å samle løyvinga til mottakarane på same post. Desse midlane skal gå til å følgje opp tiltaka i Handlingsplan mot antisemittisme 2025–2030. Midlane blir foreslått fordelt som tilskot til DMT (200 000 kroner) og DJST (800 000 kroner) til deira arbeid for barn, ungdom og unge vaksne.

Det blir foreslått ei tildeling på 15,4 mill. kroner til DMT og 4,2 mill. kroner til DJST.

Samla blir det foreslått å løyve 19,6 mill. kroner.

Post 73 Kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur, kan overførast

Posten omfattar tilskot til kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur forvalta av Kulturdirektoratet, tilskot til kvenske studentar forvalta av UiT Noregs arktiske universitet, og eit namngitt tilskot til Norske kveners forbund.

Tilskot til kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur

Mål for ordninga

Målet for ordninga er å bidra til å revitalisere kvensk språk og fremje kvensk/norskfinsk kultur. Ordninga skal særleg fremje kvensk språk og kvensk/norskfinsk identitet hos barn og unge.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er talet på arrangerte prosjekt, kurs og aktivitetar som fremjar føremålet, og talet på deltakarar på dei ulike aktivitetane.

Tildelingskriterium

Frivillige organisasjonar, privatpersonar, kommunar og institusjonar kan søkje om prosjektstøtte til kulturføremål og tiltak som bidreg til å styrkje kvensk språk og kvensk/norskfinsk identitet. Nærare tildelingskriterium er fastsette i forskrift.

Over tilskotsordninga kan det òg søkjast om midlar til etablering og drift av kvenske språk- og kultursenter, og til drift av kvensk avis og Norske kveners forbund.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsordninga blir forvalta av Kulturdirektoratet. Kulturdirektoratet gir tilskot etter søknad og følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane. Dette skjer etter dei krava og vilkåra som er fastsett i forskrift om tilskot til kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur, og eventuelle retningslinjer fastsett av Kulturdirektoratet i tilskotsbrev. Kommunal- og distriktsdepartementet er klageinstans.

Rapport

I 2025 tildelte Kulturdirektoratet totalt om lag 14,9 mill. kroner til drift av fem kvenske språksenter, eit kvensk kultursenter og Kvensk institutt, og 2,3 mill. kroner i driftsstøtte til avisa Ruijan Kaiku. I tillegg fekk Norske kveners forbund eit øyremerkt tilskot på 2 mill. kroner. Det vart òg tildelt om lag 5,7 mill. kroner til 28 ulike språk- og kulturprosjekt. Tilskota til drift av språksenter har bidrege til at det er gjennomført ei rekke språk- og kulturaktivitetar.

Tilskot til tilrettelegging for at fleire studentar fullfører studium i kvensk

Mål for ordninga

Ordninga er ny i 2027. Føremålet med ordninga er å bidra til at fleire studentar fullfører studium i kvensk. Tilskotet er knytt til tiltak 9 i Handlingsplan for kvensk språk 2026–2031, som vart lansert 26. mai 2026. Tiltaka i handlingsplanen skal bidra til å skape betre vilkår for læring, bruk og utvikling av kvensk språk.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er talet på studentar som fullfører studium i kvensk.

Tildelingskriterium

Personar som kan dokumentere å ha fullført minst 60 studiepoeng i kvenske studiar kan søkje om støtte over ordninga. Nærare tildelingskriterium blir fastsett i forskrift.

Oppfølging og kontroll

UiT Noregs arktiske universitet rapporterer til Kommunal- og distriktsdepartementet på gjennomføringa av tiltak 9 i Handlingsplan for kvensk språk 2026–2031. Departementet følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krava og vilkåra som er fastsette i regelverk og tildelingsbrev.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Tilskot til kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur er foreslått styrka med 2,3 mill. kroner, medrekna 300 000 kroner innanfor posten. Midlane skal gå til tiltak i Handlingsplan for kvensk språk 2026–2031, i hovudsak for å styrkje dei kvenske språksentera. Det blir foreslått å løyve 24,2 mill. kroner til den søkbare delen av ordninga. Midlane skal gå til drift av kvenske språk- og kultursenter og til kvensk avis. Det vil bli gitt prosjekt- og driftstilskot etter søknad, til tiltak som bidrar til å oppfylle føremålet med tilskotsordninga. I tillegg vil det bli gitt eit særskilt tilskot på 2,1 mill. kroner til Norske kveners forbund.

For å følgje opp Handlingsplan for kvensk språk blir det foreslått at 175 000 kroner av løyvinga går til UiT Noregs arktiske universitet for å legge til rette for at fleire studentar fullfører studium i kvensk.

Løyvinga er foreslått redusert med 1,6 mill. kroner som følgje av overføring av midlar til tiltak i handlingsplan for kvensk språk til Kultur- og likestillingsdepartementet, til Kvensk institutt.

Samla blir det foreslått å løyve 26,5 mill. kroner.

Post 74 Kultur- og ressurssenter for romar

Mål for ordninga

Føremålet med tilskotet er å vidareutvikle og drifte Romano Kher. Romano Kher er delt i eit kultursenter og eit ressurssenter for norske romar. Kultursenteret vart etablert som ei form for kollektiv oppreising frå staten til norske romar, i forlenginga av at staten i 2015 beklaga den ekskluderingspolitikken som vart ført mot romane før og etter andre verdskrig. På kultursenteret blir det

mellom anna lagt til rette for å formidle, bevare, styrkje og utvikle romsk språk og kultur i Noreg. Kultursenteret skal òg vere ein stad der romar og majoritetsbefolkninga kan møtast. Ressurssenteret skal arbeide for at romar får likeverdige offentlege tenester og bidra til å auke romanes deltaking og påverknad i samfunnet.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir mellom anna vurdert ut frå romane si grad av samfunnsdeltaking og deira tilgang til offentlege tenester. Norske romar skal delta i avgjerdsprosessar som gjeld innhald og drift av kultursenteret. Vidare er det eit kriterium for måloppnåing at aktivitetar som fremjar romsk kultur, identitet og samfunnsliv blir haldne oppe og gjort synlege i det norske samfunnet. Ressurssenteret skal bidra til å betre livssituasjonen for fleire norske romar gjennom å betre tilgangen til offentlege tenester.

Tildelingskriterium

Tilskotsmottakar er Kirkens Bymisjon. Kirkens Bymisjon har etablert og driv Romano Kher i samarbeid med norske romar. Løyvinga på posten dekker tilskot til drift og aktivitetar knytte til Romano Kher, både kultursenterdelen og ressurssenterdelen. Bymisjonen har opparbeidd seg relevant erfaring som er nødvendig for at tiltaka skal lukkast. Bymisjonen har derfor blitt vurdert som einaste aktuelle mottakar av tilskotet.

Oppfølging og kontroll

Departementet følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krava og vilkåra som er fastsette i regelverk og i tilskotsbrev.

Rapport

Romano Kher – kultursenterdelen har i 2025 hatt ulike aktivitetar retta mot barn, ungdommar og unge vaksne med spesiell vekt på jenter og kvinner. Med støtte frå Kulturdirektoratet har dei prosjektet Romer viser vei, som er eit kurs som kvalifiserer unge romar som formidlarar av romsk historie, samtid og identitet.

Ressurssenterdelen har i 2025 arbeidd både med individuell oppfølging gjennom rettleiingstenesta, barnefagleg arbeid retta mot barn og unge, tverrfagleg helsearbeid, juridisk hjelp og utoverretta kompetanseheving i samarbeid med offentlege tenester.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Drifta til Romano Kher som kultursenter skal vidareutviklast etappevis med mellom anna kulturarbeid, tiltak retta mot barn og ungdom, arbeid for å motverke diskriminering og antisiganisme og enkelte arbeidsretta tiltak.

Ressurssenteret skal gi individuell rettleiing og arbeide med rettar, mellom anna bistand, til romane i kontakt med det offentlege. Senteret skal òg arbeide for å motverke diskriminering og antisiganisme, og for å sikre likeverdige tenester til gruppa.

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 1 mill. kroner for å styrkje bemanninga ved ressurssenteret.

Det blir samla foreslått å løyve 23 mill. kroner. Det blir foreslått ei tilsegnsfullmakt på 4,6 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 75 Romanifolket/taterane, kan overførast

Mål for ordninga

Føremålet med tilskotsordninga for kollektiv oppreising til romanifolket/taterane er å bidra til å utvikle og synleggjere kulturen, språket og historia til romanifolket/taterane.

Kriterium for måloppnåing

Gjennom prosjektrapportering blir det vurdert i kva grad eit prosjekt har oppnådd dei måla som er fastsett i søknaden, om prosjektet har nådd målgruppa og kva resultat prosjektet har ført til i form av aktivitetar eller tiltak.

Tildelingskriterium

Privatpersonar, private og offentlege institusjonar, organisasjonar og andre verksemder kan søkje om tilskot. Prosjekt som får tilskot skal bidra til å synleggjere, styrkje og føre vidare kulturen og historia til romanifolket/taterane, til å styrkje språket romani, til dokumentasjon, formidling av kunnskap om romanifolket/taterane sin situasjon, eller til haldningsskapande arbeid.

Eit medverknadsutval med medlemar som er utnemnde av interesseorganisasjonane og fagpersonar på feltet les og vurderer søknadar, og gir sine tilrådingar før Kulturdirektoratet tar avgjerder.

Oppfølging og kontroll

Den kollektive oppreisinga til romanifolket/taterane blir forvalta av Kulturdirektoratet som ei tilskotsordning, i samsvar med eiga forskrift. Kommunal- og distriktsdepartementet er klageinstans. Kulturdirektoratet har ansvar for å evaluere ordninga.

Rapport

Kulturdirektoratet tildelte i 2025 tilskot på omlag 6,4 mill. kroner til 57 prosjekt over tilskotsordninga til romanifolket/taterane. Det har vore ei stor auke i talet på søknadar dei siste åra.

Prosjekt av ulike omfang, med ulike føremål og med ulike målgrupper fekk støtte, mellom anna musikkprosjekt, språkprosjekt, tradisjonelt handverk, bøker, samlingsstader, informasjons- og sjølvhjelpsprosjekt og ulike arrangement.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Kulturdirektoratet, i samarbeid med ei faggruppe, laga i 2021 ein femårsplan for korleis dei midlane som ikkje vart brukt i perioden 2015–2019 skal brukast. Oppsparte midlar skal ifølgje planen brukast til å etablere kulturarenaer og møteplassar, og det er satt ein eigen søknadsfrist for slike etableringar til desember 2026. Oppsparte midlar som ikkje er forvalta til møteplassar innan utgangen av 2026 vil bli lagt inn i ordinær utlysing av den kollektive oppreisinga i 2027 og eventuelt i 2028.

I fordeling av tilskotsmidlar skal det prioriterast å bevare, dokumentere, formidle og vidareføre romanifolket/taterane sin materielle og immaterielle kulturarv, som språk, tradisjonar, fortellingar, handverk og musikk.

Det blir foreslått å løyve 6,5 mill. kroner. For at ubrukte løyvingar frå tidlegare år skal gå til det tiltenkte føremålet, blir det foreslått at departementet får fullmakt til å overføre udisponert beløp på posten frå 2027 til 2028, jf. forslag til romartalsvedtak.

Programkategori 13.70 Kommunesektoren mv.

Utgifter under programkategori 13.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
571	Rammetilskot til kommunar	198 659 734	207 404 114	217 183 885	4,7
572	Rammetilskot til fylkeskommunar	54 104 770	57 615 073	60 384 001	4,8
573	Kommunestruktur			70 000	100,0
575	Ressurskrevjande tenester	13 428 159	14 345 844	14 401 842	0,4
577	Partistøtte	572 926	616 262	638 958	3,7
578	Valdirektoratet	128 381	78 046	117 809	50,9
579	Valutgifter	7 573	8 832	9 070	2,7
	Sum kategori 13.70	266 901 543	280 068 171	292 805 565	4,5

Inntekter under programkategori 13.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
5616	Kommunalbanken AS	700 000	700 000	710 000	1,4
	Sum kategori 13.70	700 000	700 000	710 000	1,4

Innleiing

Kommunar og fylkeskommunar er sjølvstendige, folkevalde forvaltingsnivå som har ansvar for oppgåver som tenesteytarar, samfunnsutviklarar, myndigheitsutøvarar og demokratiske arenaer for innbyggarane. Kommunane har mellom anna ansvar for barnehage, grunnskule, barnevern, helse-, omsorgs- og sosialtenester, tekniske tenester og kulturoppgåver. Fylkeskommunane har mellom anna ansvar for vidaregåande opplæring, lokal kollektivtransport, fylkesvegar, tannhelse, regional utvikling og kulturoppgåver.

Departementa har sektoransvar for respektive område av kommunesektoren sitt tenestetilbod, mellom anna forvalting og utvikling av lov og regelverk og finansiering av reformer og nye tiltak.

Kommunal- og distriktsdepartementet skal bidra til at staten si styring av kommunesektoren er samordna, heilskapleg og konsistent. Departementet har eit særleg ansvar for at kommunesektoren har eit godt og framtidsretta lov- og regelverk, i første rekke gjennom utvikling og forvalting av kommunelova. Departementet forvaltar inndelingslova, som har reglar for korleis endringar i kommune- og fylkesstrukturen skal gjennomførast, og har med det òg eit overordna ansvar for kommune- og fylkesstrukturen.

Kommunal- og distriktsdepartementet har i samarbeid med Finansdepartementet ansvaret for kommunesektoren sine inntektsrammer. Vidare har departementet ansvar for inntektsfordelinga mellom kommunar og mellom fylkeskommunar, gjennom utvikling og drift av inntektssystemet for kommunesektoren. Departementet har òg ansvaret for Kommune-Stat-Rapportering (KOSTRA) og for forvaltinga av staten sine eigarinteresser i Kommunalbanken AS.

Kommunal- og distriktsdepartementet har det overordna ansvaret for valordninga og valregelverket. Valdirektoratet har det operative ansvaret på statleg nivå for gjennomføring av stortings- og lokalval. Kommunane og fylkeskommunane har ansvaret for den praktiske valgjennomføringa. Departementet har òg ansvaret for forvaltinga av partiloven og den statlege partistøtta.

Mål for programkategorien

1. Eit velfungerande demokrati
2. Eit velfungerande lokalt sjølvstyre
3. Berekraftige, nyskapande og omstillingsdyktige kommunar

Mål 1 Eit velfungerande demokrati

Frie og hemmelege val er grunnleggande i demokratiet vårt. Tilliten til val og demokratiet som styreform er høg, og det er viktig at den blir oppretthalden. Dette føreset at veljarane forstår korleis val blir gjennomført, og at teknologien som blir brukt ved val er sikker. I tillegg må det demokratisk representative systemet og sjølve valordninga ha legitimitet, og regelverket må vere i tråd med internasjonale forpliktingar.

Høg valdeltaking, representative folkevalde organ og gode kanalar for innbyggarmedverknad òg mellom val, er viktige føresetnader for eit velfungerande demokrati.

Det er mange ulike aktørar som har viktige roller og oppgåver for å kunne oppretthalde eit velfungerande demokrati. Dei politiske partia må ha rammevilkår for å gjere oppgåvene sine, kommunar og fylkeskommunar må ha handlefridom til å fylle rolla, og borgarane må få informasjon og vere trygge på å utøve dei demokratiske rettane sine. Det sivile samfunnet har òg ei viktig rolle for å legge til rette for dette.

Mål 2 Eit velfungerande lokalt sjølvstyre

Kommunesektoren forvaltar ein stor del av fellesskapet sine ressursar og har omfattande offentleg mynde. Kommunelova legg juridiske rammer for kommunal verksemd og det kommunale sjølvstyret. Prinsippa for statleg styring av kommunesektoren, der fleire følgjer av kommunelova, legg til grunn økonomisk og juridisk rammestyring og dialog mellom forvaltingsnivåa. Statleg styring må balanserast mellom nasjonale omsyn som til dømes eit likeverdig tenestetilbod og rettstryggleik, og omsynet til lokal handlefridom. Regjeringa vil styrkje den tillitsbaserte styringa gjennom mindre detaljstyring og auka lokalt handlingsrom for kommunane, jf. *Regjeringens plan for Norge*. Det er den enkelte kommune som er best i stand til å vurdere kva løysingar som skal til for å møte utfordringane i eiga kommune, og eit velfungerande lokalt sjølvstyre skal gi rom for lokale løysingar, innovasjon og utvikling.

Ein føresetnad for at det kommunale sjølvstyret skal vere reelt, er at kommunesektoren i hovudsak er finansiert gjennom frie inntekter, som består av skatteinntekter og rammetilskot.

Mål 3 Berekraftige, nyskapande og omstillingsdyktige kommunar

Rammefinansiering av kommunesektoren gjennom skatteinntekter og rammetilskot gir rom for lokale prioriteringar og legg til rette for effektiv bruk av offentlege ressursar. Inntektsrammer som står i forhold til oppgåvene kommunesektoren er sett til å løyse, og ei rettferdig inntektsfordeling mellom kommunar, er føresetnader for eit likeverdig tenestetilbod i heile landet. I del I, kapittel 2 er det gjort greie for regjeringa sitt forslag til inntektsrammer for kommunesektoren i 2027.

Regjeringa vil bevare eit sterkt lokaldemokrati og eit kommunesystem basert på generalistkommuneprinsippet som leverer likeverdige tenester til innbyggarane.

Kap. 571 Rammetilskot til kommunar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*	22 645	23 999	23 887
60	Innbyggartilskot	193 188 464	202 053 110	211 605 077
61	Distriktstilskot Sør-Noreg	833 224	812 005	946 433
62	Distriktstilskot Nord-Noreg	2 576 545	2 670 719	2 785 016
64	Skjønstilskot	1 152 493	1 030 000	1 030 000
66	Veksttilskot	137 115	125 923	74 635
67	Storbytilskot	660 221	688 358	718 837
90	Forskot på rammetilskot	89 027		
	Sum kap. 571	198 659 734	207 404 114	217 183 885

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga går til forsking og utgreiing om kommuneøkonomi, kommunelova og anna juridisk rammeverk for kommunesektoren, lokaldemokrati og statlege tiltak retta mot kommunesektoren. Løyvinga omfattar òg drift og utvikling av inntektssystemet og driftsmidlar til Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Løyvinga kan vidare finansiere større utviklingsprosjekt, inkludert utgreiingsstillingar i departementet knytt til tidsavgrensa prosjekt.

Rapport

I 2025 vart løyvinga nytta til utgreiingar og forsking innan områda kommuneøkonomi og demokrati, til evaluering av kommunelova, og til utval som Teknisk berekningsutval. Posten har òg finansiert prosjekt som mellom anna digitalisering av planprosessen, Kartverket sitt arbeid med etablering av ny teknisk løysing for deling av kommunar og fylkeskommunar i matrikkelen og statsforvaltaren sitt arbeid med kompetanse i fylka.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 1605, post 01, som følgje av rammeoverføring til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) til tryggingstiltak og IT-infrastruktur for økonomitenestene i DFØ.

Det blir foreslått å løyve 23,9 mill. kroner.

Post 60 Innbyggartilskot

Hovuddelen av rammetilskotet til kommunane blir fordelt gjennom innbyggartilskotet. Innbyggartilskotet blir i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggar, før det blir omfordelt gjennom blant anna utgiftsutjamninga, omfordeling for elevar i statlege og private skular og inntektsgarantiordninga. Sjå Berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2026–2027) Grønt hefte (H-2580 N) for nærare omtale av innbyggartilskotet, utgiftsutjamninga og kostnadsnøkkelen for kommunane.

Det blir foreslått å løyve 211 605,1 mill. kroner. Dette er ein auke på 9 552 mill. kroner frå saldert budsjett for 2026. Auken må sjåast i samanheng med det samla økonomiske opplegget for kommunesektoren, jf. nærare omtale i del I, kapittel 2.

Post 61 Distriktstilskot Sør-Noreg

Tildeling av tilskotet tar utgangspunkt i distriktsindeksen, som er eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune. Ved tildeling av distriktstilskot Sør-Noreg i 2027 blir Kommunal- og distriktsdepartementet sin distriktsindeks frå 2025 nytta.

Distriktstilskot Sør-Noreg blir tildelt kommunar i Sør-Noreg (utanom kommunar i Namdalen, som blir tildelt Distriktstilskot Nord-Noreg) som oppfyller følgjande kriterium:

- har under 3 200 innbyggarar eller ein distriktsindeks på 58 eller lågare
- har samla inntekter frå skatt og naturressursar per innbyggar dei fire siste åra som er under 140 pst. av gjennomsnittet i landet.

Kommunar med færre enn 3 200 innbyggarar får eitt tilskot per kommune. Satsane er differensiert etter kommunen sin verdi på distriktsindeksen. Høgaste sats blir gitt til kommunar med distriktsindeks på 45 eller lågare. Kommunar med ein høgare verdi på distriktsindeksen får tilskot etter lågare sats, slik at kommunar med distriktsindeks over 58 får halvparten av høgaste sats. Utsira kommune får distriktstilskot uavhengig av inntektsnivået til kommunen, jf. merknad frå kommunal- og forvaltingskomiteen i Innst. 440 S (2023–2024).

Kommunar med 3 200 innbyggarar eller fleire får tilskot både per innbyggar og per kommune. Kommunar med distriktsindeks på 45 eller lågare får tilskot per innbyggar og per kommune med høgaste sats. Kommunar med høgare verdi på indeksen får tilskot med høvesvis 80, 60, 40 og 20 pst. av høgaste sats. Kommunar med distriktsindeks over 58 får ikkje tilskot. Satsane for distriktstilskot Sør-Noreg i 2027 er prisjustert og vist i tabell 5.1.

Det blir foreslått å løyve 946,4 mill. kroner.

Tabell 5.1 Satsar for distriktstilskot Sør-Noreg 2027

	Kommunar med 3 200 innbyggarar eller fleire		Kommunar med under 3 200 innbyggarar
Distriktsindeks	Sats per kommune (1 000 kr)	Sats per innbyggar (kroner)	Sats per kommune (1 000 kr)
Indeks 0-45	1 580	1 431	7 299
Indeks 46-48	1 266	1 145	6 571
Indeks 49-51	950	858	5 839
Indeks 52-54	631	573	5 109
Indeks 55-58	318	288	4 379
Indeks over 58	0	0	3 651

Post 62 Distriktstilskot Nord-Noreg

Distriktstilskot Nord-Noreg blir fordelt med eit kronebeløp per innbyggar til alle kommunar i Nord-Noreg og Namdalen. Kommunar med færre enn 3 200 innbyggarar får i tillegg eit småkommunetillegg etter dei same kriteria og satsane som distriktstilskot Sør-Noreg. Kommunar i Finnmark og innsatssona i Nord-Troms som får småkommunetillegg, får tilskot etter ein høgare sats. Øykommunane Værøy, Røst og Træna har same, høgare sats på småkommunetillegget som kommunane i innsatssona i Nord-Troms og Finnmark.

Ved tildeling av småkommunetillegget i distriktstilskot Nord-Noreg i 2027 blir Kommunal- og distriktsdepartementet sin distriktsindeks frå 2025 nytta. Satsane for distriktstilskot Nord-Noreg i 2027 er prisjustert og vist i tabell 5.2.

Det blir foreslått å løyve 2 785 mill. kroner.

Tabell 5.2 Satsar for distriktstilskot Nord-Noreg 2027

Kommunar i:	Sats per innbyggar (kroner)
Nordland og Namdalen	2 251
Troms utanfor innsatssona	4 318
Innsatssona i Troms	5 089
Finnmark	10 543
Småkommunetillegg til kommunar med under 3 200 innbyggarar	

Distriktsindeks	Småkommunetillegg per kommune, kommunar utanfor innsatssona (1 000 kr)	Småkommunetillegg per kommune, kommunar i innsatssona og kommunane Værøy, Røst og Træna (1 000 kr)
Indeks 0-45	7 299	15 809
Indeks 46-48	6 571	14 224
Indeks 49-51	5 839	12 647
Indeks 52-54	5 109	11 064
Indeks 55-58	4 379	9 485
Indeks over 58	3 651	7 903

Post 64 Skjønstilskot

Kommunal- og distriktsdepartementet fordeler kvart år ein del av rammetilskotet til kommunar og fylkeskommunar etter skjøn. Føremålet med skjønstilskotet er å kompensere kommunar og fylkeskommunar for lokale tilhøve som ikkje blir fanga opp i inntektssystemet eller andre faste tilskotsordningar. Skjønstilskotet skal kompensere kommunesektoren for kostnader ved uventa og ekstraordinære hendingar, og bidra til utvikling og innovasjon. Når det gjeld skjønstildeling til kommunane, fastset departementet tilskotsrammer til kvart enkelt statsforvaltarembete. Statsforvaltaren fordeler tilskotet til kommunane etter retningslinjer gitt av departementet. Det blir halde igjen ein felles reservepott for uventa hendingar som kan gå til både kommunar og fylkeskommunar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått å setje basisramma for kommunane til 830 mill. kroner, noko som er ei vidareføring på nominelt same nivå som i 2026. Det er forskjellar i storleiken på skjønstilskotet mellom statsforvaltarembeta, utan at dette er grunngitt i reelle behov. Fordelinga av basisramma er frå og med 2026 justert, slik at forskjellane mellom statsforvaltarembeta blir noko mindre. Det blir foreslått ei ytterlegare omfordeling av basisramma i 2027. Statsforvaltarembeta har fordelt delar av basisramma til kommunane, og fordelinga er vist i Grønt hefte 2027 (H-2580 N).

Basert på erfaringane frå tidlegare år blir det halde tilbake 185 mill. kroner av skjønstilskot til uventa hendingar (reservepotten). Midlane skal hovudsakleg nyttast til å kompensere kommunar og fylkeskommunar som har meirutgifter som følgje av naturskade eller andre kritiske, uventa hendingar. Både kommunar og fylkeskommunar kan søkje om kompensasjon frå reservepotten.

Vidare blir det foreslått 15 mill. kroner til innovasjons- og utviklingsprosjekt (prosjektskjøn), som blir fordelt av departementet. Prosjektskjønet dekker mellom anna driftsutgifter og medlemskontingent i Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS) med til saman 450 000 kroner. GKRS er ei ideell foreining og eit uavhengig organ som skal fremje og utvikle god kommunal rekneskapsskikk. Kriterium for løyving av prosjektskjønsmidlar i 2027 er gitt i kommuneproposisjonen for 2027.

Nærare omtale av skjønsramma for 2027 og rapportering om bruk av skjønstilskot i 2025 er gitt i kommuneproposisjonen for 2027.

Det blir foreslått å løyve 1 030 mill. kroner. Det er i tråd med Stortinget si handsaming av Prop. 94 S (2025–2026) *Kommuneproposisjonen 2027*.

Post 66 Veksttilskot

Veksttilskotet blir gitt til kommunar med særleg høg auke i folketal. Tilskotet går til kommunar som gjennom siste treårsperiode har hatt ein gjennomsnittleg årleg vekst i folketalet som er høgare enn 1,4 pst. og skatteinntekter under 140 pst. av landsgjennomsnittet. Tilskotet blir tildelt med ein sats per innbyggar over vekstgrensa.

Satsen for veksttilskotet er prisjustert, og i 2027 er satsen 25 101 kroner per innbyggar utover vekstgrensa.

Det blir foreslått å løyve 74,6 mill. kroner.

Post 67 Storbytilskot

Storbytilskotet blir tildelt kommunane Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand og Drammen. Tilskotet blir gitt med eit likt beløp per innbyggar. Satsen for tilskotet er prisjustert, og er 444 kroner per innbyggar i 2027.

Det blir foreslått å løyve 718,8 mill. kroner.

Post 90 Forskot på rammetilskot

Inntektsutjamninga i inntektssystemet omfordeler skatteinntekter mellom kommunane, og blir berekna fortløpande gjennom året basert på dei siste opplysningane om skatteinngangen. Omfordelinga skjer gjennom rammetilskotet. Sidan endeleg skatteinngang for 2027 ikkje er kjent før i februar 2028, kan departementet i den løpande inntektsutjamninga ha behov for å utbetale forskot på rammetilskotet for 2028 i 2027. Det blir derfor foreslått at det kan utbetalast inntil til 500 mill. kroner i 2027 som forskot på rammetilskot til kommunane for 2028, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 3571 Tilbakeføring av forskot

Post 90 Tilbakeføring av forskot

Ved behandlinga av Prop. 1 S (2025–2026) fekk departementet fullmakt til å utbetale opp til 500 mill. kroner i forskot i 2026 på rammetilskot for 2027 til kommunar, jf. Innst. 5 S (2025–2026). Det er framleis uvisse om skatteinngang og inntektsutjamning for siste utbetalingstermin i 2026. Ein kan derfor ikkje angi storleiken på utbetalt forskot på rammetilskot i 2026 og tilsvarande tilbakeføring av forskot i 2027 enno.

Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
60	Innbyggartilskot	53 292 676	56 772 349	59 508 256
62	Nord-Noreg-tilskot	812 094	842 724	875 745
	Sum kap. 572	54 104 770	57 615 073	60 384 001

Post 60 Innbyggartilskot

Hovuddelen av rammetilskotet til fylkeskommunane blir fordelt gjennom innbyggartilskotet. Innbyggartilskotet blir i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggar, før det blir omfordelt gjennom utgiftsutjamninga og omfordeling for elevar i statlege og private skular. Sjå Berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2026–2027) Grønt hefte (H-2580 N) for ei nærare omtale av innbyggartilskotet, utgiftsutjamninga og kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane.

Det blir foreslått å løyve 59 508,3 mill. kroner. Dette er ein auke på 2 735,9 mill. kroner frå saldert budsjett for 2026. Auken må sjåast i samanheng med det samla økonomiske opplegget for kommunesektoren, jf. nærare omtale i del I, kapittel 2.

Post 62 Nord-Noreg-tilskot

Tilskotet blir utbetalt med eit likt beløp per innbyggar til fylkeskommunane i Nord-Noreg. I 2027 er satsen prisjustert og utgjer 1 788 kroner per innbyggar.

Det blir foreslått å løyve 875,7 mill. kroner.

Post 90 Forskot på rammetilskot

Inntektsutjamninga i inntektssystemet omfordeler skatteinntekter mellom fylkeskommunane, og blir berekna fortløpande gjennom året basert på dei siste opplysningane om skatteinngangen. Omfordelinga skjer gjennom rammetilskotet. Sidan endeleg skatteinngang for 2027 ikkje er kjent før i februar 2028, kan departementet i den løpande inntektsutjamninga ha behov for å utbetale forskot på rammetilskotet for 2028 i 2027. Det blir derfor foreslått at det kan utbetalast inntil 200 mill. kroner i 2027 som forskot på rammetilskot til fylkeskommunane for 2028, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 3572 Tilbakeføring av forskot

Post 90 Tilbakeføring av forskot

Ved behandlinga av Prop. 1 S (2025–2026) fekk departementet fullmakt til å utbetale opp til 200 mill. kroner i forskot i 2026 på rammetilskot for 2027 til fylkeskommunar, jf. Innst. 5 S (2025–2026). Det er framleis uvisse om skatteinngang og inntektsutjamning for siste utbetalingstermin i 2026. Ein kan derfor ikkje angi storleiken på utbetalt forskot på rammetilskot i 2026 no og tilsvarande tilbakeføring av forskot i 2027.

Rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar i 2026 og 2027

Tabell 5.3 viser rammetilskot på kapittel og post til kommunar og fylkeskommunar i 2026 og 2027. Anslag på rekneskap 2026 er lik vedtatt løyving ved framlegging av denne proposisjonen. I korrigert anslag på rekneskap 2026 er det tatt omsyn til endringar frå 2026 til 2027 i oppgåvefordelinga mellom forvaltingsnivåa, regelendringar, innlemming av øyremerkte tilskot mv. Det gjer tala for 2026 og 2027 samanliknbare. Sjå tabell 5.4 med tilhøyrande omtale av korreksjonane.

Tabell 5.3 Rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar i 2026 og 2027

(nominelle prisar i 1 000 kr)

Kap.	Post		Anslag på rekneskap 2026	Korrigert anslag på rekneskap 2026	Forslag 2027	Faktisk vekst 2026–2027 (pst.)	Korrigert vekst 2026–2027 (pst.)
571	60	Innbyggartilskot	202 300 193	202 135 995	211 605 077	4,6	4,7
571	61	Distriktstilskot Sør-Noreg	812 005	812 005	946 433	16,6	16,6
571	62	Distriktstilskot Nord-Noreg	2 670 719	2 670 719	2 785 016	4,3	4,3
571	64	Skjønstilskot	1 030 000	1 030 000	1 030 000	0,0	0,0
571	66	Veksttilskot	125 923	125 923	74 635	-40,7	-40,7
571	67	Storbytilskot	688 358	688 358	718 837	4,4	4,4
		Sum kommunar	*207 627 198*[1]	*207 463 000*	*217 159 998*	*4,6*	*4,7*
572	60	Innbyggartilskot	58 222 766	57 195 330	59 508 256	2,2	4,0
572	62	Nord-Noreg-tilskot	842 724	842 724	875 745	3,9	3,9
		Sum fylkeskommunar	*59 065 490*	*58 038 054*	*60 384 001*	*2,2*	*4,0*
		Sum kommunesektor	*266 692 688*	*265 501 054*	*277 543 999*	*4,1*	*4,5*

[1] Inkluderer 149 mill. kroner som følgje av auka basistilskott for fastlegar på kap. 571, post 60.

Endringar i oppgåver mv.

Regjeringa foreslår ein realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter på 3,2 mrd. kroner i 2027, jf. nærare omtale i del I, kapittel 2. Veksten er korrigert for endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltingsnivåa, regelendringar, innlemming av øyremerkte tilskot, eingongsløyvingar mv. Tabell 5.4 viser endringane som veksten er korrigert for, med påfølgjande omtale. Korreksjonane blir gjort i rammetilskotet til kommunar og fylkeskommunar. Sjå òg Berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2026–2027) Grønt hefte (H-2580 N).

Tabell 5.4 Endringar i rammetilskotet som følgje av endringar i oppgåver mv.

(i 1 000 2027-kroner)

	Kommunar	Fylkeskommunar
Statlege og private skular – endring i elevtal	-112 314	-124 407
Innlemming av tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme	15 670	2 550
Plikt til å dele personopplysningar ved skulebytte – heilårseffekt	3 028	605
Lovendringar for betre vern av barn i institusjon	11 400	300
Nominell vidareføring av maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2027	106 800	
Nominell vidareføring av maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2026 – heilårseffekt	19 203	
Avvikling av plikt til leksehjelp på 1.-4. trinn	-350 000	
Innlemming av tilskot til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar	10 000	
Innlemming av tilskot til kommunar for samarbeid mellom skulefritidsordning og kulturskule, idrett og frivillige organisasjonar	20 000	
Gevinstar av tenesta Tryggare digital læring	-3 000	
Auka basistilskot for fastlegar – heilårseffekt	154 662	
Innlemming av lønstilskot til utdanning i avansert klinisk allmennsjukepleie	16 300	
Innlemming av tilskot til sekretariatsfunksjonar i helsefellesskapa	11 400	
Innlemming av tilskot til tryggare skulevegar og nærmiljø	43 077	
Auka behov for sosialhjelp ved utfasing av stønadar til einsleg mor eller far	55 166	
Forsøk med aktivitetspengar for unge	-25 000	
Avvikling av kommunal refusjon for forsterkningstiltak på institusjon	-70 000	
Innlemming av tilskot til tiltak mot radikalisering og valdeleg ekstremisme	12 508	
Finansiering av praksis for studentar ved Brann- og redningsskulen	-5 939	
Gevinstar av digitalisering av plan- og byggesaksprosessen	-3 750	
Finansiering av ordningar for frivillige kommunesamanslåingar	-70 000	
Finansiering av overgang til Altinn 3 for KOSTRA	-10 000	
Fylkesvegar – eingongsløyving i 2026		-1 038 000

Tabell 5.4 Endringar i rammetilskotet som følgje av endringar i oppgåver mv.

(i 1 000 2027-kroner)

	Kommunar	Fylkeskommunar
Krav til nullutslepp i offentlege anbod for ferjer og ferjetenester		93 420
Ny landslinje i flyfag i Østfold		-1 827
Endringar i drosjereguleringa – heilårseffekt		10 380
Auka CO_2-avgift – kompensasjon til fylkeskommunane		-9 500
Sum	*-170 789*[1]	*-1 066 479*

[1] Talet kjem fram som differansen mellom korrigert anslag og faktisk anslag på rekneskap 2026 (prisjustert til 2027-priser) i tabell 5.3, kap. 571, post 60. Årsaka til eit mindre avvik mellom tala er avrunding av beløp.

Kommunar og fylkeskommunar

Statlege og private skular – endringar i elevtal

Som følgje av auken i tal på elevar i statlege og private skular blir rammetilskotet til kommunane og fylkeskommunane redusert med høvesvis 112,3 mill. kroner og 124,4 mill. kroner. Sjå Grønt hefte (H-2580 – N) for nærare omtale av omfordeling for elevar i statlege og private skular.

Innlemming av tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme

Som varsla i kommuneproposisjonen for 2027 blir det foreslått å innlemme tilskotet til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme i rammetilskotet til kommunane og fylkeskommunane i 2027. Som følgje av dette aukar rammetilskotet til kommunane med 15,7 mill. kroner og rammetilskotet til fylkeskommunane med 2,6 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet.

Plikt til å dele personopplysningar ved skulebytte – heilårseffekt

Frå hausten 2026 er det innført ei ny plikt til å dele personopplysningar ved skulebytte når det er nødvendig for å forebygge oppførsel som i vesentleg grad går utover skulemiljøet eller arbeidsmiljøet til dei tilsette. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2026 vart rammetilskotet til kommunane og fylkeskommunane auka med høvesvis 2,1 og 0,4 mill. kroner som følgje av dette. I 2027 aukar rammetilskotet til kommunane med 3 mill. kroner og rammetilskotet til fylkeskommunane med 0,6 mill. kroner for å kompensere for heilårseffekten. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet.

Lovendringar for betre vern av barn i institusjon

Stortinget vedtok 11. juni i år endringar som skal gi betre vern av barn i institusjon, jf. Prop. 86 L (2025–2026) *Endringer i barnevernsloven (bedre beskyttelse av barn på institusjon)*. Endringane er venta å gi ein auke i talet på saker som blir behandla i Barneverns- og helsenemnda, og eventuelt i tingretten. Det inneber òg auka ressursbruk for kommunane. Rammetilskotet til kommunane blir auka med 11,4 mill. kroner.

Oslo kommune blir i tillegg kompensert med 0,3 mill. kroner for utgifter til opplæring av institusjonstilsette gjennom ei særskilt fordeling innanfor rammetilskotet til fylkeskommunane (tabell C). Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Barne- og familiedepartementet.

Kommunar

Nominell vidareføring av maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2027

Maksimal foreldrebetaling i 2027 blir vidareført på same nominelle nivå som i 2026. Som kompensasjon blir rammetilskotet auka med 106,8 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet.

Nominell vidareføring av maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2026 – heilårseffekt

Rammetilskotet aukar med 19,2 mill. kroner som heilårseffekt av at maksimal foreldrebetaling i barnehagen vart vidareført nominelt frå 1. januar 2026. Det er lagt til grunn at effektane av dette på etterspørselen etter barnehageplassar får verknad frå hausten 2026, og dermed heilårseffekt i 2027. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet.

Avvikling av plikt til leksehjelp på 1.-4. trinn

Kunnskapsdepartementet sender på høyring forslag om å oppheve plikta til å tilby leksehjelp på 1.-4. trinn med verknad frå hausten 2027. Som følgje av dette blir rammetilskotet til kommunane redusert med 350 mill. kroner, som er ein hausteffekt av berekna kostnader av plikta. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet.

Innlemming av tilskot til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar

Som varsla i kommuneproposisjonen for 2027 blir det foreslått å innlemme tilskotet til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar i rammetilskotet til kommunane. Rammetilskotet til kommunane aukar med 10 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet.

Innlemming av tilskot til kommunar for samarbeid mellom skulefritidsordning og kulturskule, idrett og frivillige organisasjonar

Som varsla i kommuneproposisjonen for 2027 blir det foreslått å innlemme tilskotet til kommunar for samarbeid mellom skulefritidsordning og kulturskule, idrett og frivillige organisasjonar. Rammetilskotet til kommunane aukar med 20 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet.

Gevinstar av tenesta Tryggare digital læring

Tenesta *Tryggare digital læring*, som vart lansert i mai 2026, skal hjelpe skuleeigarar med å etterleve regelverket for personvern, informasjonssikkerheit og universell utforming. Tenesta skal gi innsparingar for kommunane, og rammetilskotet blir derfor redusert med 3 mill. kroner, som tilsvarer 50 pst. av dei berekna gevinstane. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet.

Auka basistilskot for fastlegar

Delen som basistilskotet utgjer av finansieringa av fastlegane vart auka frå 1. juli 2026. Budsjettkonsekvensane av dette vart ikkje fremja i vårsesjonen i år fordi forhandlingane mellom Den norske legeforening og staten, KS og dei regionale helseføretaka ikkje vart avslutta i tide. Ved behandlinga av Prop. 101 S (2025–2026) *Endringar i statsbudsjettet for 2026 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)* fekk Helse- og omsorgsdepartementet fullmakt til å gjere endringar i mellom anna rammetilskotet til kommunane som følgje av forhandlingane. Det er lagt opp til at kommunane skal kompenserast for halvårseffekten av auka basistilskot med 149 mill. kroner i nysalderinga av 2026-budsjettet. For 2027 blir kommunane kompenserte for heilårseffekten på 309,3 mill. kroner, og rammetilskotet blir derfor auka med ytterlagere 154,7 mill. kroner.

Innlemming av lønstilskot til utdanning i avansert klinisk allmennsjukepleie

Som varsla i kommuneproposisjonen for 2027 blir det foreslått å innlemme lønstilskotet til utdanning i avansert klinisk allmennsjukepleie. Som følgje av dette aukar rammetilskotet med 16,3 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Innlemming av tilskot til sekretariatsfunksjonar i helsefellesskapa

Som varsla i kommuneproposisjonen for 2027 blir det foreslått å innlemme tilskotet til sekretariatsfunksjonar i helsefellesskapa. Som følgje av dette aukar rammetilskotet med 11,4 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Innlemming av tilskot til tryggare skulevegar og nærmiljø

Som varsla i kommuneproposisjonen for 2027 blir det foreslått å innlemme tilskotet til tryggare skulevegar og nærmiljø. Som følgje av dette aukar rammetilskotet med 43,1 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Samferdselsdepartementet.

Auka behov for sosialhjelp som følgje av delvis avvikling av stønadar til einsleg mor eller far

Frå 1. juli 2026 er overgangsstønaden og stønad til barnetilsyn til einslege i arbeid avgrensa til einsleg mor eller far som har aleineomsorg for barn opp til 14 månader eller for særleg tilsynskrevjande barn, jf. Prop. 43 L (2025–2026). For andre einslege er stønadane avvikla. Endringane gjeld for nye tilfelle frå 1. juli 2026. Som følgje av utfasinga er det lagt til grunn at utgiftene til økonomisk sosialhjelp vil auke. Rammetilskotet blir der-

for auka med 55,2 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Forsøk med aktivitetspengar for unge

Regjeringa vil starte opp eit forsøk med aktivitetspengar for unge i 2026. Det er anslått at Trondheim kommune vil få ei innsparing på totalt 25 mill. kroner i 2027 som følgje av forsøket, fordelt på reduserte utgifter til økonomisk sosialhjelp på 14 mill. kroner og 11 mill. kroner til kvalifiseringsstønad. Rammetilskotet til Trondheim kommune blir redusert med 25 mill. kroner (tabell C). Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Avvikling av kommunal refusjon for forsterkingstiltak på institusjon

I dag har Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet ein praksis der det blir kravd ein kommunal refusjon for forsterkingstiltak på institusjon. Refusjonsordninga gjeld utgifter til forsterkingar i institusjon der barn har helseutfordringar som krev særskild oppfølging. Det kan vere krevjande å skilje mellom kva som er behova til ungdommane etter helselovgivinga og kva som er behov etter barnevernslova. Refusjonsordninga er komplisert og har skapt meirarbeid og konflikt på tvers av forvaltingsnivåa. Regjeringa legg derfor opp til å avvikle refusjonsordninga frå 1. januar 2027. Endringa er venta å gi reduserte utgifter for kommunane på 70 mill. kroner årleg. Rammetilskotet blir derfor redusert med 70 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Barne- og familiedepartementet.

Innlemming av tilskot til tiltak mot radikalisering og valdeleg ekstremisme

Som varsla i kommuneproposisjonen for 2027 blir det foreslått å innlemme tilskotet til tiltak mot radikalisering og valdeleg ekstremisme. Som følgje av dette aukar rammetilskotet med 12,5 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Finansiering av praksis for studentar ved Brann- og redningsskulen

Med etableringa av fagskuleutdanning ved Brann- og redningsskulen har staten ved Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap fått eit større økonomisk ansvar for opplæring av brann- og redningspersonell enn tidlegare, inkludert gjennomføring av praksisperiode i brann- og redningsvesenet i kommunane. Kommunane får innsparingar som følgje av omlegginga, som er anslått til 23,8 mill. kroner årleg når endringa er fullt innfasa i 2028. I ein overgangsperiode vil både staten og kommunane ha utgifter til gjennomføring av praksis. For 2027 er det anslått at utgiftene til kommunane blir redusert med ytterlegare 5,9 mill. kroner, og rammetilskotet blir derfor redusert tilsvarande. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Gevinstar av digitalisering av plan- og byggesaksprosessane

Arbeidet til Direktoratet for byggkvalitet (Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet frå og med 2027) med digitalisering av plan- og byggesaksprosessane er anslått å gi innsparingar for kommunane. Rammetilskotet blir derfor redusert med 3,8 mill. kroner, som tilsvarer 50 pst. av dei berekna gevinstane i 2027.

Finansiering av ordningar for frivillige kommunesamanslåingar

Regjeringa foreslår i 2027 å etablere nye ordningar for frivillige kommunesamanslåingar. Dei berekna utgiftene til ordningane blir finansierte innanfor den samla kommuneramma i 2027. Rammetilskotet blir derfor redusert med 70 mill. kroner. Sjå meir omtale under kap. 573, post 60.

Finansiering av overgang til Altinn 3 for KOSTRA

Datafangsten for KOSTRA skal gå over til ei skybasert løysing (Altinn 3-plattforma). Det blir foreslått å delfinansiere overgangen gjennom trekk i rammetilskotet til kommunane. Rammetilskotet blir redusert med 10 mill. kroner i 2027, mot ein tilsvarande auke i løyvinga til Statistisk sentralbyrå (SSB) under Finansdepartementet. Midlane skal tilbakeførast til rammetilskotet i statsbudsjettet for 2031. Sjå meir omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Finansdepartementet.

Fylkeskommunar

Fylkesvegar – eingongsløyving i 2026

Ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2026 vart rammetilskotet til fylkeskommunane auka med 1 mrd. kroner som eit ekstraordinært eittårig tilskot til vedlikehald og mindre investeringar på fylkesvegar. Tilskotet skal ikkje vidare-

førast, og rammetilskotet blir derfor redusert med 1 038 mill. kroner.

Krav til nullutslepp i offentlege anbod for ferjer og ferjetenester

Frå 1. januar 2025 er det innført krav til nullutslepp i offentlege anbod for ferjer og ferjetenester. Kompensasjonen til fylkeskommunane blir justert årleg for å reflektere meirkostnadene ved innføring av kravet. I statsbudsjettet for 2027 aukar kompensasjonen med ytterlegare 93,4 mill. kroner. Midlane blir fordelte særskilt (tabell C) etter ferjekriteriet i kostnadsnøkkelen for 2027. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Samferdselsdepartementet.

Ny landslinje i flyfag i Østfold

Det blir gitt tilskot til landslinjer over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Ved etablering av nye landslinjer blir rammetilskotet til fylkeskommunane redusert tilsvarande tilskotet til dei nye linjene. Det skal etablerast ei ny landslinje i flyfag i Østfold frå hausten 2027. Rammetilskotet blir derfor redusert med 1,8 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet.

Endringar i drosjereguleringa – heilårseffekt

Frå 1. juli 2026 er det innført eit krav i yrkestransportlova om at alle drosjesentralar og drosjeløyvehavarar skal ha eit internkontrollsystem. Fylkeskommunane skal vere tilsynsmyndigheit. I statsbudsjettet for 2026 vart rammetilskotet auka med 10 mill. kroner som følgje av dette og andre administrative oppgåver i det endra drosjeregelverket. Rammetilskotet blir auka med ytterlegare 10,4 mill. kroner i 2027 for å kompensere for heilårseffekten. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Samferdselsdepartementet.

Auka CO_2-avgift – kompensasjon til fylkeskommunane

Regjeringa foreslår å auke CO_2-avgifta med 12,9 pst. ut over prisjustering i 2027. Fylkeskommunane blir kompenserte for meirkostnadar som følgjer av dette for anbodskontraktar for hurtigbåtar, ferjer og bussar. Det blir korrigert for kontraktar som har gått ut og som har blitt kompenserte i tidlegare år. For dieselbussar vart føresetnadene endra etter at kompensasjonen for 2026 vart rekna ut ved at vegbruksavgifta vart sett ned for å motverke auken i CO_2-avgifta som følgje av budsjettforliket på Stortinget. Samla inneber reduksjonen i vegbruksavgifta i 2026 og budsjettforslaget for 2027 at kompensasjonsbehovet for bussar er redusert med 49,7 mill. kroner. For hurtigbåtar og ferjer aukar kompensasjonen med høvesvis 14,1 mill. kroner og 26,1 mill. kroner. Samla blir rammetilskotet til fylkeskommunane redusert med 9,5 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 LS (2026–2027) *Skatter og avgifter 2027*.

Kap. 573 Kommunestruktur

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
60	Verkemiddel for frivillige kommunesamanslåingar			70 000
	Sum kap. 573			70 000

Post 60 Verkemiddel for frivillige kommunesamanslåingar

Departementet gjer framlegg om tre nye ordningar for frivillige kommunesamanslåingar som erstattar dagens søknadsbaserte ordningar: utgreiingsstøtte, delvis kompensasjon for nødvendige eingongskostnader og oppstartstilskot.

Mål for ordningane

Ordningane skal gi føreseielege økonomiske rammer for frivillige kommunesamanslåingar og legge til rette for gode samanslåingsprosessar.

Tildelingskriterium og kriterium for måloppnåing

Utgreiingsstøtte

Dagens støtte til høvesvis informasjon, innbyggarhøyring og utgreiing av samanslåing blir slått saman til eitt tilskot, utgreiingsstøtte, på 1 mill. kroner per kommune som er med i utgreiingsprosessen. Departementet legg opp til at søknaden frå kommunane skal bestå av kommunestyrevedtak frå dei involverte kommunane om utgreiing av samanslåing, og det må gå fram i søknaden korleis ei utgreiing skal følgast opp. Utover dette legg ikkje departementet opp til statlege føringar på bruken av midlane.

Kriteriet for måloppnåing er at kommunane opplever at tilskotet legg til rette for gode prosessar i forkant av moglege samanslåingar.

Delvis kompensasjon for nødvendige eingongskostnader

Staten skal gi delvis kompensasjon for eingongskostnader som er direkte knytte til ein samanslåingsprosess, jf. inndelingslova § 15. Utgangspunktet ved lovfestinga var at staten skulle gi støtte til å dekke delar av heilt nødvendige ekstrakostnader ved ei samanslåing. Andre omstillingskostnader og kostnader ved eventuell standardheving skulle ikkje dekkast av staten, jf. Ot.prp. 41 (2000–2001), punkt 10.5.1.

Departementet vil innføre ein standardisert modell for delvis kompensasjon for eingongskostnader, med eit minstebeløp på 40 mill. kroner. Beløpet aukar jo fleire kommunar som inngår i ei samanslåing, og dersom den nye kommunen får meir enn 20 000 innbyggarar, jf. tabell 5.5. Kompensasjon for eingongskostnader vil bli utbetalt etter at nasjonalt vedtak om kommunesamanslåing er gjort, utan ytterlegare søknad.

Kriteriet for måloppnåing er at kommunane opplever føreseielege rammer under samanslåingsprosessar.

Tabell 5.5 Delvis kompensasjon for eingongskostnader ved kommunesamanslåing

(i mill. kroner)

Talet på kommunar og innbyggarar i samanslåinga	Færre enn 20 000 innb.	20 000 innb. eller fleire
2 kommunar	40	45
3 kommunar	55	60
4 kommunar	70	75
5 kommunar	85	90
6 eller fleire kommunar	100	105

Oppstartstilskot

I tillegg til økonomiske verkemiddel som bidrar til å dekke delar av kommunane sine utgifter ved ein samanslåingsprosess, ønskjer regjeringa å innføre eit insentiv for å legge betre til rette for frivillige kommunesamanslåingar. Departementet vil innføre eit standardisert oppstartstilskot som blir gitt utan statlege føringar, med eit minstebeløp på 20 mill. kroner. Beløpet aukar jo fleire kommunar som inngår i samanslåinga, og dersom den nye kommunen får meir enn 20 000 innbyggarar, jf. tabell 5.6. Oppstartstilskotet vil bli utbetalt året før samanslåinga trer i kraft, utan ytterlegare søknad.

Kommunane kan nytte midlane til det dei vurderer som mest formålstenleg i sine kommunar, til dømes å betale ned gjeld, dekke eventuelt meirforbruk, infrastrukturtiltak eller andre lokalt ønskte formål.

Kriteriet for måloppnåing er at kommunane opplever gode og føreseielege økonomiske rammer gjennom heile prosessen med etablering av nye kommunar.

Tabell 5.6 Oppstartstilskot ved kommunesamanslåing

(i mill. kroner)

Talet på kommunar og innbyggarar i samanslåinga	Færre enn 20 000 innb.	20 000 innb. eller fleire
2 kommunar	20	30
3 kommunar	30	40
4 kommunar	40	50
5 kommunar	50	60
6 eller fleire kommunar	60	70

Oppfølging og kontroll

Ordningane skal forvaltast av departementet. Kommunane skal oversende ein kortfatta rapport til departementet etter at samanslåinga er gjennomført. Ordningane vil bli evaluert.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått å løyve 70 mill. kroner. Dette er eit anslag for utgiftsbehov til dei nye ordningane på bakgrunn av pågåande lokale diskusjonar om moglege kommunesamanslåingar. Det er stor usikkerheit knytt til anslaget. Faktiske utbetalingar vil avhenge av omfanget av samanslåingsprosessar og samanslåingar.

Kap. 575 Ressurskrevjande tenester

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
60	Toppfinansieringsordning, *overslagsløyving*	13 335 948	14 249 945	14 302 107
61	Tilleggskompensasjon	92 211	95 899	99 735
	Sum kap. 575	13 428 159	14 345 844	14 401 842

Post 60 Toppfinansieringsordning, overslagsløyving

Mål for ordninga

Ordninga skal legge til rette for at kommunane kan gi eit godt tenestetilbod til mottakarar som har krav på omfattande helse- og omsorgstenester. Kommunane har ansvar for å gi helse- og omsorgstenester til dei som har krav på dette i samsvar med helse- og omsorgstenestelova. Tenestene blir finansiert i hovudsak gjennom dei frie inntektene til kommunane (skatteinntekter og rammetilskot). Behovet for ressurskrevjande tenester varierer mykje mellom kommunar. Det finst ikkje objektive kriterium i inntektssystemet som kan fange opp denne variasjonen i kostnadar.

Tildelingskriterium

Kommunane får refundert delar av utgiftene til tenester til menneske som får omfattande helse- og omsorgstenester. Dette kan mellom anna gjelde personar med psykisk utviklingshemming, nedsett funksjonsevne, personar med rusmiddelproblem og menneske med psykiske lidingar. For 2027 blir det foreslått at kommunane på landsbasis får kompensert 80 pst. av eigne netto lønsutgifter i 2026 til helse- og omsorgstenester ut over eit innslagspunkt på 2 042 000 kroner.

Først blir det rekna ut ein eigenandel ut over innslagspunktet med eit likt beløp per innbyggar. Eigenandelen er ein variabel og blir endeleg berekna etter at dei samla krava er sendt inn frå kommunane våren 2027. Deretter blir det berekna ein eigenandel på 10 pst. av kommunen sine samla utgifter over innslagspunktet etter at eigenandelen per innbyggar er trekt frå. Denne eigenandelen ligg fast.

Netto lønskostnader er løn til tilsette og tilhøyrande sosiale kostnadar, minus øyremerkte tilskot og tilskot gjennom inntektssystemet. Tilskotsordninga gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei fyller 67 år. For tenestemottakarar over 67 år blir delar av utgiftene fanga opp gjennom dei ordinære kriteria i kostnadsnøkkelen som ligg til grunn for fordelinga av rammetilskot til kommunane.

Oppfølging og kontroll

Kommunen skal sende rapporteringsskjema med dokumentasjon til kommunerevisor, som gir ei revisjonsfråsegn til kravet frå kommunen. Kommunen skal deretter sende endeleg innrapporteringsskjema og revisjonsfråsegna til Helsedirektoratet gjennom Altinn. Kommunal- og distriktsdepartementet, Helsedirektoratet og Riksrevisjonen kan føre kontroll med innrapporteringa frå kommunane.

Rapport

Tilskotet for 2026 er ein refusjon for utgiftene kommunane hadde i 2025. Tilskotet til dei kommunane som tilfredsstilte kriteria for tilskot, vart fordelt av Helsedirektoratet i mai 2026. Det vart kravd til saman 13 732 mill. kroner i refusjon. Etter at det vart trekt i overkant av 4 mill. kroner i for mykje utbetalt tilskot tidlegare år, vart det utbetalt 13 728 mill. kroner. Dette er 522 mill. kroner eller vel 3,7 pst. lågare enn saldert budsjett for 2026. Utbetalingane i 2026 auka med 391 mill. kroner eller vel 2,9 pst. nominelt samanlikna med utbetalingane i 2025. Tala frå Helsedirektoratet for 2025 viser at 8 324 ressurskrevjande mottakarar var omfatta av ordninga. Dette er ein reduksjon på 1,3 pst. samanlikna med 2025. Eigenandelen per innbyggar vart berekna til 342 kroner ved utbetalingane i 2026.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Forslaget til løyving for 2027 tar utgangspunkt i faktiske krav for 2026 på 13 732 mill. kroner. Krava i 2026 er framskrivne til 2027 på grunnlag av gjennomsnittleg underliggande vekst i ordninga frå 2022 til 2025 som var på om lag 0,2 pst. Det gir isolert sett ein auke på 27 mill. kroner. Det blir korrigert for lønsauken i kommunane i 2025 på 4,4 pst. Det er berekna at pensjonspremiane til kommunane vil auke med om lag 10 pst. isolert sett. Dette vil føre til at den samle lønsauken, inkludert pensjon, blir på 5,1 pst. Dette påslaget utgjer om lag 695 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke innslagspunktet til 2 042 000 kroner. Det er ei auke på 23 000 kroner ut over det som følgjer av berekna lønsauke, og utgjer isolert sett ein reduksjon i løyvinga på 152,7 mill. kroner. Auken vil frigjere midlar til andre føremål og må sjåast i samanheng med utgiftsvekst i ordninga. Eigenandelen per innbyggar er berekna til 355 kroner.

Det blir foreslått å løyve 14 302,1 mill. kroner.

Post 61 Tilleggskompensasjon

Mål for ordninga

Tilleggskompensasjonen skal legge til rette for at mindre kommunar som har spesielt høge utgifter til ressurskrevjande tenester, kan gi eit godt tenestetilbod til mottakarar som har krav på omfattande helse- og omsorgstenester.

Tildelingskriterium

Følgjande kriterium gjeld for at kommunar skal kvalifisere for tilskotet:

- kommunen har høge utgifter til ressurskrevjande tenester per innbyggar
- kommunen har færre enn 3 200 innbyggarar
- kommunen har gjennomsnittlege skatteinntekter dei siste tre åra som er lågare enn 120 pst. av landsgjennomsnittet.

Med utgifter til ressurskrevjande tenester meiner ein her den delen av rapporterte nettoutgifter i toppfinansieringsordninga som ikkje blir dekt av toppfinansieringstilskotet, det vil seie «eigenandelar»/utgifter opp til innslagspunktet, og dessutan dei to eigenandelane over innslagspunktet. Dei kommunane som oppfyller kriteria i dei to siste strekpunkta over, får kompensert 80 pst. av utgiftene over ein terskelverdi per innbyggar. Terskelverdien er berekna til 5 450 kroner per innbyggar for 2027. Den faktiske terskelverdien vil bli berekna i samband med Helsedirektoratet si tildeling av tilskotet sommaren 2027, og kan avvike frå denne berekninga.

Oppfølging og kontroll

Kommunal- og distriktsdepartementet, Helsedirektoratet og Riksrevisjonen kan føre kontroll med innrapporteringa til kommunane.

Rapport

I 2026 vart det utbetalt 95,9 mill. kroner til 32 kommunar. Terskelverdien vart berekna til 5 428 kroner per innbyggar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått å løyve 99,7 mill. kroner.

Kap. 577 Partistøtte

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	7 625	8 333	8 535
70	Sentrale organisasjonar	389 539	423 887	439 571
71	Kommunale organisasjonar	40 435	42 156	43 716
73	Fylkesorganisasjonar	88 870	92 124	95 533
75	Fylkesungdomsorganisasjonar	30 684	33 375	34 610
76	Sentrale ungdomsorganisasjonar	15 773	16 387	16 993
	Sum kap. 577	572 926	616 262	638 958

Mål for ordningane

Tilskot til politiske parti skal bidra til at dei registrerte politiske partia har økonomiske midlar til å løyse sine kjerneoppgåver.

Tildelingskriterium

Følgjande politiske parti får tilskot:

- Alle registrerte politiske parti som har søkt og fyller krava i partiloven, får i utgangspunktet økonomisk stønad.
- Statleg partistønad blir gitt til registrerte politiske parti på nasjonalt, fylkeskommunalt og kommunalt nivå som fekk stemmer ved førre val.
- På grunnlag av morpartiet sin del av stemmene, blir det òg gitt stønad til dei politiske partia sine ungdomsorganisasjonar på nasjonalt og fylkeskommunalt nivå.

Oppfølging og kontroll

Etter partiloven § 10 skal ikkje styresmaktene føre kontroll med korleis partia disponerer stønaden. Det skal heller ikkje setjast vilkår til offentleg partistønad som kan kome i konflikt med sjølvstendet og uavhengigheita til dei politiske partia.

Kapittel 5 i partiloven gir Partilovnemnda myndigheit til å kontrollere at partia overheld føresegnene om finansiering i lova. Ved brot på føresegnene i kapittel 4, kan nemnda avkorte stønaden heilt eller delvis for eitt år av gongen. Nemnda kan bruke sitt særskilde ekspertorgan, Partirevisjonsutvalet, i kontrollen av partia. Dei administrative oppgåvene i forbindelse med partiloven blir forvalta av Kommunal- og distriktsdepartementet og Statsforvaltaren i Vestland (SFVL). Statistisk sentralbyrå (SSB) samlar inn, behandlar og offentleggjer informasjon om partia sine finansielle forhold. Partilovnemnda har det overordna myndigheitsansvaret for enkeltsaker etter lova.

Rapport

Partilovnemnda held i 2025 fram med ei streng handheving av partia si plikt til å rapportere økonomisk informasjon innan 1. juni året etter. Heile 102 partiledd som ikkje leverte økonomirapport for 2024 mista partistøtta i 2026, medan 42 partiledd fekk formell åtvaring for å ha brote fristen. Våren og hausten 2025 fatta nemnda 60 vedtak om formell åtvaring og 9 vedtak om avkorting i partistøtta for brot på den særskilde rapporteringsplikta i valår (2025). I tillegg fatta nemnda ytterlegare to vedtak om avkorting i 2026 fordi rapporteringsplikta i valåret 2025 ikkje var følgd. Vidare handsama nemnda to klagesaker i 2025. På oppdrag frå nemnda kontrollerte Partirevisjonsutvalet rekneskapane for 2023 til 35 tilfeldig utvalde parti og partiledd. Funna vart dokumenterte i ein kontrollrapport i januar 2025. På bakgrunn av dette fatta nemnda våren 2025 to vedtak om formell åtvaring og vedtok å avkorte partistøtta til åtte partiledd.

Partilovnemnda arrangerte den 10. juni 2026 eit møte med ungdomspartia for å tydeleggjere dei delar av lova som ungdomspartia ofte opplever som krevjande. Møtet vart halde i Oslo.

Ved fristen 1. juni 2026 hadde 3 074 av i alt 3 258 rapporteringspliktige parti og partiledd rapportert om økonomien sin for 2025 til SSB. Dette

svarer til 94,4 pst. av alle einingar som er omfatta av partiloven, noko som er litt lågare enn året før (95,3 pst. i 2025).

Partiportalen.no har sidan 2013 vore eit viktig verktøy i administrasjonen av partiloven. Løysinga er basert på eit teknisk utdatert rammeverk, og Kommunal- og distriktsdepartementet har starta arbeid med ny partiportal.

Departementet, Partilovnemnda, Statistisk sentralbyrå og Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte i 2025 ei regional møterunde der tema mellom anna var rettar og plikter etter partiloven. Alle parti og partiledd var invitert til å delta. Det vart halde møte i Stavanger, Trondheim og Oslo.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker mellom anna utgifter til drift av Partilovnemnda, Partirevisjonsutvalet, Partiportalen, Statsforvaltaren i Vestland, Statsforvaltarens fellestenester og Partiregisteret som Brønnøysundregistera forvaltar.

Det blir foreslått å løyve 8,5 mill. kroner.

Post 70 Sentrale organisasjonar

Løyvinga er øyremerkt registrerte politiske parti på nasjonalt nivå og blir fordelt slik at 90 pst. går til stemmestønad og 10 pst. til grunnstønad. Departementet betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar stortingsvalperiode. Stemmestønad blir utbetalt som ein fast sats per stemme rekna ut på grunnlag av den årlege løyvinga og resultatet frå føregåande stortingsval. Grunnstønad blir utbetalt til partiet sin hovudorganisasjon dersom partiet fekk minst 2,5 pst. oppslutning på landsbasis eller vann minst eit mandat ved føregåande stortingsval. Grunnstønaden blir delt likt mellom desse partia.

Det blir foreslått å løyve 439,6 mill. kroner.

Post 71 Kommunale organisasjonar

Løyvinga er øyremerkt kommuneorganisasjonar under registrerte politiske parti og blir fordelt slik at 90 pst. går til stemmestønad og 10 pst. til grunnstønad. Det er eit krav at partiet må ha ein organisasjon i den respektive kommunen for å få stønad. Statsforvaltaren i Vestland betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar kommunestyrevalperiode. Stemmestønad blir betalt ut frå første stemme utan sperregrense. Satsen er berekna på grunnlag av den årlege løyvinga og resultatet frå føregåande kommunestyreval. Grunnstønad blir løyvd til partia sine kommuneorganisasjonar dersom partiet fekk minst 4 pst. oppslutning i kommunen eller vann minst eitt mandat ved føregåande kommunestyreval. Grunnstønaden blir delt likt mellom desse partia.

Det blir foreslått å løyve 43,7 mill. kroner.

Post 73 Fylkesorganisasjonar

Løyvinga er øyremerkt fylkesorganisasjonar under registrerte politiske parti og blir fordelt slik at 90 pst. går til stemmestønad og 10 pst. til grunnstønad. Det er eit krav at partiet må ha ein organisasjon i det respektive fylket for å få stønad. Statsforvaltaren i Vestland betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar fylkestingsvalperiode. Stemmestønad blir betalt ut frå første stemme utan sperregrense. Satsen er berekna på grunnlag av den årlege løyvinga og resultatet frå føregåande fylkestingsval. Grunnstønad blir løyvd til partia sine fylkesorganisasjonar dersom partiet fekk minst 4 pst. oppslutning i fylket eller vann minst eitt mandat ved førre fylkestingsval. Grunnstønaden blir delt likt mellom desse partia.

Det blir foreslått å løyve 95,5 mill. kroner.

Post 75 Fylkesungdomsorganisasjonar

Løyvinga går til parti med fylkesungdomsorganisasjonar og blir betalt ut i samsvar med talet på stemmer som morpartiet fekk ved føregåande fylkestingsval. Statsforvaltaren i Vestland betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar fylkestingsvalperiode.

Det blir foreslått å løyve 34,6 mill. kroner.

Post 76 Sentrale ungdomsorganisasjonar

Løyvinga går til parti med ein sentral ungdomsorganisasjon og blir betalt ut i samsvar med talet på stemmer som morpartiet fekk ved føregåande stortingsval. Departementet betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar stortingsvalperiode.

Det blir foreslått å løyve 17 mill. kroner.

Kap. 578 Valdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	122 286	78 046	111 236
70	Informasjonstiltak	6 095		6 573
	Sum kap. 578	128 381	78 046	117 809

Post 01 Driftsutgifter

Rapport

Løyvinga dekker løn til tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter for Valdirektoratet. Valdirektoratet har det operative ansvaret for valgjennomføring på statleg nivå. Direktoratet er lokalisert i Tønsberg og hadde 36 avtalte årsverk i 2025.

Valdirektoratet si overordna prioritering for 2025 var å gjere naudsynte førebuingar og gjennomføre stortings- og sametingsvalet i 2025. Direktoratet har arbeidd for tryggleik og beredskap i alle fasar av valgjennomføringa. Det er gjennomført opplærings- og rettleiingstiltak for kommunar og fylkeskommunar. Valkonferansane vart gjennomført digitalt og gjennom fysiske samlingar. Direktoratet har òg produsert og sendt ut materiell til valet og gitt informasjon til veljarane.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått å auke løyvinga med 30 mill. kroner knytt til gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsval i 2027. Direktoratet sine hovudaktivitetar i 2027 vil vere retta mot informasjon og opplæring av alle brukarar, forvalting og vidareutvikling av det elektroniske valgjennomføringssystemet EVA og produksjon og utsending av valmateriell.

Det blir foreslått å løyve 111,2 mill. kroner

Post 70 Informasjonstiltak

Tilskotsordninga skal bidra til å auke kunnskapen om val bland stemmeføre og/eller bidra til å auke valdeltakinga.

Ved stortings- og sametingsvalet i 2025 fordelte Valdirektoratet tilskot på til saman 6,1 mill. kroner. Totalt 15 organisasjonar og andre aktørar vart gitt tilskot.

Det blir foreslått å løyve 6,6 mill. kroner.

Kap. 579 Valutgifter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	7 573	8 832	9 070
	Sum kap. 579	7 573	8 832	9 070

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker departementet sine utgifter knytt til val, mellom anna til løn, utgreiing og analyse, evaluering og regelverksforvalting på valområdet og etatsstyring av Valdirektoratet. I tillegg dekker posten mellom anna utgifter til register for statssekretærar og politiske rådgivarar sine verv og økonomiske interesser.

Det blir foreslått å løyve 9,1 mill. kroner.

Kap. 5616 Kommunalbanken AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
85	Aksjeutbytte	700 000	700 000	710 000
	Sum kap. 5616	700 000	700 000	710 000

Post 85 Aksjeutbytte

Kommunalbanken er eit heileigd statleg aksjeselskap. Staten eig Kommunalbanken for å tilby stabil, langsiktig og effektiv finansiering til kommunesektoren. Staten sitt mål som eigar er høgast mogleg avkasting over tid innanfor berekraftige rammer, jf. Meld. St. 6 (2022–2023) *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap*.

For nærare informasjon om verksemda i Kommunalbanken, sjå årsrapporten til selskapet og Statens eigarrapport for 2025.

Budsjettforslag for 2027

Aksjeutbytte for rekneskapsåret 2026 blir løyvd over statsbudsjettet for 2027. Årsrekneskap for 2026 og annan vesentleg informasjon om den aktuelle situasjonen for selskapet vil inngå i styret og eigar si vurdering av storleiken på utbytte. Denne informasjonen er ikkje kjent på noverande tidspunkt. Det er derfor stor usikkerheit knytt til utbytteanslaget. Oppdatert anslag blir eventuelt lagt fram i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2027.

Det blir foreslått å løyve 710 mill. kroner.

Programkategori 13.80 Bustad, bumiljø og bygg

Utgifter under programkategori 13.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
581	Bustad- og bumiljøtiltak	4 242 148	4 356 906	4 250 385	-2,4
585	Husleigetvistutvalet	47 150			0,0
587	Direktoratet for byggkvalitet	197 559	219 724		-100,0
2412	Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet	25 468 937	32 066 510	28 692 986	-10,5
	Sum kategori 13.80	29 955 794	36 643 140	32 943 371	-10,1

Inntekter under programkategori 13.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
3585	Husleigetvistutvalet	4 178			0,0
3587	Direktoratet for byggkvalitet	41 831	41 203		-100,0
5312	Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet	16 389 907	14 234 895	15 200 327	6,8
5615	Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet	7 671 697	8 483 000	8 730 000	2,9
	Sum kategori 13.80	24 107 613	22 759 098	23 930 327	5,1

Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet skal bidra til eigna bustader og trygge buforhold i heile landet, og at vanskelegstilte på bustadmarknaden kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde han. Departementet har ansvar for regelverk og andre verkemiddel som skal fremje god byggkvalitet og effektive prosessar i byggesaker. Departementet har òg ansvar for plan- og bygningslova. Plandelen av lova er omtalt under programkategori 13.90. I tillegg har departementet ansvar for å sikre ei balansert regulering av rettar og plikter ved leige av bustad og blant bustadeigarar. Det inkluderer bustadbyggelagslova, burettslagslova, eigarseksjonslova og husleigelova.

Det er kommunane som set i verk bustad- og bygningspolitikken lokalt, medan det i hovudsak er private som bygger, utbetrar og finansierer bustad- og bygningsmassen. Staten sørgjer for gode rammer for bustad- og bygningssektoren gjennom å utvikle og forvalte regelverk, økonomiske ordningar og kunnskap.

Kommunal- og distriktsdepartementet samarbeider med andre departement for å sikre ein heilskapleg bustad- og bygningspolitikk.

For å styrkje bustad- og bygningspolitikken vil regjeringa etablere eit nytt bustad- og bygningsdirektorat frå 1. januar 2027. Det blir gjort ved å slå saman Husbanken og Direktoratet for byggkvalitet (DiBK). Det nye direktoratet vil heite Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet.

Frå 1. januar 2026 vart Husleigetvistutvalet slått saman med Husbanken for betre å førebygge konfliktar i leigeforhold og handtere konfliktane raskare og meir effektivt.

Det nye direktoratet skal førebygge at folk blir vanskelegstilte på bustadmarknaden, bidra til at fleire kan skaffe og halde på ein eigna bustad, og støtte kommunane i det bustadpolitiske arbeidet. Vidare skal direktoratet bidra til at det blir bygd sikre, miljøvenlege og tilgjengelege bustader og bygg. Husleigetvistutvalet skal legge til rette for at tvistar i leigeforhold blir løyst på ein hurtig, billig og kompetent måte. Ansvaret og oppgåvene som ligg til Husbanken og DiBK i 2026 vil i stor grad bli vidareførte i 2027. I tillegg til ordningane som er i omtalt i denne proposisjonen, vil direktoratet òg forvalte investeringstilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar og tilskot til aldersvennleg oppgradering av eigen bustad for Helse- og omsorgsdepartementet og tilskot til studentbustader for Kunnskapsdepartementet. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2026–2027) under dei aktuelle departementa.

Mål for programkategorien

1. Tilgang på eigna bustader og trygge buforhold i heile landet
2. Berekraftig byggeverksemd med digitale og effektive byggeprosessar

Mål 1 Tilgang på eigna bustader og trygge buforhold i heile landet

Eit stort og variert nok bustadtilbod er viktig, mellom anna for butilbodet til eldre, studentar, flyktningar og vanskelegstilte. Regjeringa vil legge til rette for at det kan settast i gang bygging av 130 000 nye bustader innan 2030, og at det blir bygd bustader på stader og med kvalitetar som bidrar til gode og mangfaldige bumiljø i heile landet.

Fleire skal få høve til å eige eigen bustad. Det å eige bustad gir for dei fleste eit føreseieleg, stabilt og trygt buforhold, og det bidreg til at bustadmassen blir halden godt ved like.

Ein velfungerande leigemarknad er viktig for å sikre trygge og gode leigeforhold, for ein fleksibel arbeidsmarknad og for den økonomiske stabiliteten i landet.

Bustadlause skal raskt få tilbod om varig bustad. Det er eit nasjonalt mål at ingen skal vere bustadlause i Noreg.

Mål 2 Berekraftig byggeverksemd med digitale og effektive byggeprosessar

Regjeringa jobbar for at regulering av bustad- og byggeverksemda skal vere effektiv, og så enkel som mogleg. Det kan bidra til å redusere byggfeil, auke produktiviteten og innovasjonen i næringa, og avgrense bruken av ressursar i kommunane. Dette kan òg bidra til å redusere byggekostnadane.

Ein føresetnad for ein velfungerande bustad- og byggemarknad er gode rammevilkår, og effektiv samhandling mellom offentleg sektor, bygge- og anleggsnæringa og innbyggarane.

Bygningslovgivinga fastset kva for kvalitetar bygg og byggevarer skal ha som minimum, og ansvarsforholda mellom aktørane i ein byggesak. Regelverket skal balansere mange samfunnsomsyn, noko som kan gjere det komplekst og vanskeleg å etterleve. For å oppretthalde kvaliteten på tenester til innbyggarar og næringsliv må vi ta i bruk moglegheitene som ligg i ny teknologi.

Med betre bruk av bygningsmassen bidrar ein til fleire bustader, samtidig som ein tar omsyn til klima, energi og redusert nedbygging av natur.

Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
70	Bustøtte, *overslagsløyving*	4 099 910	4 280 000	4 210 000
72	Etablering og tilpassing i distriktskommunar, *kan overførast*	17 000	11 000	
76	Utleigebustader, *kan overførast*	86 592	26 664	
78	Bustadtiltak, *kan overførast*	20 322	39 242	40 385
79	Heis og tilstandsvurdering, *kan overførast*	18 324		
	Sum kap. 581	4 242 148	4 356 906	4 250 385

Post 70 Bustøtte, overslagsløyving

Mål for ordninga

Bustøtta skal sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad.

Kriterium for måloppnåing

Departementet vurderer måloppnåinga for ordninga med utgangspunkt i buutgiftsbelastninga, det vil seie forholdet mellom buutgifter og inntekter for mottakarane, og korleis bustøtta endrar dette. Tala blir samanlikna med tal for alle i Noreg.

Tildelingskriterium

Bustøtte er ein behovsprøvd rett for alle personar over 18 år, med unntak av dei fleste studentar og militære tenestepliktige. Tildelingskriterium og reglar for berekninga er presisert i lov og forskrift. Bustaden må ha eigen inngang, høve til kvile og matlaging, og eige bad og toalett. Kommunen kan gjere visse unntak frå dette av helse- eller sosialfaglege grunnar. Husbanken bereknar støtta ut frå buutgiftene til husstanden opp til ei øvre grense, og ein eigendel som avheng av dei samla skattepliktige inntektene til alle medlemane i husstanden som er over 20 år.

Oppfølging og kontroll

Husbanken forvaltar ordninga i samarbeid med kommunane. Støtta blir behovsprøvd mot månadleg brutto inntekt, mellom anna inntekter som er registrerte i a-ordninga, der arbeidsgivar rapporterer om inntekt og tilsette. I etterkant blir inntekta kontrollert mot skatteoppgjeret. Er det vesentlege feil i utbetalingane, blir differansen enten etterbetalt eller kravd tilbake.

Rapport

I 2025 vart det utbetalt 4 100 mill. kroner i bustøtte. Av dette var 4 062 mill. kroner ordinære vedtak, medan 38 mill. kroner var resultat av klager, etterbehandlingar og etterkontroll. Tabellen under viser nøkkeltal for 2024 og 2025.

	2024	2025
Utbetalt bustøtte (mill. kroner)	4 350	4 100
Tal på mottakarar (husstandar) i løpet av året	155 800	134 100
Av desse barnefamiliar	51 300	44 700
Gjennomsnittleg tal på mottakarar (husstandar) per månad	99 400	94 800
Gjennomsnittleg månadleg utbetalt bustøtte per husstand (kroner)	3 142	3 570
Dette utgjer for eit heilt år	37 700	42 840

Ei årsak til auka utbetaling av bustøtte per husstand frå 2024 til 2025 er at talet på mottakarar med svært låg inntekt har auka.

Sidan 2021 har årleg utbetalt *ordinær* bustøtte auka med om lag 1 350 mill. kroner. Då er ekstra utbetalingar og mellombels regelverk knytt til høge straumprisar, og klager og etterbetalingar, ikkje rekna med.

Buutgiftsbelastning

I følgje Statistisk sentralbyrå hadde 19 pst. av hushalda i Noreg høg buutgiftsbelastning i 2025. Det vil seie at buutgiftene utgjorde 40 pst. eller meir av inntektene etter skatt. I 2024 var det tilsvarande talet 21,6 pst. I tiåret 2011–2021 låg andelen med høg buutgiftsbelastning stabilt på 14–15 pst.

Tabellen nedanfor viser forskjell i buutgiftsbelastning før og etter bustøtte i 2024 og 2025.

I 2025 hadde bustøttemottakarane buutgifter som utgjorde i gjennomsnitt 69 pst. av inntektene *før* skatt. Det er 6 prosentpoeng høgare enn i 2024. Med bustøtta i tillegg til andre inntekter, utgjorde buutgiftene 52,6 pst. av dei samla inntektene før skatt i 2024 og 58 pst. i 2025. I gjennomsnitt var effekten av bustøtta på mottakarane si buutgiftsbelastning noko sterkare i 2025 samanlikna med 2024.

	Gjennomsnittlege månadlege buutgifter (kroner)	Gjennomsnittleg månadleg bruttoinntekt (kroner)	Buutgiftsbelastning utan bustøtte (pst.)	Buutgiftsbelastning med bustøtte (pst.)
2024	10 291	16 440	63	53
2025	11 107	16 018	69	58

Skjermingsordning for mottakarar av arbeidsavklaringspengar og dagpengar

Sidan 1. januar 2025 har mottakarar av bustøtte som har inntekt frå arbeidsavklaringspengar (AAP) og dagpengar fått skjerma deler av inntekta si frå bustøtteberekninga, når dei får utbetaling for tre fjortendagars meldekortperiodar i éin og same månad. Tidlegare risikerte dei å få lågare eller inga bustøtte to gonger i året, ettersom det ser ut som dei har høgare inntekt i desse månadene. Løyvinga vart auka med 80 mill. kroner i 2025 for å innføre skjermingsordninga for desse mottakarane, med ein heilårseffekt frå 2026 på 100 mill. kroner.

Kompensasjon for auka minste pensjonsnivå

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2026 vart det løyvd 3 mill. kroner for å sikre at einslege alderspensjonistar ikkje fekk avkorta bustøtte då minste pensjonsnivå, særskilt sats for einslege, vart auka. Tiltaket har ein heilårseffekt på 5 mill. kroner frå 2027.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Samla er det venta at i gjennomsnitt 92 900 husstandar vil få bustøtte kvar månad i 2027, på eit nivå som svarar til 43 600 kroner per husstand per år. Det er noko lågare enn i 2026. Det blir foreslått å nominelt vidareføre buutgiftstaka i bustøtteordninga i 2027.

Det blir foreslått å løyve 4 210 mill. kroner.

Post 72 Etablering og tilpassing i distriktskommunar, kan overførast

Ordninga skal bidra til å stimulere til auka bustadetablering i lite fungerande bustadmarknadar i distriktsområde som er prega av ein einsidig og eldre bustadmasse, låg omsetning og lite nybygging. Sjå omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for nærare utgreiing om tildelingskriteria, oppfølging og kontroll av ordninga.

Det vart utbetalt tilskot til dei tre bygdevekstpilotane Vestre-Varanger (Berlevåg, Båtsfjord, Nesseby, Tana), Midt-Finnmark (Nordkapp, Porsanger, Lebesby, Gamvik) og Hjerteregionen (Hammerfest, Hasvik, Måsøy) på 17 mill. kroner for 2025. Pilotane fordelte midlane likt til kvar kommune, med om lag 1,55 mill. kroner per kommune. Ved utgangen av 2025 hadde sju kommunar gitt tilsegn med eit samla tilskotsbeløp på 2,7 mill. kroner. Per 1. juli 2026 har Husbanken utbetalt 11 mill. kroner til dei tre bygdevekstpilotane.

For å frigjere midlar til andre tiltak foreslår regjeringa å avvikle ordninga. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 11 mill. kroner.

Post 76 Utleigebustader og forsøk med nye bustadmodellar, kan overførast

Tilskotet har gått til utleigebustader og forsøk med nye bustadmodellar. Ordninga vart avvikla i statsbudsjettet for 2023, men mellombels gjeninnført i samband med revidert nasjonalbudsjett same år. Rekneskap 2025 og saldert budsjett 2026 gjeld tilsegn som vart gitt i 2023.

Post 78 Bustadtiltak, kan overførast

På posten blir det gitt tilskot til bustadtiltak, tilskot til tiltak for berekraftig og effektiv byggeverksemd og tilskot til leigebuarorganisasjonar.

Mål for ordningane

Løyvinga skal bidra til at folk skal kunne bu i ein eigna bustad gjennom utvikling og utprøving av bustadløysingar, ved å stimulere til kunnskapsutvikling og nytenking. Løyvinga skal vidare bidra til berekraftig og effektiv byggeverksemd gjennom utvikling og utprøving av innovative byggemetodar og modellar for effektive prosessar og arbeidsmetodar. I tillegg skal løyvinga støtte opp under arbeid som tar hand om leigetakarar på bustadmarknaden, mellom anna bidra til å betre busituasjonen for den nasjonale minoriteten romar.

Kriterium for måloppnåing

Bustadtiltak:

- auka forståing av bustadmarknadane i byar og distriktskommunar, betre kunnskap om bustadsosiale behov, meir målretta innsats for utsette grupper og styrkt bustadpolitisk forvalting
- auka kunnskap om metodar som kan redusere byggekostnadar, gjere byggeprosessane meir effektive og/eller styrkje samfunnsomsyn som miljø og tilgjengelegheit i nye bustader, ved omfattande rehabilitering av bustader og ved ombygging av andre bygg til bustadformål

Leigetakarar sine interesser:

- talet på medlemar i leigebuarorganisasjonar som tar hand om leigetakarane sine interesser, og betre busituasjon for den nasjonale minoriteten romar.

Tildelingskriterium

Tilskot til bustadtiltak skal bidra til utvikling av nye arbeidsmetodar, bustadkonsept, løysingar og kunnskap som møter lokale bustadpolitiske utfordringar i byar og distrikt, i tillegg til utvikling og utprøving av innovative byggemetodar eller -prosessar.

For bustadtiltak kan frivillige og private aktørar, interesseorganisasjonar, forskings- og utdanningsinstitusjonar og kommunar i heile landet søkje om tilskot. Prosjekt som skjer i samarbeid mellom fleire aktørar, og prosjekt som bidrar til vesentleg nytenking og har stor overføringsverdi til andre prosjekt, skal bli prioriterte.

For tilskot til leigebuarorganisasjonar kan slike organisasjonar søkje om tilskot til drift, og til prosjekt for å betre bustadsituasjonen for den nasjonale minoriteten romar. Prosjekt som gir juridisk rettleiing og bidrar til bustadsosial innsats vil bli prioritert. Det er ein føresetnad med dialog og samarbeid med relevante aktørar.

Husbanken avgjer søknadar etter vilkår som er fastsette i forskrift.

Oppfølging og kontroll

Husbanken forvaltar tilskota. Tilskotsmottakarane skal utarbeide rapportar om resultat, prosess og metode. Rapportane blir publiserte på nettsidene til Husbanken.

Rapport

Det vart gitt tilsegn om tilskot til bustadtiltak for totalt 38,9 mill. kroner i 2025. Av dette gjekk 21 mill. kroner til 26 ulike bustadtiltak i distrikta. Blant dei som fekk støtte, var Hyllestad kommune, som fekk støtte til å utvikle ordningar for leige-til-eige og gjenkjøpsgarantiar for å gjere det enklare å etablere seg. Røyrvik kommune fekk støtte til å vurdere gjenbruk av kommunale bygg og utvikle rimelege og fleksible bustader, som del av førebuingane til ny gruvedrift. Kautokeino kommune fekk støtte til å kartlegge bustadbehov hos innbyggarar og lokale aktørar med mål om å etablere eit aldersvennleg bustadkonsept tilpassa samiske tradisjonar og buformer.

Det vart gitt 25 tilsegn om tilskot til bustadsosiale tiltak for totalt 15,6 mill. kroner. Blant dei som fekk støtte, var Kirkens Bymisjon Aust, for å gjere bustadsosiallova betre kjent og sikre at mellom anna personar med rus- og psykiatriutfordringar og låginntektsfamiliar får utløyst rettane sine. Oslo kommune fekk støtte til å styrkje den kom-

munale bustadberedskapen gjennom å utvikle ein fleksibel modell for busetting av flyktningar. Arkitektfirmaet Helen & Hard fekk støtte til å utvikle ei digital verktøykasse for sosiale buformer for å vise korleis dei kan løyse samfunnsutfordringar og skape meir inkluderande bustader.

Leieboerforeningen fekk 2 mill. kroner i driftstilskot. Organisasjonen har om lag 6 500 medlemar. Det vart òg gitt ti masterstipend på 30 000 kroner kvar.

I første halvår av 2026 har Husbanken gitt tilsegn om tilskot til bustadtiltak for 36 mill. kroner. Leieboerforeningen fekk 3 mill. kroner i driftstilskot, og 1 mill. kroner til eit prosjekt for å betre situasjonen til den nasjonale minoriteten romar. Det vart òg gitt tilsegn om tilskot til sju masterstipend på 30 000 kroner kvar.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2026 vart løyvinga på posten auka med 2 mill. for at Husbanken skal kunne hjelpe Tromsø kommune i arbeidet med å få kontroll over ulovleg korttidsutleie.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Frå 2027 blir det foreslått å utvide føremålet for ordninga til å omfatte berekraftig byggeverksemd, slik at ordninga omfattar utvikling og utprøving av innovative byggemetodar. Handlingsrommet til å finne nye og innovative løysingar i dagens byggtekniske regelverk blir i liten grad brukt, særleg i bustadbygging. Tiltaket vil bidra til at dette blir utfordra og vil vidare understøtte arbeidet med å utvikle dei byggtekniske reglane, som departementet har sett i gang. Utvidinga av formålet vil krevje endringar i forskrifta. Departementet tar sikte på å sende forslag til endringar på høyring hausten 2026.

Om Husbanken får nok kvalifiserte søknadar skal tilsegn om tilskot for minst 37,4 mill. kroner gå til bustadtiltak. Tilsegn om tilskot til leigebuarorganisasjonar skal ikkje overstige 4 mill. kroner i 2027. Det blir foreslått at inntil 1 mill. kroner kan gå til prosjekt i regi av leigebuarorganisasjonar for å betre busituasjonen til den nasjonale minoriteten romar. Mange romar opplever store utfordringar med marginalisering, levekår og diskriminering, mellom anna på bustadmarknaden. Ein vanskeleg busituasjon og hyppig flytting går utover skulegangen for barna. Det skal derfor vere prioritert å arbeide med både kortsiktige og langsiktige tiltak.

Tilskota har ein toårig utbetalingsprofil og blir budsjettert med løyving, tilsegnsramme og tilsegnsfullmakt.

Det blir foreslått ei løyving på 40,4 mill. kroner og ei tilsegnsfullmakt på 29 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak. Løyvinga og tilsegnsfullmakta gir ei tilsegnsramme på 41,4 mill. kroner.

Post 79 Heis og tilstandsvurdering, kan overførast

Løyvinga har gått til prosjektering og installering av heis. Ordninga vart avvikla i statsbudsjettet for 2023, og utbetalingar i 2025 gjeld tilsegn som vart gitt i 2022.

Kap. 587 Direktoratet for byggkvalitet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	154 285	173 865	
22	Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling, *kan overførast*	43 274	45 859	
	Sum kap. 587	197 559	219 724	

For å samle og styrkje verkemidla innanfor bustad- og bygningspolitikken opprettar regjeringa eit nytt bustad- og bygningsdirektorat ved å slå saman DiBK og Husbanken frå 1. januar 2027.

Sjå omtale, rapport og samla løyvingsforslag under Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet, kap. 2412, post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter.

Kap. 3587 Direktoratet for byggkvalitet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
04	Gebyr	41 811	41 088	
85	Diverse inntekter	20	115	
	Sum kap. 3587	41 831	41 203	

Sjå samla omtale og løyvingsforslag under Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet, kap. 5312, post 03 Gebyr sentral godkjenning og post 11 Diverse inntekter.

Kap. 2412 Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter	431 977	523 352	736 806
21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*	11 884	12 879	60 912
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, *kan overførast*	79 432	47 079	77 068
71	Tap på lån	18 080	25 000	24 000
72	Rentestøtte	257	200	200
90	Nye lån, *overslagsløyving*	24 927 307	31 458 000	27 794 000
	Sum kap. 2412	25 468 937	32 066 510	28 692 986

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker løn, husleige og andre faste utgifter til drift for direktoratet og godtgjersle til medlemar av Husleigetvistutvalet (HTU)[10]. Direktoratet har kontor i Drammen, Hammerfest, Bodø, Trondheim, Bergen, Arendal, Oslo og Gjøvik. Frå 2027 er 01-postane for tidlegare Husbanken og Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) slått saman. Posten vil òg dekke drift av den sentrale godkjenningsordninga for føretak med ansvarsrett. Ordninga er sjølvfinansierande, jf. kap. 5312, post 03 Gebyr sentral godkjenning.

[10] Regnskap 2025 for HTU på tidlegare kap. 585, post 01 er 47,2 mill. kroner.

Rapport

Husbanken

Frå 1. januar 2026 vart HTU slått saman med Husbanken for å styrkje innsatsen på leigemarknaden. Talet på innkomne tvistesaker til HTU har auka markant dei siste åra. Ein årsak er auka press i leigemarknaden. Talet på saker auka med 19,6 pst. frå 2024 til 2025, og 62 pst. frå 2022, som var det første året HTU handsama saker frå heile landet. Sjølv om HTU har gjort fleire grep for å handsame saker meir effektivt, auka sakshandsamingstida markant i 2025 grunna auka saksinngang. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var på 148 dagar i 2025, ein auke på 39,6 pst. frå 2024. Auken i talet på innkomne tvistesaker har fortsett i 2026 med ein auke på 15,2 pst. per mai samanlikna med same periode i 2025.

Sakshandsamingstida for lån i Husbanken var i gjennomsnitt 61 dagar i 2025. Dette er ein nedgang på 15 dagar i forhold til 2024, sjølv om låneramma vart auka frå 32 mrd. kroner i 2024 til 34 mrd. kroner i 2025.

Kostnadane til drift og vedlikehald av digitale løysingar har auka dei siste åra, og er forventa å auke òg i tida framover.

Husbanken har dei siste åra styrkt si kunnskapsrolle på bustadfeltet. I 2025 fekk Husbanken ei utvida kunnskapsrolle på leigemarknaden, og Husbanken har sidan 2025 lagt fram ein årleg rapport om status på leigemarknaden. I 2025 gjennomførte Husbanken, på oppdrag frå departementet, ei kartlegging av utfordringar knytt til korttidsutleige. Husbanken gjennomførte òg ei nasjonal kartlegging av bustadlause. Dyrtid og press i leigemarknaden har auka presset på dei bustadsosiale tenestene i kommunane og Husbanken si verksemd. Husbanken følgjer situasjonen tett, og rapporterer på situasjonen mellom anna i årsrapporten.

Husbanken har eit samarbeid med alle landets kommunar, og har i 2026 styrka innsatsen overfor kommunane i nord. Dei har mellom anna følgt opp bygdevekstpilotane, bidratt med kapasitet og kompetanse om bruk av bustadpolitiske verkemiddel, og bidratt til å sjå bustadpolitikken i samanheng med næringsutvikling, stadutvikling og tenestebehov. Husbanken har òg starta opp nettverket ByiNord, som er eit tett samarbeid med dei seks største bykommunane i Nord-Noreg for å styrkje kunnskapsutvikling, erfaringsutveksling og realisering av heilskaplege, innovative og berekraftige bu- og tenesteløysingar.

Gjennom eit innsiktsarbeid har Husbanken kartlagt kommunane sine behov for rettleiing og bistand i arbeidet med bustadsosiallova. I løpet av hausten 2026 vil Husbanken publisere første del av arbeidet med å utvikle rettleiingsmateriale om praktisk oppfølging av lova.

I 2025 gjennomførte Husbanken òg eit oppdrag om bustadbehovsanalysar i integrerte bu- og arbeidsmarknadsregionar, med Oslo–Akershus som pilotområde. Bustadbehovsanalysar er viktige i arbeidet med å utforme ein heilskapleg bustadpolitikk på lokalt og regionalt nivå, der det blir lagt til rette for at det blir bygd dei bustadene som trengs, der dei trengs.

Direktoratet for byggkvalitet

For å styrkje arbeidet med å gjere det enklare og raskare å realisere gode bustadprosjekt, vart løyvinga til DiBK auka med til saman 30 mill. kroner i statsbudsjettet for 2026, fordelt med 17 mill. kroner på post 01 og 13 mill. kroner på post 22. Satsinga gjekk i hovudsak til DiBK sitt arbeid med digitalisering av plan- og byggesaksprosessane, forenkling og digital tilrettelegging av regelverket, i tillegg til nye digitale løysingar. Satsinga gjekk òg til auka leveransekapasitet og til driftskostnadar på Fellestenester Plan og Bygg.

Ny byggevareforordning tredde i kraft i EU 7. januar 2025. Målet med forordninga er å fremje ein velfungerande indre marknad for byggevarer og bidra til å nå måla for det grøne og digitale skiftet. DiBK utarbeider forslag til høyringsnotat til ny byggevareforskrift, og hjelper departementet med forslag til nødvendige lovendringar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Regjeringa tar fleire grep for bustad- og bygningspolitikken, sjå innleiinga og målomtalen for programkategorien. DiBK og Husbanken blir slått saman frå 1. januar 2027, og utgjer saman Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet. Det blir foreslått å flytte 173,9 mill. kroner frå kap. 587, post 01. Det er venta eit meirbehov knytt til nødvendige investeringar og tilpassingar av system og digital infrastruktur for at dei tilsette i DiBK skal få tilgang til domene, system, og infrastruktur som høyrer til Husbanken. For å etablere det nye direktoratet blir det foreslått å auke løyvinga med 15 mill. kroner.

Direktoratet skal mellom anna følgje situasjonen for utsette på bustadmarknaden og bustadlause, og bidra til å støtte kommunane sitt arbeid og til at den bustadsosiale lova blir tatt i bruk på ein god måte.

Omfanget av korttidsutleige av bustader aukar, noko som kan påverke tilbodet i leigemarknaden. Direktoratet skal vidareføre samarbeidet med kommunar for å få betre innsikt i utviklinga, og avdekke behov for rettleiing og tiltak.

Direktoratet skal jobbe for å redusere talet på restansar til HTU.

Direktoratet skal vere ein pådrivar for digitalisering av regelverket og plan- og byggesaksprosessar, og foreslå forenklingar og utvikling av byggereglane. Arbeidet med forenkling av regelverket, utvikling og rettleiing vil bli styrkt med 10 mill. kroner. Midlane skal gå til å styrkje direktoratet sin juridiske kapasitet i arbeidet med forenkling og digitalisering, og styrkje arbeidet med rettleiing av kommunane.

Det er eit mål for regjeringa å redusere leigeutgiftene som staten har til kontorlokale. Som følgje av dette blir det foreslått å redusere løyvinga

med 1,3 mill. kroner. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,1 mill. kroner i samband med fellesløysingar hos Digitaliseringsdirektoratet.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 0,5 mill. kroner, tilsvarande reduksjonen i gebyrinntektene på kap. 5312, post 02. Det blir òg foreslått å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner, tilsvarande reduksjonen i gebyrinntektene på kap. 5312, post 03.

Samla blir det foreslått å løyve 736,8 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 5312, postane 02 og 03 jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått at direktoratet kan føre utbetalingar knytt til utlegg i låne- og tilskotsforvaltninga og tilhøyrande refusjonar mot mellomværet med statskassa, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Direktoratet skal bruke løyvinga til forsking, utvikling og formidling av kunnskap. Frå 2027 er 20-postane for tidlegare Husbanken og Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) slått saman.

Rapport

Husbanken

I 2025 finansierte Husbanken ni eksterne analysar, utgreiingar og evalueringar. I tillegg kom utviklingsprosjekt, datakjøp og mindre oppdrag.

Kunnskapsproduksjonen i 2025 har særleg vore retta mot prosjekt som bidrar til å underbygge Husbanken si nye kunnskapsrolle på leigemarknaden og korleis den økonomiske utviklinga har påverka Husbanken sine målgrupper, økonomiske verkemiddel og kompenserande tiltak. Dette gjeld til dømes ein rapport om tilbodsstimulerande tiltak i leigemarknaden, ein studie av fortrenging i leigemarknaden, tiltak for velfungerande leigemarknadar i distriktskommunar og tilbodssida, med særleg fokus på sokkelbustader. I tillegg gjennomførte Husbanken ei brukarundersøking om startlån og fleire prosjekt om bustøtte. Husbanken har òg kartlagt tomme bustader og tildelingsvilkår for kommunale bustader.

Husbanken følgjer opp eldrebustadprogrammet i tråd med gjennomføringsplanen for perioden 2024–2028, og styrkte kunnskapsgrunnlaget om eigna bustader for eldre.

Første halvår i 2026 har Husbanken halde fram arbeidet med leigemarknaden, mellom anna gjennom ein studie av økonomisk sårbare leigetakarar og ein studie som skal kartlegge tilbodssida betre.

I tillegg har Husbanken sett i gang arbeidet med å gjennomgå forvalting av lån og tilskot til studentbustader, undersøke bruken av startlån blant leigetakarar i kommunale bustader og kartlegge bustadkarrierane til bebuarar i kommunale bustader.

Direktoratet for byggkvalitet

I 2025 og 2026 heldt DiBK fram med å vidareutvikle tenesteplattforma Fellestenester Bygg som kontrollerer og sender inn byggesøknadar til rett kommune. Om lag 75 pst. av alle profesjonelle søknadar vart sendt gjennom systemet i 2025. Om lag 77 pst. av kommunane har skaffa eByggesak til sakshandsaminga si. Direktoratet utviklar òg nye tenester for automatisk handsaming av mellom anna rehabilitering av pipe/skorstein, igangsetjingsløyve, bruksløyve og ferdigattest.

I 2025 og 2026 har DiBK vidareført innsatsen for å digitalisere planprosessen. DiBK har mellom anna etablert ei teneste som varslar oppstart av reguleringsarbeidet, utvikla valideringsteneste for innsending av forslag til reguleringsplan og utarbeida ei oversikt over brukte planføresegner. I 2026 har DiBK ferdigstilt kommersielle sluttbrukarløysingar for innsending av forslag til reguleringsplan.

I 2026 har DiBK sluttført arbeidet med å migrere eksisterande tenester i Fellestenester Bygg over til Altinn 3.0-plattforma. Arbeidet inneber òg å styrkje arbeidet med personvern og sikkerheit i DiBK, og å gjere tenesteplattforma meir robust og skalerbar. Flytting av tenester inneber kostnadar, mellom anna knytt til lønn.

Direktoratet har frå 2025 vore sekretariat for klimapartnarskapet med byggenæringa. I 2026 har DiBK gjennomført høyring av nye forskriftsføresegner knytt til energikrav og klimakrav i byggteknisk forskrift. Målet er å redusere klimafotavtrykket frå bygging.

Å forenkle og modernisere byggteknisk forskrift og vurdere lempingar som kan bidra til raskare bustadbygging har vore eit prioritert innsatsområde for DiBK i 2026.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2026 vart løyvinga auka med 5 mill. kroner for å framskynde arbeidet med å greie ut endringar i byggteknisk forskrift og sende forslag til endringar på høyring i 2026 og 2027.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Direktoratet skal støtte kommunane med analysar av bustadmarknaden og rettleie om dei samla utfordringane kommunane står overfor i bustadpolitikken, korleis kommunane mest effektivt kan møte utfordringane, og korleis staten eventuelt skal bidra. Direktoratet skal òg ha ei nasjonal kunnskapsrolle med mål om å styrkje kunnskapsgrunnlaget for vidare utvikling av bustadpolitikken, både lokalt og nasjonalt. I åra som kjem skal direktoratet særleg prioritere kunnskapen om lokale bustadmarknadar, og særleg innanfor leigemarknaden, bustadbehov, bustadbygging og byggekostnadar. I tillegg skal dei bidra i arbeidet med å følgje opp bustøtteutvalet sin rapport.

Direktoratet skal bidra til at plan- og byggesaksprosessane blir heildigitale, utvikle kunnskap og formidle informasjon. Det inneber mellom anna å greie ut konsekvensar av nytt og endra regelverk, og å rettleie næringa, kommunane og publikum. Dette skal gi enklare byggereglar, auka kunnskap om bygningsmassen og auka etterleving av regelverket. Sjå nærare omtale under post 01. I samband med etableringa av det nye bustad- og bygningsdirektoratet blir det foreslått å flytte 45,9 mill. kroner frå kap. 587, post 22 til kap. 2412, post 21.

Det blir foreslått å løyve 60,9 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten dekker større anskaffingar av utstyr og vedlikehald, mellom anna på IKT-området.

Rapport

Husbanken har i 2025 arbeida med utvikling, vedlikehald og modernisering av digitale løysingar på lån-, tilskots- og det bustadsosiale området. Dette har sikra stabil og sikker drift av digitale tenester som blir brukt av kommunar, innbyggarar, bransjeaktørar og Husbanken. Digital sikkerheit, teknisk vedlikehald og forlenging av levetida til sentrale fagsystem har hatt høg prioritet.

Arbeidet med modernisering av lån- og tilskotsområdet har halde fram. I 2025 vart moderniseringa av lån- og tilskotsområdet replanlagt, og arbeidet med anskaffing av ny kjernebankløysing vart sett i gang. Parallelt er det gjennomført oppgraderingar og vedlikehald av eksisterande system for å sikre forsvarleg drift fram til nye løysingar er på plass.

Kobo, Husbanken si digitale løysing for kommunalt disponerte bustader, støttar kommunane i arbeidet med bustadregister, søknadar, sakshandsaming, vedtak, tildeling og forvalting av kommunale bustader. I 2025 deltok 26 kommunar i Husbanken sitt innføringsløp, og ved utgangen av året hadde 144 kommunar signert avtale om å ta Kobo i bruk. Husbanken har òg arbeidd fram eit vegkart med Oslo kommune for vidareutvikling av funksjonalitet, slik at Oslo kommune kan ta i bruk løysinga. Vidareutviklinga vil òg kome andre kommunar til gode.

Husbanken har i 2025 vidareutvikla digitale sjølvbeteningsløysingar for privatpersonar og lånekundar. Det er utvikla ei digital løysing der privatpersonar kan søkje om lån til å bygge, oppgradere eller kjøpe bustad, og følgje saka si digitalt. Det er òg utvikla eit felles skjemarammeverk som gjer det raskare å utvikle nye skjema med einskapleg uttrykk og ivaretaking av krav til universell utforming. I «Mitt kundeforhold» kan lånekundar i større grad sjølv gjere endringar i lånet, mellom anna bryte fastrenteavtalar, utsetje betalingsfristar, forkorte nedbetalingstid og endre terminlengd. Dette gir raskare svar til brukarane og meir effektiv sakshandsaming.

I 2026 har Husbanken helde fram arbeidet med sikker drift, vedlikehald og vidareutvikling av dei digitale løysingane. Det er òg sett i gang arbeid med systemstøtte for innføring av nytt tilskot til aldersvennleg oppgradering av eigen bustad.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Direktoratet skal sørgje for vedlikehald og sikker drift av systema sine, og fortsette å vidareutvikle dei digitale tenestene. Gode digitale løysingar bidrar til å forenkle og forbetre sakshandsaminga i kommunane og i direktoratet, og det gir betre oversikt over den bustadsosiale situasjonen.

Direktoratet vil fortsette moderniseringa av låne- og tilskotsforvaltinga, mellom anna gjennom å utvikle dei digitale systema for utbetaling av lån og tilskot (kjernebanken) og sakshandsaming. Utviklinga av nytt kjernebanksystem er planlagt gjennomført over fleire år. Det blir foreslått å auke løyvinga med 36 mill. kroner til arbeidet i 2027 og ei samla investeringsramme på 240 mill. kroner. Når nytt kjernebanksystem er på plass vil det innebere ein varig auke i driftsutgifter på 33 mill. kroner.

I 2027 skal Husbanken fortsette med å gjere Kobo kjent for kommunane slik at dei kan ta i bruk tenestene, og leigetakarane kan søkje om

bustad og få handsama søknaden enkelt og raskt i eit digitalt system.

Som følgje av overgangen frå utvikling til varig drift av tilskot til aldersvennleg oppgradering av eigen bustad blir det foreslått å redusere løyvinga med 7,4 mill. kroner.

Samla blir det foreslått å løyve 77,1 mill. kroner. Det blir foreslått ei kostnadsramme for investeringar til utviklinga av kjernebanksystemet på 240 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 71 Tap på lån

Posten omfattar staten sitt brutto tap på utlånsverksemda til direktoratet.

Ved utgangen av 2025 forvalta Husbanken ein samla låneportefølje på om lag 196 mrd. kroner. Tapa på utlånsverksemda i Husbanken er låge, og utgjorde 0,01 pst. av utestående lån i 2025. Brutto tap var 18,1 mill. kroner.

Tapa på lånegjeld (hovudstol) fordelte seg med 7,3 mill. kroner på startlån og 10,8 mill. kroner på resten av låneordningane. Tilbakeførte restkrav var 2,2 mill. kroner i 2025. Samla netto tap var 15,8 mill. kroner, mot 30,7 mill. kroner i 2024. Høgare tap i 2024 var på grunn av større tap på barnehagelån. Husbanken har dei siste åra innført fleire tiltak for å redusere risikoen for tap på nye lån og den totale tapsrisikoen.

I tillegg til tapa som staten dekker, dekker òg kommunane tap på startlån. Kommunane førte tap på 30,6 mill. kroner på startlån i 2025. I 2026 er brutto tap anslått til 24 mill. kroner.

Tapsanslaga blir berekna ut frå gjennomsnittlege tap dei siste fem åra og storleiken på utlånsporteføljen. Berekninga gir ein reduksjon i tapsanslaga på 1 mill. kroner frå 2026 til 2027.

Det blir foreslått å løyve 24 mill. kroner.

Post 72 Rentestøtte

Posten omfattar rentestøtte som følgje av at eldre lån med særvilkår har eitt prosentpoeng lågare rente enn ordinære lån. Husbanken gav slike lån fram til og med 1996.

Restgjelda for låna med særvilkår var per 31. desember 2025 på om lag 22 mill. kroner, mot 30 mill. kroner året før.

Det blir foreslått å løyve 200 000 kroner.

Post 90 Nye lån, overslagsløyving

Løyvinga dekker utbetaling av nye lån, i tillegg til berekna, opptente, ikkje betalte renter på låna.

Lån frå Husbanken skal vere eit supplement til dei private kredittinstitusjonane, og skal bidra til å nå bustadpolitiske mål som elles ikkje ville blitt nådd. Husbanken gir følgjande lån:

- Startlån skal bidra til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde han.
- Lån til utleigebustader skal bidra til fleire eigna utleigebustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden.
- Lån til bustadkvalitet skal bidra til enten fleire miljøvenlege bustader, eller bustader med betre tilgjengelegheit enn det som elles ville blitt bygd.
- Lån til studentbustader skal bidra til eit rimeleg og føreseieleg butilbod for studentar.

Rapport

I 2025 var låneramma til Husbanken på 34 mrd. kroner, etter ein auke på 2 mrd. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025. Husbanken gav tilsegn for heile låneramma i 2025. Låneramma var 34 mrd. kroner i saldert budsjett for 2026, og vart auka med ytterlegare 2 mrd. kroner til 36 mrd. kroner som ein eittårig auke i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2026.

Startlån

I 2025 gav Husbanken tilsegn om startlån for 17,8 mrd. kroner til kommunane. Kommunane gav i sin tur startlån for 16 mrd. kroner til 7 428 husstandar. Gjennomsnittleg startlån var 2,2 mill. kroner, og 61 pst. av startlåna i 2025 gjekk til barnefamiliar. Midtvegs i tredje kvartal 2026 hadde kommunane betalt ut ordinært startlån for 9,9 mrd. kroner til 4 411 mottakarar og 461,6 mill. kroner gjennom forsøket med startlån til 162 førstegongsetablerarar. I første kvartal av 2026 vart 2 mrd. kroner av låneramma omfordelt frå startlån til lån til bustadkvalitet, på bakgrunn av at prognosane viste lågare etterspørsel etter startlån frå kommunane.

Lån til utleigebustader

I 2025 gav Husbanken tilsegn om lån til utleigebustader for 701,7 mill. kroner. Det innebar oppføring og kjøp av 293 utleigebustader. Kommunane kan disponere 156 av dei. Midtvegs i tredje kvartal 2026 har Husbanken gitt tilsegn om lån for 873,7 mill. kroner til 322 utleigebustader.

Lån til bustadkvalitet

I 2025 gav Husbanken tilsegn om lån til bustadkvalitet til 3 545 bustader for 13,8 mrd. kroner. Det vart gitt tilsegn om lån til oppføring av 2 802 miljøvenlege bustader og 213 livsløpsbustader. Husbanken gav òg tilsegn om lån til oppgradering av eksisterande bustader for 498 mill. kroner. Av dei 530 bustadene som fekk lån til oppgradering, tilfredsstilte 58 pst. krava til både energi og tilgjengelegheit, medan 42 pst. tilfredsstilte berre krava til energi. Midtvegs i tredje kvartal 2026 har Husbanken gitt tilsegn om lån til bustadkvalitet for 13,1 mrd. kroner til 4 989 bustader.

Lån til studentbustader

I 2025 gav Husbanken tilsegn om 1,7 mrd. kroner til oppføring og oppgradering av 3 463 studentbustader. Midtvegs i tredje kvartal 2026 har Husbanken gitt tilsegn om lån for 387,6 mill. kroner til 377 studentbustader.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Regjeringa foreslår ei låneramme på 34 mrd. kroner i 2027, for å bidra til at fleire kan eige sin eigen bustad, og til fleire eigna bustader i heile landet. Dette inneber ei vidareføring av låneramma frå saldert budsjett for 2026.

Innanfor gjeldande ramme skal Husbanken prioritere etter denne rekkefølgja:

- Startlån. Innanfor startlån skal kommunane prioritere barnefamiliar og personar med utviklingshemming.
- Lån til utleigebustader til vanskelegstilte.
- Lån til bustadkvalitet.
- Lån til studentbustader.

Husbanken kan gjere unntak frå reglane for lånegrad i område av landet der private kredittinstitusjonar i lita grad finansierer nybygging. Husbanken kan prioritere inntil 1 mrd. kroner av låneramma til lån til bustadkvalitet og lån til utleigebustader i distriktskommunar i klasse 5 og 6 i sentralitetsindeksen til Statistisk sentralbyrå. I 2026 kan Husbanken gi tilsegn om startlån for 19 mrd. kroner, der 2 mrd. kroner er øyremerkt forsøksordninga med startlån til førstegongsetablerarar, og tilsegn om lån til studentbustader for 2,1 mrd. kroner, under føresetnad at det finst tilfredsstillande søknadar.

Husbanken betalar i hovudsak ut startlån det året tilsegn er gitt, medan dei andre låna blir betalt ut over fleire år. Behovet for løyving blir redusert med 3,7 mrd. kroner, mellom anna som følgje av at tidlegare aukingar i låneramma har gått til andre lån enn startlån. Husbanken tar no òg utgangspunkt i ei lågare utbetalingstakt for andre lån enn startlån i budsjettanslaga enn tidlegare, basert på at faktiske utbetalingar av andre lån strekk seg over fleire år enn tidlegare lagt til grunn. Det reduserer òg behovet for løyving.

Samstundes aukar behovet for løyving med 302 mill. kroner som følgje av at låneramma vart mellombels auka med 2 mrd. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2026.

Kriteria for Husbanken sitt lån til bustadkvalitet skal fornyast for å sikre at ordninga bidrar til å nå bustadpolitiske mål som elles ikkje ville blitt nådd. Reviderte kriterium vart sendt på høyring i juni 2026.

Samla blir det foreslått å løyve 27 794 mill. kroner. Det blir foreslått ei låneramme på 34 mrd. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 5312 Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Gebyr utlån m.m.	5 664	5 500	5 200
02	Gebyr husleigetvistar		5 947	5 642
03	Gebyr sentral godkjenning			40 780
11	Diverse inntekter	67 994	70 448	72 705
90	Avdrag	16 316 249	14 153 000	15 076 000
	Sum kap. 5312	16 389 907	14 234 895	15 200 327

Post 01 Gebyr utlån m.m.

På posten blir det ført inntekter frå etableringsgebyr, termingebyr, varslingsgebyr og tilkjende sakskostnadar i misleghaldsaker med fleire. Kundane kan velje mellom to, fire eller tolv terminar i året, mellom papirbaserte og elektroniske søknadar, og om dei vil ha varsel om terminforfall.

Av samla inntekt i 2025 på 5,7 mill. kroner, kom 340 000 kroner frå etableringsgebyr, 4,9 mill. kroner frå forvaltingsgebyr, 370 000 kroner frå varslingsgebyr og 3 000 kroner frå andre gebyr knytt til låneforvaltinga. Dette er noko lågare enn i 2024.

Ved utgangen av 2024 forvalta Husbanken om lag 23 220 lån, mot 25 190 på same tidspunkt året før. Det blir lagt til grunn at talet på lån i utlånsporteføljen vil vere mindre i 2027, noko som vil gi ein reduksjon i gebyrinntekter på 0,3 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 5,2 mill. kroner.

Post 02 Gebyr husleigetvistar

Posten omfattar gebyrinntekter for handsaming av klager i Husleigetvistutvalet (HTU)[11]. Sakshandsamingsgebyret er 0,2 gonger rettsgebyret når ei klage blir fremja av ein leigetakar. Når ei klage blir fremja av ein utleigar, er gebyret 1,54 gonger rettsgebyret.

HTU har aldri hatt ein så stor saksinngang som no, frå om lag 1 800 saker i 2020 til om lag 5 150 saker i 2025. Frå 2024 til 2025 auka saksinngangen med 850 saker, ein auke på nær 20 pst. Både talet på saker i restanse og sakshandsamingstida har òg auka, trass i at HTU har effektivisert sakshandsaminga betydeleg.

Fleire saker blir sendt inn av leigetakarar enn tidlegare år. Delen saker som blir trekt eller avvist har òg auka. Endringane inneber at gebyrinntektene og tilhøyrande driftsutgifter blir reduserte med 0,5 mill. kroner, jf. meirinntektsfullmakt på kap. 2412, post 01 Driftsutgifter.

Det blir foreslått å løyve 5,6 mill. kroner.

Post 03 Gebyr sentral godkjenning

Posten omfattar gebyrinntekter frå den sentrale godkjenningsordninga for føretak med ansvarsrett. Ordninga er sjølvfinansierande, jf. kap. 2412, post 01 Driftsutgifter.

For sentral godkjenning for ansvarsrett skal det belastast eit gebyr som skal dekke kostnadane knytt til den sentrale godkjenningsordninga. Gebyret er fastsett i forskrift av 29. juni 2009 nr 989 Gebyrregulativ for sentral godkjenning av føretak for ansvarsrett etter forskrift om byggesak § 13-8, jf. plan- og bygningsloven § 22-5 første ledd (Gebyrregulativ for ansvarsgodkjennelse) § 1. Frå 2025 blir gebyret prisjustert årleg. Frå 1. januar 2027 aukar årsgebyret for sentral godkjenning med 100 kroner, frå 3 840 kroner til 3 940.

Det er venta at om lag 10 300 betalande føretak er registrerte i ordninga i 2027. Dette er ein nedgang på 400 føretak frå 2026 og reduserer utgifter og inntekter med 1,5 mill. kroner, jf. tilsvarande reduksjon i utgifter på kap. 2412, post 01 Driftsutgifter.

Det blir foreslått å løyve 40,8 mill. kroner.

Post 11 Diverse inntekter

På posten blir det ført diverse inntekter, mellom anna tilbakebetaling av rettsstridig utbetalt bustøtte og andre tilskot, tilbakeførte restkrav frå startlån og restkrav i særskilde og kompliserte tapssaker, såkalla spesialengasjementsaker.

Posten vil frå 2027 òg dekke inntekter frå tvangsmulkt og lovbrotsgebyr som DiBK gir dersom produkt blir omsette eller brukte til byggverk som ikkje er i tråd med krava i plan- og bygningslovgivinga. Posten vil òg omfatte inntekter frå lovbrotsgebyr og misbruk av godkjenningsmerke og innsending av uriktig informasjon i samband med sentral godkjenning.

I 2025 var inntektene i hovudsak bustøtte og andre tilskot som er betalte tilbake.

Det blir foreslått å redusere inntektene med 0,4 mill. kroner på grunn av færre krav om tilbakebetalt bustøtte dei seinaste åra.

Det blir foreslått å løyve 72,7 mill. kroner.

Post 90 Avdrag

Posten omfattar ordinære og ekstraordinære avdrag og andre innbetalingar, tilbakebetaling av opptente, ikkje betalte renter og tap.

I 2025 vart det inntektsført 16,3 mrd. kroner. Av dette var om lag 7 mrd. kroner ordinære innbetalingar, 7,5 mrd. kroner var ekstraordinære innbetalingar, og om lag 1,8 mrd. kroner var tilbakebetaling av opptente, ikkje betalte renter og tap.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 923 mill. kroner. Auken kjem av at anslaget på inntekter frå ordinære innbetalingar aukar i tråd med at utlån har auka dei seinaste åra, i tillegg til auken i låneramma i samband med revidert nasjonalbudsjett. At Husbanken no tar utgangspunkt i ei lågare

[11] Regnskap 2025 på tidlegare kap. 3585, post 01 er 4,2 mill. kroner.

utbetalingstakt for andre lån enn startlån i budsjettanslaga enn tidlegare, og at utlån til andre låneføremål enn startlån har auka dei seinaste åra, trekk anslaget noko ned.

Det blir foreslått å løyve 15 076 mill. kroner.

Kap. 5615 Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
80	Renter	7 671 697	8 483 000	8 730 000
	Sum kap. 5615	7 671 697	8 483 000	8 730 000

Post 80 Renter

Posten omfattar betalte renter på lån, opptente, ikkje betalte renter og rentestøtte, jf. kap. 2412 Husbanken, post 72 Rentestøtte. Husbanken tilbyr lån med flytande og faste renter med bindingstid på 3, 5, 10 eller 20 år. Gjennomsnittleg utlånsrente for låneporteføljen var 4,02 pst. i 2025, mot 4,05 pst. i 2024. Ved utgangen av 2025 var restgjelda for lån med avtaler om fast rente om lag 58 mrd. kroner, og utgjorde 15 pst. av samla utlån.

Behovet for løyving aukar med 247 mill. kroner i 2027, i hovudsak som følgje av auken i låneramma i samband med revidert nasjonalbudsjett og auka renteføresetnadar. At Husbanken no tar utgangspunkt i ei lågare utbetalingstakt for andre lån enn startlån i budsjettanslaga enn tidlegare, og at utlån til andre låneføremål enn startlån har auka dei seinaste åra, trekk anslaget noko ned.

Det blir foreslått å løyve 8 730 mill. kroner.

Programkategori 13.90 Planlegging, byutvikling og geodata

Utgifter under programkategori 13.90 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
590	Planlegging og byutvikling	216 464	231 660	241 695	4,3
595	Statens kartverk	1 580 170	1 469 864	1 636 179	11,3
	Sum kategori 13.90	1 796 634	1 701 524	1 877 874	10,4

Inntekter under programkategori 13.90 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027	Endring i pst.
3595	Statens kartverk	971 699	868 305	938 614	8,1
5635	Electronic Chart Centre AS	4 508	3 000	3 000	0,0
	Sum kategori 13.90	976 207	871 305	941 614	8,1

Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for at landet har ein heilskapleg, framtidsretta og samordna arealpolitikk, og skal bidra til at den kommunale og regionale samfunns- og arealplanlegginga fungerer effektivt. Ansvaret omfattar både utviklings- og forvaltingsoppgåver, og rolla som plan- og avgjerdsmyndigheit i enkeltsaker. Plansystemet er samfunnet sitt viktigaste verktøy for å sjå arealbruk, tenester, økonomi og utvikling i samanheng.

Departementet skal legge til rette for gode og effektive planprosessar, og for betre samspel mellom forvaltingsnivåa på tvers av administrative grenser og ulike sektorar. Utvikling og formidling av nasjonale mål og interesser i planlegginga er ein del av dette ansvaret.

Departementet forvaltar og utviklar lover og forskrifter om planlegging og konsekvensutgreiingar. Plan- og bygningslova legg, saman med kart- og planforskrifta og forskrift om konsekvensutgreiing, rammer for samfunns- og arealplanlegginga. For omtale av lova sin bygningsdel blir det vist til programkategori 13.80 Bustad, bumiljø og bygg.

I planlegging for utvikling av samfunnet og bruken av areal, skal ulike interesser vektast opp mot kvarandre. Plandelen av lova skal samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver i samfunns- og arealplanlegginga. Planlegginga skal sikre grunnlag for å fatte vedtak om bruk og vern av areal og ressursar, og skal bidra til å løyse utfordringar som arealkonfliktar, klimaendringar, press på naturressursar og behovet for berekraftige og velfungerande lokalsamfunn.

Kommunane har hovudansvaret for disponering og bruk av sine areal og ressursar. Eit aktivt planarbeid er nødvendig for kommunane si samfunns- og arealutvikling, for å kunne utøve si rolle som samfunnsutviklar. Kommunane må finne gode og heilskaplege løysningar ut frå lokale for-

hold, og dei må gjere gode prioriteringar, samstundes som dei skal ivareta nasjonale og viktige regionale interesser.

Kommunane treng eit godt kunnskapsgrunnlag og gode verktøy for å utføre planoppgåvene. Departementet legg til rette for kompetansebygging i kommunane, mellom anna ved å utvikle og gjere tilgjengeleg digitale verktøy til bruk i planlegging. Statsforvaltarane og andre etatar støttar opp under kommunal og regional planlegging og rettleiar, saman med fylkeskommunane, på vegne av departementa. Når myndigheitene deltar i planprosessar, skal dei kome med tidlege og tydelege signal om viktige interesser og omsyn.

Kommunale plansaker med motsegner som ikkje har blitt løyst lokalt, og regionale planar der det har kome innvending, blir avgjorde i departementet. Når viktige statlege, regionale eller andre samfunnsmessige omsyn tilseier det, kan departementet utarbeide statleg reguleringsplan eller arealdel til kommuneplanen.

Departementet har ansvar for staten sin kartpolitikk. Ansvaret omfattar både kart, lovgiving, forvalting og tilrettelegging innan fagområda geografiske data (geodata) og eigedomsinformasjon (matrikkel og tinglysing).

Statens kartverk (Kartverket) er nasjonal geodatakoordinator og organiserer kartlegginga av Noreg sine land- og sjøareal. Kartverket skal legge til rette for bruk av dette kunnskapsgrunnlaget, mellom anna ved å sørgje for at det offentlege kartgrunnlaget er standardisert og tilgjengeleg for alle. Deling av data i samsvar med geodatalova skjer i samarbeid med sektormyndigheiter. Etaten har òg ansvaret for tinglysing av fast eigedom og burett, og for å forvalte matrikkelen i samarbeid med kommunane.

Electronic Chart Centre (ECC), som er eit statleg selskap under Kommunal- og distriktsdepartementet, leverer tenester til det internasjonale PRIMAR-samarbeidet i form av drift og utvikling av ein global database for sjøkart. Selskapet er eitt av to som leverer slike tenester i verda. Arbeidet legg grunnlag for ein sikker og effektiv sjøtransport gjennom forvalting og tilgjengeleggjering av autoriserte elektroniske navigasjonsdata.

Departementet har oppfølgingsansvaret for tilskot til stiftinga Design og arkitektur Noreg (DOGA). DOGA skal fremje kvalitet, innovasjon og auka verdiskaping innanfor offentleg og privat sektor, ved bruk av design og arkitektur i utviklinga av omgivnader, produkt og tenester.

Mål for programkategorien

1. Planlegging fremjar berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk
2. Eit velfungerande plansystem fremjar effektivitet og kvalitet i planlegginga
3. Effektiv og påliteleg tilgang til oppdatert kart- og eigedomsinformasjon gir grunnlag for verdiskaping og tryggleik

Mål 1 Planlegging fremjar berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk

Alle kommunar skal ha moglegheit til å utvikle gode samfunn. Gjennom samfunns- og arealplanlegging fastset kommunane arealbruken i heile kommunen. Gode prosessar for samordning og medverknad skal bidra til at regionale og nasjonale mål blir nådde i kommunane si samfunns- og arealplanlegging.

Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet har som føremål å sikre samordna og berekraftig planlegging av bustader, areal og transport i heile landet. Statlege planretningslinjer for klima og energi har som føremål å sikre at klima og energi blir vektlagt i planlegginga etter plan- og bygningslova. Det er sett i gang arbeid med å utarbeide nye statlege planretningslinjer for kystnære sjøområde, i samarbeid med relevante departement.

Regjeringa sine nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging gir kommunane og fylkeskommunane oversikt over dei viktigaste føringane frå staten, og skal vektleggast i all planlegging etter plan- og bygningslova. Regjeringa sine neste nasjonale forventningar er planlagt lagt fram våren 2027.

Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet samarbeider om revisjon av forskrifta om konsekvensutgreiingar. Revisjonen vil ha fokus på forenkling av utgreiingsprosessane, særleg knytt til prioriterte utbyggingsføremål som fornybar kraft, kraftnett og forsvarsføremål, samstundes som kvaliteten på utgreiingane skal forbetrast.

Regjeringa vil legge til rette for at folk kan leve gode liv i byane. Byane er viktige motorar for regionane sine, og attraktive og velfungerande byar gir positive ringverknader for omlandet. Byane må få verktøya dei treng for å bygge nok bustader, vere sentrum for kunnskap, innovasjon og næringsliv, og sikre berekraftig mobilitet og velferd.

God stadutvikling skapar varige verdiar. Samfunns- og arealplanlegginga skal bidra til den

sosiale berekrafta i byar og lokalsamfunn, på linje med økonomisk og miljømessig berekraft. Kommunane skal som plan- og bygningsmyndighet mellom anna legge til rette for tilstrekkeleg bustadbygging, god forming av bygde omgjevnader og gode oppvekst- og bumiljø.

Arkitektur er ramma rundt kvardagslivet til folk, og regjeringa sin ambisjon er at vi saman skal forvalte og utvikle arkitektur med varierte nabolag, varsam ressursbruk, vakre omgjevnader og varige kvalitetar. Staten sin arkitekturpris hadde i 2026 transformasjon av eksisterande bygningar til bustader som tema.

Mål 2 Eit velfungerande plansystem fremjar effektivitet og kvalitet i planlegginga

Kommunal- og distriktsdepartementet set rammene for ei god og kunnskapsbasert samfunns- og arealplanlegging og effektive planprosessar gjennom lovverk og rettleiing. Rettleiingar og rundskriv er avgjerande for å spreie kunnskap om god planlegging og nasjonal politikk og føringar.

Departementet legg til rette for kompetansebygging i kommunane, mellom anna gjennom å utvikle og gjere tilgjengeleg digitale verktøy og rettleiingar til bruk i planlegging, og ved å drifte planlegging.no. Regjeringa legg vekt på at rettleiing og informasjon skal vere tilgjengeleg digitalt.

For å nå regjeringa sitt mål om igangsetting av 130 000 bustader er det nødvendig med føreseielege og effektive planprosessar. Dette krev oppdatert plangrunnlag, god og tydeleg rolleavklaring, tidleg avklaring av konfliktar og effektivt samarbeid. Når det blir fremja motsegn, er det viktig med gode prosessar mellom kommunane, styresmakta som kom med motsegn, og statsforvaltarane som meklar for å finne løysingar.

Interesseavklaringar og gode avgjerder i plansaker må bygge på eit oppdatert og tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. Det offentlege kartgrunnlaget er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget. Kommunane skal sørgje for eit oppdatert offentleg kartgrunnlag, og staten skal stille til rådigheit nasjonale kartdata for alle kommunar. Statistikk om areal og samfunn er og ein del av kunnskapsgrunnlaget i planlegging.

Regjeringa har starta arbeidet med ei lovutgreiing som har som ambisjon å effektivisere planprosessane. Arbeidet vil skje i fleire fasar, med plan om at første del blir sendt på høyring våren 2027. Regjeringa vil òg styrkje rettleiinga knytt til praktisering av reglane for grunneigarfinansiering.

Departementet arbeidet for å redusere saksbehandlingstida og konfliktnivået mellom dei ulike myndigheitsnivå og private forslagsstillarar ved utarbeiding av planar etter plan- og bygningslova. Dette er hovudmålet med regjeringa sitt motsegnsprosjekt, som starta hausten 2025. Regjeringa ønskjer å oppnå tettare samarbeid mellom arealdepartementa og betre samordning av den statlege arealpolitikken.

Departementet støttar opp om fagsamlingar, kurs og etter- og vidareutdanning hos statsforvaltarar og fylkeskommunar. Kommunane blir oppmoda til å vurdere interkommunalt samarbeid for å sikre naudsynt kompetanse, og kan bruke det juridiske fagmiljøet hos statsforvaltarane for å søke råd i vanskelege saker.

Mål 3 Effektiv og påliteleg tilgang til oppdatert kart- og eigedomsinformasjon gir grunnlag for verdiskaping og tryggleik

Tilgang til påliteleg og oppdatert kart- og eigedomsinformasjon er eit viktig grunnlag for planlegging, utbygging, næringsutvikling og samfunnstryggleik, og påverkar alt frå bustadutvikling til infrastrukturtiltak og krisehandtering.

Regjeringa vil vidareutvikle dei nasjonale kart- og eigedomsregistera for å sikre at offentleg forvalting, næringsliv og innbyggarar får rask og enkel tilgang til kvalitetssikra geografisk informasjon. Dette inkluderer kontinuerleg oppdatering av kartdata, modernisering av digitale tenester, og betre integrasjon mellom ulike datasett.

Effektiv kart- og eigedomsforvalting reduserer saksbehandlingstid i planprosessar på fleire måtar. Digitalisering og automatisering av rutineoppgåver gjer at saksbehandlarar får rask tilgang til oppdatert informasjon om eigedomsforhold og arealbruk utan manuell søking. Kompatible system mellom forvaltingsnivå gjer parallell saksbehandling og rask digital utveksling av høyringsfråsegner mogleg. Dette kortar tida frå søknad til vedtak, noko som kjem både private utbyggarar og det offentlege til gode gjennom reduserte administrative kostnadar og raskare samfunnsutvikling. Vidare digitalisering skal legge til rette for innovasjon og nye tenester som nyttar geografisk informasjon, skapar arbeidsplassar og verdiskaping i heile landet, styrkjer tryggleiken i samfunnet og bidrar til vidareutvikling av velferdsstaten.

Investeringar i moderne kart- og eigedomsinformasjon er ei investering i Noreg si konkurransekraft, og er eit grunnlag for berekraftig utvikling av samfunnet vårt.

Regjeringa vil sørgje for at kart, geodata og eigedomsinformasjon med tilfredsstillande kvalitet er tilgjengeleg for offentlege og private brukarar. Regjeringa vil betre sjølvbeteningsløysingane for offentlege kartdata, plandata og bygnings- og eigedomsinformasjon, og legge til rette for utvida bruk av digitale løysingar. Matrikkelen er Noreg sitt eigedomsregister og skal ha god kvalitet, og bidra til effektiv planlegging og forvalting.

Deling av offentlege data er ein føresetnad for utvikling av samanhengande tenester på tvers av sektorar og forvaltingsnivå. Samstundes har det alltid vore ei avveging mellom kva data som skal delast, og kva data som bør skjermast. Ved å utvikle løysingar som sikrar kontroll over kven som får tilgang til data, og at dei berre får tilgang til dei opplysningane dei har behov for, kan ein legge til rette for både effektiv datadeling og god ivaretaking av tryggleik. Det er avgjerande at tryggleiken i løysingane tar vare på både samfunnstryggleik og enkeltmennesket sitt personvern. For omtale av informasjonstryggleik blir det vist til programkategori 01.40 Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk, jf. Prop. 1 S (2026–2027) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Tilgang til kart- og eigedomsinformasjon er avhengig av godt samarbeid mellom ulike statsetatar, kommunar og næringsliv. Ein stor del av løyvinga til Kartverket er derfor finansiert av inntekter frå andre partar. Kartverket sitt arbeid er avhengig av gode samarbeidsformer for å sikre at Noreg framleis er verdsleiande på kart- og eigedomsinformasjon, og at desse dataa kjem innbyggarar og næringslivet til gode samstundes som ein møter totalberedskapsaktørane sine behov.

Regjeringa vil sikre at myndigheitene har tilstrekkeleg oversikt over kven som eig og ervervar fast eigedom i Noreg. Dette er viktig for å ivareta nasjonal sikkerheit, forhindre økonomisk kriminalitet, oppretthalde ein velfungerande eigedomsmarknad og effektivisere offentlege tenester. Det har vore gjennomført ei kvalitetssikring av konseptval (KS1), og regjeringa har gått vidare med eit konsept som forprosjekt. Det valde konseptet vil gi eit sentralisert eigedomsregister som samlar og standardiserer eigarskap og roller til fast eigedom på ein stad. Det innførast då ei plikt til å registrere eigarskap og overdragingar. Kartverket og Skatteetaten reknar med å ha denne klar mot slutten av 2026. Regjeringa vil følgje opp arbeidet med oversikt over fast eigedom vidare.

Kap. 590 Planlegging og byutvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
62	Arealplanlegging			20 000
63	FutureBuilt		5 000	5 190
65	Områdesatsing i byar, *kan overførast*	145 950	144 850	144 850
66	Bustad- og områdeutvikling i byar, *kan overførast*			16 604
71	DOGA	44 813	51 048	52 937
72	Bustad- og områdeutvikling i byar, *kan overførast*	15 892	20 527	
81	Kompetansetiltak innan planlegging og geodata, *kan overførast*	9 809	10 235	2 114
	Sum kap. 590	216 464	231 660	241 695

Post 62 Arealplanlegging

Mål for ordninga

Tilskotet skal gi dei tre nordlegaste fylkeskommunane auka kapasitet og tilgang på spesialiserte arbeidskraftressursar for å hjelpe kommunar med planprosessar som legg til rette for prosjekt av stor samfunnsmessig betydning. Dersom det i periodar ikkje er større prosjekt av samfunnsmessig betydning i dei aktuelle fylka, skal det ligge i

mandatet for oppdraget at teama skal dedikerast til å hjelpe kommunane med andre planoppgåver. Midlane skal gå til stillingar og administrasjonsutgifter i fylkeskommunane. Tiltaket skal bidra til betre og meir effektive arealprosessar, og bidra til auka kapasitet og kompetanse for meir heilskapleg planlegging og oppdatere planar i dei tre nordlege fylka. Ordninga er femårig.

Tilskotet skal støtte opp om mål 2, Eit velfungerande plansystem fremjar effektivitet og kvalitet i planlegginga.

Kriterium for måloppnåing

Kriteria som er relevante for å vurdere måla for løyvinga er:
- Igangsetting av planprosessar med mål å legge til rette for prosjekt av stor samfunnsmessig betydning, derunder store mineralprosjekt
- Auka kapasitet og kompetanse i arealplanlegging i kommunane som deltar i ordninga
- Oppdaterte kommuneplanar

Oppfølging og kontroll

Fylkeskommunane som deltar skal årleg rapportere på bruken av tilskotet til departementet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Løyvinga skal finansiere stillingar til eitt team i kvar av dei tre nordlegaste fylka.

Det blir foreslått å løyve 20 mill. kroner.

Post 63 FutureBuilt

Mål for ordninga

Hovudføremålet med tilskotet er å realisere klimavenlege og kostnadseffektive forbildeprosjekt i byggsektoren og å stimulere til innovasjon og kunnskapsoverføring, slik at metodane som blir utvikla kan bli vanleg praksis.

Tilskotet støttar opp om mål 1, Planlegging fremjar berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk.

Kriterium for måloppnåing

Kriteria som er relevante for å vurdere måla for tilskotet er:
- Igangsette og realiserte forbildeprosjekt som oppfyller FutureBuilt sine kriterium
- Berekning av reduksjon i klimagassutslepp i FutureBuilt sine pilotprosjekt i forhold til ordinære prosjekt
- Korleis dei nye prosjekta oppfyller FutureBuilt sine kvalitetskriterier og korleis kriteria kan utviklast for å setje nye mål
- Korleis FutureBuilt sitt arbeid med erfaringsformidling bidrar til spreiing, inspirasjon og læring i bransjen, inkludert vektlegging av korleis prosjekta både kan redusere klimagassutslepp og redusere byggekostnadar

Tildelingskriterium

Tilskotet går i sin heilskap til det nasjonale sekretariatet til innovasjonsprogrammet FutureBuilt, som er organisert i Oslo kommune. Det finst ikkje andre aktuelle mottakarar som oppfyller måla for ordninga.

Oppfølging og kontroll

Det nasjonale sekretariatet for FutureBuilt rapporterer årleg til departementet på bruken av tilskotet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått å løyve 5,2 mill. kroner.

Post 65 Områdesatsing i byar, kan overførast

Mål for ordninga

Områdesatsingar er avtalebaserte langsiktige samarbeid mellom stat og kommune om ekstra innsats i geografisk avgrensa område med eit visst folketal og med konsentrasjon av levekårsutfordringar. Nytt statleg mål for områdesatsingar frå 2027 er å bidra til auka sysselsetting, gode oppvekst- og nærmiljø og varige tenesteforbetringar.

Tilskotet støttar opp om mål 1, Planlegging fremjar berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk.

Kriterium for måloppnåing

Tilskotet skal brukast til å styrke kommunane sitt tverrsektorielle arbeid og til å støtte utvikling og implementering av tenester og tilbod betre tilpassa innbyggarane sine behov. Tilskotet kan ikkje bli brukt til ordinær drift.

Kriteria som er relevante for å vurdere om måla for tilskotet til nye avtaler om områdesatsingar gjeldande frå og med 2027 er nådd, er mellom anna:
- Områdesatsingane sitt bidrag til gode oppvekst- og nærmiljø og auka sysselsetting

- Om det er utvikla tenester og tilbod som skal implementerast i ordinær drift
- At områdesatsingane har lagt til rette for medverknad og mobilisering av ressursar i lokalmiljøa, og involvering av frivillig og privat sektor
- Om det er gjennomført tiltak og innsatsar ved tverrsektorielle samarbeid, når det er formålstenleg
- Om erfaringar, arbeidsmetodar, innsikt og læring frå arbeidet med områdesatsingane blir delt med andre kommunar og staten

Til avtaler om områdesatsingar inngått før 2027 er kriteria som er relevante for å vurdere om måla for tilskotet er nådd, mellom anna:

- Om det er blitt betre fysiske kvalitetar og auka tryggleik og livskvalitet
- Om det er utvikla arbeidsformer og verkemiddel som bidrar til betre offentlege tenester tilpassa lokale behov, og gode bu-, oppvekst- og nærmiljø
- Om satsingane bidrar til å fremje deltaking og medverknad på ulike samfunnsarenaer
- Om det er betre kopling mellom overordna byutvikling og nærmiljøarbeid i områdesatsingane.

Tildelingskriterium

Kommunar med avtale om områdesatsing får eit årleg tilskot i avtaleperioden, føresett årlege budsjettvedtak i Stortinget. I 2027 går midlane til kommunar med avtale, jf. prioriteringar og budsjettforslag nedanfor. Tilskotet går til å gjennomføre ein årleg handlingsplan for områdesatsinga.

Etter kvart som dei eksisterande avtaleperiodane går ut, blir det gjort ei vurdering av om den enkelte avtalen om områdesatsing skal fornyast, eller om dei frigjorde midlane skal fordelast etter søknad.

Oppfølging og kontroll

Kommunal- og distriktsdepartementet forvaltar tilskotet. Kommunane må levere årsrapportar og økonomirapportar. Departementet kan krevje tilbake tilskot frå kommunane som er brukt i strid med føresetnadene. Kommunane gjennomfører evalueringar av dei enkelte områdesatsingane.

Rapport

I 2025 vart det løyvd 146 mill. kroner. Midlane er fordelt med 57,6 mill. kroner til Oslo, 11 mill. kroner til Bergen, 11,5 mill. kroner til Drammen, 10 mill. kroner til Stavanger, 10,85 mill. kroner til Trondheim og 5 mill. kvar til kommunane Fredrikstad, Gjøvik, Halden, Indre Østfold, Kristiansand, Larvik, Sarpsborg, Skien og Tromsø.

I 2026 er det løyvd om lag 145 mill. kroner. Midlane er fordelt med 56,5 mill. kroner til Oslo, 11 mill. kroner til Bergen, 11,5 mill. kroner til Drammen, 10 mill. kroner til Stavanger, 10,85 mill. kroner til Trondheim og 5 mill. kvar til kommunane Fredrikstad, Gjøvik, Halden, Indre Østfold, Kristiansand, Larvik, Sarpsborg, Skien og Tromsø. Avtalene med Oslo og Bergen varer ut 2026.

Tilskota til kommunane har gått til mellom anna tiltak for fysiske og sosiale nærmiljøkvalitetar, til å utvikle betre tilpassa tenester særleg på områda kvalifisering og sysselsetting, utdanning og oppvekst, til tiltak for betre integrering og folkehelse og til ulike jobbtilbod for ungdom, til dømes prosjektet Jobb i nabolaget i Trondheim.

Kommunane har prøvd ut ulike metodar for å skape medverking og deltaking, til dømes UNG-LAB i Stavanger. Mange av tiltaka er gjort i samarbeid med frivilligheita i utsette lokalområde, blant anna ved bruk av tilskot til nabolag eller nærmiljøtiltak. Kommunane rapporterer om at områdesatsingane har bidratt til at sosial berekraft og levekår har blitt ein viktigare del av arbeidet med overordna byutvikling enn tidlegare.

Departementet har i 2026, i samråd med relevante departement, gjennomgått ordninga med områdesatsingar. Det er fastsett eit nytt statleg mål for områdesatsingar og avklart at departementet sine kriterium for framtidige avtaler skal vere knytt til konsentrasjon av levekårsutfordringa i geografiske område med eit visst folketal. Framtidige nye avtaler vil frå og med 2027 bli inngått av Kommunal- og distriktsdepartementet, og relevante statlege sektorar kan bruke dei geografiske områda som er omfatta av avtalene for eventuelt å kanalisere eigne øyremerka tilskot. Kommunal- og distriktsdepartementet forhandlar eventuelle nye avtaler med kommunar om områdesatsingar på vegne av regjeringa, og kommunar som kvalifiserer for avtale om områdesatsing foreslår innsatsområde i avtalen. Nye avtalar vil ha ei lengde på 5 år, men det er mogleg å forhandle om ein avtaleperiode på 10 år dersom kommunane forpliktar seg til å avsette eigne midlar tilsvarande minimum 50 pst. av tilskotet frå departementet (over kap. 590, post 65) i avtaleperioden.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått å løyve 144,9 mill. kroner. Det blir foreslått at løyvinga fordelast på kommunar med avtalar slik det går fram av tabell 5.7.

Løyvingane til Oslo og Bergen er med forbehald om samstemte avtaler med dei to kommunane om områdesatsingar frå 2027. Forhandlingane med kommunane om avtalene sluttførast først ved årsskiftet 2026/2027.

Tabell 5.7 Fordeling av post 65 på kommunar og område

(i mill. kroner)

	Tilskot 2027	Avtaleperiode
Oslo	52,5	*
Bergen	15	*
Drammen – Strømsø	11,5	2020–2030
Fredrikstad – Holmen/Seut/sentrum øst og vest, Nøkleby/ Lisleby og Sellebakk/Sorgenfri	5	2023–2027
Gjøvik – Hunndalen	5	2024–2028
Halden – sentrum	5	2024–2028
Indre Østfold – Mysen	5	2024–2028
Kristiansand – sentrum og sentrum vest	5	2023–2027
Larvik – Torstrand	5	2024–2028
Sarpsborg – Østre bydel	5	2023–2027
Skien – Gulset	5	2023–2027
Stavanger – Hillevåg og Kvernevik	10	2024–2028
Tromsø – Kroken bydel	5	2024–2028
Trondheim – Lademoen, Tempe-Sorgenfri og Møllenberg	10,85	2022–2028
SUM	144,85	

* Nye avtaler om områdesatsingar med Oslo og Bergen frå 2027 er under forhandling med kommunane. Kva for geografiske område som skal omfattast av avtalene og avtalelengde blir bestemt i forhandlingane.

Som ein del av arbeidet med områdesatsingane vil departementet i 2027 setje av 3,5 mill. kroner til koordinering, utgreiingar, kunnskapsformidling og nettverksarbeid på kap. 500, post 21 Særskilde driftsutgifter.

Samla tildeling til områdesatsingar

I 2027 blir det foreslått til saman om lag 221,5 mill. kroner til områdesatsingar. I tillegg til tilskotet frå Kommunal- og distriktsdepartementet, er det foreslått til saman 76,6 mill. kroner over budsjettet til Arbeids- og inkluderingsdepartementet til områdesatsingar, til innsats for kvalifisering til arbeid og integrering. Midla frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet til områdesatsingane i Oslo er fordelt med 51,44 mill. kroner (kap. 671, post 62) til Oslo kommune og 15 mill. kroner til Arbeids- og velferdsetaten (kap. 605, post 01) til utvalde Nav-kontor i Oslo med områdesatsing. Dei resterenda midla til områdesatsingar frå budsjettet til Arbeids- og inkluderingsdepartementet (kap. 671, post 62) er fordelt med 4 mill. kroner til kvar av kommunane Fredrikstad og Sarpsborg, og 1,16 mill. kroner til Drammen kommune. I tillegg er det fordelt 1 mill. kroner til Østfold fylkeskommune til samordning av områdesatsingar i fylket.

Løyvingane frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet til Oslo er med atterhald om samstemt avtale med kommunen frå 2027. For nærare omtale av midla frå Arbeids- og inkluderingsde-

partementet, sjå departementet sin Prop. 1 S (2026–2027).

I tillegg til øyremerkte tilskot til områdesatsingar over budsjetta til Kommunal- og distriktsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet har Kunnskapsdepartementet to øyremerkte tilskot som Utdanningsdirektoratet tildeler kommunane som er del av staten si områdesatsing. Dette er tilskot til 12 timar gratis SFO per veke for elevar på 4. trinn i levekårsutsette område, og til auka pedagogtettleik og auka grunnbemanning i barnehagar i levekårsutsette område. For 2027 foreslår Kunnskapsdepartementet løyvingar på høvesvis 103,3 mill. kroner i øyremerkt tilskot til skulefritidsordninga og 224,9 mill. kroner øyremerkt auka bemanning i barnehagar i levekårsutsette område, jf. omtale i Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet.

Post 66 Bustad- og områdeutvikling i byar, kan overførast

Tilskotet bidrar til å forbetre bustadmiljøet, deriblant å løyse lokale utfordringar for innbyggarane i område med levekårsutfordringar.

Midlane er flytta frå post 72 til 60-post sidan utbetalingane går til kommunar.

I 2025 tildelte Husbanken totalt 21 mill. kroner i tilskot til bustad- og områdeutvikling i byar. Av dette fekk Oslo 10 mill. kroner, Bergen 7,7 mill. kroner og Trondheim 3,1 mill. kroner. Mange av tiltaka som er gjennomførte, er resultat av samarbeid mellom fleire kommunale einingar og lokalt næringsliv.

Trondheim brukte i hovudsak midlane til prosjektet Verktøy mot hyblifisering. Prosjektet skal utvikle kommunal praksis og sjå på moglegheiter for å finne verktøy som reduserer hyblifisering i bydelane Møllenberg, Lademoen og Tempe-Sorgenfri.

Oslo støtta programporteføljen i delprogram nærmiljø, som mellom anna inneheldt bumiljøtilskot for områdesatsingane og andre bumiljøprosjekt knytte til dei ulike bydelane.

Midlane i Bergen vart nytta til ulike nærmiljøtiltak.

Posten blir budsjettert med tilsegnsramme, tilsegnsfullmakt og løyving.

For å frigjere midlar til andre tiltak, foreslår regjeringa å avvikle tilskot til bustad- og områdeutvikling i byar. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 4,3 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 16,6 mill. kroner knytt til utbetaling av tidlegare gitte tilsegn.

Post 71 DOGA

Mål for ordninga

Tilskotet skal bidra til å fremje berekraftige og attraktive byar, tettstader og lokalsamfunn i heile landet, med hovudvekt på kvalitet i dei bygde omgjevnadene. DOGA skal vidareutviklast som nasjonalt kompetansemiljø for stadutvikling og arkitektur og styrkje rolla si som pådrivar på desse områda, med kommunesektoren som viktigaste målgruppe. Tilskotet skal òg legge til rette for auka innovasjon i offentleg sektor.

Tilskotet støttar opp om mål 1, Planlegging fremjar berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk.

Kriterium for måloppnåing

Kommunal- og distriktsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet har saman med DOGA utarbeida eit felles mål- og resultatstyringssystem (MRS). Mellom anna blir det henta inn informasjon om oppnådd endring i åtferd og innovasjonsnivå hos målgruppene, og spreiingseffekt av tiltak.

Tildelingskriterium

Tilskotet går i sin heilskap til stiftinga Design og arkitektur Norge (DOGA). I følgje vedtektene til stiftinga har DOGA mellom anna som føremål å fremje kvalitet og nytenking ved bruk av design og arkitektur i utviklinga av omgjevnader, produkt og tenester, og å stimulere til innovasjon, effektivisering og auka verdiskaping ved bruk av design og arkitektur i norsk næringsliv og offentleg sektor. Det finst ikkje andre aktuelle mottakarar som oppfyller måla for ordninga.

Oppfølging og kontroll

DOGA skal rapportere om bruken av tilskotet gjennom tertialvise rapportar og årsrapportering. Rapporteringa skal innehalde vurdering og analyse av måloppnåing for tilskotet basert på styringsindikatorar, støttande analysar, evalueringar og anna tilgjengeleg informasjon. Måla og prioriteringane som blir gitt i tilskotsbrev blir følgt opp gjennom dialog med departementet.

Rapport

DOGA fekk 73,3 mill. kroner i offentlege tilskot i 2025, av desse var 44,8 mill. kroner frå Kommu-

nal- og distriktsdepartementet og 28,5 mill. kroner frå Nærings- og fiskeridepartementet.

DOGA har i 2025 fremja rolla si som støttespelar for kommunane i utviklinga av berekraftige og attraktive byar, tettstader og lokalsamfunn. Stiftinga har gjennomført prosjekt med mål om å gjere det enklare for kommunane å ta gode kunnskapsbaserte val og styrkje kommunane si moglegheit til å arbeide meir heilskapleg med stad- og lokalsamfunnsutvikling. Mellom anna har DOGA fortsett arbeidet med Gnist innovasjonsprogram, gitt innspel til ny nasjonal arkitekturstrategi og arbeida med korleis ein kan forbetre kunnskaps- og avgjerdsunderlaget for auka kvalitet på dei bygde omgjevnadene til bruk i plan- og byggesaksprosessar. DOGA har styrka posisjonen sin som nasjonalt kompetanse- og kunnskapsmiljø for arkitektur og utvikla kunnskap, analyser og verktøy som bidrar til auka kvalitet i dei bygde omgjevnadene. DOGA har òg løfta den offentlege debatten om den samfunnsmessige betydinga arkitekturen har på tvers av sektorar.

På oppdrag frå departementet støtter stiftinga oppfølginga av EU sitt samfunnsoppdrag om klimanøytrale og smarte byar og dei kommunane som er kopla på arbeidet.

DOGA driv programmet Stimulab saman med Digitaliseringsdirektoratet. Programmet tilbyr tverrfagleg innovasjonskompetanse og økonomisk støtte til kommunar og statlege verksemder for å stimulere til gode og brukarretta tenester. I 2025 har DOGA òg utvikla eit erfaringsbasert kompetansetilbod for systeminnovasjon. Tilbodet skal styrke evna i kommunane til å møte komplekse samfunnsutfordringar.

For resultat på mål om auka konkurranseevne i næringslivet blir det vist til omtale under kap. 930, post 70 i Prop. 1 S (2026–2027) for Nærings- og fiskeridepartementet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

DOGA skal i 2027 fortsette arbeidet med å styrke arkitektur-, plan- og innovasjonskompetansen til kommunesektoren for å fremje berekraftige og attraktive byar, tettstader og lokalsamfunn i heile landet. DOGA skal utvikle rollen som nasjonalt kompetansemiljø for stadutvikling og arkitektur og vere pådrivar for auka kvalitet på dei bygde omgjevnadene. Stiftinga skal bidra i oppfølginga av den nasjonale arkitekturstrategien Rom for kvalitet og vere ein brubyggar og møteplass på tvers av forvaltingsnivå, sektorar og fag. DOGA skal leie Forum for stadutvikling med deltakarar frå statlege verksemder, i samarbeid med fylkeskommunane.

DOGA skal halde fram arbeidet med å medverke til auka innovasjon i offentleg sektor med særleg vekt på å styrke evna i kommunane til å møte komplekse samfunnsutfordringar. Eit viktig grep vil vere å implementere det erfaringsbaserte kompetansetilbodet for systeminnovasjon som dei har utvikla. DOGA skal utvikle Stimulab vidare i eit samarbeid med Digitaliseringsdirektoratet og følgje opp eventuelle endringar i verkemidla, etter anbefalingar frå ei ekstern evaluering gjort av Oslo Economics i 2025 om ei meir heilskapleg organisering av innovasjonsverkemidla.

Det blir foreslått å løyve 52,9 mill. kroner.

I tillegg får DOGA tilskot frå Nærings- og fiskeridepartementet på kap. 930, post 70.

Post 81 Kompetansetiltak innan planlegging og geodata, kan overførast

Mål for ordninga

Målet med ordninga er å styrke kompetansen innan planlegging, kart og geodata. Dette skal bidra til å auke effektiviteten og kvaliteten på den lokale planlegginga etter plan- og bygningslova og utvikling av nye hjelpemiddel til bruk i prosessen. Kompetansetiltaka skal komme aktørar i planprosessar etter plan- og bygningslova til gode. Dette kan vere avgjerdstakarar, planleggarar, organisasjonar, innbyggarar og næringsliv. Ordninga er nedfelt i forskrift om tilskot til kompetansetiltak innan plan, kart og geodata.

Tilskotet skal støtte opp om mål 2, Eit velfungerande plansystem fremjar effektivitet og kvalitet i planlegginga.

Kriterium for måloppnåing

Mottakarane skal bidra til berekraftig utvikling med vekt på det sosiale og miljømessige, og støtte opp under berekraftsmåla, særleg berekraftsmål 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn. Mottakarane skal bidra til auka kvalitet og effektivitet i planarbeidet, og bidra til å auke kunnskapen om krava i plan- og bygningslova, omsyn, moglegheiter og avgrensingar.

Prosjektet eller tiltaket skal bidra til auka teknisk og/eller juridisk plankompetanse hos målgruppene.

Tildelingskriterium

Tilskotet går til Bylivsenteret i regi av Norske Arkitektars Landsforbund (NAL) til arbeid med

kompetansetiltak og stadutvikling i kommunar, og til Sekretariatet for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging (SEVS) for å styrkje planleggingskompetanse gjennom kurs om samfunnsplanlegging (SAMPLAN). Det er ikkje andre aktuelle mottakarar.

Oppfølging og kontroll

Mottakarane av tilskotet skal sende inn rapport og rekneskap for bruk av tilskotsmidlane etter dei krav og fristar som blir sett i vedtaket om tilskot. Departementet har dialog med mottakarane undervegs og i etterkant av gjennomføringa, både om det faglege opplegget og dei formelle rammene for tildelinga. Departementet kan krevje at midlar som ikkje blir nytta i tråd med målet for ordninga skal betalast tilbake.

Rapport

I 2025 vart det løyvd 9,9 mill. kroner i tilskot til kompetansetiltak. 2 mill. kroner vart tildelt namngitte mottakarar, og 7,9 mill. kroner som søkbare midlar. I 2026 vart det løyvd totalt 10,2 mill. kroner, derav vel 2 mill. kroner til namngitte mottakarar og 8,2 mill. kroner som søkbare midlar. Departementet fekk i 2026 77 søknader frå 63 søkjarar som søkte om til saman 48,7 mill. kroner.

Bylivsenteret, i regi av Norske arkitekters landsforbund, NAL, fekk tilskot på 1 mill. kroner kvart av åra 2025 og 2026 til gjennomføring av ulike kompetansetiltak og arbeid med stadutvikling i ei rekke kommunar. NAL er ein fagideell medlemsorganisasjon for arkitektar i Noreg.

Sekretariatet for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging, SEVS, er eit samarbeid mellom stat og kommunesektor, og fekk vel 1 mill. kroner kvart av åra 2025 og 2026 for å styrkje kapasitet og kompetanse innan planlegging og samfunnsutvikling. Midlane er nytta til kurs og samlingar, mellom anna etterutdanninga SAMPLAN. Sekretariatet ligg hos Kommunesektorens organisasjon KS, og dagens samarbeid gjeld for perioden 2026–2029.

I både 2025 og 2026 vart det gitt støtte til om lag tretti prosjekt og tiltak. Rapportar og dokumentasjon syner at tiltaka har styrkt kompetansen innan plan, kart og geodata, både hos søkjarane og målgruppene deira. Kompetansehevinga har skjedd gjennom kurs, arrangement, rettleiingsmateriell og artiklar, som òg har bidrege til erfaringsutveksling og nye arbeidsmåtar. Nokre prosjekt har utvikla tenester basert på offentleg tilgjengelege kartdata. Erfaringane er formidla gjennom departementet sine digitale kanalar, prosjektnettsidene planlegging.no og på portalen tilskudd.no, og nytta i politikkutvikling og kompetansearbeid.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

For å frigjere midlar til andre formål, blir det foreslått å redusere løyvinga med 8,5 mill. kroner.

Det blir foreslått ei tildeling på 1 mill. kroner til Bylivsenteret i regi av Norske Arkitektars landsforbund (NAL), og vel 1 mill. kroner til Sekretariatet for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging (SEVS), for å tilby kurs og kompetansetiltak innan stadutvikling og planlegging. Begge arbeider hovudsakleg for å auke den offentlege plankompetansen.

Samla blir det foreslått å løyve 2,1 mill. kroner.

Kap. 595 Statens kartverk

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Driftsutgifter, *kan nyttast under post 21 og 45*	1 141 129	1 103 929	1 173 592
21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under post 01 og 45*	406 615	332 935	462 587
30	Geodesiobservatoriet, *kan overførast*	32 426	33 000	
	Sum kap. 595	1 580 170	1 469 864	1 636 179

Kartverket er staten sitt fagorgan for kart, geodata og eigedomsinformasjon. Kartverket skal dekke eit felles databehov hos mange brukarar for kart, stadfesting og anna geografisk informasjon. Kartverket skal bygge og vedlikehalde ein nasjonal geografisk infrastruktur for sjø og land, og samarbeide med kommunane, statlege etatar og andre som bidrar til det offentlege kartgrunnlaget. Hovudmål for drifta er oppdaterte grunnkartdata for norske land- og sjøområde, forsvarleg og effektiv tinglysing, matrikkel med god kvalitet, og effektiv tilgang til, og bruk av, kart og eigedomsinformasjon.

Kartverket er staten sitt viktigaste verktøy for å nå mål 3, Effektiv tilgang til oppdatert kart- og eigedomsinformasjon gir grunnlag for verdiskaping og tryggleik.

Tilgang til kart- og eigedomsinformasjon er avhengig av godt samarbeid mellom ulike statsetatar, kommunar og næringsliv. Kartverket distribuerer det aller meste av geodata i Noreg. Samarbeidet med kommunar, offentlege etatar og andre storbrukarar og -produsentar av geodata gjer at ein stor del av løyvinga til Kartverket er finansiert av inntekter frå andre partar (samfinansiering). Kartverket sitt arbeid er avhengig av gode samarbeidsformer for å sikre at Noreg framleis er verdsleiande på kart- og eigedomsinformasjon, og at desse dataa kjem innbyggarar og næringslivet til gode. Dette gjer at etaten kan sikre ei effektiv kartlegging av landet som er tilpassa behov og betalingsevne.

Gjennom samarbeid med og rettleiing av kommunane speler Kartverket ei sentral rolle i forbetring av kommunale tenester, særskilt i dei minste kommunane.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 21 og 45

Løyvinga skal dekke Kartverket sine utgifter til løn, varer og tenester, pensjon, husleige, IKT og andre faste driftsutgifter. Utgiftene er knytte til heile Kartverket sitt ansvarsområde, mellom anna drift av matrikkel og tinglysing, den geografiske infrastrukturen i Noreg og sjømåling.

Delar av utgiftene på posten, mellom anna utgifter knytte til geodataarbeidet og koordinering av samfinansieringsprosjekt, blir finansiert av inntekter frå sal og abonnement og frå samfinansiering, jf. omtale på kap. 3595, post 02 og post 03.

Rapport

Gjennom Stortinget si løyving på 30 mill. kroner i 2025 for å halde drifta av fellesløysingane for geografisk infrastruktur ved like, har Kartverket kunne førebudd organisasjonen på vidare utvikling av løysingane. Dette har gjort at etaten er godt rusta til å gjennomføre det femårige prosjektet for modernisering av fellesløysingane, jf. Prop. 1 S (2025–2026). Det har òg blitt etablert prinsipp for brukarfinansiering av nye løysingar. Utviklinga av meir moderne og robuste tenester og infrastruktur har allereie gitt effekt for brukarane i form av ein ny versjon av Norgeskart.no. Tenesta er meir stabil og brukarvennleg, og har mellom anna fått enklare tilgang til fleire temakart og støtte for visning i fleire koordinatsystem.

Kartverket har i 2025 hatt fleire leveransar til Forsvaret enn tidlegare. Leveransane omfattar digitale kartdata i vektor- og rasterformat, nasjonale kartseriar til trykk og plotting, og detaljerte djupnedata. NATO-samarbeidet med Sverige og Finland har ført til eit større behov for felles kartseriar i fleire målestokkar, med mellom anna etablering av samanhengande veg- og banenettverk på tvers av landegrenser.

Sjøkartlegginga held fram og legg til rette for trygg ferdsel til sjøs og planlegging i kystsona, og gir eit viktig datagrunnlag for samarbeidspartnarar. Langs norskekysten er no 72,1 pst. av områda innanfor ei nautisk mil utanfor grunnlinja kartlagt med moderne målemetodar. 43,2 pst. av grunnområda (0-30 meter) er kartlagt med moderne målemetodar. På Svalbard er 40,6 pst. av områda innanfor 12 nautiske mil kartlagt med moderne målemetodar.

Eit langsiktig arbeid med tilrettelegging for brukarane gjer at 78,5 pst. av tinglysingssakene i 2025 vart sendt inn digitalt, mot 42 pst. i 2019. Totalt var det 1,7 mill. rettsstiftingar i 2025. Det betyr i praksis at nesten alle saker som kan tinglysast digitalt, blir tinglyst digitalt. Dei resterande sakene går frå privatpersonar, offentlege instansar eller mindre selskap, der det i dag ikkje finst løysingar for dette.

I statsbudsjettet for 2026 vart løyvinga auka med 8 mill. kroner for å fortsette arbeidet med å sikre automatisering av dataflyt til Nasjonalt register over luftsfartshindre. Prosjektet går føre seg i 2026 og 2027.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått å auke løyvinga med 17,7 mill. kroner til varige driftsmidlar til jordobservatoriet i

Ny-Ålesund. Faste rammar for drift av slike anlegg er ei stor utfordring globalt sett og tryggleik rundt det norske anlegget er viktig i arbeidet med ei global referanseramme.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 25 mill. kroner som følgje av at prosjekt sikkert nasjonalt eigedomsregister i 2027 avsluttar prosjektfasen og går over til varig drift.

I forbindelse med modernisering av den geografiske infrastrukturen er det behov for å flytte investeringsmidlar knytt til prosjektet til post 21. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 17 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på post 21.

I tråd med regjeringa si avgjerd om ny kostnadsfordelingsmodell for Digdir sine fellesløysingar blir det føreslått å redusere løyvinga med 1,1 mill. kroner mot ei tilsvarande auke på Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet på kap. 1540, post 23.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 11,2 mill. kroner som følgje av auka inntekter frå sal av abonnement/tenester og samfinansiering.

Samla blir det foreslått å løyve 1 173,6 mill. kroner. Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3595, postane 02 og 03, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 01 og 45

Løyvinga skal i hovudsak dekke tidsavgrensa prosjekt og kjøp av tenester frå private leverandørar. Dette gjeld mellom anna fotografering og laserskanning frå fly, men òg tilarbeiding av data og andre tenester frå geodatabransjen.

Kartverket har ansvar for mange samfinansierte kartleggingsprogram over heile Noreg. Dette gjeld ei rekke lokale og regionale initiativ der Kartverket organiserer kartlegging av område der fleire interessentar har samanfallande behov for oppdaterte data. Grunnlaget er fleirårige regionale geodataplanar og Geovekst-samarbeidet. Inntektene frå dei samarbeidande partane blir ført på kap. 3595, post 03. Det gjeld òg inntekter knytt til flyfotografering (omløpsfotografering), som gjennomførast ved hjelp av bidrag som Kartverket får frå andre offentlege etatar og kommunar.

Delar av utgiftene på posten blir òg dekka med inntekter frå sal og abonnement over kap. 3595, post 02. Det gjeld mellom anna abonnement til posisjonstenester og sal av geodata.

Inntektene som Kartverket tar imot til samfinansierte prosjekt og frå sal og abonnement, går i all hovudsak til kjøp av varer, utstyr og eksterne tenester. Kartverket sine bidrag i prosjekta er ressursar/prosjektleiarar i form av årsverk som blir finansiert på post 01.

Rapport

Kartverket og Skatteetaten har laga ei konseptvalutgreiing om eigarskap til fast eigedom. Utgreiinga har identifisert moglege løysingar for å sikre at myndigheitene har tilstrekkeleg oversikt over og kontroll over kven som eig og ervervar fast eigedom i Noreg. Regjeringa har vedteke å gå vidare med forprosjekt for arbeidet basert på eit konsept for sentralisert eigarskapsregistrering.

I tråd med den reviderte matrikkelforskrifta har Kartverket satt i gang ein pilot for eigenregistrering. Løysinga gir private eigarar innsyn i data frå matrikkelen, og høve til å sjølve enkelt registrere utvald informasjon i matrikkelen. Erfaringar frå piloten viser målbare forbetringar i kvaliteten på bygningsdelen av matrikkelen, og erfaringane frå piloten dannar grunnlaget for vidare arbeid med regional og nasjonal utrulling av eigenregistreringsløysinga i 2026. I første halvdel av 2026 har det vore sendt ut varsel om høve til å eigenregistrere i seks fylker. Korrekte og tilgjengelege matrikkeldata legg betre til rette for digital byggesaksbehandling.

Det har vore noko lågare aktivitet i IT-prosjektet Nautilus i 2025. Prosjektet skal gi eit moderne, kostnadseffektivt og samordna system for forvaltinga av sjømåling, og betre og meir oppdaterte sjøkart. Fleire nyttige verktøy er utvikla og satt i produksjon, mellom anna ei sjølvutvikla forvaltingsløysing for djupnedata. Det er utvikla ny og modernisert funksjonalitet for datamottak, lagring, punktskyetablering[12], visning, redigering og metadatahandtering. Det femårige prosjektet vart starta opp i 2022 og har ei samla ramme på 121,2 mill. kroner. Nautilus vil gi meir effektiv handsaming og distribusjon av marine geodata mellom Kartverket og viktige brukarar og samfunnspartnarar. Prosjektet vil mellom anna kunne bidra til å bygge opp under ny næringsutvikling langs kysten ved å raskare distribuere sjømålte data.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2027

Det blir foreslått å auke løyvinga med 96,3 mill. for å få betre kontroll og oversikt over eigarskap til fast eigedom i Noreg. Regjeringa foreslår eit

[12] Ei punktsky er ei stor samling av nøyaktige 3D-punkt i eit koordinatsystem.

toårig investeringsprosjekt på 126,2 mill. kroner med ein auke i driftsutgifter på 10,4 mill. kroner i tre år og deretter ein varig auke i driftsutgifter på 8,2 mill. kroner. Prosjektet inneber sju av dei konseptuavhengige tiltaka frå KVU for eigarskap til fast eigedom. Tiltaka vil minske usikkerheit ved eit eventuelt vidare prosjekt og skape verdi uavhengige av om seinare konsept følgjast opp. Det største av tiltaka vil innføre moglegheit for elektronisk tinglysing for privatpersonar, jf. omtale under rapport for post 01. Tiltaket blir finansiert med ein auke i tinglysingsgebyra i tråd med prinsippa om sjølvkost, sjå omtale under kap. 3595, post. 01.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 59 mill. kroner i tråd med framdriftsplan for fellesløysingane i den geografiske infrastrukturen. Ytterlegare 17 mill. flyttast frå post 01 slik at utgifter til investeringane samlast her. Kostnadsramma er til saman 350,2 mill. 2027-kroner og vart vedteke i saldert budsjett for 2026.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3,8 mill. kroner som følgje av auka inntekter frå sal av abonnement/tenester og samfinansiering.

Investeringsfasen av IT-prosjektet Nautilus avsluttast i 2026. I tråd med framdriftsplan blir det foreslått å redusere løyvinga med 11,7 mill. kroner.

Investeringsfasen for prosjektet sikkert nasjonal eigedomsregister avsluttast i 2026. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 45 mill. kroner i tråd med framdriftsplanen.

Samla blir det foreslått å løyve 462,6 mill. kroner. Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3595, postane 02 og 03, jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått at Kartverket kan setje i gang samfinansierte prosjekt før finansieringa i sin heil skap er innbetalt, føresett at det er inngått ein bindande avtale med forsvarleg sikkerheit om innbetaling mellom partane og for inntil 90 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått ei fullmakt på inntil 40 mill. kroner til å bestille kartgrunnlag og kartleggingstenester og inngå avtalar om kartleggingsarbeid som går over fleire år, jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått ei kostnadsramme for investeringar for å få betre kontroll og oversikt over eigarskap til fast eigedom på 126,2 mill. 2027-kronar, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 30 Geodesiobservatoriet, kan overførast

Midlane har gått til det tidsavgrensa prosjektet med etablering av eit nytt geodetisk observatorium i Ny-Ålesund. Prosjektet har etablert ein moderne stasjon for geodetiske målingar som kan virke saman med eit nettverk av nokre titals tilsvarande målestasjonar fordelt over heile verda. Geodesi er vitskapen som kartlegg bevegelsar i jordoverflata, jorda sin rotasjon og jorda si nøyaktige plassering i verdsrommet, og legg grunnlaget for blant anna posisjonstenester.

Rapport

2026 er det siste året av prosjektperioden og jordobservatoriet skal gå over i full drift med alle instrument. Siste leveranse av lasermålingsinstrumentet SLR kom i juni 2026, og første test av laserstrålen var i august. Det har vore krevjande å få på plass SLR i Ny-Ålesund, då ein har vore avhengig av framdrifta i eit større amerikansk prosjekt der Ny-Ålesund er det einaste ikkje-amerikanske anlegget.

Vidare har det vore nokre større utfordringar knytt til grunnforholda enn venta, grunna smelting av permafrosten. Ombygging av arbeidslokala på Rabben vil òg bli ferdigstilt i 2026.

I 2025 vart det gjennomført 186 målingssesjonar mot fjerntliggande kvasarar[13] i Ny-Ålesund, koordinert med anlegg frå resten av verda. Desse dannar grunnlaget for å bestemme nøyaktig kvar jorda si kjerne er til ei kvar tid, og dermed til å etablere den globale posisjonsramma som all stadfesting er avhengig av. Det er mellombelse utfordringar med radioforstyrringar i Ny-Ålesund frå både turisme og lokalbefolkninga, som gjer at ikkje alle måleseriane kan nyttast i den vidare produksjonskjeda for berekning av det geodetiske rammeverket for jorda.

Investeringsprosjektet sluttførast i 2026 og vidare driftsmidlar blir løyvd over post 01 Driftsutgifter.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Posten dekker anskaffingar av store anleggsmidlar. Det er ikkje planlagt nokon anskaffingar av store anleggsmidlar i 2027.

[13] Ein kvasar er eit svært fjernt og ekstremt lyssterkt objekt i universet.

Det blir foreslått at posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3595, post 04, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 3595 Statens kartverk

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
01	Gebyrinntekter tinglysing	496 594	489 139	530 419
02	Sal og abonnement m.m.	230 718	171 966	197 829
03	Samfinansiering	244 387	207 200	210 366
	Sum kap. 3595	971 699	868 305	938 614

Post 01 Gebyrinntekter tinglysing

På posten blir det ført inntekter knytt til gebyr for rettsregistrering av burettar og tinglysing i fast eigedom. Gebyra er fastsett i forskrift.

Omfanget av gebyrinntekter er i hovudsak gitt av omsetninga i bustadmarknaden. Det er større usikkerheit rundt desse prognosane i åra framover. Inntektene frå gebyra blir foreslått auka med 9,8 mill. kroner, grunna høgare omsetning i eigedomsmarknaden.

Det toårige prosjektet for å få betre kontroll og oversikt over eigarskap til fast eigedom i Noreg blir foreslått finansiert ved ein moderat auke i tinglysningsgebyra, i tråd med prinsippa for sjølvkost. Sjå omtale på kap. 595, post 21. Inntektene frå gebyra blir foreslått auka med 31,5 mill. kroner i prosjektperioden, slik at auka inntekter tilsvara utgifter over fem år.

Staten sine utgifter til tinglysing og matrikkel er i forslag til statsbudsjettet for 2027 på om lag 610 mill. kroner. Staten sine utgifter til tinglysing og matrikkel er noko høgare enn inntektene i 2027. Dette skuldast den foreslåtte aukinga på 96,3 mill. kroner til tiltak for å få betre kontroll og oversikt over eigarskap til fast eigedom i Noreg.

Samla blir det blir foreslått å løyve 530,4 mill. kroner.

Post 02 Sal og abonnement m.m.

På posten blir det ført inntekter frå ulike sal og abonnement i Kartverket. Inntektene er i hovudsak knytte til sal av posisjonstenester, mellom anna posisjonstenesta CPOS, og sal av geodata. I tillegg kjem inntekter knytt til betaling for delar av Kartverket sitt arbeid med formidling av elektroniske sjøkart (PRIMAR) og diverse andre sjøprodukt.

Salet i 2025 var godt, mellom anna på grunn av auka etterspørsel etter posisjonstenester til nye formål.

Løyvinga blir foreslått auka med 19,5 mill. kroner som følgje av auka inntekter knytt til ei rekke pågåande prosjekt i Kartverket og ECC, deriblant inntekter i PRIMAR.

Det blir foreslått å løyve 197,8 mill. kroner.

Post 03 Samfinansiering

På posten blir det ført inntekter knytt til tidsavgrensa prosjekt i Kartverket som skal samfinansierast. Inntektene frå samfinansiering kjem frå statsetatar, kommunar og private aktørar. Dette er hovudsakeleg kartleggingsprosjekt, der Kartverket leiar arbeidet og i nokre tilfelle òg utfører arbeidet sjølv. Inntektene er mellom anna knytt til kartleggingssamarbeidet Geovekst, omløpsfotografering, samt vedlikehald av Felles kartdatabase (FKB) som gir enklare tilgang og effektiviserer handtering av store og komplekse datamengder. Dette dekker den løpande rekartlegginga av landet.

Det blir foreslått ein reduksjon på 4,5 mill. kroner, mellom anna knytt til mindre deltaking i Geovekst-samarbeid og FoU-prosjekt. Dette kan sjåast som eit uttrykk for redusert etterspørsel frå kommunar og statsetatar etter geodata og noko mindre kartleggingsaktivitet.

Det blir foreslått å løyve 210,4 mill. kroner.

Post 04 Sal av anleggsmiddel

På posten blir det ført inntekter frå sal av store anleggsmidlar. Det vart ikkje gjennomført sal i 2026 og det er ikkje planlagt nokre sal i 2027.

Kap. 5635 Electronic Chart Centre AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
85	Utbytte	4 508	3 000	3 000
	Sum kap. 5635	4 508	3 000	3 000

Post 85 Utbytte

Hovudaktiviteten til Electronic Chart Centre (ECC) er distribusjon av elektroniske sjøkart (ENCar) for det internasjonale PRIMAR-samarbeidet som Kartverket er operatør for. Frå 2022 har ECC eit sektorpolitisk mål om sjøsikkerheit.

For 2025 vart det vedtatt 8,4 mill. kroner i utbytte, som bokførast på denne posten i 2026. Framover vil ECC måtte prioritere midlar til vedlikehald og oppgradering av eksisterande tekniske løysingar.

Det blir foreslått 3 mill. kroner i anslått utbytte i 2027, men endeleg utbytte blir avklart etter at selskapets årsregnskap for 2026 er kjent.

Del III
Omtale av særlege tema

6 Klima- og miljøprofil

Regjeringa sin klima- og miljøpolitikk bygger på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å legge miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at ein kan nå dei nasjonale klima- og miljømåla. For omtale av regjeringa sine samla klima- og miljørelevante saker, sjå Klima- og miljødepartementet sin fagproposisjon.

Fleire viktige verkemiddel og verktøy for å ta omsyn til klima og miljø ligg i Kommunal- og distriktsdepartementet. Departementet har mellom anna ansvar for plan- og bygningslova, samelova, kommuneøkonomi, lokalforvalting og regional- og distriktspolitikken. Gjennom vidareutvikling av desse verkemidla arbeider departementet, i samarbeid med andre departement, for ein heilskapleg og effektiv klima- og miljøpolitikk.

Areal- og samfunnsplanlegging

Areal- og samfunnsplanlegginga legg rammene for bruk av areala i Noreg, og har gjennom det stor innverknad på korleis naturen blir ivareteke og kor mykje klimagassar som blir slept ut. Som planmyndigheit har kommunane ei viktig rolle i å bidra til at Noreg når dei nasjonale natur- og klimamåla, samstundes som ulike sektorar, oppgåver og interesser blir sett i samanheng. Samfunnssikkerheit og beredskap, forsvarsformål, samfunnskritisk digital infrastruktur og behovet for næringsutvikling, bustadbygging, fornybar energi og nett skal vektleggast i samfunns- og arealplanlegginga.

Utbygging av næring, bustader, fritidsbustader og infrastruktur kan føre til inngrep i naturen. Nokre av omsyna som må takast i arealplanlegginga er verknaden av foreslått arealbruk på naturmangfald, landskap, jordvern, friluftslivsinteresser, og samisk natur- og kulturgrunnlag. I regionale planar, kommuneplanar og reguleringsplanar som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, skal verknadar utgreiast i tråd med regelverket om konsekvensutgreiingar. Konsekvensutgreiingar skal sikre at planmyndigheitene har eit godt og dekkande kunnskapsgrunnlag når planar blir vedtatt. Der planane får følgjer for naturmangfald eller vassmiljø, skal dei òg vurderast etter naturmangfaldlova og vassforskrifta. Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet arbeider med å revidere forskrift om konsekvensutgreiingar.

Areal- og samfunnsplanlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova kan vere med å avgrense utslepp av klimagassar frå transport, arealbruksendringar, bygg og energibruk. Planar etter plan- og bygningslova skal ta klimaomsyn, slik det mellom anna går fram av føremålsparagrafen, § 3-1. Regjeringa har starta ei utgreiing av korleis omsynet til klima i plan- og bygningslova kan styrkjast. Nærare omtale av dette går fram av Meld. St. 25 (2024–2025) *Klimamelding 2035 – på vei mot lavutslippssamfunnet.* Forslag til lovendringar vil bli sendt på høyring hausten 2026.

Regjeringa sine nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging gir kommunane og fylkeskommunane oversikt over dei viktigaste føringane frå staten, og skal vektleggast i all planlegging etter plan- og bygningslova. I dokumentet som gjeld for perioden 2023–2027 legg regjeringa mellom anna vekt på at planlegginga skal bygge opp under berekraftsmåla og dei nasjonale klima- og miljømåla. Grøn omstilling, jordvern og samfunnssikkerheit og beredskap er òg framheva som viktige tema. Det er lagt vekt på at planlegginga skal tilpassast regionale og lokale forhold. Departementet startar hausten 2026 opp arbeidet med ein ny versjon av nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for perioden 2027–2031.

Dei konkrete føringane for korleis klimaomsynet skal ivaretakast i planar går mellom anna fram av statlege planretningslinjer for klima og energi. Eit av føremåla med retningslinjene er å sørgje for at klimagassreduksjon, klimatilpassing, energi og natur sjåast i samanheng.

Vidare skal statlege retningslinjer for arealbruk og mobilitet fremje eit samfunn med låge utslepp gjennom utvikling av berekraftige, kompakte og attraktive byar og tettstader. Retningslinjene skal bidra til at vi planlegg slik at vi tar vare på kulturmiljø, og hindrar at dyrka mark, natur-,

villrein- og friluftsområde og karbonrike areal blir bygd ned.

Arealplanlegginga er òg avgjerande for å førebygge framtidige skadar forårsaka av klimaendringar. Kommunane som planmyndigheit må ta klimaomsyn gjennom tilpassing til framtidige klimaendringar, og legge klimaframskrivingane til grunn når dei vurderer korleis eit planområde vil bli påverka.

Departementet arbeider målretta med å forbetre rettleiinga for å styrkje planlegginga i kommunane. Rettleiingsarbeidet gjeld alle delar av planlegginga, med vekt på heilskapleg og berekraftig arealplanlegging der òg omsyn til miljø og klima blir ivaretatt. Miljødirektoratet og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i 2026 publisert rettleiing til kommunane om oppfølging av dei statlege planretningslinjene om klima og energi.

Departementet har òg gitt ut ein rettleiar om arealrekneskap i kommuneplan. Dette skal legge grunnlaget for felles metodikk for bruk av arealrekneskap i kommuneplanprosessar, som òg omfattar tema som natur og klima, og for lettare tilgang til relevante data om arealutvikling. Planar skal vere realistiske og gjennomførlege, og arealrekneskap er eit verktøy som er nyttig for å kunne gjere vurderingar rundt disponering av areal og omsyn til klima og natur i kommuneplan. Det skjer mykje rundt bruk av ulike typar arealrekneskap i planprosessar, og dette er første versjon av rettleiaren, som vil oppdaterast. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og Miljødirektoratet har i 2026 lansert ein kartbasert klimagasskalkulator for å berekne utslepp og opptak av klimagassar frå arealbruk og arealbruksendringar.

Strandsona langs sjøen og langs vatn og vassdrag er viktig for naturmangfald, friluftsliv, næringsliv og busetnad. At miljøverdiar og allmenne interesser blir tatt vare på, er eit viktig nasjonalt omsyn som dei statlege planretningslinjer for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen skal bidra til. I delar av landet er strandsona langs sjøen under stort utbyggingspress, og store delar av strandsona er lite tilgjengeleg. Her må det førast ein restriktiv praksis når det gjeld ny utbygging. Mange enkeltinngrep i strandsona påverkar naturen og landskapet over tid, og reduserer kvalitetane til områda. Arealbruken må i størst mogleg grad avklarast gjennom planlegging, og ikkje gjennom dispensasjonar.

Regjeringa sendte i juni 2026 forslag til revidert tiltaksplan for Oslofjorden på høyring. Her vurderer regjeringa fleire innstrammingar knytt til arealplanlegginga, særleg i dei grunne sjøarealа som er særleg viktige for naturmangfaldet i fjorden.

I samsvar med Havbruksmeldinga som Stortinget slutta seg til våren 2025, har departementet starta opp arbeidet med å utarbeide statlege planretningslinjer for planlegging i kystnære sjøområde, jf. Meld. St. 24 (2024–2025) *Fremtidens havbruk – Berekraftig vekst og mat til verden*. Det er eit mål at dei nye statlege planretningslinjene skal bidra til meir einskapleg og heilskapleg planlegging av sjøområda, og semje om felles føringar for kommunal og regional planlegging og arealforvalting av sjøområda på tvers av departementa. Dette skal gi auka føreseielegheit for næringar, kommunar og andre aktørar, og betre samordning av planar og vedtak etter plan- og bygningslova og andre lover.

Departementet samarbeider med Klima- og miljødepartementet om bruk av plan- og bygningslova for å ta vare på naturmangfald. Dette omfattar mellom anna oppfølging av tiltaksplanen for Oslofjorden og dei regionale vassforvaltingsplanane etter vassforskrifta, samt dei regionale planane for villreinfjella. Nesten heile den europeiske villreinbestanden held til i Noreg, og er ein viktig del av norsk natur og kultur. Stortingsmeldinga om villrein vart lagt fram i april 2024 og departementet deltar i oppfølginga mellom anna gjennom evaluering av regionale og kommunale planar, jf. Meld. St. 18 (2023–2024) *Ein forbetra tilstand for villrein*. Evalueringa skal gi råd om betre bruk av arealplanar. Departementet samarbeider òg med Klima- og miljødepartementet om oppfølginga av Stortingsmeldinga om natur, jf. Meld. St. 35 (2023–2024) *Berekraftig bruk og bevaring av natur*.

Fritidsbustader og reiseliv er viktig for verdiskaping og økonomisk berekraft i mange distriktskommunar, men kan òg kome i konflikt med eksisterande næringar som reindrift og landbruk. Slike inngrep kan òg få negative konsekvensar for friluftsliv, landskap og naturmangfald. Derfor er det viktig at planlegginga blir vurdert i eit regionalt perspektiv. Potensialet for fortetting eller utviding av eksisterande fritidsbustadområde bør vurderast før det blir lagt til rette for utbygging i nye område, særleg der det er utbyggingspress, for å redusere inngrep i urørt natur og sikre ei meir heilskapleg arealforvalting.

Bustad- og bygningspolitikk

Bygge-, anleggs- og eigedomsnæringa står direkte og indirekte for ein stor del av klimagassutsleppa i Noreg, og er òg den største enkeltkjelda til avfall.

Byggenæringa har eit stort potensial for å kutte utsleppa, mellom anna ved å bruke klimavenlege materiale og ombruk av byggevarer.

For å styrkje bustad- og bygningspolitikken, opprettar regjeringa frå 1. januar 2027 eit nytt bustad- og bygningsdirektorat, ved å slå saman Husbanken og Direktoratet for byggkvalitet (DiBK). Det nye direktoratet får namnet Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet. Direktoratet skal bidra til bustader, bygg, og bumiljø til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar i heile landet.

Bygningsregelverket skal sørgje for at bustader og bygg er sikre, energieffektive og miljøvenlege. Regjeringa er opptatt av at bygging skal bli meir klimavenleg. Samstundes er det viktig å halde byggekostnadane så låge som mogleg. Forslag til krav i byggteknisk forskrift som kan redusere klimafotavtrykket frå bygging og legge til rette for auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon, var på høyring våren 2026. Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet arbeider med å gå gjennom høyringsinnspela.

Lån frå Bustad- og bygningsdirektoratet bidrar til bygging av bustader som samfunnet treng. Lån til bustadkvalitet blir gitt til bygging av miljøvenlege bustader, livsløpsbustader og til oppgradering av eksisterande bustader for å gjere dei meir energieffektive og tilpassa ei aldrande befolkning. Forslag til endringar i kriteria for lån til bustadkvalitet som kan bidra til utvikling av bustader med lågare klimaavtrykk, stimulerer til oppgradering av eksisterande bustader og opnar for å gi lån til å transformere ulike bygg til bustader vart sendt på høyring før sommaren 2026.

Regjeringa, ved kommunal- og distriktsministeren og klima- og miljøministeren, inngjekk i 2024 eit klimapartnarskap med byggenæringa for ein periode på to år. Med klimapartnarskapsavtalen er det etablert eit trepartssamarbeid, med ein arena for dialog om grøn omstilling mellom staten og byggenæringa. Gjennom avtalen er det prøvd ut nye måtar å samarbeide med næringa på, med mål om å skape konkrete og varige resultat til lågast mogleg kostnad. Klimapartnarskapsavtalen med byggenæringa synleggjer korleis klimaavtrykket frå bygging kan reduserast, og kva som må til for at verdikjeda i næringa som heilskap skal lykkast med grøn omstilling. Med avtalen har staten involvert byggenæringa i arbeidet med klima- og energikrav til bygg og digitalisering. I samband med klimapartnarskapet bidrar regjeringa med finansiering til næringa si kunnskaps- og kompetanseutvikling om redusert klimafotavtrykk frå bygging. Klimapartnarskapsavtalen varer ut 2026. Departementet er i dialog med næringa om korleis klimasamarbeidet kan bli vidareført, og ønskjer å forsterke eit breiare samarbeid om bustad- og bygningspolitikken.

7 Oppfølging av berekraftsmåla

Berekraftsmåla vart vedtatt av FN sine medlemsland i 2015. Det er til saman 17 mål og 169 delmål. Måla handlar om vekst og velstand, helse og utdanning, miljø og klima, fred, sikkerheit og samarbeid. Alle land har eit ansvar for å oppfylle berekraftsmåla innan 2030. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har ansvar for koordineringa av det nasjonale arbeidet med berekraftsmåla. I juni 2021 vart Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening. Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030* lagt fram. I juli 2021 presenterte Noreg sin andre rapport om nasjonal implementering av Agenda 2030 i FN. Kommunal- og distriktsdepartementet er koordinerande departement for berekraftsmål 11. Kapittelet omtalar innsatsen for å nå berekraftsmåla som er finansierte over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet.

Delmål 1.2) Innan 2030 minst halvere prosentandelen av menn, kvinner og barn i alle aldrar som lever i fattigdom, i samsvar med nasjonale definisjonar. Ein liten del av befolkninga har låg inntekt og dårlege levekår. Noreg har inga offisiell fattigdomsgrense, men det er vanleg å nytte eit mål på vedvarande låginntekt. Delen med vedvarande låg inntekt har vore relativt stabil, men har auka noko etter 2010. I treårsperioden 2022–2024 hadde 9,5 prosent av befolkninga (utanom studentar) vedvarande låginntekt. Etter å ha auka frå 2000 og med ein topp i 2018–2020, har delen barn i familiar med vedvarande låginntekt gått ned. I perioden 2022–2024 var talet 10,2 prosent, noko som var ein liten auke frå perioden før.

I enkelte byar og område med konsentrasjon av levekårsutfordringar, som ofte har ein høgare del innbyggarar med låg inntekt, har staten og kommunane avtalebaserte samarbeid om ekstra innsats, kalla områdesatsingar. Frå 2027 er det eit nytt mål for områdesatsingar, som er å bidra til auka sysselsetting, gode oppvekst- og nærmiljø og varige tenesteforbetringar. Sidan 2022 er talet på kommunar med avtale med staten om områdesatsing auka frå 4 til 14. Regjeringa vil inngå nye avtaler om områdesatsingar med kommunane Oslo og Bergen gjeldande frå 2027, når eksisterande avtaler går ut. At fleire kommunar får støtte til å gjennomføre slike satsingar, er eit steg i arbeidet med å styrkje deltakinga i samfunnet blant innbyggarar i levekårsutsette område.

Delmål 1.3) Innføre nasjonalt tilpassa sosiale velferdsordningar og tiltak for alle, inkludert minstestandardar, og innan 2030 oppnå ei vesentleg dekning av fattige og sårbare

Regjeringa har sett i verk ei rekke tiltak for å motverke effekten av auken i levekostnadar. Den statlege bustøtta skal sikre at husstandar med låge inntekter og høge buutgifter kan bu i ein trygg og god bustad. Regjeringa har styrkt bustøtta i fleire omgangar. Frå januar 2025 er det òg innført ei skjermingsordning som hindrar at dei som har inntekt frå arbeidsavklaringspengar og dagpengar får mindre eller mistar bustøtta når dei får tre utbetalingar i same kalendermånad. Regjeringa har òg sett ned eit utval som skal vurdere føremålet og rolla til bustøtta, både for hushalda og som del av bustad- og sosialpolitikken. Utvalet skal levere ein rapport innan 31. desember 2026.

Delmål 1.4) Innan 2030 sikre at alle menn og kvinner, særleg fattige og sårbare, har lik rett til økonomiske ressursar og tilgang til grunnleggande tenester, til å eige og kontrollere jord og andre former for eigedom, og til arv, naturressursar, ny teknologi og finansielle tenester, inkludert mikrofinansiering

Offentlege velferdstenester skal bidra til at alle får nødvendig bistand, slik at dei kan delta i arbeidslivet og på andre arenaer i samfunnet. Universelle og gode velferdsordningar bidrar til like moglegheiter og til å redusere forskjellar i levekår.

Trygge og gode buforhold er viktig for å jamne ut forskjellar i levekår og sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge. Den sosiale bustadpolitikken skal førebygge at folk får utfordringar på bustadmarknaden, og skal gi hjelp til dei som ikkje sjølve klarar å skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Bustøtte, startlån og lån til utleigebustader er viktige bustadsosiale verkemiddel.

Om lag tre fjerdedelar av befolkninga i Noreg bur i ein bustad dei eig. Startlån frå Husbanken –

Bustad- og bygningsdirektoratet gjer at fleire kan kjøpe eigen bustad, og lån til utleigebustader gjer at det blir tilgang på fleire eigna utleigebustader. Regjeringa har foreslått at låneramma til Bustad- og bygningsdirektoratet blir 34 mrd. kroner for 2027. Startlån og lån til utleigebustader er prioriterte føremål innanfor låneramma. Regjeringa gjer òg eit forsøk der kommunane kan gi startlån til førstegangsetablerarar som er noko betre økonomisk stilte enn dei som får startlån i dag.

Regjeringa la våren 2024 fram ei melding til Stortinget om ein heilskapleg bustadpolitikk. Meldinga tar mellom anna for seg eige- og leigemarknadane, bustadutfordringar i distrikts- og pressområde og arbeidet for særskilt sårbare grupper. I meldinga legg regjeringa fram fire innsatsområde for bustadpolitikken: 1) Fleire skal få høve til å eige eigen bustad; 2) Leigemarknaden skal vere trygg og føreseieleg; 3) Ta vare på bustadene vi har, og bygge dei vi treng og 4) Forsterka innsats for dei som ikkje sjølve klarer å skaffe seg og behalde ein eigna bustad.

Delmål 4.1) Innan 2030 sikre at alle jenter og gutar fullfører gratis og likeverdig grunnskule og vidaregåande opplæring av høg kvalitet som kan gi dei eit relevant og reelt læringsutbytte

Romane er éin av fem nasjonale minoritetar i Noreg. Departementet finansierer skulelosordninga som blir drifta av Oslo kommune. Skulelosane følgjer opp romske elevar som bur i Oslo, Lørenskog og andre nærliggande kommunar. Skulelosane arbeider for å styrkje læringsutbyttet for elevane, redusere fråvær og auke talet på elevar som fullfører grunnopplæringa. Skulelosane hjelper mellom anna til i koordineringa mellom skulen, eleven og heimen.

Delmål 5.5) Sikre kvinner fullstendig og reell deltaking og like moglegheiter til leiande stillingar på alle nivå der det blir teke avgjerder, i det politiske, det økonomiske og det offentlege livet

Regjeringa arbeider kontinuerleg med å oppnå likestilling i det politiske livet generelt og i leiande stillingar og verv spesielt. Som eit av dei første landa i verda, innførte Noreg stemmerett og rett til å stille til val ved kommunestyreval for kvinner. Det var ein viktig milepæl for å bli eit fullverdig demokrati.

Etter lokalvalet i 2019 var delen kvinner i kommunestyra for første gang på 40 pst. i landsgjennomsnitt, og 35 pst. av ordførarane i landet var kvinner. Etter lokalvalet i 2023 var det i gjennomsnitt 41 pst. kvinner i kommunestyra, og 37 pst. av ordførarane var kvinner. Utviklinga går rett veg, og Noreg har kome langt òg når det gjeld å bruke dei formelle rettane i praksis. Vi er likevel ikkje i mål når det gjeld kjønnsbalanse i politiske verv i lokalpolitikken, og det er store variasjonar mellom kommunane.

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at ved lokalvalet i 2023 var 42 pst. av alle kandidatane kvinner, mot 43 pst. i 2019. Blant kandidatane som fekk stemmetillegg av partiet, var 43 pst. kvinner, medan 33 pst. av kandidatane på førsteplass på listene var kvinner. Det er store variasjonar mellom partia når det gjeld kvinner både på listene som heilskap og på dei øvste plassane med stemmetillegg.

Delmål 8.3) Fremje ein utviklingsretta politikk som støttar produktive aktivitetar, oppretting av anstendige arbeidsplassar, entreprenørskap, kreativitet og innovasjon, og stimulere til formalisering av og vekst i talet på svært små, små og mellomstore bedrifter, mellom anna ved å gi dei tilgang til finansielle tenester

Under berekraftsmål 8 har departementet fleire næringspolitiske verkemiddel retta mot utvikling av verksemder, innovasjon og sysselsetting over heile landet. Verkemidla gir verksemdene tilgang på kapital, rådgiving og nettverk, med mål om vekst i sysselsetting, lønnsemd og produktivitet. Fleire av ordningane har òg som mål å bidra til å realisere det grøne skiftet. Ordningane kan vise til gode resultat for økonomisk utvikling, innovasjon og sysselsetting.

Delmål 9.1) Utvikle påliteleg, berekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet, inkludert regional og grensekryssande infrastruktur, for å støtte økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkomeleg pris og likeverdig tilgang for alle

Regelverket på bygningsområdet, byggteknisk forskrift (TEK17) og byggesakforskrifta (SAK10), skal vere enkelt å forstå og bruke. Digitalisering av plan- og byggesakprosessar er med på å legge til rette for meir effektive prosessar. God flyt av digital data i verdikjeda er sentralt. Gjennom digitalisering og vidareutvikling av regelverket, har Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) bidratt til å omstille næringslivet til å bli meir berekraftig, med meir effektiv bruk av ressursar.

Delmål 10.3) Sikre like moglegheiter og redusere skilnadar i levekår, mellom anna ved å avskaffe diskriminerande lover, politikk og praksis og ved å fremje lovgiving, politikk og tiltak som er eigna til å nå dette målet

Berekraftsmål 10 har som mål å redusere ulikskap i og mellom land. Gjennom tilskot til fylkeskommunane ønsker regjeringa å auke kompetansen hos fylkeskommunane og kommunane til å planlegge for eit universelt utforma samfunn som ikkje diskriminerer fysisk og kognitiv funksjonshemming. Kartverket får årleg tilskot til kartlegging av tilgjengelegheit i kommunesentra og friområde for å gjere desse tilgjengelege for alle.

Trygge og gode buforhold er viktig for å jamne ut skilnadar i levekår. Den statlege bustøtta skal sikre husstandar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. I 2025 fekk i snitt 99 800 husstandar bustøtte kvar månad. Startlån skal bidra til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde han. Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet formidlar startlån til kommunane, og i 2025 vidareformidla kommunane startlån til om lag 7 430 husstandar. Barnefamiliar og personar med funksjonshemming er prioriterte grupper for startlån. Fleire studiar har dokumentert diskriminering på leigemarknaden og i bustadmarknaden. Diskriminering er ifølgje husleigelova forbode. Husleigelovutvalet drøfta i NOU 2024: 19 *Ny boligleielov* tiltak som kan bidra til å redusere diskriminering på leigemarknaden. Departementet arbeider med å følgje opp NOU-en. Kommunale bustader er eit verkemiddel for hushald som ikkje klarer å skaffe seg ein bustad på eiga hand, til dømes på grunn av diskriminering. Kommunane disponerte totalt 116 819 leigebustader per 1. januar 2025.

Mykje tyder på at levekåra for den nasjonale minoriteten romar er langt dårlegare enn i befolkninga elles. Departementet finansierer Romano Khers ressurssenter, som mellom anna skal bidra til at romar får likeverdige tenester gjennom helse- og sosialfagleg innsats.

Departementet finansierer òg tiltak i Lørenskog kommune for å redusere utfordringane som romar opplever i møte med det kommunale tenesteapparatet og i nærmiljøet. I 2025 har kommunen, som tidlegare år, vore opptatt av inkluderande tiltak for barn og unge og då særleg skuledeltaking.

Delmål 11.1) Innan 2030 sikre at alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader og grunnleggande tenester til ein overkomeleg pris, og betre forholda i slumområde

Berekraftsmål 11 handlar om å gjere byar og lokalsamfunn trygge, robuste og berekraftige, og delmål 11.1 går ut på å sikre at alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader til ein overkommeleg pris. Regjeringa vil at folk skal kunne bu i ein eigna bustad i heile landet, og har eit mål om 130 000 igangsette bustader innan 2030. I arbeidet med målet vil regjeringa legge til rette for bustadbygging, ta betre i bruk eksisterande bygg og legge til rette for ein meir velfungerande leigemarknad.

For å styrkje bustad- og bygningspolitikken, opprettar regjeringa frå 1. januar 2027 eit nytt bustad- og bygningsdirektorat, ved å slå saman Husbanken og Direktoratet for byggkvalitet (DiBK). Det nye direktoratet får namnet Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet. Direktoratet skal bidra til bustader, bygg, og bumiljø til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar i heile landet.

Gjennom bustadpolitikken vil regjeringa legge til rette for velfungerande bustadmarknadar slik at terskelen for å kunne skaffe seg ein eigna bustad ikkje blir for høg. Bustøtteordninga skal sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. Startlån frå Bustad- og bygningsdirektoratet gjer at fleire kan kjøpe ein eigna bustad, og direktoratet forvaltar òg lån til utleigebustader som bidrar til fleire eigna utleigebustader. Husleigetvistutvalet (HTU) bidrar til ein tryggare og meir velfungerande leigemarknad gjennom informasjon og rettleiing om rettar og plikter til leigetakarar og utleigarar. Direktoratet har ein innsats for bustadutvikling i distriktskommunar, og har i 2026 styrka innsatsen overfor kommunane i nord. Bustad- og bygningsdirektoratet skal òg medverke til å skaffe fleire eigna bustader til eldre, og har personar med nedsett funksjonsevne og utviklingshemming som ei prioritert målgruppe. For å samle og styrkje verkemidla på leigemarknaden, slo regjeringa saman HTU og dåverande Husbanken med verknad 1. januar 2026. Det vil bidra til gjere sakshandsaminga av husleigetvistar meir robust, og at ein saman kan bruke fleire ressursar på å førebygge konfliktar.

Ein av dei nasjonale indikatorane er talet på personar i førebelse butilbod. Det har vore ein klar auke i folk som bur i mellombelse butilbod i meir enn tre månadar.

Det er ingen slumområde i Noreg, men nokre byar har område med opphoping av dårlege levekår. I 2026 har staten avtaler med 14 kommunar om ein ekstra innsats for levekårsutsette område gjennom områdesatsingar.

Delmål 11.2) Innan 2030 sørgje for at alle har tilgang til trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem til ein overkomeleg pris og betre tryggleiken på vegane, særleg ved å legge til rette for kollektivtransport og med særleg vekt på behova til personar i utsette situasjonar, kvinner, barn, personar med nedsett funksjonsevne og eldre

Gjennom arbeidet med byvekstavtalane vil regjeringa framleis satse på kollektivtransport, sykling og gonge i dei store byområda. Kommunal og regional arealplanlegging må sikre ein effektiv arealbruk og tilstrekkeleg bustadbygging i tråd med nullvekstmålet, og bidra til god by- og stadutvikling. Regjeringa vil derfor arbeide med å få areal- og parkeringspolitikken betre integrert med anna verkemiddelbruk i byvekstavtalane. Areal- og parkeringspolitikken er derfor ein integrert del av byutgreiingane. Resultat frå utgreiingane vil danne eit betre kunnskapsgrunnlag for reforhandlingar og oppfølging av avtalane.

Delmål 11.3) Innan 2030 styrkje inkluderande og berekraftig urbanisering og legge til rette for deltakande, integrert og berekraftig samfunnsplanlegging og forvalting i alle land

Byar og lokalsamfunn skal vere for alle og gi grunnlag for at òg barn, eldre og personar med funksjonshemming kan delta. Medverknad er integrert i all planlegging og sikra i plan- og bygningslova.

Delmål 11.5) Innan 2030 oppnå ein vesentleg reduksjon i talet på dødsfall og talet på personar som blir ramma av katastrofar, inkludert vassrelaterte katastrofar, og i vesentleg grad minske dei direkte økonomiske tapa i det samla bruttonasjonalproduktet i verda som følgje av slike katastrofar, med vekt på vern av fattige og personar i utsette situasjonar

Klimaendringar fører til stigande temperaturar, meir nedbør og havnivåstiging, og aukar risikoen for naturfarar som flaum og skred, overfløymingar ved stormflo og overvatn ved ekstremnedbør. Sjølv om det er svært få dødsfall i Noreg som følgje av naturkatastrofar, forårsakar naturhendingar som ras og flaum betydelege samfunnsøkonomiske tap kvart år. Klimaendringane vil føre til at konsekvensane ved naturfarar som flaum og skred vil auke i alvor framover, og det er behov for å gjere kommunane betre rusta til å ta omsyn til naturfarar i arealplanlegging og byggesak.

Tilgang til oppdatert informasjon og geografiske data er avgjerande for å ta omsyn til naturfarar i arealplanlegging. Paragraf 2-4 i plan- og bygningslova set krav til innmelding av grunnundersøkingar og naturfareutgreiingar til Noregs geologiske undersøking og Noregs vassdrags- og energidirektorat. Lovendringa følgjer opp ei av tilrådingane frå Gjerdrumutvalet for å førebygge kvikkleireskred og vil gi betre kunnskap om grunnforhold og naturfarar.

Delmål 11.6) Innan 2030 redusere negativ påverknad på miljøet frå byar og lokalsamfunn (målt per innbyggar), med særleg vekt på luftkvalitet og avfallshandtering i offentleg eller privat regi

Ei samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er eit tiltak for å redusere dei nasjonale klima- og miljøutfordringane. For å bidra til å nå målet om nullvekst i persontrafikken i byane og til å redusere utslepp av lokal forureining, støy og klimagassar, har regjeringa inngått byvekstavtalar. Ni byområde er omfatta av ordninga med byvekstavtalar. Det er i dag inngått avtalar for sju av desse: Oslo-området, Bergensområdet, Trondheimsområdet, Nord-Jæren, Tromsø, Nedre Glomma og Kristiansandsregionen. I tråd med Nasjonal transportplan 2025–2036 vil det på sikt òg vere aktuelt å invitere Buskerudbyen (Drammensområdet) og Grenland til forhandlingar. Den forventa vidare veksten i og rundt dei største byane vil krevje effektiv arealbruk. Kompakt byutvikling er ein viktig strategi for å redusere klimagassutsleppa og fremje gode livsvilkår for innbyggarane òg i små og mellomstore byar. Norske byar har i internasjonal samanheng relativt lite luftforureining, og Noreg er blant landa i Europa som har minst risiko for tidleg død på grunn av lokal luftforureining frå vegtrafikken.

Delmål 11.7) Innan 2030 sørgje for at alle, særleg kvinner og barn, eldre og personar med nedsett funksjonsevne, har tilgang til trygge, inkluderande og tilgjengelege grøntområde og offentlege rom

Tilgang til grøntområde i byen er viktig for helse, trivsel og livskvalitet. Gjennom tilskot frå departementet gir Kartverket kommunar, fylkeskommunar og frivillige organisasjonar opplæring i kartlegging av tilgjengelegheit i kommunale offentlege uterom, friområde, parkar og område i

marka. Med denne kartlegginga blir manglar oppdaga og tiltak iverksett for å gjere alle desse områda tilgjengelege, og nokre òg universelt utforma. Denne kartlegginga blir vidareført.

Regjeringa la i juni 2025 fram ein nasjonal arkitekturstrategi, *Rom for kvalitet*. Strategien handlar om utforming av byar og nabolag, og framhevar tydinga av kvalitet i dei bygde omgivnadane for kvardagen til folk og for samfunnsutviklinga.

Regjeringa gir støtte til fylkeskommunane til opplæring i eigen organisasjon og i kommunane i universell utforming i planlegging, og bidrar slik til at samfunnet blir universelt utforma og får trygge, inkluderande og tilgjengelege grøntområde og offentlege rom.

Delmål 11.a) Støtte positive økonomiske, sosiale og miljømessige samband mellom byområde, omland og spreiddbygde område ved å styrkje nasjonale og regionale planar

Planlegging er det viktigaste verktøyet kommunen og fylkeskommunen har når dei skal prioritere oppgåver og fastsetje areal for utbygging i by og bygd. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 blir det lagt vekt på at kommunane og fylkeskommunane legg berekraftsmåla til grunn for planlegginga. Regional planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel er dei viktigaste dokumenta for å avklare korleis berekraftsmåla skal følgjast opp i vidare planarbeid.

Regional planlegging er viktig for at regionen som heilskap kan legge til rette for tilstrekkeleg bustadbygging og eit effektivt transportsystem, både i byar, tettstader og spreiddbygde område. Dei siste åra har Distriktssenteret arbeidd mykje med lokalt og regionalt planarbeid for berekraftig samfunnsutvikling. Distriktssenteret har utvikla målretta rettleiing opp mot planleggarar i små distriktskommunar. I prosjektet Opplæring i plan for politikarar i Møre og Romsdal testar Distriktssenteret saman med statsforvaltar og fylkeskommunen ut nye samarbeidsmåtar med distriktskommunar i fylket, for å gjere kommunane i betre stand til å utøve rolla som samfunnsutviklar i medhald av plan- og bygningslova.

Delmål 11.c) Støtte dei minst utvikla landa i å føre opp berekraftige og solide bygg ved bruk av lokale materiale, mellom anna gjennom økonomisk og fagleg støtte

Rask urbanisering bidrar til meir luftforureining, utilstrekkeleg infrastruktur og mangel på nødvendige tenester. Noreg gir støtte til å kutte utslepp i byar og tettstader gjennom Verdens handelsorganisasjon, Verdsbanken og Koalisjonen for klima og rein luft. Noreg arbeider for robuste og berekraftige byar i dei minst utvikla landa gjennom dei multilaterale utviklingsbankane og budsjetteringsprogramma. Noreg støtter òg tiltak for smarte byar, klimatilpassing og betre buforhold gjennom FN sitt busettingsprogram i Ghana og Mosambik.

Delmål 12.5) Innan 2030 redusere avfallsmengda vesentleg gjennom førebygging, reduksjon, attvinning av materiale og ombruk

Bygg og byggeverksemd spelar ei rolle i å gjere økonomien meir fornybar, sirkulær og berekraftig. Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) har jobba aktivt med å utvikle regelverket i byggteknisk forskrift (TEK17) og informere om regelendringar som tillét meir ombruk. Bruk av byggemateriale på ein måte som reduserer avfall på byggeplassen, handtering av avfall og digitale avfallsplanar har òg vore sentralt i DiBK sitt arbeid. Frå 1. januar 2027 opprettar regjeringa eit nytt bustad- og bygningsdirektorat, ved å slå saman Husbanken og Direktoratet for byggkvalitet (DiBK). Direktoratet skal bidra til bustader, bygg, og bumiljø til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar i heile landet.

Delmål 13.2) Innarbeide tiltak mot klimaendringar i politikk, strategiar og planlegging på nasjonalt nivå

Regjeringa la våren 2025 fram ei stortingsmelding om klima, jf. Meld. St. 25 (2024–2025) *Klimamelding 2035 – på vei mot lavutslippssamfunnet*. I stortingsmeldinga blir det lagt fram klimatiltak på fleire av departementet sine ansvarsområde. Mellom anna er kommunane si rolle i klimaomstillinga og arealpolitikk viktige delar av meldinga.

Regjeringa fastsette i 2024/2025 reviderte statlege planretningslinjer for areal og mobilitet, og for klima og energi. I dei reviderte planretningslinjene om klima og energi går det tydelegare fram korleis klimaomsynet skal ivaretakast i planlegging og anna verksemd i kommunane, og ansvarsdelinga mellom forvaltingsnivå. Retningslinjene om arealbruk og mobilitet skal mellom anna fremje eit samfunn med låge utslepp gjennom utvikling av berekraftige, kompakte og attraktive byar og tettstader, og skal bidra til å redusere tapet av dyrka mark, natur og karbonrike areal.

Å fremje berekraftig byggeverksemd har vore ei prioritert oppgåve for Direktoratet for byggkva-

litet (DiBK). Forslag til krav i byggteknisk forskrift som kan bidra til at klimaavtrykket frå bygging blir redusert, var på høyring våren 2026. Gjennom klimapartnarskap med byggenæringa er det etablert dialog om redusert klimafotavtrykk frå bygging. Vidare gir Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet lån til å oppgradere og bygge miljøvenlege bustader. Kriteria for desse låna skal fornyast for å sikre at ordninga bidrar til å nå bustadpolitiske mål som elles ikkje ville blitt nådd. Reviderte kriterium vart sendt på høyring før sommaren 2026.

For næringspolitiske verkemiddel har regjeringa innført prinsippet om at all støtte skal bidra til at Noreg blir eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Prinsippet er implementert hos verkemiddelaktørane. Departementet sine verkemiddel hos Innovasjon Noreg er omfatta av prinsippet, og Innovasjon Noreg rapporter på prosjekt som blir klassifisert som miljøretta.

Delmål 16.7) Sikre lydhøyre, inkluderande, deltakingsbaserte og representative avgjerdsprosessar på alle nivå

Moglegheita til å medverke i planprosessar styrkjer og utviklar lokaldemokratiet. Det sikrar at viktige omsyn kjem fram og gir den enkelte moglegheit til å påverke avgjerder om samfunnsutviklinga og arealbruken. Planprosessar som er opne og kan etterprøvast er dessutan viktig for tilliten mellom innbyggarar og planmyndigheitene. Medverknad gir såleis betre planar, færre konfliktar og ei meir effektiv gjennomføring av planar som er vedtatt.

For spørsmål som kan påverke samiske interesser, er det eigne reglar om konsultasjonar. Stortinget vedtok våren 2021 å lovfeste plikta til å konsultere Sametinget og samiske interesser i saker som gjeld dei. Lova, som vart sett i kraft 1. juli 2021, forankrar konsultasjonsplikta for alle forvaltingsnivå, inkludert kommunar og fylkeskommunar. Lova legg til rette for gode demokratiske prosessar og skal sikre at samiske interesser kjem tidleg inn i prosessane, slik at dei har moglegheit til å påverke avgjerdene. Departementet reviderer no rettleiaren for kommunane for å sikre at dette blir gjennomført på ein god og effektiv måte.

Myndigheitene bidrar til å styrkje organisasjonane til nasjonale minoritetar, mellom anna gjennom drifts- og prosjekttilskot, slik at dei sjølve kan delta og påverke i saker som angår dei. Departementet legg til rette for kontakt med aktuelle myndigheiter i konkrete spørsmål som organisasjonane er opptatt av.

Delmål 17.17) Stimulere til og fremje velfungerande partnarskap i det offentlege, mellom det offentlege og private og i det sivile samfunn som bygger på partnarskapane sine erfaringar og ressursstrategiar

Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet bidrar til mål 17, som handlar om å stimulere til og fremje velfungerande partnarskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunnet gjennom sitt samarbeid med mellom anna kommunar, brukar- og interesseorganisasjonar, bustadbyggelag, utbyggarar og andre velferdsdirektorat. Tverrsektorielt samarbeid på direktoratsnivå sikrar at kommunane får god informasjon og opplæring på det bustadsosiale feltet. Samarbeidet gjeld mellom anna innsatsen retta mot ulike utsette grupper på bustadmarknaden.

Gjennom avtaler med kommunar om områdesatsingar om ekstra innsats i levekårsutsette område bidrar departementet til partnarskap i det offentlege og mellom det offentlege, sivilsamfunn og private.

Med klimapartnarskapsavtalen for byggenæringa er det etablert eit trepartssamarbeid, med ein arena for dialog om grøn omstilling mellom staten og byggenæringa. Gjennom partnarskapet har staten og partane i arbeidslivet ei felles interesse i å medverke til at klimafotavtrykket frå bygging blir redusert så raskt som mogleg, samstundes som byggekostnadane blir haldne så låge som mogleg.

8 Lønsvilkår o.a. til leiarar i heileigde statlege verksemder

Electronic Chart Centre AS

Lønskostnaden for administrerande direktør utgjorde 1 426 726 kroner i 2025. Andre ytingar utgjorde 17 105 kroner medan pensjonskostnaden var 179 767 kroner. Pensjonsordninga er sikra gjennom Statens Pensjonskasse. Det er ikkje avtalt noko etterlønsordning for administrerande direktør.

Kommunalbanken AS

Administrerande direktør fekk utbetalt fastløn på 3 855 000 kroner i 2025, og fekk i tillegg 432 000 kroner i resultatbasert variabel løn. Andre ytingar utgjorde 93 000 kroner. Pensjonskostnaden var 228 000 kroner. Administrerande direktør har som andre tilsette ei innskotsbasert pensjonsordning inntil 12 G, og er omfatta av den same ordninga for resultatbasert variabel løn som andre tilsette. Ordninga er avgrensa til 1,5 månadsløner og føreset at styrefastsette måltal er nådd.

Administrerande direktør har ei etterlønsavtale tilsvarande eitt års fastløn som blir utløyst etter særskilde vilkår. Opplysningar om godtgjersle til administrerande direktør går fram av lønsrapport for leiande tilsette i Kommunalbanken for 2025. Rapporten er publisert på Kommunalbanken si nettside.

9 Likestilling og mangfald

Etter likestillings- og diskrimineringslova er arbeidsgivarar pålagde å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering (aktivitets- og utgreiingsplikta). Kommunal- og distriktsdepartementet gjer her greie for tilstanden i departementet. Omtale av arbeidet med likestilling og mangfald i departementet sine underliggande verksemder er å finne i årsrapportane deira.

Likestilling i departementet

Tabell 9.1 Kjønnslikestilling per 31.12.2025

Stillingsgruppe	Kvinner (N)	Menn (N)	Løn kvinner (i prosent av menn)
Totalt	152	78	96,7
Departementsråd	-	1	-
Ekspedisjonssjef	4	2	102,0
Avdelingsdirektør	17	9	102,0
Kontorsjef	1	-	-
Fagdirektør	14	13	99,9
Utgreiingsleiar	49	19	102,0
Seniorrådgivar	38	27	101,4
Rådgivar	20	3	103,3
Førstekonsulent	5	4	97,5
Seniorkonsulent	4	-	-

Tabell 9.2 Kjønnsbalanse og sjukefråvær per 31.12.2025

Kategori	Kvinner (N)	Menn (N)
Kjønnsbalanse	152	78
Mellombels tilsette	4	3
Foreldrepermisjon	5	1
Sjukefråvær (prosentdel av tilsette)	4,02	1,20

Samla sett tyder tala på at departementet har god likestilling mellom kvinner og menn, både når det gjeld representasjon og lønn. Det samla sjukefråværet var på 3,86 prosent i 2025, mot 3,77 prosent i 2024.

Arbeidet med å oppfylle aktivitetsplikta

Rekruttering

Departementet arbeider for at arbeidsstyrken i størst mogleg grad skal spegle mangfaldet i samfunnet. Departementet oppmodar kvalifiserte kandidatar til å søkje stillingar uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne, innvandrarbakgrunn eller hol i CV-en, og inkluderer ei mangfaldserklæring i alle stillingsutlysingar.

Departementet legg vekt på å halde oppe ein god kjønnsbalanse på alle nivå, òg i leiinga. Ved tilsetjingar vurderer departementet alle kvalifiserte søkjarar på like vilkår og nyttar strukturerte intervju i rekrutteringsprosessane.

Tilrettelegging

Departementet legg til rette for medarbeidarar som har behov for individuell tilpassing av arbeidssituasjon. Departementet vurderer og gjennomfører tiltak knytte til arbeidsoppgåver, arbeidstid, arbeidsplass og tekniske hjelpemiddel etter behov. Leiarar og medarbeidarar avklarar behov for tilrettelegging gjennom dialog og oppfølging. Bedriftshelsetenesta hjelper ved behov.

Balanse mellom jobb og fritid

Departementet arbeider for at medarbeidarane skal ha ein god balanse mellom arbeid og fritid. Leiarane følgjer opp arbeidsbelastinga i dei einskilde einingane, og vurderer behov for prioritering og/eller omfordeling av oppgåver. Departementet gjennomgår overtids- og fleksitidsbruken jamleg og tar opp spørsmål om arbeidsbelasting i det systematiske arbeidsmiljøarbeidet og i leiargruppene i avdelingane.

Lønns- og arbeidsvilkår

Departementet arbeider for likelønn og likeverdige arbeidsvilkår for kvinner og menn. Departementet analyserer kjønnsdelt lønnsstatistikk og gjennomfører likelønnsvurderingar som grunnlag for dei lokale lønnsforhandlingane.

Departementet legg i stor grad objektive kriterium til grunn for lønnsvurderingane, og følgjer utviklinga i lønnsnivået mellom kvinner og menn. Dersom analysane avdekker uønskte eller systematiske skilnadar, vurderer departementet aktuelle tiltak.

Forfremming og utvikling

Departementet gir medarbeidarane høve til fagleg og personleg utvikling gjennom kompetansetiltak, prosjektarbeid, hospitering og andre utviklingsarenaer. Leiarane har ansvar for å følgje opp kompetansebehov og legge til rette for utvikling i den einskilde eininga.

Arbeidsmiljø

Departementet arbeider systematisk for eit trygt, inkluderande og godt arbeidsmiljø. Departementet kartlegg arbeidsmiljøet gjennom medarbeidarundersøkingar, medarbeidarsamtalar og i dialog med tillitsvalde og verneombod, og bruker resultata til oppfølging og forbetring.

Departementet har etablerte rutinar for varsling og handtering av kritikkverdige forhold, mellom anna trakassering og diskriminering. Gjennom samarbeid med arbeidsmiljøutvalet, verneomboda og bedriftshelsetenesta følgjer departementet opp helse, miljø- og tryggleiksarbeidet, og arbeider for eit arbeidsmiljø prega av respekt, likeverd og inkludering.

Kommunal- og distriktsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2026–2027) om statsbudsjettet for år 2027 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Kommunal- og distriktsdepartementet blir i Prop. 1 S (2026–2027) statsbudsjettet for budsjettåret 2027 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 500–595, 2412, 3500–3595, 5312, 5615, 5616 og 5635

I

Utgifter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
		Administrasjon		
500		Kommunal- og distriktsdepartementet		
	01	Driftsutgifter	320 063 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under post 70*	55 141 000	
	50	Forskingssenter	10 785 000	
	70	Diverse føremål, *kan overførast, kan nyttast under post 21*	2 501 000	
	72	Noregs forskingsråd, *kan overførast*	83 500 000	471 990 000
		Sum Administrasjon		471 990 000
		Distrikts- og regionalpolitikk		
553		Regional- og distriktsutvikling		
	60	Kompetanse og arbeidskraft i distrikta	77 512 000	
	61	Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling	793 553 000	
	63	Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet	171 187 000	
	65	Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar	123 226 000	
	66	Bygdevekstavtaler, *kan overførast*	76 330 000	
	76	Nordisk og europeisk samarbeid, *kan overførast*	19 349 000	1 261 157 000
554		Kompetansesenter for distriktsutvikling		
	01	Driftsutgifter	39 866 000	
	73	Merkur, *kan overførast*	62 937 000	102 803 000
		Sum Distrikts- og regionalpolitikk		1 363 960 000
		Samiske føremål		
560		Samiske føremål		
	50	Samisk språk, kultur og samfunnsliv	807 335 000	
	51	Divvun	15 407 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner
	55	Samisk høgskule	9 646 000	832 388 000
563		Internasjonalt reindriftssenter		
	01	Driftsutgifter	7 211 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*	3 502 000	10 713 000
		Sum Samiske føremål		843 101 000
		Nasjonale minoritetar		
567		Nasjonale minoritetar		
	60	Romar, *kan overførast*	7 759 000	
	70	Nasjonale minoritetar, *kan overførast*	12 893 000	
	72	Dei jødiske samfunna i Noreg	19 622 000	
	73	Kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur, *kan overførast*	26 474 000	
	74	Kultur- og ressurssenter for romar	22 981 000	
	75	Romanifolket/taterane, *kan overførast*	6 496 000	96 225 000
		Sum Nasjonale minoritetar		96 225 000
		Kommunesektoren mv.		
571		Rammetilskot til kommunar		
	21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*	23 887 000	
	60	Innbyggartilskot	211 605 077 000	
	61	Distriktstilskot Sør-Noreg	946 433 000	
	62	Distriktstilskot Nord-Noreg	2 785 016 000	
	64	Skjønstilskot	1 030 000 000	
	66	Veksttilskot	74 635 000	
	67	Storbytilskot	718 837 000	217 183 885 000
572		Rammetilskot til fylkeskommunar		
	60	Innbyggartilskot	59 508 256 000	
	62	Nord-Noreg-tilskot	875 745 000	60 384 001 000
573		Kommunestruktur		
	60	Verkemiddel for frivillige kommunesamanslåingar	70 000 000	70 000 000
575		Ressurskrevjande tenester		
	60	Toppfinansieringsordning, *overslagsløyving*	14 302 107 000	
	61	Tilleggskompensasjon	99 735 000	14 401 842 000
577		Partistøtte		
	01	Driftsutgifter	8 535 000	
	70	Sentrale organisasjonar	439 571 000	
	71	Kommunale organisasjonar	43 716 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner
	73	Fylkesorganisasjonar	95 533 000	
	75	Fylkesungdomsorganisasjonar	34 610 000	
	76	Sentrale ungdomsorganisasjonar	16 993 000	638 958 000
578		Valdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	111 236 000	
	70	Informasjonstiltak	6 573 000	117 809 000
579		Valutgifter		
	01	Driftsutgifter	9 070 000	9 070 000
		Sum Kommunesektoren mv.		292 805 565 000
		Bustad, bumiljø og bygg		
581		Bustad- og bumiljøtiltak		
	70	Bustøtte, *overslagsløyving*	4 210 000 000	
	78	Bustadtiltak, *kan overførast*	40 385 000	4 250 385 000
		Sum Bustad, bumiljø og bygg		4 250 385 000
		Planlegging, byutvikling og geodata		
590		Planlegging og byutvikling		
	62	Arealplanlegging	20 000 000	
	63	FutureBuilt	5 190 000	
	65	Områdesatsing i byar, *kan overførast*	144 850 000	
	66	Bustad- og områdeutvikling i byar, *kan overførast*	16 604 000	
	71	DOGA	52 937 000	
	81	Kompetansetiltak innan planlegging og geodata, *kan overførast*	2 114 000	241 695 000
595		Statens kartverk		
	01	Driftsutgifter, *kan nyttast under post 21 og 45*	1 173 592 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under post 01 og 45*	462 587 000	1 636 179 000
		Sum Planlegging, byutvikling og geodata		1 877 874 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
		Statsbankane		
2412		Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	736 806 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*	60 912 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, *kan overførast*	77 068 000	
	71	Tap på lån	24 000 000	
	72	Rentestøtte	200 000	
	90	Nye lån, *overslagsløyving*	27 794 000 000	28 692 986 000
		Sum Statsbankane		28 692 986 000
		Sum departementets utgifter		330 402 086 000

Inntekter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Kommunal- og distriktsdepartementet				
3563		Internasjonalt reindriftssenter		
	02	Diverse inntekter	3 502 000	3 502 000
3595		Statens kartverk		
	01	Gebyrinntekter tinglysing	530 419 000	
	02	Sal og abonnement m.m.	197 829 000	
	03	Samfinansiering	210 366 000	938 614 000
		Sum Kommunal- og distriktsdepartementet		942 116 000
Ymse inntekter				
5312		Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet		
	01	Gebyr utlån m.m.	5 200 000	
	02	Gebyr husleigetvistar	5 642 000	
	03	Gebyr sentral godkjenning	40 780 000	
	11	Diverse inntekter	72 705 000	
	90	Avdrag	15 076 000 000	15 200 327 000
		Sum Ymse inntekter		15 200 327 000
		Renter og utbytte mv.		
5615		Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet		
	80	Renter	8 730 000 000	8 730 000 000
5616		Kommunalbanken AS		
	85	Aksjeutbytte	710 000 000	710 000 000
5635		Electronic Chart Centre AS		
	85	Utbytte	3 000 000	3 000 000
		Sum Renter og utbytte mv.		9 443 000 000
		Sum departementets inntekter		25 585 443 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2027 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarande meirinntekter under
kap. 500 post 01	kap. 3500 post 01
kap. 554 post 01	kap. 3554 post 01
kap. 563 post 21	kap. 3563 post 02
kap. 595 post 01	kap. 3595 postane 02 og 03
kap. 595 post 21	kap. 3595 postane 02 og 03
kap. 595 post 45	kap. 3595 post 04
kap. 2412 post 01	kap. 5312 postane 02 og 03

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal òg dekke meirverdiavgift knytt til overskridinga, og påverkar derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltingsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift. Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter blir tatt med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

III

Forskot på rammetilskot

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2027 kan utgiftsføre utan løyving:

1. inntil 500 mill. kroner på kap. 571 Rammetilskot til kommunar, post 90 Forskot på rammetilskot som forskot på rammetilskot for 2028 til kommunar.
2. inntil 200 mill. kroner på kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar, post 90 Forskot på rammetilskot som forskot på rammetilskot for 2028 til fylkeskommunar.

IV

Forskotering i eksternt finansierte prosjekt og postering mot mellomverande med statskassa

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2027 kan gi Internasjonalt reindriftssenter fullmakt til å starte opp prosjekt før ekstern finansiering i si heilskap er innbetalt, så framt Internasjonalt reindriftssenter har fått bindande tilsegn om tilskot frå eksterne partar. Fullmakta avgrensast opp til 5 mill. kroner og gjeld utgifter som vil bli ført på kap. 563 Internasjonalt reindriftssenter, post 21 Spesielle driftsutgifter mot tilsvarande meirinntekter ført på kap. 3563 Internasjonalt reindriftssenter, post 02 Diverse inntekter.

Kommunal- og distriktsdepartementet kan gi Internasjonalt reindriftssenter fullmakt til å føre utgifter knytt til eksternt finansierte prosjekt mot mellomverande med statskassa inntil ekstern finansiering blir mottatt. Deretter utliknast fordringa i mellomverande ved utgiftsføring på kap. 563, post 21 og mottatt ekstern finansiering inntektsførast på kap. 3563, post 02.

V

Samfinansiering Statens kartverk

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2027 kan gi Statens kartverk fullmakt til å setje i gang samfinansierte prosjekt før finansieringa i sin heilskap er innbetalt til Statens kartverk, så framt det er inngått ein bindande avtale med forsvarleg sikkerheit om innbetaling mellom partane. Fullmakta blir avgrensa opp til 90 mill. kroner og gjeld utgifter ført på kap. 595 Statens kartverk, post 21 Særskilde driftsutgifter mot inntekter ført på kap. 3595 Statens kartverk, post 03 Samfinansiering.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

VI

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2027 kan pådra staten forpliktingar utover gitt løyving, men slik at den samla ramma for nye forpliktingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
500		Kommunal- og distriktsdepartementet	
	21	Særskilde driftsutgifter	10 mill. kroner
595		Statens kartverk	
	21	Særskilde driftsutgifter	40 mill. kroner

VII

Tilsegnsfullmakter

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2027 kan gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
500		Kommunal- og distriktsdepartementet	
	72	Noregs forskingsråd	285,6 mill. kroner
567		Nasjonale minoritetar	
	74	Kultur- og ressurssenter for norske romar	4,6 mill. kroner
581		Bustad- og bumiljøtiltak	
	78	Bustadtiltak	29 mill. kroner

VIII

Forpliktingar i investeringsprosjekt

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2027 kan gjennomføre investeringsprosjekta, medrekna å gjere bestillingar, innanfor kostnadsrammer som vist nedanfor:

Prosjekt	Etat	Samla ramme
Kontroll og oversikt over eigarskap til fast eigedom	Kartverket	126,2 mill. kroner
Systemløysing for lån og tilskot	Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet	240,0 mill. kroner

Fullmaktene gjeld òg forpliktingar som blir inngått i seinare budsjettår og innanfor kostnadsrammene for prosjekta. Kostnadsrammene er i prisnivå per 1. juli 2027. Kommunal- og distriktsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsrammene i seinare år.

Andre fullmakter

IX

Låneramme Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet

Stortinget samtykker i at Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet i 2027 kan gi tilsegn om lån for 34 mrd. kroner. Låna vil bli utbetalt i 2027 og seinare år.

X

Tilskot utan krav om tilbakebetaling

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2027 kan tildele midlar til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling under kap. 553 Regional- og distriktsutvikling, post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling, post 63 Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet og post 65 Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar.

XI

Overføring av udisponert beløp

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet kan overføre udisponert beløp på kap. 567 Nasjonale minoritetar, post 75 Romanifolket/taterane frå 2027 til 2028.

XII

Postering mot mellomværet med statskassa

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2027 kan gi Husbanken – Bustad- og bygningsdirektoratet fullmakt til å føre utbetalingar knytt til utlegg i låne- og tilskotsforvaltninga og tilhøyrande refusjonar mot mellomværet med statskassa.

XIII

Oppheving av oppmodingsvedtak

Vedtak 819, 28. mai 2026, blir oppheva.


Vedlegg 1

Den breie distriktspolitikken

For å nå regjeringa sitt mål for distrikts- og regionalpolitikken, er det viktig å sjå dei ulike tiltaka under den breie distriktspolitikken i samanheng. Omtalen under har som mål å følgje statleg innsats og tiltak av betyding for å nå dei distriktspolitiske måla.

Mange landsdekkande ordningar er viktige for å nå dei regional- og distriktspolitiske måla. Det gjeld til dømes fleire ulike samferdselstiltak, høgare utdanning, forsking og utvikling, arbeidsmarknadstiltak og generelle overføringar til kommunane. Desse er likevel ikkje tatt med i oversikta, fordi det er problematisk å skilje ut regional- og distriktspolitiske delar frå heilskapen. Dei særskilde distrikts- og regionalpolitiske ordningane under departementet sin programkategori 13.50 er ikkje omtalt i vedlegget.

Tiltaka i vedlegget representerer ikkje ei heilskapleg innretning av dagens distriktspolitikk, men er ei budsjettmessig framsyning av statlege verkemiddel og politikkområde med betyding for distrikta. Figur 1.1 viser korleis den breie distriktspolitikken har utvikla seg nominelt sidan 2010.



Figur 1.1 Utvikling i den breie distriktspolitikken 2010–2027

Tiltaka er delte i to kategoriar:

- Kategori A: Tiltak og ordningar som har grunngiving i distriktspolitiske mål, eller som favoriserer distriktsområde, ut over å jamne ut, for å oppnå likeverdige tilbod.
- Kategori B: Tiltak og ordningar som skal jamne ut og kompensere mellom geografiske område, eller som er særleg viktige for verdiskaping, sysselsetting eller busetting i distriktsområde.

Spesielle tiltak for innsatssona i Nord-Troms og Finnmark fylke

Tabell 1.1 viser ei oversikt over viktige ordningar som berre gjeld for innsatssona i Nord-Troms og Finnmark fylke. Dei viktigaste ordningane er innanfor skatte- og avgiftspolitikken. Den mest omfattande ordninga er fritaket for arbeidsgivaravgift, som kjem inn under den samla summen for differensiert arbeidsgivaravgift i tabell 1.2.

Tabell 1.2 viser fordelen av fritak for meirverdiavgift på straum og rammetilskot i kommuneøkonomien. Postane under kap. 571 er nærare omtalt under programkategori 13.70. På fleire politikkområde er det etablert særordningar og prioritet i verkemiddelbruken for Nord-Noreg, i tillegg til ordninga for innsatssona. Sjå del 1 for oversikt over regjeringa sine tiltak og prioriteringar i Nord-Noreg.

Tabell 1.1 Særskilde tiltak for Finnmark og Nord-Troms

(i 1 000 kr)

Politikkområde	Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
Økonomisk politikk	Lågare skatt på alminneleg inntekt[1]	FIN	A	inntektstap	872 000	893 000	930 000
	Særskilt frådrag i alminneleg inntekt (Finnmarksfrådraget)[1]	FIN	A	inntektstap	364 000	545 000	565 000
	Låg sats og fritak for el-avgift i innsatssona	FIN	A	inntektstap	360 000	220 000	230 000
	Frådrag i positiv næringsinntekt for skiferdrivarar i innsatssona	FIN	A	inntektstap	1 300	1 400	1 400
	Differensiert arbeidsgivaravgift	FIN	A	inntektstap	4 380 000	4 590 000	4 770 000
Utdanning og omsorg	Ettergiving av utdanningslån	KD	A	2410/73	183 606	348 828	331 386
	Ettergiving av utdanningslån for kvalifiserte grunnskulelærarar i innsatssona	KD	A	2410/73	8 583	7 695	8 583
	Gratis barnehagar	KDD	A	571/60	130 900	97 800	99 600
	Ekstra barnetrygd (Finnmarkstillegget)	BFD	A	845/70	24 625	100 522	102 629

[1] Samspelsverknader i LOTTE-Skatt gjer at inntektstapet av desse skattetiltaka sett under eitt er om lag 100 mill. kronar høgare enn summen av tiltaka kvar for seg.

Økonomisk politikk

Tabell 1.2 er dei berekna inntektstapa ved differensiert arbeidsgjevaravgift synleggjort, samt Nord-Noreg tilskotet og distriktstilskot til små kommunar. Økonomisk politikk utgjer om lag 41 pst. av innsatsen. Den differensierte arbeidsgivaravgifta er det største enkelttiltaket, med eit anslått provenytap på 23,7 mrd. kroner i 2027.

Tabell 1.2 Økonomisk politikk

(i 1 000 kr)

Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
Differensiert arbeidsgivaravgift i privat sektor	FIN	A	inntektstap	13 700	14 300	14 900
Differensiert arbeidsgivaravgift i offentleg sektor[1]	FIN	A	inntektstap	8 100	8 500	8 800
0-sats for meirverdiavgift ved forbruk av elektrisk kraft og energi frå andre fornybare energikjelder i Nord-Noreg	FIN	A	inntektstap	950 000	1 250 000	1 150 000
Rammetilskot til kommunar, Distriktstilskot Sør-Noreg	KDD	A	571/61	833 224	812 005	946 433
Rammetilskot til kommunar, Distriktstilskot Nord-Noreg	KDD	A	571/62	2 576 645	2 670 719	2 785 016
Rammetilskot til fylkeskommunar, Nord-Noreg-tilskot	KDD	A	572/62	812 994	842 724	875 745

[1] Skatteutgiftene for offentleg sektor har blitt overvurdert dei to siste åra, og tala tar høgde for dette og er derfor korrigert.

Landbruks- og fiskeripolitikk

Størstedelen av tabell 1.3 viser tilskotsordningar til landbruket. Viktige tiltak retta mot fiskerinæringa er òg tatt med. Tildeling frå havbruksfondet er òg med i oversikta, som sikrar at lokalsamfunn som stiller sjøareal til disposisjon for oppdrett får ta del i verdiskapinga.

Landbruk er tradisjonelt ei av dei viktigaste næringane i distrikta. I dei årlege jordbruksoppgjera blir det forhandla om storleiken på tilskota til landbruket. Ein del tilskot innanfor landbruket har distriktspolitisk grunngiving, til dømes pristilskota for mjølk og kjøt og distriktstilskot for frukt, bær, grønsaker og poteter. Desse tilskota går derfor inn under kategori A.

Tabell 1.3 Landbruks- og fiskeripolitikk

(i 1 000 kr)

Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
Pristilskot mjølk	LMD	A	1150/73.13	1 612 613	1 640 986	1 857 577
Pristilskot grøntsektoren	LMD	A	1150/73.17	401 857	401 400	438 235
Pristilskot kjøt	LMD	A	1150/73.15	1 689 189	1 872 232	2 2 253 197
Distriktstilskot egg	LMD	A	1150/73.16	5 744	6 799	7 873
Driftstilskot mjølk og kjøt	LMD	B	1150/74.11	2 899 114	2 926 500	3 067 663
Tilskot husdyr	LMD	B	1150/74.14	4 901 421	5 047 745	5 211 072
Pristilskot ull	LMD	B	1150/73.11	110 304	114 000	125 104
Areal- og kulturlandskapstilskot	LMD	B	1150/74.17	6 060 371	6 136 300	6 666 618
Frakttilskot	LMD	B	1150/73.18	575 351	580 700	649 800
Frådrag i positiv næringsinntekt for jordbruk	FIN	B	inntektstap	860 000	900 000	900 000
Til gjennomføring av reindrifts-avtala	LMD	B	1151	229 244	250 000	275 000
Tiltak for berekraftig reindrift	LMD	B	1142/71	7 367	5 900	6 080
Frådrag i positiv næringsinntekt for reindrift	FIN	B	inntektstap	12 500	13 100	13 100
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	LMD	B	1150/50	267 800	230 000	270 000
Tilskot til drenering	LMD	B	1150/50	239 200	151 000	190 000
Tilskot til dyreavl m.m.	LMD	B	1150/77.11	148 258	157 795	181 462
Tilskot til regionale miljøpro-gram	LMD	B	1150/74.19	1 099 564	1 146 100	1 401 000
Bedriftsretta midlar til investe-ring og utvikling	LMD	B	1150/50	1 543 300	1 312 500	1 412 500
Regionale tilretteleggingsmidlar[1]	LMD	B	1150/50	41 000	64 000	64 000
Skattefritak for investering i land-bruket (IBU-midlar) under LMD	FIN	A	inntektstap	390 000	370 000	370 000
Skattefritak for distriktsretta investeringsstøtte	FIN	A	inntektstap	150 000	170 000	170 000
Høgare avskrivingssats for husdyrbygg	FIN	B	inntektstap	40 000	40 000	40 000
Skogfondsordninga	FIN	B	inntektstap	310 000	350 000	350 000
Direkte utgiftsføring av skogsveginvesteringar	FIN	B	inntektstap	70 000	80 000	80 000
Låg skogfaktor i formuesskatten	FIN	B	inntektstap	9 000	9 000	9 000
Rentestøtte – utbetalingar	LMD	B	1150/50	40 000	95 000	8 330

Tabell 1.3 Landbruks- og fiskeripolitikk

(i 1 000 kr)

Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	LMD	B	1150/50	215 000	228 000	244 000
Skogbruk	LMD	B	1150/50	275 000	279 000	289 500
Tilskot til kommunar og fylkeskommunar[2]	NFD	B	919/60	1 409 923	1 563 195	1 552 000
Tilskot til kommunale ungdomsfiskeprosjekt	NFD	B	919/61	1 650	2 281	2 368
Tilskot for kompensasjon for CO_2 – avgift	NFD	B	919/73	500 400	640 400	475 000
Tilskot til næringstiltak i fiskeria	NFD	A	919/75	30 344	38 766	23 300
Testfasilitetar i distrikta[3]	NFD	B	2426/71	40 000	40 000	40 000
Særskilt frådrag for fiskarar	FIN	B	inntektstap	240 000	250 000	250 000
Berekraftig matproduksjon i nord	LMD	B	1150/50	17 000	20 000	10 000
Fjellandbruket	LMD	B	1150/50	3 000	4 000	4 000
Regionale kompetansenettverk for lokalmat	LMD	B	1150/50	14 700	21 000	24 000
Utsira kommune – havvindutvikling	ED	B	1800/60	0	3 000	3 000
Fordeling av inntekt frå avgift på vindkraft	ED	B	1820/62	332 900	360 000	390 000

1 Auken skuldast delvis at tilskotsramma for regionale kompetansemidlar på 14 mill. kroner er innlemma i ordninga.
2 Kommunane og fylkeskommunane sin del av vederlag for tildelte oppdrettsløyve.
3 Tiltaket er justert samanlikna med tidlegare år. No er det berre den delen av posten som gjeld Testfasilitetar i distrikta som er lagt inn.

Infrastruktur

Samferdsel handlar mellom anna om å knyte landsdelar saman og å korte ned avstandar, kostnadar og reisetid mellom by og land. Satsinga i transportsektoren har over tid gitt kortare reisetider på veg og jernbane, og transporttilbodet i distrikta er blitt meir attraktivt mellom anna gjennom lågare prisar på ferjer og regionale flyruter.

Tabell 1.4 viser fleire tiltak som skal medverke til å redusere ekstrakostnadar som følgje av avstandsulemper. Tabellen viser òg tiltak til førebygging og krise- og hastetiltak i samband med flaum og skred.

Tabell 1.4 Infrastruktur

(i 1 000 kr)

Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
Kjøp av innanlandske flyruter	SD	B	1310/70	2 422 332	2 498 800	2 583 100
Rentekompensasjon for transporttiltak i fylka	SD	B	1320/61	450 700	400 000	349 300
Tilskot til skulevegar og nærmiljø[1]	SD	B	1320/66	25 530	41 500	
Militær mobilitet på fylkesvegar	SD	B	1320/67	25 197	102 000	95 600
Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen–Kirkenes	SD	B	1330/70	1 389 054	1 238 300	1 309 900
Kjøp av posttenester	SD	B	1370/70	1 887 444	2 012 000	1 520 700
Tilskot til breibandutbygging	DFD	B	1541/60	415 632	34 110	0
Tilskot til telesikkerheit og -beredskap	DFD	B	1543/70	187 992	401 161	451 322
Funksjonell internettilgang til alle	DFD	B	1543/71	10 573	5 975	10 074
Tilskot til fiskerihamneanlegg	NFD	B	916/60	37 005	83 493	86 666
Tilskot til effektive og miljøvenlege hamner	NFD	B	916/71	83 593	133 292	138 224
Flaum- og skredførebygging	ED	B	1820/22	228 689	383 000	441 000
Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar	ED	B	1820/25	48 954	150 000	135 000
Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	ED	B	1820/45	25 174	39 000	39 000
Tilskot til flaum- og skredførebygging	ED	B	1820/60	45 072	210 000	150 000
Tilskot til krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar	ED	B	1820/61	85 567	0	0
Tilskot til flaum- og skredførebygging	ED	B	1820/72	1 000	0	0
Tilskot til utjamning av overføringstariffar	ED	B	1820/73	18 000	0	0
Tilskot til energitiltak i kommunale bygg	ED	B	1825/60	115 446	200 000	0
Tilskot til verdiskapingstiltak i skogbruket	LMD	B	1149/71	52 190	57 932	26 800
Tilskot til grøn skipsfart[2]	KLD	B	1420/62	44 500	20 000	31 440

[1] Ordninga er foreslått innlemma i rammetilskotet for kommunane for 2027.

[2] I tillegg blir det foreslått ei tilsegnsfullmakt på 909,1 mill. kroner, av dette er 246,7 mill. kroner til nye tilsegn til hurtigbåtprogrammet i 2027.

Velferd, oppvekst, beredskap og miljø

Det er eit overordna mål at helsetenestetilbodet skal vere likeverdig, uavhengig av bustad, alder, kjønn og sosial status. Dette blir sikra gjennom midlar til spesialisthelsetenesta og gjennom rammeoverføringar til kommunesektoren. Viktige tiltak er tilskot som skal medverke til å styrkje stabiliteten og rekrutteringa til allmennlegetenesta og andre helsetenester i distrikta.

På kulturområdet viser tabell 1.5 ordningar som i hovudsak er knytt til tilbodet i distrikta og i landsdelar utanfor det sentrale Austlandet. Generelle landsdekkande velferdsordningar, som arbeidsmarknadstiltak, er ikkje tatt med i oversikta.

Tabell 1.5 Velferd, oppvekst og miljø

(i 1 000 kr)

Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
Tilskot til apotek[1]	HOD	B	717/70	7 500	7 600	
Rekruttering og fagleg utvikling i allmennlegetenesta	HOD	B	760/71	6 000	5 700	5 700
Fraktrefusjonsordning for legemiddel[1]	HOD	B	717/70	5 043	4 262	
Sjukestovefinansiering, Finnmark[2]	HOD	A	732/70	11 700	12 230	13 050
Tilskot til legevaktordning i distrikta	HOD	A	760/60	72 100	93 500	95 800
Landsdelsmusikarordninga i Nord-Noreg	KUD	A	323/60	26 390	27 360	28 185
Musikk- og scenekunst-institusjonar	KUD	B	323/70	3 048 276	3 472 803	3 571 158
Det nasjonale museumsnettverket	KUD	B	328/70	2 622 411	2 723 065	3 296 245
Riksteateret	KUD	B	323/01	110 385	111 982	113 026
Riksteateret – turnéverksemd	KUD	B	323/21	68 524	76 288	77 275
Regionale kulturfond	KUD	B	325/60	75 000	70 000	70 000
Kultursamarbeid i nordområda	KUD	B	325/72	13 995	15 640	16 590
Regionale filmtiltak m.m.	KUD	A	334/73	150 400	154 180	159 080
Film- og dataspeltiltak	KUD	A	334/78	39 010	43 330	49 370
Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt	KLD	B	1420/72	162 177	163 878	163 878
Tilskot til rovvilttiltak	KLD	B	1420/73	71 970	71 706	43 619
Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturmiljøområdet	KLD	B	1429/77	7 530	20 425	21 387
Tilskot til klimatiltak- og klimatilpassing i kommunane[3]	KLD	B	1420/61	129 767	272 735	188 447
Tilskot til klima- og natursatsprogrammer[4]	KLD		1420/67			132 904

Tabell 1.5 Velferd, oppvekst og miljø

(i 1 000 kr)

Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2025	Saldert budsjett 2026	Forslag 2027
Tilskot til etablering og tilpassing i distriktskommunar	KDD	A	581/61	17 000	11 000	
Ytterlegare redusert makspris i barnehage i kommunar med sentralitetsindeks 5 og 6[5]	KDD	A	571/60	173 700	174 000	166 800
Pilot for desentralisert politiutdanning i Alta	JD	B	442/01	15 500	15 500	30 300
Desentralisert deltidsstudium for fengselsbetjentar	JD	B	430/01 432/01		61 600	93 600
Styrking av intensivberedskap ved Kirkenes sjukehus	HOD	A	732/70	15 000	15 700	16 800
Rekrutterings- og samhandlingstilskot	HOD	B	732/70	40 000	286 000	263 100
Tilskot til næringsmiddelbedrifter i Troms og Finnmark	LMD	B	1142/81	3 577	14 000	12 400
Beredskapslager matmjøl	LMD	B	1142/80	20	1 000	1 037
Gjeldssletteordning i distrikta	KD	A	2410/73		1 061 800	1 161 800
Tilskot til fleksible og desentraliserte tilbod innanfor yrkesfagleg vidaregåande opplæring	KD	B	225/69	15 000	15 000	15 000

1 Summane for 2027 blir avklart i tildelingsbrev.

2 Det blir ikkje ført rekneskap for enkelttilskot på kap. 732, post 70. Tala vise løysing frå HOD i 2024.

3 Klimasats og tilskot til klimatilpassing er slått saman til ei tilskotsordning på ny kap. 1420, post 67. Løyvinga i 2027 gjeld hovudsakeleg utbetaling frå tidlegare gitte tilsegn.

4 Ny post frå 2027, ved samanslåing av tilskotsordningane natursats, klimasats og klimatilpassing. Løyvinga på kap. 1420 post 60 og 61 for 2027 er knytt til ordningane for utbetaling av tilsegn gitt til og med 2026.

5 Tala viser auken samanlikna med saldert budsjett for 2024.

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Trykk: Aksell AS – 10/2026



Trykksak
2041 0379